

Lars S. Vikør

INN I

Norsk
ORD
BOK

*Brukarretteiing og
dokumentasjon*



LARS S. VIKØR

Inn i Norsk Ordbok

Brukarrettleiing og dokumentasjon

Samlaget
Oslo

© 2018 Det Norske Samlaget

Omslag: Samlaget

Førtrykk: ord & form, Gudbrand Klæstad

Trykkeri: Renaissance Media AS

Printed in Norway

ISBN 978-82-521-9472-2

Trykt med støtte frå Høgskulen i Volda

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med åndsverklova eller avtalar om kopiering gjorde med KOPINOR, Interesseorgan for rettshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan føre til erstatningsansvar og inndraging, og kan straffast med bøter eller fengsel.

Innhald

Forord 7

1 Innleiing 10

- 1.1 Ordboka og brukarretteiinga 10
 - 1.1.1 Norsk Ordbok: Formål og målgrupper 10
 - 1.1.2 Denne brukarretteiinga 11
- 1.2 Kva inneheld ein ordboksartikkel? Eit første innblikk 13
 - 1.2.1 Byggesteinane 13
 - 1.2.2 Ein større artikkel: *vi* 23
- 1.3 Grunnlaget 28
 - 1.3.1 Historia i eit nøtteskal 28
 - 1.3.2 Materialgrunnlaget for ordboka 31
 - 1.3.3 Hovudkomponentane i den digitale Norsk Ordbok 33

2 Oppbygginga av ordboka 34

- 2.1 Generelt 34
 - 2.1.1 Grafisk utforming 34
 - 2.1.2 Rekkefølgje 34
 - 2.1.3 Avsnittsstruktur 38
 - 2.1.4 Artikkeltypar 41
 - 2.1.5 Artikkelstruktur 42
- 2.2 Oppslaget 44
 - 2.2.1 Oppslagsordet 44
 - 2.2.2 Ordklasse og bøying 51
- 2.3 Hakeparentesen 62
 - 2.3.1 Uttale 62
 - 2.3.2 Eldre kjelder 68
 - 2.3.3 Avvikande skriftformer 77
 - 2.3.4 Målføreformer 78
 - 2.3.5 Etymologi 84

- 2.4 Artikkelkroppen 90
 - 2.4.1 Strukturen i artikkelkroppen 90
 - 2.4.2 Tydingsmarkører og tydingsrekkefølge 90
 - 2.4.3 Bruksmarkering 92
 - 2.4.4 Definisjonsfeltet 96
 - 2.4.5 Bruksdøme 106
 - 2.4.6 Underoppslaget 115
 - 2.4.7 Samansetningsdøme 120
- 2.5 Føreleddsartikkelen 123
 - 2.5.1 Generelt 123
 - 2.5.2 Prefiksartiklar 125
 - 2.5.3 Andre føreleddsartiklar 126
- 2.6 Etterleddsartikkelen 129
- 2.7 Tilvisingsartikkelen 131
- 2.8 Kjeldefesting og heimfesting 133
 - 2.8.1 Kjeldefesting 133
 - 2.8.2 Heimfesting 141

3 Ordutval og rettskriving 147

- 3.1 Ordutvalet 147
- 3.2 Rettskriving 151
 - 3.2.1 Generelt 151
 - 3.2.2 Bøyingsverket 151
 - 3.2.3 Lydverket 152
 - 3.2.4 Modifikasjonar 154
 - 3.2.5 Genus og verbkonjugasjon 155
 - 3.2.6 Oppføring av oppslagsformer 155
 - 3.2.7 Rettskriving i sitat 156

4 Fagtermar i Norsk Ordbok med forklaring 157

5 Teikn og forkortingar 161

- 5.1 Teikn nytta i Norsk Ordbok 161
- 5.2 Forkortingsliste 162
- 5.3 Geografiske namn 172
- 5.4 Norske kommunar pr. 1947 179
- 5.5 Liste over kjelder nytta i Norsk Ordbok 190

6 Kart 361

Forord

Papirutgåva av tolvbandsverket *Norsk Ordbok – Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* vart fullført våren 2016 som eit samarbeidsprosjekt mellom Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) ved Universitetet i Oslo og Kultur- og kyrkjedepartementet. På ILN vart dette arbeidet drive fram som del av dei såkalla språksamlingane, som omfatta store mengder språkleg dokumentasjonsmateriale med tilknytte forskingsmiljø innanfor fagfelte nynorsk språk, bokmål, gammalnorsk, norske målføre og namnegransking. Det største enkeltprosjektet ved desse samlingane var nettopp Norsk Ordbok, som vart gitt ut i ei papirutgåve og ei digital utgåve. Den digitale utgåva er ikkje fullført, idet dei eldste delane av ordboka enno ikkje er fulldigitalisert.

I 2014 vedtok styret ved ILN at instituttet ikkje lenger ønskte å ha ansvaret for desse samlingane og forskingsmiljøa rundt dei, ut over det å fullføre siste bandet av Norsk Ordbok, der elleve av dei tolv banda da hadde kome ut. Universitetet i Oslo, som i si tid (1972) hadde fått overdrege ansvaret for samlingane med tilhøyrande løyvingar av departementet, følgde opp dette vedtaket, og samlingane vart derfor etter vedtak frå departementet overført til Universitetet i Bergen, som ønskte å føre verksemda vidare i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Som del av det «makeskiftet» denne overføringa gjorde nødvendig, tok Høgskulen i Volda på seg oppdraget å få utarbeidd ei brukarrettleiing for papirutgåva av Norsk Ordbok, som departementet alt hadde løyvd pengar til. Underskrivne – pensjonert professor og hovudredaktør Lars S. Vikør – vart engasjert av Høgskulen til å utarbeide denne brukarrettleiinga. Det vart oppretta ei referansegruppe av tre tidlegare Norsk Ordbok-redaktørar til å følgje med i dette arbeidet, evaluere og gi råd. Seniorrådgjevar Sturla Berg-Olsen (Språkrådet), ordboksredaktør Anne Torunn Engø (NAOB, Kunnskapsforlaget), og ordboksredaktør Helge Gundersen (NAOB, Kunnskapsforlaget) vart oppnemnt som medlemmer av denne gruppa. Professor

Tor Arne Haugen (Høgskulen i Volda) vart oppnemnt som prosjektleiar av Høgskulen. Også direktør Åse Wetås (Språkrådet) og i ein periode professor Torodd Kinn (Universitetet i Bergen) har hatt ein rådgjevande funksjon i prosjektet. Fire studentar på Høgskulen i Volda har lese gjennom manus til tekstdelen av rettleiinga og kome med verdifulle kommentarar: Åshild Engeset Finne, Unni Merethe Krogsæter, Christian S. Stenløs og Hege Lende Sørbråten.

Arbeidet med rettleiinga kom i gang i februar 2016, og pågjekk fram til og med februar 2017. Det vart halde to møte med referansegruppa i denne tida, eitt i Oslo 15. mars, og eitt i Volda 22. juni; annan kommunikasjon gjekk på e-post.

Boka har fått undertittelen «Brukarrettleiing og dokumentasjon». I tillegg til å vere til hjelp ved konkret bruk av dei tolv ordboksbanda, håpar vi at ho kan fungere som ein dokumentasjon av den leksikografiske praksisen dette ordbokstiltaket har bygd på og utvikla, og at ho dermed – ikkje minst gjennom samanlikning med andre store nasjonale ordboksverk – kan gi innsikt i den særskilte omfattande og krevjande språkbeskrivinga denne eksklusive greina av leksikografien representerer.

Rettleiinga lener seg tungt på den omfattande redigeringshandboka som vart utvikla i løpet av redigeringsprosessen. Denne handboka finst berre som digital tekst, utvikla «under marsjen» til bruk for ordboksredaktørane, men ho er no offentleg tilgjengeleg for søk. Ho vart aldri «ferdig», for det oppstod heile tida nye problem som måtte drøftast og avgjerast i den såkalla «leiargruppa», som var samansett av dei mest røynde redaktørane, og inkluderast i regelsettet. Handboka bygde på eit førebels førsteutkast av Lars S. Vikør som vart utvida monaleg av Oddrun Grønvik i samarbeid med Vikør, og deretter utbygd og vedlikehalden av Helge Gundersen dei siste ti åra ordboksredigeringa pågjekk. Ein god del av eksempelmaterialet i denne rettleiinga er tatt frå handboka, men rettleiinga er likevel skriven på ein heilt annan måte. Handboka inneheldt reglar og retningslinjer retta til redaktørane, medrekna åtvaringar og «forbod», mens brukarrettleiinga inneheld ei beskriving av redigeringa slik ho vart, retta til brukarane av ordboka. Det gjer det òg nødvendig å beskrive praksisar i dei tidlege banda som vikk av frå dei reglane som først kunne få effekt frå band 5 og 6 av, og altså synleggjere interne skilnader i dei ulike delane i ordboksverket. Den korte historiske beskrivinga under kap. 1.3.1 gir litt av bakgrunnen for dette.

Det betyr at rettleiinga ikkje i særleg grad kan gå inn på spørsmål kring motivering og grunngjeving for dei praksisane som ordboksredaksjonen

har valt og gjennomført; dei vil ofte vere komplekse, i nokon grad prega av kompromiss mellom ulike syn i redaksjonen. Denne rettleiinga kan altså berre beskrive *kva* redaksjonen har gjort i den praktiske redigeringa, ikkje *kvifor* det er gjort slik.

Det rettleiinga heller ikkje går inn på, er den digitale leksikografien, som størstedelen av Norsk Ordbok også er basert på. Det er eit mål at ordboka skal bli tilgjengeleg også som eit digitalt produkt som mogleggjer og til dels krev andre teknikkar både av redaktørane og i neste omgang av brukarane. Når så langt lid, vil det bli nødvendig med ei ny og digital brukarrettleiing. Men det filologiske grunnarbeidet som ligg bak papirordboka, vil vere ein heilt sentral del av grunnlaget også for ei digital ordbok.

Oslo, mars 2018

Lars S. Vikør

1

Innleiing

1.1 Ordboka og brukarrettleiinga

1.1.1 Norsk Ordbok: Formål og målgrupper

Norsk Ordbok er det mest omfattande ordbokstiltaket som nokon gong er sett i gang i Noreg. Det tok til i 1930 og er fullført i tolv band i 2016.

Tittelen *Norsk Ordbok* blir presisert i undertittelen: *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Det er altså ei kombinert dialekt- og skriftmålsordbok – noko vi ikkje finn maken til så mange andre stader. I denne brukarrettleiinga skiftar vi mellom å fullskrive tittelen som Norsk Ordbok og – for ikkje å overlesse stilen for mykje – å nytte forkortinga NO.

Formålet med Norsk Ordbok er å gi ei uttømmande vitenskapleg framstilling av ordtilfanget i dei norske dialektane frå 1600 til i dag og i det nynorske skriftmålet. Hovudvekta skal ligge på grundige tydingsanalysar med klare definisjonar, kjeldefesta døme på bruk i litteraturen og i målføra, opplysningar om grammatiske eigenskapar og om dialektformer med heimfesting (dvs. geografisk plassering).

Norsk Ordbok vender seg til vaksne menneske med norsk som morsmål, vanleg norsk skolegang og ei meir enn gjennomsnittleg interesse for norsk språk. Særlege målgrupper er:

- språkforskarar og andre vitenskapsfolk, særleg innanfor humaniora
- lærarar i skolen
- lekfolk med interesse for språk og dialektar, nynorsk litteratur og språktradisjon

Norsk Ordbok eksisterer i ein fullstendig papirversjon på tolv band, og ein digital versjon som enno ikkje er fullstendig (sjå under 1.3.3 nedanfor).

1.1.2 Denne brukarrettleiinga

Denne brukarrettleiinga er meint både som ein vegvisar inn i papirordboka for brukarane og ein dokumentasjon for ettertida av ein svært kompleks leksikografisk praksis. Vi beskriv ordboksstrukturen og går nøye inn på opplysningstypane slik at brukarane kan sjå kva ordboka opplyser om dei drygt 300.000 orda dei tolv banda beskriv, og korleis brukaren lettast kan finne fram til dei opplysningane han eller ho er ute etter. Eit verk som er så tettpakka av informasjon som dette har vore nøydd til å operere med ei stor mengd av forkortingar, ikkje minst kodar for dei ulike kjeldene vi bygger på og for geografiske nemningar med tanke på såkalla heimfestingar av dialekttrekk. Desse forkortingane har vi tatt med omfattande lister over. Listene er meint å vere fullstendige, men vi kan ikkje garantere at det ikkje i ordboka kan ha sneke seg inn ei og anna spontan forkorting som ikkje er komen med i listene.

Den lange utarbeidingstida for dette ordboksverket er eit problem, for det har vore uunngåeleg at redigeringsmåten har endra seg ein del frå dei første til dei siste banda. Dette behandlar vi konkret på dei punkta der det er aktuelt i rettleiinga. Framtidsmålet er å kunne samordne slike avvik i ein framtidig revisjon av verket når alt er fullt digitalisert. Men no må vi ta utgangspunkt i det verket som ligg føre, det rikaste og største ordboksverket over norsk språk, men trass i alt ikkje fullkome og perfekt.

Disposisjon og opplegg for rettleiinga kan ein lese ut av innholdslista. Etter dette innleiingskapitlet med bakgrunnsstoff og ei elementær innføring i strukturen til typiske ordartiklar, kjem det som kanskje er hovuddelen, ei detaljert utgreiing om oppbygginga av dei ulike typar ordartiklar. Vi beskriv dei ulike typane av opplysningar som vi gir, korleis dei er ordna, og korleis dei er framstilt. Det siste er ikkje minst viktig, for omfattande ordbøker som denne kan – eller rettare: må – ha eit svært komplisert formspråk, ikkje minst for å spare plass. Dei prinsippa for utval, ordning og framstilling av informasjon som i ordboka sjølv er implisitte, blir framstilt eksplisitt i vanleg tekst her i rettleiinga.

Etter denne tekstdelen kjem det ei liste over fagtermar knytt til Norsk Ordbok med forklaring. Deretter får vi eit sett lister over teikn (som ikkje er så mange) og forkortingar (uhorveleg mange) nytta i ordboka med forklaringar. Dei omfattar ei generell forkortingsliste, geografiske namn, kommunar i det systemet som gjaldt i 1947 med oppdateringar fram til utgjevingsslutt i 2016, og størst av alt: liste over alle kjelder nytta i Norsk Ordbok

alfabetisert på dei «signaturane» som er oppgitt som referansar i ordboka. I desse listene skal brukarane kunne slå opp på alfabetisk plass og dermed finne ut kva slags kjelde, stadnamn osv. signaturen eller forkortinga gjeld. Til slutt kjem det nokre kart som brukaren kan sjå på viss han eller ho vil skaffe seg eit geografisk oversyn ut frå heimfestingane i ordboka, eller finne ut kor eit no avskaffa kommunenamn høyrde heime.

1.2 Kva inneheld ein ordboksartikkel? Eit første innblikk

Ein *ordboksartikkel* er den minste tekst-eininga i ei ordbok. Den omfattar sjølve oppslagsordet pluss all den informasjonen som følgjer om det oppslagsordet, og sluttar framfor det neste oppslagsordet.

Vi startar med eit første innblikk i nokre ordboksartiklar, for å vise korleis dei er bygd opp og kva slags opplysningar dei inneheld. På dette stadiet må vi nøye oss med nokre svært korte artiklar med enkle og førebelse beskrivingar av dei ulike opplysningstypane. I del 2 av rettleiinga blir opplysningstypane behandla mykje grundigare og meir systematisk.

Aller først viser vi eit utsnitt av ei ordboksspalte, der nokre artiklar står på rad (sjå neste side). I margin listar vi opp nokre opplysningstypar og viser med ei pil inn til eit eksempel på den opplysningstypen det gjeld. Alle opplysningstypane blir beskrivne, forklart og gitt døme på nedover i dette kapitlet, og mykje grundigare i kapittel 2, men i dette risset kan ein danne seg eit snøgt inntrykk av kva slags informasjon ein kan finne i Norsk Ordbok.

1.2.1 Byggesteinane

Så er vi klare for ei grundigare gjennomgåing av ein del artiklar, og da kan ordet *gledskap* vere ein høveleg inngang:

gledskap m [Va1743,C,A; målf òg *glea-* (Shl)] det å vera glad; hugnad, glede, moro (S.N.; ShIV,SeljeM): **i heimen altsaman er gledskap og gaman* (A. I,107) / *den rike liver i gledskap og glans* (Ga.JM 54) / *alltid villare vart gledskapen deira* (Maul.I 1,213) // òg i pl: *alle verdslege gledskapar er anten tome eller skamlause* (Støyl.UKE 110); jfr. II *glede* 2 slutten.

Det første ordet i halvfeit skrift er *oppslagsordet*, det ordet heile artikkelen handlar om. Det står i ei alfabetisk rekke i ordboka, som vanleg er i ordbøker. Oppslagsordet blir følgt av den *ordklassa* det høyrer til, men dersom det er eit substantiv, som dei fleste orda i språket er, markerer vi i staden *kjønnnet* på ordet. På fagspråket heiter grammatisk kjønn *genus*. Dei fleste substantiv er hankjønn, såleis òg *gledskap*. Hankjønn blir forkorta m, som står for den latinske termen *maskulinum*. Dei grammatiske termene i Norsk Ordbok er både latinske og norske.

store mengder informasjon om bl.a. ordformer i norske dialektar frå embetsmenn rundt i Noreg, og den lokale informanten frå Valdres hadde med noko om ordet «gledskap». «C» er sorenskrivar Christie i Bergen, som spela ei viktig rolle i hendingane i 1814, men som òg samla inn mange ord frå dialektane særleg på Vestlandet; i listene hans (som vart gitt ut i 1937) står dette ordet. «A» er Ivar Aasen, som hadde med *gledskap* i begge ordbøkene sine: *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) og *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* (1873). Nyare kjelder om dette ordet står ikkje her i hakeparentesen, men er nemnt lenger nede i artikkelen.

Deretter kjem ei opprekning av *dialektformer* av oppslagsordet med *heimfesting*, altså geografisk plassering. Akkurat dette ordet har ikkje så mange former; det er berre nemnt éi: *gleaskap*, forkorta *glea-*, sidan *-skap* er det same i oppslaget. Forkortinga Shl tyder Sunnhordland; der er altså den forma registrert. I større artiklar kan vi få lange rekker med dialektformer, men her sluttar hakeparentesen utan meir stoff enn det vi har behandla så langt.

Etter hakeparentesen byrjar hovuddelen av artikkelen. Kjernen der er *definisjonen*, altså beskrivinga av kva ordet tyder, og som oftast følgjer nokre *døme* på korleis ordet er brukt, helst autentiske *sitat* med *kjelde*. Det ser vi tydeleg her: *gledskap* tyder «det å vera glad; hugnad, glede, moro». Vi har to slags definisjonar. Den første kallar vi *realdefinisjon*, den gir ei beskriving av tydinga med andre ord: «det å vera glad». Den andre typen definisjon er *synonymdefinisjon*. Den går ut på å gi opp eit synonym, eit ord som betyr omtrent det same som oppslagsordet: *Hugnad, glede og moro* tyder det same som *gledskap*, og dei er meir utbreidde i språket, så ved å nemne dei, gjer ein ofte tydinga klarare for brukaren. I praksis kan ein ha både realdefinisjon og supplerande synonymdefinisjonar til eit ord, slik som her, eller ein kan ha berre den eine typen, som vi skal sjå *døme* på nedanfor.

Kjeldene som følgjer er ofte berre eit utval av dei kjeldene som finst. S.N. er Steinar Schjøtt: *Norsk ordbok* (1914). Der står det ein artikkel om ordet. Så står det ShlV; det er stadig Sunnhordland, og V står for ei spesiell dialektordbok for dette distriktet: Chr. Vidsteen: *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland* (1900). Til slutt står SeljeM. M står for «medarbeidar», og det viser til at ein informant har sendt inn den opplysninga frå Selje i Nordfjord at *gledskap* er brukt der. Denne M-en er elles berre brukt i dei første banda av ordboka; seinare kom ordboksredaksjonen til at det er nok å nemne stadnamnet (her: Selje) utan å nemne spesielt at det er kome frå ein informant; det kan eigentleg reknast som underforstått.

Sitata som følger, burde tale for seg sjølv. Det første blir innleidd av ei stjerne (*); det betyr at det er tatt frå eit dikt. Les ein sitatet høgt, går vel det tydeleg fram. Diktaren er Ivar Aasen; A er brukt i alle kjeldesignaturar som står for hans verk. Men romartalet I viser til første band av Aasens *Skrifter i Samling*, som kom ut i 1911, og talet 107 er sidetalet i den boka. Den måten, å gi ein kjeldesignatur først og eit sidetal etterpå, er gjennomgåande i ord-boka. Den som har tilgang til kjelda, t.d. på eit bibliotek, og slår opp på den angitte sida, kan da kontrollere at sitatet er rett skrive og rett forstått, og lese det i den samanhengen det står i.

Vi spesifiserer dei neste kjeldene òg: Ga.JM er Garborgs *Jesus Messias* (1906), og MaulI.I er Walter Scotts roman *Ivanhoe*, som vart omsett til nynorsk av Torkell Mauland i to band; romartalet I før sidetalet viser at det er frå første bandet.

Sitata blir skilt åt med enkle skråstrekar, men doble skråstrekar blir brukt når det følgjande sitatet på ein bestemt måte kjem i ein annan kategori enn det føregåande; da blir det gjerne antyda rett etter skråstrekane kva skiljet består i. I dette tilfellet står det slik: « // òg i pl: *alle verdslege gledskapar* » osv. Bakgrunnen er at ordet *gledskap* normalt berre står i eintal fordi det er eit abstrakt omgrep, men i dette sitatet er det brukt i fleirtal (i Norsk Ordboks terminologi «pl» = pluralis), og det er ein spesiell bruk som ein markerer ved å skilje ut sitatet med dobbel skråstrek og opplyse om kva som er spesielt ved det. Sitatet er frå Thomas à Kempis: *Um Kristi etterfylgjing*, eit mellomalderskrift som vart omsett frå latin av Bernt Støylen i 1932.

Til slutt får vi ei tilvising til ein annan artikkel som kan ha informasjon som belyser den vi les. *II glede* er ein mykje større artikkel, men den gjeld det vanlege hokjønnsordet *glede* (som får genusmarkeringa f for *femininum*). Dette ordet har to tydingar: «1 det å vera glad; tilstand av lukke og sæle», og «2 noko som valdar, gjev el fører til lyst el kjensle av lukke». I den siste tydinga blir ordet ofte brukt i fleirtal (*fattige gleder, kjærleikens gleder, bordets gleder*). Det blir da ein parallell til det siste sitatet under *gledskap*.

Ein så kort artikkel inneheld ikkje nødvendigvis alle typar opplysningar Norsk Ordbok kan by på. Vi siterer ein artikkel til:

I **gikt** m [j-; ty *gicht*] tekn, øvre munning i masomn til innføring av malm og brensel; øvste del av slik omn.

Dette handlar ikkje om revmatisme; den revmatiske *gikta* er eit heilt anna ord som får ein lang artikkel under *II gikt* f. Eit romartal framfor eit opp-

slagsord har alltid den funksjonen å skilje mellom ulike ord som blir skrivne likt (homografar). Vi lét revmatismen ligge her og ser nærare på *I gikt*.

I hakeparentesen ser vi at det først står ein *j-*, og det er ei *uttalerettleiing*. Ordet skal uttalast *jikt*, men det går ikkje fram av skrivemåten. Derfor blir det markert særskilt, og der det er gjort, står denne opplysninga aller først i hakeparentesen.

Så kjem ei opplysning om *opphavet* til ordet, eller i alle fall kor det norske språket har fått det frå, nemleg eit tysk ord *gicht*. (I tysk skriftspråk skriv ein substantiv med stor forbokstav, altså *Gicht*, men det er ein tradisjon i eldre ordbøker for å ha liten forbokstav også i slike ord, og slik blir det gjort i Norsk Ordbok.) Denne typen opplysning står i mange artiklar, men mest slike som gjeld grunnord (altså usamansette ord).

Sjølve definisjonen er ein typisk realdefinisjon. Dessverre finst det inga kjeldemarkering, men eit søk i det elektroniske setelarkivet over grunnmaterialet til Norsk Ordbok (sjå under 1.3.2 om dette setelarkivet) viser at artikkelen bygger på ei munnleg opplysning frå ein fagperson. Vi bør legge merke til at definisjonen blir innleidd med «tekn». Det er ei såkalla *bruksmarkering*, som står i mange artiklar der eit ord blir brukt på ein spesiell måte eller innanfor eit spesielt fagfelt. I dette tilfellet høyrer *gikt* til eit spesielt teknisk fagspråk, og er lite aktuelt i allmenn språkbruk utanfor dette fagspråket.

Vi tar ein ny artikkel:

gra-bukk m [Snm1762,W,C,A¹ *gra-*, A² *grad-*]. **1)** gra (1) bukk: *grabukkadn lyt slagfast fere Larsøk (Ød.Va-folk 124) / i sml: (han) flyg som ein annan grabukk (Førs.GVÅ 7)*. **2)** sviv., gra (2) mann (NorrdalM,Ndm,Trl; GulaT 1985; ILindHT 35: (han) *lagar ein utgamal grabukk av ein agent (GulaT 1985)*; hertil *grabukk-brund, -horn, -kjøt*.

Oppslaget her er eigentleg berre **-bukk**, men det kjem inne i eit langt avsnitt med samansette oppslagsord, der berre det første ordet i avsnittet blir skriva fullt ut på oppslagsplass: **gra-bokke**. Dei følgjande oppslaga: **-bol**, **-bukk**, **-bul** står da for **grabol**, **grabukk**, **grabul**.

Som vanleg ved gamle norske ord, begynner hakeparentesen med eldre kjelder. Vi tar ikkje detaljane her no, men nemner at A¹ står for Aasens første ordbok frå 1850, A² står for den utvida og definitive utgåva frå 1873. A utan noko nummer, som under **gledskap**, tyder at ordet står i begge ordbøkene. Ein merkar seg at Aasen stava *grabukk* i 1850, *gradbukk* i 1873 – seinare har forma utan *-d* festa seg i nynorsken.

Her ser vi eit ord med to klart åtskilte tydingar som likevel heng saman; det blir markert ved såkalla tydingsnummer med halvfeit skrift. Dei innleier da kvar sin særskilde del av artikkelen; vi seier da at vi har to *tydingsbolkar*.

Tyding 1 er mest bokstaveleg og står derfor først: Den handlar om ein geitebukk som er *gra*. Dette ordet har òg to tydingar; «gra (1)» er brukt om husdyr, særleg hanndyr, og tyder 'ikkje gjelda, avlefør', altså ukastrert. Kjelda for denne tydinga av *grabukk* peikar mot Valdres: Sitatet er på Valdres-dialekt, og kjelda er boka *Valdresfolk* av O. K. Ødegaard (frå 1919). Mykje av det tradisjonelle ordtilfanget i ordboka stammer frå slik eldre lokalhistorisk litteratur. Den andre tydingsnyansen under 1 blir innleidd av «i sml», dvs. «i samanlikning». Det står ikkje direkte i sitatet at subjektet i setninga er ein grabukk, men återfda hans blir samanlikna med den til «ein annan grabukk». Dette sitatet har ei litterær kjelde: Ragnar Førsums omsetting av Erskine Caldwell's *God's Little Acre* (*Guds vesle åkerlapp*), som foregår i landbruksmiljø i Sørstatane i USA.

Tyding 2 av *grabukk* blir innleidd med ei bruksmarkering, men da av eit anna slag enn «tekn» under *gikt*: Det står «sviv.». Det betyr «svivyrdeleg», altså sterkt forakteleg, svært nedsettande. (I seinare band har vi mildna ordbruken noko og bruker stort sett «nedsetj» i slike tilfelle.) Det refererer til tydinga «gra (2)» og blir brukt om menn. Tyding 2 av *gra* er 'brundgalen, paringshuga, kât', både om folk og dyr. Det handlar om menn med mindre styring på kjønnsdrifta si enn det samfunnet rundt aksepterer. Denne tydinga er heimfesta til Norddal på Sunnmøre og meir generelt til Nordmøre og Trøndelag. Signaturen GulaT står for avisa *Gula Tidend*, og I.LindHT er romanen *Hotell Tordenskjold* av Idar Lind (1985).

Til slutt har vi nokre døme på samansetningar laga med oppslagsordet: *grabukkbrund*, *grabukkhorn*, *grabukk-kjøt*. Desse samansetningane er gjenomsiktige for brukaren og treng ikkje eigne ordartiklar når dei står her, og det trengst heller ikkje ei full liste over moglege samansetningar.

Vi tar eit siste substantiv i denne omgangen, først som grunnord, så som føreledd i ei samansetning:

glamour m [*glamo' r*; kanskje ett påv. av fr *amour*, el *glæmmer*, eng. 'fortrolling, synkverving', oml av *grammar* 'grammatikk'] strålende (men noko tom og utvendig) venleik og sjarm; ytre stråleglans, prakt: *Hollywood i all sin skinande glamour* (NorskT 1950) / *ekte sjarm*, (har) i det heile ikkje .. *noko med glamour å gjere* (DT 1965).

Dette ordet er ganske spesielt, sidan det blir gitt opp to uttalar med opphav i kvart sitt språk. Dette er svært sjeldsynt i ordboka. Artikkelen slår fast at ordet er frå engelsk, ei omlaging («oml») av *grammar* 'grammatikk' med tydinga 'fortrolling, synkverving', men at uttalen *glamo'r* kan vere «etter påverknad frå fransk *amour*», som det står når vi skriv ut forkortingane. Dei to nynorskblada som blir oppgitt som kjelder for sitata, er Norsk Tidend og Dag og Tid; årstala kan tyde på at ordet var populært i norsk i tida etter andre verdenskrigen.

Til *glamour* kan vi få *glamour-boy*. Det at desse orda kom med i Norsk Ordbok, tyder på ei viss openheit mot ein kultur som mange rynka på nasen til, ikkje minst nynorskfolk. Men vi kan jo òg tolke sitatvalet i neste artikkel som eit uttrykk for ein humoristisk sans hos redaktøren:

glamour-boy m [-båi; eng.] utstillingsfigur, reklameobjekt: *Ivar Aasen har vore glamourboy for Tiedemanns Tobaksfabrik (DT 1975).*

Artikkelen treng vel ikkje meir forklaring eller kommentar, bortsett frå uttaleopplysninga. Vi merkar oss at berre etterleddet har fått oppgitt uttale; det er nok fordi føreleddet *glamour* har fått uttalemærking i artikkelen rett framfor. Ein må vel tolke dette slik at både den franske og den engelske uttalen av *glamour* blir rekna som «korrekt normaluttale» i denne samansetninga. Når ordet openbert kjem frå engelsk, slik det òg er markert i hakeparentesen, kan ein spørje seg om det er ei rimeleg tolking.

Så skal vi sjå på nokre verb-artiklar, og vi avgrensar oss framleis til korte og enkle artiklar. Vi begynner i tilknytning til det ovanståande med:

glamorisera v -te [skr òg sj *glamorifisera* (SS 1982,7); av *glamour*] gjeva (ytre) herlegdom og prakt; gjera ven og brikjande, pynta på, herleggjera: *artiklar som glamorifiserer og gjer prostitusjonen veldig lokkande* (SS 1982,7).

Dette gjeld altså eit verb, derfor «v», og ved verb er det vanleg å ta med ei mærking av kva bøyingsklasse verbet høyrer til. Endinga **-te** tyder at dette verbet i nynorsk er eit såkalla e-verb og skal bøyast *glamorisera -- glamoriserer – glamorisererte – glamorisert*.

Hakeparentesen startar med «skr òg», som må lesast: «I skrift førekjem òg denne forma». Denne informasjonkategorien bruker vi når eit ord har alternative skrivemåtar som ikkje er offisielle i dagens rettskriving, ikkje minst når det er snakk om former som var brukt i eldre former av nynorsk,

eller omvendt: nye former, gjerne bokmålspåverka, som blir brukt i nynorsk skrift i dag utan å vere tatt inn i den offisielle rettskrivinga. I dette tilfellet er det snakk om ein alternativ formvariant av eit sjeldsynt framandord, og derfor står det «sj», som tyder «sjeldsynt». Nett denne typen variasjon er altså ikkje vanleg å sjå. Men *glamorifisere* er altså brukt i ein artikkel i Syn og Segn i 1982.

Så eit stilistisk meir mangfaldig verb:

grønka v -a [A; til IV *grøn*] ofte poet., grønst (Vanl): **liderna grønka som hagar* (A. I,22) / *det grønka tidlegare på austsida* (Be.VR II,398) / bil., trivast, lukkast: *dei ugudlege grønkar som gras* (Salm 92,8) / vêrmerke: *nå' dæ grønnkær nettopp mæ samma snøen renn a, bli dæ har vår* (Flat.Nu IV,43) // np *grønkande* adj (Vanl): **fram seg grov grønkande grendir* (Ga. V,98) / bil.: **guds fred med den tein av grønkande grein* (NSalm 105,4).

Her har vi bøyingsendinga -a, som plasserer dette verbet i gruppa a-verb, som dei fleste verb i nynorsk høyrer til, og som skal bøyast slik: *grønka* – *grønkar* – *grønka* – *grønka*. Hakeparentesen er kort: Aasen har ordet i begge ordbøkene sine, det er ingen registrert målførevariasjon, og ordet er danna til fargenemninga *grøn*.

Men nedover artikkelen finn vi fleire bruksmarkeringar enn artiklane vi så langt har sett på. Det startar med «ofte poetisk», med parentesen «vanleg». I dag vil vi vel seie at ordet er ganske typisk for tradisjonell nynorsk, ikkje minst i diktning. Det første sitatet er svært kjent den dag i dag, frå Aasens «Nordmannen» eller «Mellom bakkar og berg», femte vers. Så kjem eit konkret sitat frå den store bygdeboka «Vinje og Rauland» av Rikard Berge. Deretter får vi bruksmarkeringa «bil.», dvs. «biletleg», med forklaringa «trivast, lukkast»; i det følgjande sitatet frå boka «Salmane» i Det Gamle Testamentet er det eit tydeleg samanlikningsaspekt i bruken av dette ordet. Ei bruksmarkering er det òg når det blir nemnt at verbet kan brukast i samband med vêrmerke. Sitatet er på numedalsdialekt, frå verket *Gamalt frå Numedal* ved Tov Flatin; på nynorsk vil det bli slik: «når det grønkar nettopp med det same snøen renn av, blir det hard vår». Så blir det nemnt ei avleidd form av *grønka*, nemleg *grønkande*, som er «np», dvs. «notids partisipp», som vi no kallar «presens partisipp», og som er eit adjektiv avleidd av verbet. Vi får to sitat med det òg. Det første, konkrete, er frå ei Garborg-tekst, band V av Garborgs *Skrifter i Samling* i utgåva frå 1922, som består av romanen *Fred*, og til slutt får vi eit biletleg døme frå ein salme i *Nynorsk salmebok*.

Eit siste verb i denne omgangen, I *glipa*:

I **glipa** (i) v **glip**, **gleip**, **glipe** el **glipi** [R; målf òg ft *glipte* (? TelR, LiR); jfr II *glipa*].
 1) i vend *glipa i, til seg taka* (noko) med munnen; sluka, gløypa, glefsa (2) (AgdR; GOS V,150): *aren gleip i seg ein liten fisk i teina* (R), *det er ein avgut til fisk til å glipa i seg* (R) / *han gleip det til seg med det same* (R). 2) gapa over; taka over (? TelR).

Dette er eitt av tre verb *glipa*, som har kvar sin artikkel i ordboka (I **glipa**, II **glipa** og III **glipa**). Dei er såklalla *homografar*: ord som blir skrivne likt. Men dei er ikkje blitt uttala likt: Dei har (eller har hatt) ulike rotvokalar i målføra. I og III **glipa** har ein klar (trong) *i*, mens II **glipa** har ein meir open lyd som nærmar seg *e*. Det blir markert ved at vi i parentes får ein vokal med aksent «(i)» for den tronge *i*-lyden ved I og III **glipa**, «(i)» for den opne (*e*-aktige) *i*-lyden ved II **glipa**. Også bøyngane er ulike: I **glipa** har sterk bøyng, og er dermed ikkje regelrett; da legg vi inn heile rekka med «**glip** – **gleip** – **glipe** eller **glipi**». (Vekslinga mellom endingane *-e* og *-i* perfektum partisipp av sterke verb er regelmessig, så vanlegvis skriv vi berre *-i*; da er varianten *-e* underforstått). Dei to andre homografane *glipa* har linn bøyng: II **glipa** har **-te**, altså «*gliper* – *glipte* – *glipt*», men III *glipa* har **-a**, dvs. «*glipar* – *glipa* – *glipa*». Dette ser vi når vi slår opp i sjølve ordboka, band 4. I det følgjande konsentrerer vi oss berre om I **glipa**.

Kjeldesignaturen R, som kjem att fleire gonger her, står for Hans Ross si store ordbok: *Norsk Ordbog* frå 1895. Dei fleste opplysningane om dette ordet kjem altså frå Ross. (Den einaste andre kjelda som er nemnt, er *Gamalt or Setesdal* av Johannes Skar, som reflekterer dialektbruken på om lag same tid som Ross samla stoffet sitt.) AgdR, LiR og TelR tyder at Ross har ordet frå Agder, Lista futedøme (dvs. den vestlege delen av Vest-Agder) og Telemark, og at vi ikkje har seinare belegg frå desse stadene; mangelen på nyare belegg tyder på at ordet har gått ut av bruk etter Ross si tid. Spørsmålsteiknet framfor «TelR» er sett inn av Ross sjølv og tyder på at han ikkje er sikker på om han skal lite på den opplysninga han har fått om *glipa* i Telemark. Kva tvilen gjeld, om det går på tydinga eller bøynga *glipte* eller heimfestinga eller om bruken i det heile er autentisk – det veit vi ikkje, for Ross forklarar ikkje det. I seinare band slutta redaksjonen å føre opp slike spørsmålsteikn; usikre opplysningar er da vurdert ut frå anna materiale som kunne belyse det, og på grunnlag av den vurderinga enten tatt med eller sløyfa.

Vi ser at tyding **1** går på ei spesiell vending som ordet typisk opptrer i: *glipa i seg* eller *glipa til seg*. Det er eit vanleg trekk i språket som ordboka ofte markerer.

Så til slutt eit adjektiv:

grønleg adj [A²] grønvoren: *grønleg vatn / himmelen (vert) grønleg eller raudleg* (SS 1958,221).

Ordklassemerkinga er eintydig, og adjektiva på *-leg* har eit fast bøyingsmønster (der inkjekjønnsforma ikkje får *-t* i motsetning til i dei fleste andre adjektiv) som ein ikkje treng føre opp ved dei enkelte orda. Definisjonen er ein synonymdefinisjon, *grønvoren* har definisjonen «noko grøn; grønleg», og realdefinisjonen er da «noko grøn», altså «med ein veik grønfarge».

Det første bruksdømet er ikkje tatt frå ei kjelde; det er ei typisk samanstilling av adjektivet *grønleg* og eit substantiv som adjektivet kan stå til. Det er redaksjonen som har forma det, kanskje ut frå fleire belegg i kjeldene. Vi kallar det *redaksjonelt døme*, og det skil seg frå sitat, som skal ha kjeldefesting og ha same form som det har i kjelda. Eit slikt sitat får vi sist i artikkelen; det er tatt frå tidsskriftet *Syn og Segn*, 1958-årgangen. *Syn og Segn* hadde fram til 2000 gjennomgåande sidenummerering gjennom heile årgangen, slik at ein ikkje treng gi opp heftenummer i kjeldefestinga, men dei siste åra har tidsskriftet hatt særskild sidenummerering pr. hefte, så for dei nyaste årgangane må heftenummeret takast med i kjeldemarkeringa.

Med desse sju artiklane har vi demonstrert alle hovudtypane av informasjon i Norsk Ordbok. Vi listar dei opp her i den rekkefølga dei bruker å ha i ordboka. Som ein ser, grupperer dei seg slik at artikkelen får tre hovuddelar: *oppslag*, *hakeparentes* (med mest av opplysningar om form) og *artikkelkropp* (med mest av opplysningar om innhald, tyding og funksjon). Etter kvar opplysningstype nemner vi dei av dømeartiklane ovanfor som har den nemnde opplysningstypen:

- 1 **Oppslagsord** med *ordklasse* (alle verba, **grønleg**), for substantiv *genus* (alle fem), for verb *bøyingsklasse* (alle tre); eventuelt òg *bøying* (når den er uregelrett) (**glipa**)
- 2 **Hakeparentes** [] med desse opplysningstypane:
 - a *Uttale* (i standard (ny)norsk): **gikt, glamour, glamourboy**
 - b *Eldre kjelder* (ordbokskjelder til og med Ivar Aasen og Hans Ross): **gledskap, grabukk, grønka, glipa, grønleg**

- c *Avvikande skriftformer*: **glamorisera**
 - d *Dialektformer med heimfesting*: **gledskap, glipa**
 - e *Etymologi (ordhistorie)*: **gikt, glamorisera, glamour, glamourboy, grønka**
- 3 **Artikkelkroppen**:
- a *Bruksmarkering* (bl.a. stilnivå, fagområde der ordet blir brukt, grammatiske (ikkje minst syntaktiske) eigenskapar ved ordet): **gikt, grabukk, grønka**
 - b *Definisjon*: berre realdefinisjon: **gikt, grabukk**; berre synonymdefinisjon: **glamourboy, grønka, grønast**; begge typane: **glamorisera, glamour, gledskap, glipa**. Oppgitt *kjelde* til definisjonen: **gledskap, grabukk, glipa**. (Men her må ein vere merksam på at kjelder til etterfølgjande sitat også kan reknast som kjelde til definisjonen, for så vidt som desse kjeldene dokumenterer at ordet er eller har vore i bruk og også underbygger definisjonen.)
 - c *Bruksdøme*, særleg i form av autentiske *sitat* med oppgitt *kjelde* (**glamorisera, glamour, glamourboy, gledskap, grønka, glipa, grønleg**), men òg med *faste uttrykk* gitt som *redaksjonelle eksempel* (**glipa**) utan kjelde eller (frå band 5 av, altså ikkje i dei siterte artiklane frå band 4) som *underoppslag*.
 - d Eksempel med *samansetningar* der oppslagsordet inngår: **grabukk**

Kjelder er supplerande opplysningar som kan stå fleire stader i artikkelen i parentes etter den opplysninga som er tatt frå nett denne kjelda. Både avvikande skriftformer og etymologi kan bli kjeldefesta, men dei aller fleste kjeldefestingane står i artikkelkroppen og gjeld definisjonar og sitat.

Det varierer pr. ord kor mykje av dette som er med (avhengig av kva materialet vårt kan fortelje). Berre *oppslagsdelen* og *definisjon* (helst med kjelde) er obligatorisk for alle ordartiklar. For fleirtydige ord kan artikkelkroppen delast opp i ulike tydingsbolkar nummerert med **1, 2, 3** osv., eventuelt også **1 a, b, c, 2 a, b**, osv., slik vi ser i artiklane **grabukk** og **glipa** ovanfor.

1.2.2 Ein større artikkel: *vi*

Til slutt tar vi for oss ein litt større artikkel, **vi** i band 12. Det har ein bestemt grunn: *Vi* er eit mykje brukt ord her i brukarrettleinga, og det refererer ikkje til dei same heile tida. Ved å gjennomgå Norsk Ordboks analyse av kva *vi*

kan stå for, kan rettleiingsteksta kanskje bli litt klarare, eller ho kan lesast på ein meir medviten måte, i alle fall.

Ordartikkelen begynner slik:

«**vi** el **me** pron obl kas **oss**». Det tyder at formene *vi* og *me* er jamstilt i den offisielle rettskrivinga, og at han i «obliske kasus» (d.e. akkusativ og dativ) heiter *oss*. Dette skiljet i kasus finst i norsk som kjent berre i nokre personlege pronomen, slik at den grammatiske tilstanden «obl kas» er svært sjeldsynt i ordboka. Det følgjer ein omfattande hakeparentes med eldre kjelder der dette pronomenet er registrert, ei kompleks liste over målføreformer med heimfestingar, og ein kort etymologi som bygger på formene og systemet i gammalnorsk. Vi går ikkje meir inn på det her, men konsentrerer oss om sjølve tydingsanalysen som følgjer.

Den grunnleggande definisjonen er:

«pron, 1. person pl, nytta når ein nemner seg sjølv saman med nokon annan (ein el fleire) av 2. el 3. person».

Men dette er berre entrédøra i eit hus med mange rom. Det følgjer no ein liten ekskurs i eg-form, for denne artikkelen redigerte denne forfattaren sjølv. Ekskursen gir eit lite innblikk i korleis ein redaktør i Norsk Ordbok arbeidde.

Eg sat med ein svær setelbunke med sitat med *vi*, *me* eller *oss* og skulle finne ein måte å dele dei opp i tydingar på. Spørsmålet var da: Kva var det *vi* omfatta i kvart enkelt tilfelle? Her drog eg nytte av tidlegare studium i eit heilt anna språk, indonesisk, som eg studerte i Nederland på seksti- og syttitalet. På indonesisk har dei to pronomen i første person fleirtal: Ein kan seie *kami*, da omfattar det ikkje den ein snakkar til, det er *eksklusivt*. Eller ein kan seie *kita*, da *inkluderer* ein den ein snakkar til i eit fellesskap med seg sjølv. Dette er ukjent i alle europeiske språk, men eg tenkte som så: Når ein skulle dele *vi* inn i ulike tydingar, kunne ein kanskje ta utgangspunkt i denne motsetninga, for også vi nordmenn og europearar bruker *vi* på desse måtane: Enten inkluderer vi den vi snakkar til, eller så ekskluderer vi vedkomande. Eg kunne altså prøve å dele opp setlane i bunkar etter dette kriteriet, og sjå om det fungerte.

Så gjorde eg det, og fekk ein bunke setlar med inklusiv bruk av *vi*, og ein annan med eksklusiv bruk, begge bunkane ganske store. I tillegg hadde eg sjølv sagt nokre setlar som ikkje var så lette å gruppere. Så tok eg den «inklusive» bunken og delte han opp i mindre bunkar etter kva slags folk og kor mange personar sitata omfatta. Deretter ei tilsvarande oppdeling av den «eksklusive» bunken, og ein omgang grubling over dei vanskelegaste sitata.

Etter kvart fall det på plass, og eg kunne begynne å skrive inn tydingane i ordartikkelen etter den struktureringa eg hadde kome fram til, og føre inn dei sitata eg valde ut til å representere dei ulike tydingsnyansane.

Den tydingsanalysen eg kom fram til og no skal referere, bygger altså på eit grunnleggande skilje mellom inklusiv og eksklusiv bruk av *vi*, dvs. der ein omtalar seg sjølv saman med den ein snakkar til (inklusiv), og der ein omtalar seg sjølv saman med nokon annan, men ikkje den ein snakkar til (eksklusiv). Men eg skyldar å gjere merksam på at *Norsk referansegrammatikk* (1997) også analyserer *vi* etter dette kriteriet, og eg har ført opp dette verket som kjelde (NoRef) i ordartikkelen. Eg konsulterte grammatikken etter at eg hadde gjort mitt eige grunnarbeid, så grammatikarane og eg har brukt denne analysemåten uavhengig av kvarandre, men det er uansett god skikk at den som kjem sist, krediterer dei som gjekk føre. Her set eg strek for ekskursen og går vidare med sjølve tydingsanalysen av *vi*.

Da set eg opp tydingsstrukturen og definisjonane slik dei er strukturert og utforma i ordboka med eitt døme for kvar tydingsnyanse; resten av døma og alle kjeldefestingane stryk eg utan å markere det med prikkar eller på annan måte:

- 1 nytta inklusivt, slik at det omfattar personar av 1. og 2. (og eventuelt 3.) person
 - a nytta om ei mindre og spesifikk gruppe personar, gjerne identifisert med namn på individnivå; oftast om to personar med eit nært tilhøve til ein annan, du og eg: **e å du, me så æ förlåva, me må nå inkje mæ andre såva*
 - b nytta om eit større kollektiv som har noko sams, t d heimstad, kjønn, tilhøyrsløse i ein flokk, deltaking i eit selskap el l utan spesifisering på personnivå: **os ha gjort kva gjæras skulle, ysta ost å kinna smør*
 - c nytta om (medlemene i) eit institusjonalisert kollektiv som adressaten er ein (likeverdig) del av, t d nasjonen, organisasjonen, partiet, arbeidskollegiet: *kva slags folk er vi nordmenn?*
 - d nytta heilt ålment om alle el ei uavgrensa mengd menneske, kven som helst (medrekna eg og du); ofte som ub pron, ein (II,B2), man (II); **min store fader døydde. – Sjå det me alle må*
 - e nytta av ein tekstforfattar i høve til ein (tenkt) lesar, t d i ein roman el ei lærebok (for å skapa inntrykk av at forfattar og lesar står på like fot som observatørar el aktørar i tekstuniverset): *me dreg radiarne til A, B, C, D*

- f** nytta (av ein autoritetsperson, t d ein lækjar) i tiltale til ein pasient, serl eldre, til eit barn el l med eigl tyd *du* (ofte oppfatta som nedlatande): *korleis har vi det i dag?*
- 2** nytta eksklusivt, slik at det omfattar personar av 1. og 3., men ikkje 2. person
- a** nytta om ei mindre og spesifikk gruppe personar (ev. eit kjærast- el ektepar) som ikkje omfattar adressaten el adressatane; eg og han, ho eller dei: *vi gjekk tur langs stranda den kvelden*
- b** nytta om eit større kollektiv som har noko sams, som i tyd 1b, men som adressaten står utanfor: *vi* (som levde i gamle dagar) *måtte hente torv til brensel*
- c** nytta på vegner av (leiinga i) ein institusjon, ei bedrift el l i ekstern kommunikasjon: *ved moderniseringa sparer vi tid, og slik kan vi ... halde det heile (fabrikken) i gang*
- d** nytta om avsendar av ei ytring el tekst andsynes mottakarar (med eigl tyd eg), t d av ein monark til undersåttane el ein forfattar til lesarane: *vi Harald, Noregs konge, kunngjer med dette*
- 3** nytta både inklusivt og eksklusivt i offentlege tekster (serl aviser) som vender seg til ein uspesifisert lesarkrins: *nå er det snart alt anna enn oss bønder si inntekt som vert dekkja om jordbruksavtalen*
- 4** nytta metaspråkleg for å markera eit kollektiv el eit kollektivnivå i motsetnad til eit individuelt nivå: **det heiter ikkje eg – no lenger. Heretter heiter det: vi*

Så langt NO-artikkelen **vi**. I denne brukarrettleiinga er dette pronomenet mykje brukt, og eg siterer eit par døme her. Alle døma kjem frå bolk 2.2.2.2 i denne rettleiinga:

«I nokre (men ganske sjeldsynte) tilfelle bruker vi ei bøygd form av eit ord som oppslagsform: Da føyer vi til ei sekundær grammatisk merking i tillegg til den primære. Til dømes kan vi bruke fleirtalsforma av eit substantiv. Da føyer vi «pl» (pluralis) til den grammatiske merkinga: <døme>

Tilsvarande føringsmåte kan vi finne ved gradbøygde former av adjektiv, også i seinare band: <døme> - I tilvisingsartiklar frå uregelrett bøygde former til grunnform av verb kan vi finne andre tillegg til den grammatiske merkinga: <døme>

Vi gir eit oversyn over dei moglege sekundære merkingane i det som følger.»

Her stoggar eg sitatet. Spørsmålet er: Kva tyder «vi» her – eller kva kan det tyde? Eller for å seie det enklare: Kven er «vi»?

Slik vi har sett opp dømeteksta, har vi her tre *vi*-ar, eitt for kvart avsnitt.

I første avsnitt er «vi» redaksjonen av Norsk Ordbok. Der blir det gjort greie for kva redaktørane har gjort i redigeringa av bestemte oppslagsformer: «Vi bruker ei bøygd form som oppslagsform (ein sjeldan gong). Vi føyer da til ei sekundær grammatisk merking i tillegg til den primære.» Dette er eksklusiv bruk, sidan «vi» ikkje omfattar lesaren som teksta er retta til. Ein kan diskutere om vi her har for oss tyding 2b (medlemmer av eit større kollektiv som har noko sams) eller 2c (ein institusjon el l), men 2b er kanskje det rimelegaste: medlemmer av det kollektivet som redigerte Norsk Ordbok. Føresetnaden for denne *vi*-bruken er at tekstforfattaren sjølv var ein del av dette kollektivet, og det er da også tilfellet.

I andre avsnitt handlar det om kva «vi» kan finne ved å lese i ordboka. Da er det lesarrolla og ikkje redaktørrolla vi fokuserer på, og «vi» må på ein måte omfatte både tekstforfattaren og lesaren som teksta er retta til. Da er bruken inklusiv, og det er nokså klart at vi har med tyding 1e å gjere: Det er tekstforfattaren som skriv i eit «førestilt fellesskap» med ein tenkt lesar, som han håpar skal bli til mange faktiske lesarar når rettleiinga er publisert.

I det tredje avsnittet gir «vi» eit oversyn til gagn for lesaren. Det er eksklusiv bruk: «Vi» er gjevar, lesaren er mottakar og altså ikkje inkludert i «vi». Dette er eit klart døme på tyding 2d: «nytta om avsendar av ei ytring el tekst andsynes mottakarar (med eigentleg tyding *eg*)». Sidan det er éin forfattar som her rettar seg til ei førestilt gruppe lesarar, er denne bruken «ueigentleg» – men han er ganske vanleg, truleg fordi ein frekvent bruk av *eg* i sakprosattekster kan verke noko anmassande egosentrisk; *vi* gir eit meir nøytralt og upersonleg inntrykk. Dette er nok grunnen til at denne forfattaren stort sett held seg til *vi* og ikkje *eg* i denne rettleiinga.

Vi (2d) går ikkje lenger med dette her. Vi håpar at samanhengen i kvart tilfelle skal gjere det klart for deg som les korleis pronomenet skal tolkast og at du ikkje blir sittande og lure på kven «vi» er.

1.3 Grunnlaget

1.3.1 Historia i eit nøtteskal

Tiltaket Norsk Ordbok tok til med ei stortingsløyving til Det Norske Samlaget i 1929, men røtene går lenger tilbake. Hovudårsaka til at dette tiltaket vart påtenkt og realisert, må vi søke i tilblivings saga til det nynorske skriftmålet – som i utgangspunktet var ei skriftfesting av dei norske dialektane i ei einskapleg form, utført av Ivar Aasen.

Hovudverka til Aasen var *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* (til vanleg berre kalla *Norsk Ordbog*, 1873). Dei var både deskriptive og normative på ein gong. På den eine sida ønskte Aasen å framstille dei norske dialektane slik dei var på hans tid, både grammatisk og leksikografisk. På den andre sida ønskte han å vise kva dei hadde sams, og korleis dei kunne sameinast i éi form. I grammatikken laut han gjere dette ved å velje ut former slik at dei til saman utgjorde ein einskapleg normal. I ordboka, derimot, var det om å gjere å samle eit så allsidig tilfang som råd for å vise den fulle breidda i norsk ordforråd. Såleis kan ein seie at han var normativ når det gjaldt form, men deskriptiv når det gjaldt innhald og funksjon: Han la fram ordtilfanget i ei normalisert form ortografisk og morfologisk, men definisjonane sine (som han forma på dansk) tufta han på dei tydingane han faktisk fann i målføra.

Ivar Aasens *Norsk Ordbog* er den grunnleggande ordboka for den målforma som skulle bli nynorsk (trass i at rettskriving og morfologi i denne målforma etter kvart fekk ei form som ikkje følgde Aasen i eitt og alt). Men Aasen hadde berre i liten grad utvikla eit ordtilfang for eit moderne samfunn, og det vart heller ikkje gjort av Hans Ross i hans omfangsrrike «tillegg» til Aasen, som òg heitte *Norsk Ordbog* (1895). I staden fall denne oppgåva på seinare nynorske skribentar, særleg lærebokforfattarar, journalistar og andre fagfolk. Noko av dette nye ordtilfanget kom med i Steinar Schjøtt's ordbøker frå 1909 og 1914, men ei uttømmende leksikografisk registrering var det ikkje rom for der. Samtidig viste nye målførestudier at det var grenser for kva to einskildpersonar – jamvel ein Ivar Aasen og ein Hans Ross – kunne få med seg av det tradisjonelle ordtilfanget og seiemåtane i målføra.

Det melde seg derfor snart ein trong til ei ny og større vitskapleg ordbok, som kunne dekke både det moderne ordtilfanget i nynorsk og det tradisjonelle i målføra. Mot slutten av 1920-åra vart det arbeidd intenst med tanken, først og fremst i krinsane kring Det Norske Samlaget. I 1929 løyvde Stortinget det første tilskotet til prosjektet, og i 1930 kunne arbeidet ta til.

Slik føremålet til ordboka var formulert, laut ho bygge på to typar materiale: på den eine sida sitat frå den prenta nynorsklitteraturen i vid meining (både skjønnlitteratur og sakprosa), og på den andre sida tilfang frå målføra. I 1930-åra vart det bygd opp eit omfattande nett av medarbeidarar utover i bygdene, mest folkeskulelærarar, men òg interesserte menneske frå andre yrkesgrupper. Dei skreiv ned sitat frå litteraturen og opplysningar om enkeltord i dialektane sine på kartoteksetlar som dei fekk tilsendt av ordboksredaksjonen i Oslo. Setlane vart sendt inn til redaksjonen og plassert i arkivskuffer som var ordna alfabetisk etter oppslagsord. Det utvikla seg til eit setelarkiv med hundrevis av arkivskuffer som til slutt inneheldt tre millionar setlar.

Denne aktiviteten heldt fram i femti- og sekstiåra. Seinare har det vore lite nyrekruttering, og talet på medarbeidarar har minka av naturlege grunnar. Totalt har over 600 personar sendt inn kartoteksetlar med opplysningar om ordbruk, ordformer og ordtydingar frå dialektane sine. Alle delar av landet er representert i arkivet, men bymål i mindre grad enn bygdemål. Det meste av setelarkivet er likevel sitat frå prenta tekster som er ekserpert av redaksjonsstaben og av lokale, friviljuge medarbeidarar. («Ekserpert» vil seie at eit ord er merka ut under gjennomlesing av ei tekst, og ført opp på ein kartoteksetel med eit sitat frå teksta som viser ordet brukt i ein samanheng.) Vi kjem tilbake til det nedanfor.

Den tida ordboka dekkjer, er i prinsippet heile den såkalla «nynorske» perioden i språkhistoria, som vi reknar frå 1525. (Vi baserer oss da på den tradisjonelle periodeinndelinga i norsk språkhistorie, der den «gammalnorske» perioden blir rekna frå ca. 700 til 1350, den «mellomnorske» frå 1350 til 1525, og den «nynorske» derifrå til vår tid. Det er altså ein annan bruk av termen «nynorsk» enn den vanlege, om det moderne skriftspråket nynorsk.) Men det finst nesten ikkje tilfang frå før 1600, og det er svært tynt seinare òg, fram til 1800-talet. I praksis kan vi seie at ordboka dekkjer tida frå ferdene til Aasen (1840-åra) og fram til i dag, sidan det berre er denne tida vi har store nok tekstmengder frå. Generelt må vi seie at ordboka har lagt størst vekt på å dokumentere den eldre fasen av utviklinga til det nynorske skriftmålet; ho inneheld relativt fleire sitat frå dei klassiske nynorskforfattarane (Aasen, Vinje, Garborg, Duun o.fl.) enn frå dei meir moderne. Denne skilnaden er rett nok blitt noko utjamna i dei seinare banda av ordboka, både fordi vi har fått inn mykje nytt tekstmateriale i den siste perioden, og fordi det moderne språket kanskje har fått noko høgare prioritet i dei seinare banda enn i dei første.

Dei opphavlege planane var å lage ei ordbok på to-tre band. I trettiåra utarbeidde redaksjonsstaben eit manuskript der dei støypte saman materialet i tilgjengelege prenta ordbøker (særleg Aasen, Ross, Schjøtt, Vidsteens *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland* og Torps *Nynorsk etymologisk ordbok*), og sette om alle definisjonane til nynorsk. Dette manuskriptet finst framleis i samlingane til ordboka og går under namnet «Grunnmanuskriptet»; det er no òg digitalisert og på den måten offentleg tilgjengeleg.

Etter krigen tok ein ny redaksjon, med Alf Hellevik som hovudredaktør, til å utarbeide eit heilt nytt manuskript, sidan det var kome inn så mykje nytt stoff at det ikkje var praktisk å ta utgangspunkt i Grunnmanuskriptet lenger. Med det kom *Norsk Ordbok* til å bli eit mykje større tiltak enn det som hadde vore meininga. I trettiåra tenkte dei seg at ho skulle bli på to-tre band, men kring 1970 var denne ramma for lengst sprengt; på den tida var målet ni-ti band. I nittiåra vart det bestemt at det skulle bli tolv band i alt. Utgjevinga skjedde frå byrjinga i form av hefte, som så vart samla i band på ca. 800 sider.

Det første heftet, *a – anger(s)odd*, vart utgitt i 1950, til hundreårsjubileet for førsteutgåva av Aasens ordbok. Arbeidet gjekk trutt og jamt vidare utover i femti- og sekstiåra, både med ekserpering, innsamling og tilrettelegging av materiale frå dei ulønte medarbeidarane, redigering av ordartiklar og utgjeving av nye hefte. I 1966 kom band 1, *a – doktrinær*, og tolv år etter følgde band 2, *dokument – flusken*. Etter det vart ordboka seinka nokre år på grunn av at delar av staben vart opptatt med utarbeidinga av ei eittbands handordbok, *Nynorskordboka*. Den kom ut i 1986, og deretter har arbeidet med *Norsk Ordbok* gått vidare som før. I 1994 kom band 3, *flusker – gigla*, ut. Med denne farten låg det an til at ordboksverket ikkje ville bli fullført før om lag år 2060. Rundt tusenårsskiftet vart det derfor arbeidd med ærgjerrige opplegg som kunne fremme ei forsering av ordboksproduksjonen.

Dette arbeidet bar frukter. I 2001 vedtok Stortinget å yte så mykje stønad til Norsk Ordbok at verket skulle kunne bli fullført til 2014, og same året vart det oppnådd semje mellom Kulturdepartementet og Universitetet i Oslo om ei felles finansiering av eit slikt prosjekt. Året etter vart det skipa eit særskilt prosjekt med namnet *Norsk Ordbok 2014*, som har pågått frå redigeringa av bokstaven I tok til og fram til manuset til siste bandet kunne leverast til forlaget – Det Norske Samlaget – i 2015, altså ørlite grann på overtid. Kristin Bakken vart tilsett som direktør for prosjektet i 2002; frå 2008 var Åse Wetås prosjektdirektør. Under deira leiing har desse banda kome ut etter tusenårsskiftet:

- 4: *gigle – harlemmerolje* (2002) (det siste bandet som kom ut i hefteform først)
- 5: *harm – jåttut* (2005)
- 6: *k – kåvå* (2007)
- 7: *l – mugetuft* (2008)
- 8: *mugg – ramnsvert* (2009)
- 9: *ramost – skodda* (2011)
- 10: *skodde – stæveleg* (2012)
- 11: *stø – tåvrut* (2013)
- 12: *u – åværig* (2016)

For å få til dette var det nødvendig med ei drastisk utviding av ordboksredaksjonen. I 2001 var det sju fast tilsette ordboksredaktørar, men dei følgjande åra vart det tilsett så mange at talet for det meste var oppe i 30, pluss ein liten administrativ stab og ei gruppe medarbeidarar ved Eining for digital dokumentasjon (EDD) ved Universitetet i Oslo, som stod for utviklinga av digitale ressursar (sjå 1.6 nedanfor). Etter 2014 er denne staben bygd ned att (EDD arbeider vidare med andre oppgåver), og dei leksikografiske samlingane ved Universitetet er i 2016 blitt overført til Universitetet i Bergen i eit samarbeid med høgskulane i Volda og i Sogn og Fjordane. Denne brukarrettleiinga er skriven under leiing av Høgskulen i Volda.

Ei grundigare framstilling av ordbokshistoria, som vi her berre har gitt eit ørlite samandrag av, står i festskriftet *Livet er æve og evig er ordet. Norsk Ordbok 1930–2016*. Sjølve arbeidsmåten, slik det har fungert frå band til band, er kortfatta beskriven i innleiingane til dei einskilde banda.

1.3.2 Materialgrunlaget for ordboka

Som vi alt har antyda, bygger Norsk Ordbok på eit stort kjeldemateriale. Det kan delast i tre hovudtypar:

- 1) *Prenta tekster i bok- eller tidsskriftform*: Dei omfattar eit stort og representativt utval av den nynorske skriftproduksjonen, med hovudvekt på det vi kan kalle dei store og «kanoniske» nynorske forfattarskapane: Aasen, Vinje, Garborg, Duun, Uppdal, Vesaas, Fløgstad, Hoem og andre. Vi har både originale og omsette tekster, men har lagt hovudvekta på originale. Relativt sett er skjønnlitteraturen rikare representert enn sakprosaen, eldre tid meir enn nyare tid. Det er ein skeivskap redaksjonen i dei

siste åra aktivt arbeidde for å rette opp, men som altså gjer seg gjeldande i dei første fire–fem banda. Vi har likevel mykje sakprosa òg, særleg slikt som ligg innanfor humanistiske fag og det tradisjonelle arbeids- og kulturlivet på bygdene. Mange skulebøker, til dels omsettingar frå bokmål, er tatt med, men også det meste av dette er frå eldre tid, der vi finn det mest særprega nynorske ordtilfanget. Ei særskild undergruppe her er ordbokskjeldene, både dei klassiske riksnynorske ordbøkene av Aasen, Ross, Schjøtt og andre, og ordbøker og ordsamlingar frå målføre, som vi har eit rikt tilfang av. Dei eldre kjeldene, bygdemålsordsamlingar frå før 1814, høyrer òg med her.

- 2) *Setelarkivet*: Det vart bygd opp i all hovudsak i tida frå 1930 til 1980-talet, og består av papirsetlar med opplysningar og belegg på kvart sitt konkrete oppslagsord. Setlane er delvis lagt inn av ordboksredaksjonen, men i stor mon sendt inn av friviljuge medarbeidarar over heile Noreg. Dei er på papir, men òg lagt inn i Norsk Ordboks elektroniske database. Om lag ein halv million av setlane inneheld opplysningar frå målføra om ordformer, bøyingar, tydingar, og med døme på bruk. Når vi gir målføreformer eller -belegg med heimfesting utan kjelde, er det oftast dette arkivet dei er tatt frå. Dei fleste setlane er likevel belegg frå trykte kjelder, ofte frå bøker som òg står i boksamlinga vår og dermed inngår i kjeldegruppe 1. Desse bøkene vart ofte sendt ut til friviljuge medarbeidarar, ofte dei same som sende inn målføresetlar, som las bøkene, streka under ord dei fann interessante, og skreiv setninga eller tekstbolken ordet høyrde heime i ut på ein setel med markering av kva bok og side det var tatt frå. Setelen vart så plassert under det aktuelle oppslagsordet i arkivet. På 1990-talet vart alle dei setlane vi da hadde, skanna og innlemma i databasen, og etter det har nytt materiale ikkje lenger blitt skrive ut på setlar, men lagt direkte inn i databasen. Der er dei registrerte på ei oppslagsform i Meta-ordboka (sjå 1.7 nedanfor), slik at dei kan søkast opp under den oppslagsforma. Sjølve innsendinga av nye setlar frå lokale medarbeidarar har tatt slutt i same perioden. I staden har vi fått ei oppbløming av trykte lokale ordsamlingar frå dialektar over heile landet, og dei har vi så langt råd integrert i arkivet vårt.
- 3) *Tekstkorpuset*: Dette er eit nytt tiltak, sett i gang i samband med digitaliseringa av ordboksproduksjonen i 2002. Det er eit elektronisk korpus av tekster som kan søkast i, brukast til å laga konkordansar (sjå termlista på s. 157–160) osv. Det består delvis av viktige eldre forfattarskap, men mest av nyare tekster: fleire årgangar av dei viktigaste nynorske avisene og

tidsskriftene og mange bøker frå dei siste åra. Tekstkorpuset gjer det mogleg å studere bruken av «vanlege» ord (t.d. funksjonsord), kombinasjonsmønster osv. – dei ovannemnde tradisjonelle innsamlingsmetodane la mest vekt på sjeldsynte eller på andre måtar spesielle ord, noko som kan vere ei feilkjelde for ordboka. Dette tekstkorpuset vart først tatt i bruk frå band 5 av, og det blir stadig utvida med nye tekster etter avtalar med forlag og opphavsrettshavarar.

1.3.3 Hovudkomponentane i den digitale Norsk Ordbok

Denne brukarrettleiinga baserer seg altså på den tolvbands papirutgåva av Norsk Ordbok, men ein uunnverleg del av fornyinga og framskundinga av ordboka frå tusenårsskiftet av har vore utviklinga av digitale komponentar. Det er gjort i samarbeid med *Eining for digital dokumentasjon* (EDD, tidlegare *Dokumentasjonsprosjektet*) ved Universitetet i Oslo. Desse komponentane må utviklast vidare før dei kan dekke heile ordboka, og vil vonleg få ei eiga brukarrettleiing. Det er metaordboka, det elektroniske tekstarkivet og redigeringsprogrammet. Til saman utgjer desse komponentane ein omfangsrik database. Vi gir eit kort oversyn over dei her:

Metaordboka er ei fullstendig liste over alle oppslagsord i arkivet vårt, enten dei har fått egne artiklar i Norsk Ordbok eller ikkje (sjå nedanfor under 3.1 om utvalet av oppslagsord i ordboka). Alle orda er normert etter ein fast mal (bygd på 1938-rettskrivinga), slik at ein kan få fram alle belegg og all informasjon vi har om ordet ved å søke på den normerte forma. Denne lista over normerte ordformer fungerer altså som søkeinngang til heile databasen.

Tekstarkivet består dels av eit digitalt korpus av trykte tekster, som stadig blir utvida, og dels av eit elektronisk setelarkiv, som vart digitalisert ved skanning av papirsetel-arkivet i 1990-åra (sjå 1.3.2 ovanfor om begge desse komponentane).

Redigeringsprogrammet er eit elektronisk verktøy for redigeringa som set ordartiklane inn i eit databaseformat. Frå og med bokstaven I er alle ordartiklane blitt redigert inn i dette formatet.

Sjølve ordboksteksta er òg digitalisert, men berre tilgjengeleg og søkbar frå bokstaven I i band 5 og ut, altså frå det punktet der redaksjonen gjekk bort frå papirbasert redigering og i staden gjekk over til den elektroniske redigeringsmåten i ein database. Å legge dei fem første banda til rette for elektronisk søking er eit viktig delmål for det framtidige arbeidet med Norsk Ordbok.

2

Oppbygginga av ordboka

2.1 Generelt

2.1.1 Grafisk utforming

Ordboka skifta grafisk utsjånad frå band 4 til band 5. Det skjedde mellom 2002 og 2005, i samband med endringane i prosjektstruktur, leining og produksjonsmåte. Eit nederlandsk firma var med i utforminga av den nye layouten. Den nye typografien var tydelegare og klarare enn den gamle. Dei viktigaste endringane var: 1) Overgang frå innrykte oppslagsord til utrykte. 2) Samansetningsrekker med same føreledd vart først gruppert inn løpande i same avsnitt, og avsnitta kunne bli uhorveleg lange, men frå band 5 begynner kvart nytt oppslag på ny line, men innrykt i forhold til hovudoppslaget (sjå vidare under 2.1.3). Det gjer sidene meir oversiktlege enn før. På side 36 og 37 gir vi att to ordbokssider som døme på den gamle og den nye layouten. (I band 5, harm – jåttut, representerer den første delen, som omfattar det meste av bokstaven H, ein overgangsfase og har dermed fleire trekk sams med dei føregåande banda, men vi spesifiserer ikkje desse trekka her.)

2.1.2 Rekkefølge

2.1.2.1 Allment

Rekkefølga av oppslaga er strengt alfabetisk; det gjeld òg dei fleirordige uttrykka, som blir alfabetisert som om det ikkje var mellomrom mellom orda. Eitt unntak gjeld verb på **-ast**, som i band 1–4 står rett etter grunnverbet, sjølv om det bryt alfabetrekkefølga. Døme er denne rekka:

finna v

finnast v

finna- i sms

finnande adj np

finnandlet n (Her skulle det stått **finn-andlet**, sidan samansetningar i ordboka skal vere markert med bindestrek, sjå 2.2.1.2 nedanfor).

finnar m

Frå og med band 5 er denne regelen oppheva, så rekkefølga er blitt heilt alfabetisk. Da ville **finnast** med andre ord ha kome etter **finnar**.

2.1.2.2 Fire typar av oppslagsord

Vi kan rekne med tre ordtyp<<<<ar i norsk, nemleg grunnord, avleiingar og samansetningar. I tillegg kan faste fleirordige uttrykk også opptre som oppslag i ordboka. Vi gir ein førebels definisjon og nokre døme på ordtypane her:

- 1 *Grunnord*, dvs. ord som i grunnform består av berre eitt morfem: *mann, kvinne, barn, stor, open, berre, dei, tjue, halde, lese, over, elefant*.
- 2 *Avleiingar*, dvs. ord som består av eit grunnord og eit føreledd (prefiks) eller etterledd (suffiks) som ikkje er eit eige ord i seg sjølv: *manndom, kvinneleg, barnaktig, storleik, openheit, haldbar, lesing*.
- 3 *Samansetningar*, dvs. ord som består av to grunnord som er lenka saman, eventuelt med eit bindeledd (-e-, -s-) som vi kallar *samansetningsfuge*: *mannsdominans, kvinnekamp, barnehage, kjempestor, halvopen, tjuefire, haldepunkt, lesestoff, overmakt*.
- 4 *Fleirordige uttrykk*: Desse kan vanskeleg kallast oppslagsord, men kan i ein del tilfelle behandlast som slike på oppslagsplass, ikkje minst når dei utgjer einingar som kjem frå framande språk, t.d. *still going strong*. Vanlegare er det å gjere dei til *underoppslag* (sjå 2.4.6).

2.1.2.3 Rekkefølge av homografar

Homografar er likeskrivne ord, altså ord med same skrivemåte. (Ord med same uttale er *homofonar*, mens ord der både uttale og skrivemåte fell saman, blir kalla *homonym*, som altså er eit overbegrep som omfattar begge dei to andre.)

Når ord blir skrivne likt, kan ikkje alfabetet lenger brukast til å rangere dei. Det kriteriet vi da tyr til, er grammatisk plassering, altså ordklasse. For substantiv er også genus (kjønn) eit kriterium: hankjønn kjem først, så ho-kjønn, så inkjekjønn, så ord der kjønnet ikkje lèt seg fastslå. Sjå punkt 2.2.2.1 for ei oppstilling av denne ordklasse-rekkefølga.

Når rekkefølga er fastslått, markerer vi dei enkelte oppslaga med romartal. Døme på ei homografrekke (oppslagsord med tyding i parentes):

vend *harka opp* binda opp taumane (så hesten ikkje får eta) (Hjelmeland). **harkast** v **-ast** i vend *det harkast* av det går på ein måte (VestlA) / (om tynsle, byrd) leggjast til (Voss): *det harkast på det huset* dei får (meir) motgang.

III harka v **-a** [VTel1821 46 *harkæ*, A²; målf òg *har(s)ka* (Oppdal) *ha(r) sk* (Velfjord, Saltdal, Fauske); til *II hark*]. **1 a**) upers, hurkla (AustfA, ShIV, Stryn, Oppdal): *det harkar i halsen* når andedraget vert heft av ureinske i barken (Austf o flA²). **b**) (med personsubj) reinsa halsen for slim; kremta (Alm; BergFS 51): *harka og hosta* (el *kremta, spytt*) / *han harka så fælt at han heldt oss andre vakne* (Forsand). **2**) tala ujamt og hakkut; stotra (NGBrBjørs.): *professorar harka og stamma meir en handverksmannen* i Bergen (Vi. SkrS III, 257) / *Stig Bendik harka neidd* (Schum. TH 152). **3**) (om ting el upers) laga hostande el skrapande lyd (Idd, Nøtterøy, Nissedal, Norddal, Oppdal; Jonsm. K 59; DavikWB 18): *han reiv sund skjorta så det harka i henne* (Nissedal) / *grinda både harkar og slarkar* (NøtterøyP.) / *med eitt byrja motoren å harka* (NynVek 1935) // (om fuglesong) np: *songen hev mange skjervande og harkande lyd, men lyder elles ikkje so verst* (E. Strand.NF 50).

IV harka v **-a** [R u V *harke*] arbeida jorda med harke (II og V); herka (AustR, OsloR, Hurdal, OdalR, ShIV, MelhusM): *her vart rugen sådd og harka ned mellom stein og stubbar* (Hurdal) // jamna møk med harke (Trl): *dei harka og sloa møka på vollen* (jfr BerkaakN 231).

harkal adj [A; til *III-V hark*]. **1**) (om veg og føre) hard (II, 1 og 3), ujamn, tung (A; Snm) // adv, mødesamt, låkt (2): *det går harkalt*. **2**) (om person) låk, veik, kruslen (SoFjA²).

Iharke m [målf *hasjtje* (Surnadal); til *III harka*] hurklelyd i hals (SurnadalHolten 159).

II harka m [A¹ *harkje*, A²; målf genus òg n; til *I harka*]. **1**) utsliten reiskap o dl (som ligg bortslengd); hark (IV, 1) (SoFj, Snm). **2**) i vend *koma i harka* koma i knipe (SeljeM).

III harka m [genus òg n (Velfjord); til *IV hark 2b*] lam og kje (ValleM, Velfjord): *ingen hadde slik harka som han; lombi var som vetrungs smålog* (GOS I, 71).

IV härke f [til *IV hark 4*] ujamn og knurput jordflate; frosen mark (VSlidreM, No mst, Trs): *det er vondt å køyra på denne harka* (HålHved².); òg i sms *haustharke*.

V härke f [A,R; målf og skr òg *herke, hærke* (SOdal, Grue, Tynset, ØvSandsvær; GamVestf II, 43); frå mlt *harke, herke* 'rive', T]. **1**) eit slag (jarn)rive med stutt og sterk skaft og med klør el grove tindar til å løysa opp jorda med og til å ha utover møk og mold med (S Austl sumst, Ød, Follidal, STRl sumst, Leksvik, Meråker; ÅrbØvOrkd 1978, 52; Minne I, 217): *kvinnfolka brukte harka når dei breidde møk* (HemneK. Aune 21) / *glørne vart kara utover med ei härke* (Streitl. B 39): (det) *fylljer mykje lyng med når harka grev mosen ihop i fjellrabben* (Skjemt 47) / òg sms som *brote-, jarn-, kol-, kveke-, mold-, mose-härke*. **2**) låk rive

(HemneM): *ei härke til rive*.

härke- i sms [målf og skrift ofte *harka*- (Hard, Vo), *hark*- (No)] til *I hark*, *I harka* og *I-IV härke* (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass); såleis (i s tyd som *I harka*) *härke-arbeid, fjerde, -greie, -gut, -slede, -smed, -spelemann, -stell, -taus, -ver, -voogn*.

härke-blod n fmed., om e tllh, (dårleg) blod som set seg til på sjuke stader i lekaman, og som (derfor) vert fjerna med årelating (VossM). **-botn** m hard og ujamn havbotn som fiskereiskap kan harka (II, 3a) i, og som anker ikkje tek feste i (HålHved.²; Astafjord). **-daude** m uheiderleg daude (HallR, HardR).

härke-dregen adj sjå *horkdregen*.

härke-ferd f uheiderleg ferd (HardR). **-fjell** n (skifer)fjell som ikkje høver til hellebryting (Strandebarm, Voss). **-frost** m beriffrost på våt mark (så det vert harke (IV)) (HålHved.²).

-fugl m fugl som er lite påakta: *harkafuglen byt no einkvan-staden fjuka* (NFL89Ordt 291). **-føre** n. **1**) ringt, harka (I) føre (NorrdalM); føre på ujamn berrveg og på berr-flekkut snøveg (HålHved.²). **2**) lett føre på frosen grunn (Astafjord, Bjarkøy). **-gras** n [R4 *harka-*] bot., hestespreng (ShI, Voss, Sjf; NFL60Hard 206; Sivle II, 131): *han* (hesten) *har no ikkje teki harkagraset, veit eg!* (Voss). **-holme** m holme der harke (III) gjekk om sumaren (VelfjordM). **-hosta** v [til *III harka*] harka (Gullv. B 133): *ho gjekk harkelhosta og magrast av* (Gullv. D 177). **-hoste** m harke (I); turhøste (SeljeM, Meløy; I. A. KnesDT 94). **-hus** n lager for lite brukte ting; skrothus (A u *härke*).

-hæse f hås røyst på grunn av hark (II, 1) (SeljeM). **harkel** subst slim som ein får opp or halsen ved å harkla (3b) (BømloRøks.): *host og harkel* (Røks. MEM 33).

härke-lag n låkt selskap, pakk (SoR).

härke-lauss adj härkeleg (GløppenFitje).

härkeleg adj [A¹ *härkelege*, A² òg *härkeleg*] ring, skrøpeleg (A; GløppenFitje, Breimjord.).

härke-loft n härkehus (A²). **-lyd** m. **1**) hark (II, 1): *hæse härkebydar* (DT 1985). **2**) i språkvitenskap, uttale av lyden som er skriven *-ch* t d i namnet *Bach*; i y framandspråk, t d ty.

harken adj [Ål1745, W *harkien*, H, Lærdal1811, C, A¹ *harkjen*, A² u *harkal* og *harkalt*, R1; til *I harka* og *I* og *IV härke*]. **1**) hard (I), knudrut, ujamn (SoFj): *det er harki føre* (SeljeM) / adv: *det gjekk så harki hardt og ujamnt* (SoA¹). **2**) (om person) hås og gruggen for brystet; skranten, sjukleg (t d av alderdom) (H; W; A; Hol, Hemsedal, JrSkret, ShI, Masfjorden, SoFj): *det er harki med meg no* (Masfjorden) / *han gjekk harkjen og hås i fleire dagar* (Røks. MEM 131) / *han var trøyt og harken, og hadde sett seg.. til å kvila* (SognsT 1937) // adv (Gaular): *det står visst harki til med hojom*. **3**) (om ting). **a**) i dårleg stand; låk, ring (AlM, SkjoldenM, ShIV): *doningen er harken* (AlM). **b**) trevaleg, tung, krungleg, strevsam (AlM, ShI, Sunndal, Øksendal, OppdalDon.; ByBygd III, 259; Tv. LL 71): *eit harki arbeid* (ShIV, SjfR1) / *eit harki føre* (OppdalDon.) / *det var no lite harki å koma fram* (sm st) / *det var harki å få til*

II harmast

*harmas over alle desse lovord (Dølen 1866,33,2,3) / eg heve ofte harmast på det (A²) / *d'er tie ting d harmast på og ingen ting til gleda (A, 1,36).*

II harmast v -ast i vend *harmast etter* apa etter, gjera narr av (TrysilM); jfr *herma*.

harm-dirrande adj full av harme (SS 1924,37): *ein harmdirrande artikkel um ... våpensendingi (GulaT 1935) / adv: han skreik harmdirrande (BergDFK 343).*

harme m [mål f og *herme* (IAustf, Solør); til I *harm*, BL]. **1** harm (I,1) (Set, ListaM; A. Min 133; FvLa. 685; Støyl. NBL 41; BlixNS⁴ 699,6): **skjot den arme, som ... er sjuk av sorg og harme (Vi. SkrS V, 275) / i stev: *kå nyttar harme, kå nyttar trege? Eg vålde sjave dei vonde vegje (ValleM). 2 harm (I,2) (IddM, SolorM, EikenM, ForsandM, HornindalM, RoraM, InderøyM; Vi. D 142; Ap1889 19,28; L. Esk. N 61): *ho kjende korkje sorg eller saknad, berre harme (Espel. S 64) / (han) reiste seg i heilag harme og protesterte (SS 1959,427) / harmen er gådd deg åt hugen (TistedalenM) / *dei sågo med harme på annan manns hygge (A. I,164) / attemed nærtidig ord: røsta skalv ... i harme eller otte (BergDSS 141) / *harmen og hatet so lenge vårt folk munde riva (NSalm 622,2).**

harme- i sms serl med subst til etterlekk (sjå ndf på alfab plass) (jfr *harm*).

harme-bylgje f sj, ri av harm (I,2): *der valt ei harmebylgja upp i henne (Br. LidGEV 63).*

-daude m [C *harm*-, R *harme*- ett C; skr og *harm*- (NFL50Reg)] saknaddaude: *dei skilde millom selebotsdaude og harmadaude (NFL32Hard 200).*

harmeleg adj [Fyresdal1698 *harmeleg*, FayeD1840 *harmelig*, A; mål f og *harmelik* (EikenM), *harmeleg* (IAustf, Solør, Rom sumst, Nøtterøy, NeGauld); til I og II *harm* og *harme*]. **1** syrgjeleg, tregeleg (VanI; A. II,52): *ein harmeleg strid (SommerNS 26) / harmelegt er dat, at ei slik fager gjenta skal ganga frå meg (JansonFB 20) / han var uppi so mykje leitd og harmeleg (Ga. i Fedrah 1879) / adv: det trega meg harmeleg d sjå (Sivle II,51) / dei hadde gjort so harmeleg narr av honom (Fedrah 1878) // som ser mager og tregefull ut (Fyresdal1698). 2 til å verta sinna for el til å harmast over (A²; Austl sumst; EikenM, ListaM, ShIV, AurlandMorfFlom 73, SparbuM, Overhalla TrIGTekst 128; SommerNS 26): *det harmelegaste er, at detta innførde målet skulde ... vera framstelt som det ... rette (A. III,207) / (om reven) *slik skarve, harmelegt sleng (Ga. V 63) / adv: *hat som i hugen harmeleg budde, då ut i hemnfus våbon braut (O. H. HaugeGO 104).**

harmelse m, n [A¹ genus n, A² genus n u *harming*]. **1** harm (I,2) (A; MasfjordenM). **2** otte (BrekkeM); *eg fekk stik ein harmelse i meg for borna.*

harme-låt m (i stev) klagetone (ValleM; StevSteff. nr 27): **du skal få lera den harmelåt (ValleM).*

-mål n harmelåt (Set StevSteff. nr 576).

-ri f ri med sinne: *ei lett harme-ri hadde drivi han til bot (Maul. I II,160).*

-song m klagesong (ValleM).

-stund f vond stund (NoDikt 53): **mang ei harmestund va' te-lagt for me' (NFL62Gbr 111).*

harm-full adj [A²] full av harm (I) (A²; HorgM; Ga. D II,279; EstSe. 3,5; Nordst. Br 115): *eg held dom ... med harmfulle refsingar (Ez 5,15) / eit harmfullt stridsdiikt (Visl. B 145) / augo ... var blanke av harmfulle tårur (Gullv. KJ 56) / folk dreg no heim, nokre glade, nokre harmfulle (SveinU 1870) / bil.: *harmfulle søgl på havet duva*

harmonika

(JansonFI 5) // attemed anna adv med likn tyd: *me finn ... ei harmfull og sorgfull gleda yver at dei lid urett (Visl. AaV 7) // adv: *(då) vil han hardt og harmfullt på meg sjå (HurumSk 48).*

-fylt adj jfr frg (SS 1921,228; KohtA1848N 48): *i harmfylte ord gieng han laus på skandinavismen (O. Fjort. OF 19).*

-glo f glødande harm (I,2) (SS 1933,428; KohtHII,190).

-gråt m sinnegråt: **trassande reiser eg enn mitt hovud mot hatet, i harmgråt vill (Sk. E 19).*

-hug m harm (I,2): *Enok kjende harmhugen sin folna (Ga. IV,133).*

harming f [A²] det å harmast; krenking (A²; S. HK II,315; Vi. SkrU III,182; BlixNS⁴ 768,5; SS 1926,61): *um nokon av samvit for Gud tolerarmingar som han lid uretteleg (1. Pet 2,19);* og i sms: *harmings-bilete (Ez 8,3), -skrik (Ga. IH 168).*

harm-kveda v kveda i harme (SlettePSPeg 146).

-kvæde n kvæde om harm og sorg: **gjenom helsting harmkvæde stig (Ga. IH 209).*

harmlaus adj [A²; tyd 2 frå ty *harmlos* ett eng. *harmless*, NOB]. **1** roleg i hugen, fri for harm (I) (A²; ListaM, JrSkrett., KvinnheradHaugl., NorddalM; Sk. VT 128; Hand. VS 44): *då ... vart eg liggjande still og harmlaus på hovugjeri (Dølen 1868,34,4,2) / dæ lydæst livleg, harmlaus skrat (Kl. Fr 381). 2 som ikkje vil krenkja; uskuldig, ufarleg (NOB): *harmlause fantestekar (VanI) / ein etter måten harmlaus hjartefel (NoSkul 1935) / adv: i fyrstningi ser det helder harmlaust ut (Hand. VS 116).**

harm-loge m stor harm (I,2): *harm-løgen tek til å spakne (KohtHI² 1,300).*

harmonera v -te [til *harmoni*] høva godt i hop, samstavast; mus., klinga i harmoni (1): *former vinn fram, som meir harmonerer med samfunnsstruktur og kristendomssyn (SS 1968,188) / (dei) freistar å få det nye og gamle til å harmonera (NoAllk IV 667).*

harmoni m [genus og f (BeitoG); frå lat-gr *harmonia*].

1 mus., samklang på minst tre tonar; samlyd; mots *disharmoni* (Vi. SkrSI 5,321-322; NoFolkek IV,81): *tonane kling saman i harmoni / det galdt om ... reine kvintar i harmoniane (Egg. Sk 81). 2 likevekt el samsvar (mellom delane i ein viss heilskap); fredsemd, ro (NOB): (i) *leiting etter harmoni (samhøve) i solsystemet ... kjem han ofte på villa (EinbuSt 29) / der var låge tømmer- og steinhus som ikkje braut harmonien (Vlnytt 1987) // attemed anna subst med likn tyd: *ein heim i fred og harmoni (Widn. G 12) / han kom til å vanta jamvegt og harmoni (SS 1911,39).**

harmoni- i sms til *harmoni 1* (omframt dei som fylgjer ndf på alfab plass): *harmoni-kjenlsle (NoFolkek IV,81), -overgang, -prinsipp, -samband (Gr. Na 32), -sambinding, -samfunn (RepstadRP 63), -skifte (NoFolkek IV 81), -spekulasjon, -system; til *harmoni 2* t d *harmoni-lov* (SletteG 82), -samfunn (RepstadRP 63), -tenking (RepstadRP 68).*

harmoni-framand adj (om tone) som ikkje høyrer heime i den akkorden han kling saman med; skalafremand (NoAllk IV,673).

harmonika m {-mo'n-; mål f ofte *harmonikk* el *harme*-; eng. av lat *harmonicus* 'harmonisk'] nemne på ymse slags musikkinstrument, såleis: **1** munnspeil (EidsbergSandem 107; NodalJens., ModumHunst²; Karst. SK 8). **2** dragspel (LangboHFO 125): *då drog Lasse harmonikaen langt ut på knei (GulaT 1953).*

I **slått** m (arbeid med å slå gras)

II **slått** m (folkemusikkstykke)

III **slått** m (innfall, påfunn)

Her har alle homografane same kjønn; m står for hankjønn. I slike tilfelle må redaktøren lage ei rekkefølge basert på hans/hennar eigen logiske sans, frekvens i bruk, eller noko anna.

Meir utbygde døme på homografrekker har vi under punkt 2.2.1 og 2.2.2.3.

2.1.3 Avsnittsstruktur

Som nemnt og vist under 2.1.1 var avsnittstrukturen annleis i band 1–4 enn i band 5–12. I dei første fire banda vart avsnitt markert med innrykk, og hovudprinsippet var at når oppslagsordet var heilt uavhengig av det førre, fekk det eit særskilt avsnitt, eller det innleidde eit nytt avsnitt. Samansetningar kunne derimot gjerne stå inne i det avsnittet som vart innleidd av føreleddet som særskilt ord, det same kunne gjelde avleiingar og ord som er tett relatert til føregåande ord. Såleis står «II **forsagd** adj» i same avsnitt som «I **forsagd** m, n», altså substantivet med tydinga 'akkord' m.m. Men denne praksisen var ikkje konsekvent.

Frå og med band 5 vart det sett fastare reglar for bruken av avsnitt, som no altså vart markert med utrykking. For det første skulle alle oppslag no begynne på ny line, også dei som ikkje hadde egne avsnitt. Og gruppa av ord som ikkje skulle ha egne avsnitt, vart definert mykje snevrare enn før. Det skulle berre gjelde samansetningar som stod i ei rekke med same føreledd. Slike rekker er strukturert slik at første oppslagsordet i rekka står fullt utskrive, mens dei følgjande oppslaga berre står med etterleddet etter ein bindestrek. Døme på samansetningsrekke:

spire-dugnad

-dyktig

-evne

-før

-gjerde

-kraft

-laus

-legg

-plagg
-prosent

Dette handlar altså om orda *spiredyktig*, *spireevne* osv.

Slike samansetningsrekker blir alltid brotne opp når andre typar oppslagsord kjem imellom. Det kan vere heilt andre ord som tilfeldigvis bryt alfabetrekkefølga:

skyld-bunden
-dalar
-deling
skyld
skyld-eining
-folk
I skyldig
II skyldig
skylding
skyld-liste
-mann
-mark
skyldnad
skyldnar
skyld-nemning

Det kan òg vere tilfelle der to homografar dannar kvar si samansetningsrekke, slik at enkeltorda i dei to rekkene blir integrert i ei felles alfabetrekkefølge i ordboka. Da blir det nytt avsnitt kvar gong ein skiftar mellom homografane. I rekka nedanfor kjem *juksearbeid*, *juksefant* og *jukse-lapp* og dei følgjande av *I jukse-*, mens dei andre orda høyrer til *II jukse-*.

I jukse- (som handlar om jukse i tydinga lureri)
II jukse- (som handlar om jukse som fiskereiskap)
jukse-arbeid
jukse-bolk
-båt
jukse-fant
jukse-forsyn
-kall

jukse-lapp**-laup****-makar**

Dersom ei samansetning som står i ei rekke, sjølv er grunnlag for nye samansetningar eller avleiingar, blir samansetninga behandla som grunnord, og får altså eige avsnitt:

natt-vektar**-vending****natt-verd****nattverda****nattverds-****nattverds-bord****-brød****-gjest****-laus****-sakrament****-vin****natt-vere****-voke****-vord****-vorda****-vords/leite****-væte**

Det siste dømet illustrerer to spesielle detaljar. Samansetningar der eitt av ledda sjølv er samansett, kallar vi *sekundærsamansetningar*, og når ei samansetning får ei avleiing, kallar vi det *sekundæravleiing*. Samansetningar som dannar grunnlag for slike, får altså eigne fullt utskrivne oppslag, som *nattverd* i rekka ovanfor. Men det gjeld berre dersom det er fleire enn to sekundærdanningar; under *nattverd* ser vi at det er seks. Er det berre éin eller to, blir føreleddet behandla som andre samansetningar i rekka, slik det her er skjedd med *nattvord*. Ein bør merke seg at i samansetningsrekker der føreleddet er underforstått, er føreleddet i alle oppslagsorda identisk med det som står framfor bindestreken i det første, fullt utskrivne oppslagsordet i rekka. Derfor skal *-brød* i siste rekka ovanfor lesast *nattverdsbrød*, mens *-voke* lenger nede står for *nattvoke*.

Når det gjeld måtar å markere sekundærsamansetningar på i oppslaget, viser vi til 2.2.1.2.2. Der blir typen *nattvordsleite* forklart med parallelltilfellet *knallperlehus*.

2.1.4 Artikkeltypar

Det er fire artikkeltypar: innhaldsartikkel, føreleddsartikkel, etterleddsartikkel og tilvisingsartikkel.

Dei aller fleste artiklane er *innhaldsartiklar*. Dei behandlar kvart sitt oppslagsord, og gir form-, tydings-, funksjons- og bruksopplysningar om dei. Innhaldsartiklane dekkjer alle typar oppslagsord, sjå oppstillinga under 2.1.2.2. og den vidare drøftinga under 2.2.1.2.

Føreleddsartiklane og *etterleddsartiklane* behandlar avleiingsprefiks og -suffiks, og føreleddsartikkelen kan òg behandle oppslagsord som er føreledd i samansetningar. Artiklane om prefiks og suffiks har dei same typane opplysningar som innhaldsartiklane, men bruksdøma kjem ikkje som sitat, berre som døme på ord som er laga med det aktuelle leddet, og som oftast har eigne innhaldsartiklar. Artiklar om første samansetningsledd har normalt ikkje definisjon eller forklaring (unntatt der det er snakk om polysemi), berre ei liste over gjennomsiktige samansetningar som ikkje får eigen innhaldsartikkel – som døme på samansetningstypar. Ein enkel føreleddsartikkel kan sjå slik ut:

spel- i sms til *IV spel*, såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass) t d *spel-framsyning, -kunst, -tevling, -tradisjon*.

Det skal lesast slik:

spel- i samansetningar til *IV spel* <som er hovudartikkelen om det vanlege substantivet *spel* med tydingar som 'leik', 'musikk', 'teaterstykke' osv.>, såleis (i tillegg til dei samansetningane som fylgjer nedanfor på alfabetisk plass) til dømes *spelframsyning, spelkunst, speltevling, speltradisjon*.

Dei fire nemnde samansetningane har ikkje eigne ordartiklar (fordi dei blir rekna som sjølvforklarande), men på dei følgjande sidene i ordboka står andre ord på *spel-* oppført og beskrivne som eigne oppslag.

Etterleddsartiklar er det færre av enn føreleddsartiklar, men dei kan t.d. brukast ved etterledd i framandord som ikkje finst som eigne ord, t.d.:

-stat m [av gr *statos* '(opp)stilt'] suff i nemningar for apparat som held noko i ei viss uendra stode; t d i *fotostat*, *gyrostat* og *termostat*.

Forkortinga «suff» tyder «suffiks»; elles skulle denne artikkelen vere sjølvforklarande. Dei einskilde avleiingane blir forklart i egne artiklar på alfabetisk plass.

Tilvisingsartiklane er den snauaste artikkeltypen. Den viser berre til ein annan artikkel om det same ordet under ein annan skriftvariant. Vi har tilvisingsartiklar frå ordformer som ikkje er lett atkjennelege ut frå den offisielle oppslagsforma av ordet, t.d. dialektvariantar, avvikande skriftvariantar, og i somme tilfelle uregelrette bøyingsformer. Der eit ord har valfri skrivemåte i rettskrivinga, står det alltid tilvisingsartikkel frå den skrivemåten som ikkje er oppslagsform, til oppslagsforma der ordartikkelen står. Alle tilvisingane går til den innhaldsartikkelen der ordet er beskrive. Ein tilvisingsartikkel ser gjerne slik ut:

spøkelse m sjå *spøkjelse*

stash n sjå *stæsj*

Vi konsentrerer oss heretter primært om innhaldsartiklane. Dei tre andre artikkeltypene beskriv vi nærare under pkt. 2.5, 2.6 og 2.7.

2.1.5 Artikkelstruktur

Artiklane har tre hovuddelar: oppslag, hakeparentes og kropp.

Oppslaget består først og fremst av sjølv *oppslagsordet*, i halvfeit og alltid sett på alfabetisk plass. I tillegg kjem det til ei såkalla *grammatisk merking*, dvs. plassering av ordet i ei ordklasse eller, om det gjeld eit substantiv, i eit genus (grammatisk kjønn). Verb blir i tillegg plassert i ei bestemt bøyingsklasse. For uregelrett bøyde ord blir det lagt til *bøyingsopplysningar*. Dei formene som blir oppgitt, er dei som har eller har hatt hovudformstatus sidan 1938. Ved valfridom er alle skriftformene og bøyingsformene oppgitt. Typiske oppslag ser slik ut:

spion m

spionera v -te

spirantisk adj

Hakeparentesen har fått denne nemninga fordi denne delen alltid blir innleidd og avslutta med ein hakeparentes ([]). Her kjem dei *formelle* opplysningane om ordet: *normaluttale*, der den ikkje er sjølvsgatt ut frå skriftbildet, førekomst av ordet i *eldre kjelder* (til og med Aasen og Ross sine ordbøker), belagte *avvikande skriftformer* (i forhold til norma i oppslaget), *målføreformer* med heimfestingar, og *etymologi*. Vi kjem grundigare tilbake til alt dette under 2.3 nedanfor. Vi gjer merksam på at hakeparentesen ikkje er obligatorisk; særleg ved samansetningar utelèt vi han dersom det ikkje er formelle opplysningar å gi om samansetninga som ikkje går fram av artiklane om samansetningsledda som grunnord.

Kroppen blir kalla slik fordi det er tradisjon i leksikografien å kalla oppslaget «hovud», og hovuddelen av artikkelen «kropp». Den gir dei *funksjonelle* opplysningane om ordet, og er oftast den lengste delen av artikkelen. Artiklar om ord med fleire tydingar, noko som er svært vanleg i språket, er oppdelte i bolkar nummerert med **1, 2, 3** osv., kalla *tydingsbolkar*. Nummera kallar vi *tydingsnummer*, og desse bolkanne kan delast i mindre bolkar markert med *tydingsbokstavar* (**a, b, c** osv.). På lågaste nivå kan vi ha såkalla *undertydingar* markert med dobbel skråstrek (//). I desse bolkanne får vi *definisjonar* av dei ymse tydingane med kjeldetilvisingar, og eventuelt *bruksmåtemerking* (stilistisk m.m.), opplysningar om *syntaktiske eigenskapar*, meir eller mindre *faste ordsamband* og *uttrykk* med ordet (ofte markert som *underoppslag* i halvfeit), kjeldefesta *sitat* og *redaksjonelle døme* som viser ordet i bruk, og nokre få døme på *samansetningar* med ordet som etterledd eller som føreledd der det ikkje er eigen føreleddsartikkel. Også desse kategoriane går vi nærare inn på nedanfor (2.4).

2.2 Oppslaget

2.2.1 Oppslagsordet

Oppslagsordet står alltid i halvfeit. Grunnord står skrivne fullt ut, eventuelt i fleire jamstilte former med «el» imellom, men alfabetisert på den rettskrivingsforma som gjeld i NO (med tilvising dit frå dei andre formene). Oppslagsordet står prinsipielt alltid i grunnform (ubunden form eintal i substantiv, sterk form eintal hankjønn i adjektiv og pronomen, og infinitiv i verb). Vi kan gjere avvik frå dette i sjeldsynte tilfelle, og da blir det opplyst i den grammatiske merkinga (sjå 2.2.2.1). Døme på oppslagsord med grammatisk merking:

skrap n
snau adj
spira v
getar m pl

Homografar, altså ord med ulik tyding og ulikt opphav, men med lik skrivemåte, markerer vi med romartal (sjå 2.1.2.2). Vi følgjer da ei bestemt rekkefølge av ordklasser og genus (sjå 2.2.2.1). Døme på homografrekke (oppslag med grammatisk merking og ei stutt markering av tyding i parentes):

I **spir** (i) m, n (spiss, odd på tårn, nes, tagg o.l.)
 II **spir** m (liten makrell, pir)
 III **spir** (i) m (ein slags slede)
 IV **spir** f (lita fonn av laussnø)
 V **spir** subst (planten spirea)
 VI **spir** adv (heilt, fullt ut)

Somme av desse tydingane er svært sjeldsynte eller lokale.

Nokre få ord har i nynorsk rettskriving aksent over vokal, sjå under 3.2.4. I Norsk Ordbok tar vi ikkje med slike aksentar på oppslagsplass i norskrøtte ord; vi skriv altså *for* (plogfor og mat til husdyr), *ler*, *ver* (klima og saubukk) der nynorsk rettskriving har *fôr*, *fôr*, *lêr* og *vêr*. I ordboksteksta (definisjonar osv.) er aksentane derimot brukt, men ikkje konsekvent. Derimot skriv vi også på oppslagsplass aksentar i (særleg franske) importord: *allé*, *idé*.

2.2.1.1 Vokalparentesen

I ein del ord har vi ein såkalla *vokalparentes*. Den inneheld ein vokal med aksent i kursiv: *ó*, *ò* osv., og står rett etter oppslagsforma, før den grammatiske merkinga; den kan i realiteten sjåast som ein del av oppslagsforma:

II **vita** (*i*) v

III **vita** (*í*) v

II vita er det vanlege verbet *vita* 'ha kjennskap til'. *III vita* er eit sjeldsynt verb med tydinga 'lasta, klandra'. Begge verba fanst i gammalnorsk, men *II vita* hadde kort *i*, som seinare vart uttala som ein mellomting mellom *i* og *e*, mens *III vita* hadde lang *i* i gammalnorsk, og denne vokalen beheldt ein «rein» og høg *i*-uttale. Denne uttaleskilnaden kan ikkje markerast med vanlege bokstavar i alfabetet vårt, men Aasen meinte det var viktig å skilje mellom open og trong uttale av vokalar for å markere at det dreia seg om ulike ord med ulike opphav i språket. På den måten skilde han ut fjorten ulike vokalar i norsk, mens nyare norsk rettskriving berre har ni vokalteikn. Aasen markerte dei vokalane som ikkje hadde eigne bokstavar ved å sette inn ein parentes bak oppslaget ved slike ord i ordboka si. Han brukte ikkje aksenteikn, men gjorde det slik:

vita (*i'*) (open uttale)

vita (*ii*) (trong uttale)

Norsk Ordbok har altså erstatta Aasens noteringsmåte med grav aksent (accent grave: ` for open uttale) og akutt aksent (accent aigu: ´ for trong uttale), som vi har vist ovanfor. Aksentane kan også settast over andre vokalar:

I **vera** (*è*) v 'eksistera'

II **vera** (*é*) v 'lukta'

I **boga** (*ó*) v 'leggja innåt baugen på skip'

II **boga** (*ò*) v 'bøya seg; spela med boge'

I **lut** (*ù*) el **lott** m 'del, part'

II **lut** (*ú*) m 'etsande kjemisk stoff'

I **myse** (*ỳ*) f 'stoff i mjølk'

II **myse** (*ý*) f 'folkesky, veik stakkar'

Det betyr ikkje at éin vokalparentes nødvendigvis treng stå i kontrast til ein annan. Ofte finst berre den eine varianten, i alle fall markert med vokalparentes:

hug (ù) m

I **spir** (í) m, n

Det er viktig å merke seg at Norsk Ordbok berre markerer denne uttaleskilnaden i ord der Aasen eller Ross har det, ikkje i nyare ord der vi i og for seg kan ha den same uttaleskilnaden (jf. rekka med seks homografar **spir** ovanfor, der I og III har ein vokalparentes som viser at uttalen er trong *i* – dei andre fire i rekka har same uttalen, men dei er ikkje tatt opp i Aasen og Ross sine ordbøker). Det er på sett og vis inkonsekvent, men det har å gjere med at det gamle systemet for fordeling av desse uttalemåtane av rotvokalen i dei ymse orda langt på veg har gått i oppløysing i nyare norsk. Andre uttalemærkingar blir gjort i hakeparentesen (sjå 2.3.1 nedanfor), ikkje i ein vokalparentes.

Den fonetiske utviklinga i dialektane og rettskrivingsutviklinga i moderne nynorsk har ført til endringar i vokalsystemet som i mange tilfelle har vore ei forenkling, men som samtidig har gjort det vanskelegare for dei som har ønskt å respektere dei gamle distinksjonane i Aasens 14-vokalsystem. Dei opne variantane i Aasens system glir i mange tilfelle over til ein lågare «grannevokal» i nyare norsk, både i mange målføre og nynorsk skriftmål: *i* blir til *e*, *ø* blir til *å*, *ù* blir til *o*, *ý* blir til *ø*. Døme: *let* ('farge', trad. nynorsk *lit*), *flåte* (trad. nynorsk *flote*), *mon* (trad. nyn. *mun*), *føre* ('framfor', trad. nyn. *fyre*). I slike tilfelle nyttar vi ikkje vokalparentes i Norsk Ordbok. Vi nyttar heller ikkje vokalparentes i samansetningar, anna enn der Aasen eller Ross har det i den same samansetninga.

Når vokalparentesen gjeld den første av to jamstilte oppslagsord, blir han sett rett etter dette ordet (sjå òg oppslaget I **lut** ovanfor):

II **skjere** (è) el **skyru** f ('sigd')

2.2.1.2 Ledd-delning

Ledd-delte oppslagsord blir markert med bindestrek i oppslaget. Vi har ovanfor alt gitt døme på føreleddsartiklar og etterleddsartiklar, med bindestrek etter resp. føre oppslaget, slik:

spel- i sms

-stat m (i importord som *fotostat*, *termostat* osv.)

Her konsentrerer vi oss om innhaldsartiklar og tilvisingsartiklar, der heile ordet står utskrive i oppslaget.

Vi har to typar ledd-delte ord: avleiingar og samansetningar. Hovudskiljemerket mellom dei to typane er dette:

Avleiingar består av eit grunnord pluss eit ekstra ledd som ikkje kan vere eit eige ord sjølv; det kallar vi *affiks*. Affiks kan stå føre grunnordet, da kallar vi det *prefiks*, t.d. *be-* i *behandla*, *u-* i *uholdbar*. Men affiks kan òg stå etter grunnordet; da kallar vi det *suffiks*, t.d. *-heit* i *fulheit*, *-leik* i *kjærleik*, *-ing* i *kløyving*, *-nad* i *saknad*, *-bar* i *uholdbar*, *-dom* i *ungdom*. Som vi ser av *uholdbar*, kan eit grunnord få både prefiks og suffiks på éin gong, men det vanlegaste er avleiingar med enten prefiks eller suffiks.

Som oppslagsord blir avleiingar alltid samanskrivne:

behandla v

fulheit f

kjærleik m

kløyving f

søknad m

uholdbar adj

ungdom m

Samansetningar er sett saman av to eller fleire ledd som også blir brukt som eigne ord; såleis kan *skrap* og *kiste* settast saman til *skrapkiste*, *slump* og *hell* til *slumpehell* osv. I oppslaget blir samansetningar alltid markert med bindestrek mellom ledda (eventuelt med underforstått føreledd, sjå 2.1.3 ovanfor):

skrap-kiste f

slumpe-hell n

spinn-galen adj

spion-roman m

vest-etter prep

vind-turka v

Det er ikkje alltid lett å avgjere kva som er avleiingar og kva som er samansetningar, sidan det er gråsoner mellom dei, både når det gjeld norske ord og

importord. Dette kjem vi tilbake til under 2.5.1. Her drøftar vi berre utviltsame samansetningar.

2.2.1.2.1 Samansetningsfuga

Fuge er noko som føyer saman noko. I denne samanhengen betyr *samansetningsfuge* eit element som markerer grenseovergangen mellom og bind saman to ledd i ei samansetning. Mange ord manglar ei slik fuge, det gjeld såleis alle orda i rekka ovanfor (*skrap-kiste* osv.) unntatt eitt (*slumpe-hell*; her er *-e-* truleg fuge mellom *slump* og *hell*, men sjå òg nedanfor). Dei to viktigaste og vanlegaste samansetningsfugene på norsk er *-e-* og *-s-*:

sol + merke = solemerke
 streng + instrument = strengeinstrument
 spenning + roman = spenningsroman
 spørsmål + teikn = spørsmålsteikn
 samansetning + fuge = samansetningsfuge

Det er mykje variasjon i bruken av fuger. Nokre gonger er det markert i ordboka:

lut- el **lute-fisk**
lån- el **låne-ord**

Andre gonger er berre den eine varianten markert på oppslagsplass, enten for å følge ein regel i rettskrivinga, eller fordi den eine varianten dominerer i bruk. Søker ein ei samansetning ein ikkje finn, er det alltid lurt å sjekke på ein variant med ei anna (eller utan) fuge. Ein bør òg vere merksam på dialektvariasjon: Nordanfjells er det vanleg med samansetningar utan fuge der ein har fuga *-e-* i Sør-Noreg og i rettskrivinga (*mjølkskvætt* for *mjølkeskvett* t.d. – oppslagsforma blir da **mjølke-skvett**). Fuga *-a-* er mest vanleg på Sør-vestlandet, og blir gjengitt med normalforma *-e-* (*solamerke*, som altså blir **sole-merke** – dei fleste samansetningane på *sol-* får elles inga fuge, som **sol-flekk**, **sol-hatt** osv.).

Samansetningar der føreleddet er eit verb, får fuga *-e-*. Ein del av variasjonen vi har gitt døme på ovanfor, kan kome av at det er uvisse om føreleddet er eit substantiv eller eit verb: **låne-garanti** (verb) mot **lån-takar** (substantiv); jf. òg **slumpe-hell**, der det kan vere tvil om føreleddet er substantivet *slump* eller verbet *slumpa*. Dersom føreleddet er ei partisippform på *-a*, kan saman-

setninga òg få fuga *-a*: **skuma-** el **skumma-mjòlk**. Det blir elles eit definisjonsspørsmål om denne *-a*-en skal kallast fuge eller ikkje (ein kan sjå på *skummamjòlk* som ei samansetning av *skumma* og *mjòlk* utan fuge). Men ein god del ord som kan reknast til denne typen får fuga *-e-*: **krine-lefse**, **krote-kake**. Her er det likevel ofte uklart om føreleddet er partisippforma *krina* og *krota* eller sjølv verbstamma (som med infinitiv på *-a* får same form)

2.2.1.2.2 Sekundærsamansetningar

Har samansetninga meir enn to ledd, blir bindestreken plassert ved det semantiske hovudskiljet i ordet:

spissbur-huve f

Her er føreleddet samansett, og når det står åleine, blir det markert på vanleg måte:

spiss-bur m

I *spissburhuve* må det da markerast at hovudskiljet i ordet går mellom *spissbur* og *huve*, ikkje mellom *spiss* og *burhuve* (eit ord som ikkje finst). Eit tilsvarende eksempel, der ei rekke av sekundærsamansetningar er underordna ei primærsamansetning, er dette:

sør-pol m

sørpol-ekspedisjon m

-farar m

-ferd m

Bindestrek er altså Norsk Ordboks vanlege måte å markere skilje mellom ledd i samansetningar på. Men i sekundærsamansetningar kan ein i somme tilfelle også supplere med ein skråstrek. Det gjeld når føreleddet er samansett og vi får ei samansetningsrekke som er underordna under det første leddet i det samansette føreleddet. Da må det markerast at det leddskiljet som er markert med bindestrek, ikkje er hovudskiljet i ordet. Vi ser på eit døme på dette:

knall-perle f

-perle/hus n

-pik m

-pistol m

Knall- er føreleddet i alle orda; det gjeld altså orda *knallperle*, *knallperlehus*, *knallpik* og *knallpistol*. Men *knallperlehus* er samansett av *knallperle* og *hus*, ikkje av *knall* og *perlehus*. For å markere at hovudskiljet i ordet går mellom *knallperle* og *hus*, set ein inn skråstreken (parallelt med oppslaget *nattvordsleite*, som er omtalt under punkt 2.1.3). Dette blir berre gjort når det er maksimum to sekundærsamansetningar til den aktuelle primærsamansetninga – i dette tilfellet er det berre éi. Hadde det vore fleire enn to, ville oppføringa ha blitt slik:

knall-perle f

knallperle-hus n

(osv.; det ville ha følgt minst to andre ord på *knallperle-*)

Er *etterleddet* i seg sjølv ei samansetning (som *ordbok* og *framlegg* i døma nedanfor), markerer vi det ikkje særskilt, men plasserer bindestreken ved hovudskiljet i ordet, enten det står åleine eller i ei samansetningsrekke:

synonym-ordbok f

rettskrivings- i sms

rettskrivings-brigde n

-framlegg n

-komité m

2.2.1.2.3 Rettskrivingsvariasjon i samansetningar

Vi fører ikkje opp jamstilte rettskrivingsformer i samansetningar, i og med at vi har desse opplysningane under grunnordet. Finst det særreglar som berre gjeld samansetninga, opplyser vi om dei. Når vi ved grunnordet har gitt opp «**skuva** el **skyva** v» til dømes, er det nok å bruke NO-forma *skuve-* i samansetningar: «**skuve-dekke** n, **skuve-tak** n» osv. Det skal lesast slik at *skyvedekke*, *skyvetak* osv. også er jamstilte former. Eit anna døme:

jul el **jol** f

jule-dag m

Dette er likevel annleis for avleiingar: Når vi har «**skyta** el **skjota**», fører vi òg opp «**skytar** el **skjotar**».

2.2.2 Ordklasse og bøying

2.2.2.1 Grammatisk merking: ordklasse og genus

Før vi går inn på dei grammatiske merkingane i Norsk Ordbok, gjer vi merksam på at grammatikkterminologien i ordboka er den tradisjonelle, som var gjeldande gjennom mesteparten av den tida ordboksbanda var i produksjon. Etter at *Norsk referansegrammatikk* i 1997 la fram ein ny analyse av den grammatiske strukturen i norsk og på det grunnlaget sette opp ein ny terminologi, har Språkrådet innført ein modifisert versjon av denne terminologien til bruk i skolen. Mellom anna blir grenseoppgangen mellom adverb og preposisjon no gjort på ein annan måte enn før, pronomena er oppdelt i fleire ordklasser, grenseoppgangen mot talord og adjektiv er blitt endra, og dei underordnande konjunksjonane har blitt ei eiga ordklasse med namnet subjunksjonar. Men det har ikkje vore aktuelt å føre inn det nye systemet i dei siste banda av Norsk Ordbok, på grunn av einskapen og samanhengen i verket.

Alle oppslagsord i NO får ei såkalla *grammatisk merking* i oppslaget, dvs. plassering i ei ordklasse eller (for substantiv) eit genus. Vi tar med alle desse merkingane her, i den rekkefølga dei har når vi har homografar frå ulike klasser (da står alltid hankjønnsord framfor hokjønnsord, som kjem før eventuelle likeskrivne adjektiv osv.):

m	substantiv i hankjønn (maskulinum)
f	substantiv i hokjønn (femininum)
n	substantiv i inkjekjønn (nøytrum)
subst	substantiv der kjønnet er ukjent
talord	talord
adj	adjektiv
adv	adverb
v	verb
prep	preposisjon
pron	pronomen
konj	konjunksjon
interj	interjeksjon
pref	prefiks
i sms	føreledd i samansetning

Merkingane «pref» og «i sms» blir berre brukt i føreleddsartiklar. Etterleddsartiklar blir merka med dei ordklassene suffiksa tilhøyrrer frå band 5 av (i dei første banda er dette gjort inkonsekvent):

-heit f
-ig adj
-nad m

På dei føregåande sidene har vi mange døme på oppslagsord med grammatisk merking.

2.2.2.2 Bøygd form som oppslagsform: sekundær grammatisk merking

I nokre (men ganske sjeldsynte) tilfelle bruker vi ei bøygd form av eit ord som oppslagsform: Da føyer vi til ei sekundær grammatisk merking i tillegg til den primære. Til dømes kan vi bruke fleirtalsforma av eit substantiv. Da føyer vi «pl» (pluralis) til den grammatiske merkinga:

getar m pl (trakisk ryttarfolk ved nedre Donau i oldtida)

(Denne føringsmåten ved folkeslag finst rett nok berre i dei tidlegaste banda.)

Tilsvarande føringsmåte kan vi finne ved gradbøygde former av adjektiv, også i seinare band:

verre adj komp
verst adj superl

I tilvisingsartiklar frå uregelrett bøygde former til grunnform av verb kan vi finne andre tillegg til den grammatiske merkinga:

III **hekk** v ft sjå *hanga*
(«ft» tyder 'fortid', i moderne terminologi 'preteritum')
vøre v konjunkt sjå *tvi* og *vera*
(«konjunkt» står for 'konjunktiv')

Slik sekundær grammatisk merking kan utvidast med eit ekstra trekk, men det er ikkje gjort konsekvent. Såleis kunne **getar** ha fått merkinga «m pl ubf», der «ubf» står for «ubestemt form», og **vøre** kunne fått merkinga «v ft konjunkt», der «ft» står for «fortid» (preteritum). Men det er sjeldan nød-

vendig for identifiseringa av forma, og ofte har ein sett bort frå det. Vi gir eit oversyn over dei moglege sekundære merkingane i det som følgjer.

Substantiv kan merkast slik:

pl: fleirtal (plural)
 pl bf: fleirtal bestemt form
 pl ubf: fleirtal ubestemt form
 sg bf: eintal (singular) bestemt form

Verb kan merkast slik:

ft: preteritum (fortid)
 ft pl: preteritum fleirtal
 nt pl: presens (notid) fleirtal
 nt konjunkt: presens konjunktiv
 ft konjunkt: preteritum konjunktiv

Fleirtal og konjunktiv av verb finst berre i nokre få tradisjonelle dialektar og i tekster frå den eldste tida nynorsk var i bruk, og desse merkingane vil berre finnast i tilvisingsartiklar frå vanskeleg attkjennelege dialektformer til infinitivsforma av dei aktuelle verba.

Adjektiv og adverb kan få desse sekundære merkingane:

komp: komparativ
 superl: superlativ
 pl: fleirtal
 sg bf: eintal bestemt form (t.d. **vesle**)

2.2.2.3 Valfridom mellom ulike genus

Det er vanleg at substantiv har valfridom mellom fleire genus, oftast to, ein sjeldan gong alle tre. Det kan ha vore valfritt innanfor 1938- eller 1959-rettskrivinga, eller genuset kan ha skifta frå 1938 til 1959; da fører vi opp begge. Det kan òg hende at vi fører på eit avvikande genus (i forhold til offisiell rettskriving) dersom det er svært vanleg i materialet. Vi skriv da på alternativa i den faste rekkefølga med komma imellom: m, f – m, f, n – m, n – f, n. Døme:

kontrakt m, f
lampe m, f
plante m, f
stogg m, n
 II **vis** (i) m, f, n

Vi gir òg nokre døme på heile rekker av homografar med ulik genusmerking og korte tydingsmarkeringar i parentes:

I **hall** m (liten og rund stein)
 II **hall** m (stor entré i hus)
 III **hall** m, f (stor sal)
 IV **hall** n (m, f) (helling m.m.)
 V **hall** n sjå *hald*
 VI **hall** adj (hallande)
 VII **hall** adj, **hall-** sjå *halv, halv-*

Under *IV hall* ser vi at to genus står i parentes. Det indikerer at dei førekjem meir enn sporadisk i materialet, men at dei likevel ikkje har nokon formell status i den offisielle nynorsknormalen. Artiklane *V hall* og *VII hall* er tilvingsartiklar.

I **meis** m, f (beremeis)
 II **meis** f (fugl)

I **skrift** f (skriftsystem, handskrift)
 II **skrift** f (skriftemål)
 III **skrift** f, n (skriven tekst)

I **torv** f (behov)
 II **torv** f, n (grastorv m.m.)

Merk at samansetningar med valfritt genus i sisteleddet får med begge genus i den grammatiske merkinga – sjølv om vi ikkje markerer valfrie rettskrivingsformer i oppslaget:

IV **røyr** el **rør** f, n

I samansetning blir det slik:

II **vass-røyr** f, n

Røyr var eineform i 1938-normalen, og dermed NOs redaksjonelle form, mens *rør* kom inn som jamstilt form i 1959 (og fall ut or normalen att i 2012, men det er ikkje reflektert i NO).

2.2.2.4 Ord med skiftande ordklasse

Det er ikkje uvanleg at ord kan fungere i ei anna ordklasse enn den som ordet i utgangspunktet høyrer til. Adjektiv kan nyttast substantivisk: *sosial* er eit adjektiv, men i uttrykk som «*på sosialen*» er det blitt substantivert. I det tilfellet har vi skilt ut substantivet i eit eige oppslagsord:

I **sosial** m

II **sosial** adj

Hovudartikkelen der det aller meste av informasjonen står, er da *II sosial*.

Andre gonger redigerer vi dei to ordklassene saman i ein artikkel, t.d. når det gjeld språknamn:

norsk adj

Her blir det markert nede i artikkelen at ordet som språknamn kan brukast substantivisk, slik som i «*på norsk*», «*den nye norsken*», «*han hadde norsk som fag*» osv. Vi kjem tilbake til det under 2.4.4.1.

Den viktigaste og vanlegaste typen av slik tvitydig ordklassetilhøyrse er bruken av adjektiv som adverb. I *ein lang stake*, *huset er langt*, *dei lange nettene* er *lang* adjektiv. Men i *han går langt*, *vegen strekker seg langt bortover*, *grana er langt større enn furua*, fungerer *langt* som adverb.

Norsk Ordbok har ikkje behandla slike tilfelle heilt konsekvent. I dei første fire banda kan vi finne ei dobbel ordklassemarkering, t.d. «adj, adv». Døme:

bra adj ubøy og adv (ubøy tyder 'ubøyeleg')

I alle seinare band har regelen derimot vore at ord av denne typen skal ha éi og berre éi grammatisk merking. Normalt vil det vere «adj» (og det var det vanlegaste også i dei første banda). Nede i artikkelen vil ein så kunne skilje

ut ein bolk der den adverbielle bruken blir beskriven; det kjem vi tilbake til under 2.4.4.1. Ved somme ord har vi laga ein separat artikkel om adverbet:

I **lang** m (i uttrykk som «*på langen*»)

II **lang** adj

langt adv

Men den vanlegaste måten er å føre opp «adj» åleine i den grammatiske merkinga, behandle adverbfunksjonen nede i artikkelen, og eventuelt føre opp ein tilvisingsartikkel frå adverbet:

sterk adj

sterkt adv sjå *sterk*.

Grammatiske ord av dei små og lukka ordklassene kan òg ofte skifte ordklasse alt etter dei samanhengane og grammatiske konstruksjonane dei opptrer i. Preposisjonane kan normalt ofte brukast som adverb, i nokon grad som konjunksjonar (i den tradisjonelle terminologien NO baserer seg på; i dag oftast kalla subjunksjonar). I dei første banda av ordboka finn vi fleire dobbel- og trippeloppføringar av ordklasser:

III **av** prep, adv

II **etter** prep, adv, konj

IX **for** prep, adv, konj

gjennom el **igjennom** prep, adv

Artiklane er da gjerne delt i to eller tre delar **A**, **B** og ev. **C**, som behandlar kvar sin ordklassefunksjon.

Også her har vi frå band 5 av gjennomført prinsippet om berre éi grammatisk merking for kvart ord. Da blir det slik:

langs prep

mellom el **imellom** prep

II **over** (ò) prep

til (i) prep

Adverbiell bruk av preposisjonane blir da behandla nede i artikkelen. I somme tilfelle er preposisjons- og adverbfunksjonane skilt frå kvarandre i separate artiklar:

II i adv

III i prep

II **med** adv

III **med** prep

I **på** adv

II **på** prep

Frå band 9 av har vi unngått også dette, og behandla ordklassefunksjonane integrert i éin artikkel med «prep» som grammatisk merking. Ved artiklar der tilhøvet er omvendt, altså adverb som i særtilfelle kan brukast som preposisjon, gjer vi det motsett:

ned adv

opp adv

Her deler vi òg inn i **A** og **B**, der **B** dekker preposisjonsfunksjonen i uttrykk som *opp bakken, han gjekk ned stigen*.

Ordklassemerkinga «adv» blir altså berre nytta ved ord som er primært adverb utan at noka anna ordklasse «ligg i botn», t.d. ved *ikkje, berre, bort, her, ut* osv. – eller ved ord der den adverbelle bruken heilt klart er utgangspunktet og den mest frekvente, som *ned* og *opp* er døme på.

2.2.2.5 Bøyingsopplysningar

Bøyingsopplysningar i oppslaget er av tre typar:

- bøyingsending, enten regelrett (**kasta** v -a) eller uregelrett (**vegg** m pl -er)
- fullskriven bøyingsform (berre ved uregelrett bøyning: **pløya** v **pløgde**; **barn** n, pl **born** (slik i 1938-rettskrivinga, i dag valfridom: pl **barn** el **born**))
- fullskrive paradigme (berre ved sterke og andre uregelrette verb: **krypa** v **kryp, kraup, kropsi**)

Nedanfor gir vi fleire døme på bruken av dei tre typane.

2.2.2.5.1 Regelrette (*linne*) verb

Ved *linne* verb blir preteritumssuffikset ført opp i halvfeit som markering av bøyingsklasse (konjugasjon). Det er alltid anten **-a**, **-de**, **-dde** eller **-te**. Ved valfridom blir fleire alternativ ført opp. Døme:

straffa v -a
strøyma v -de
 II **snerpa** v -te
 II **nå** v -dde
føra v -de el -te
pryda v -a el -de
 I **spela** (è) v -a el -te
 II **sløra** v -a el -de el -te

I preteritum kan det såleis berre heite *nådde*, *straffa*, *strøymde*, mens det kan heite både *spela* og *spelte* og både *førde* og *førte*. Såleis blir verba plassert i ulike bøyingsklasser.

2.2.2.5.2 Uregelrett bøyde oppslagsord

Ved uregelrett bøyde substantiv, verb eller adjektiv, eller ved pronomen, blir alle bøyingsformer ført opp i halvfeit, eller så mange at heile paradigmet kan rekonstruerast ut frå det (for sterke verb såleis presens, preteritum og supinum). Også her held ein seg til offisielt godkjente former i rettskrivingane etter 1938; andre former blir gjort greie for i hakeparentesen.

2.2.2.5.2.1 VERB

Døme på bøyingsoppføringar ved sterke verb:

gyva v **gyv**, **gauv**, **govi** el **gove**
 I **gå** v **går**, **gjekk**, **gått**
 I **rida** (*i*) el **ri** v **rid** el **rir**, **reid** el **rei**, **ridi** el **ridd**
skyta el **skjota** (*ó*) v **skyt**, **skaut**, **skoti**
 IV **slå** v **slår** el **slær**, **slo**, **slått** el **slegi**
springa v **spring**, **sprang**, **sprungi**
stiga (*i*) v **stig**, **steig**, **stigi**

Det er sjeldsynt at supinumforma på *-e* blir oppgitt som under *gyva*; det vanlege ved dei sterke verba er at berre *-i*-forma står, som ein ser i dei andre

døma ovanfor. Oppføringa under *gyva* må helst reknast som ein tilfeldig inkonsekvens.

Også verb av *telje*-klassa blir oppført på denne måten:

flysja v flys, fluste, flust
selja v sel, selde, selt
spørja v spør, spurde, spurt
telja v tel, talde, talt

Og i tillegg nokre meir einstaka uregelrette verb, særleg modale hjelpeverb:

eiga v eig, åtte, ått
kunna v kan, kunne, kunna

Er det valfridom mellom regelrett og uregelrett bøyning, bruker vi begge oppføringsmåtane jamsides:

III **lita v lit, leit, liti el -te**

Dette verbet kan altså bøyast både *lita – lit – leit – liti* og *lita – liter – litte – litt*.

I og for seg regelrette bøyingsformer blir òg oppført når det knyter seg ortografiske avvik til dei. Typisk gjeld dette e-verb på *-ja* (typen *skyggja*) og verb med konsonantforenkling i preteritum (typen *stella*): Da blir preteritumforma oppgitt i fullt utskrivne form:

knekkja v knekte
krenkja v krenkte
skyggja v skygde
syrgja v syrgde
stella v stelte
senda v sende
styttja v stytte

Også eit uregelrett verb som *nøya* går slik:

nøya v nøgde

Men dette prinsippet vart først gjennomført frå om lag midt i verket, så i dei tidlege banda finn vi som oftast berre endinga i denne typen former:

dengja v -de

fylgja el følgja v -de

fylkja v -te el fylka v -a

I fylla v -lte

føða el fø v -dde

lækja v -te

Under *I fylla* ser vi altså korleis ein kunne markerte konsonantforenklinga utan å skrive ordforma fullt ut, som ein seinare bestemte seg for å gjere.

2.2.2.5.2.2 ANDRE ORDKLASSER

Vi gir nokre døme frå andre ordklasser, først *substantiv*:

bekk m, pl -er

gjest m, pl -er

hakel m pl haklar

I stad m pl -er

II aksel f sg bf aksla, pl aksler

II elv f, pl -ar

stong f pl stenger

strand f pl strender

I dei tidlege banda sette dei inn eit komma mellom genusmarkeringa og bøyingsopplýsninga (som i *gjest*, band 4). Seinare gjekk ein bort frå det (som i *hakel*, også i band 4, og i dei andre oppslaga frå seinare band).

Ved *adjektiv* blir uregelrette former ført fullt ut i dei svært få oppslaga det gjeld:

III stor (ó) adj komp større, superl størst

tung adj komp tyngre, superl tyngst

ung adj komp yngre, superl yngst

II høg adj, komp høgare el høgre, superl høgast el høgst

låg adj lægre, lægst el lågare, lågast

III gamal el gammal adj -t, pl gamle, komp eldre s d, superl eldst s d

god adj, komp betre s d, superl best s d

Forkortinga «s d» («sjå dette») tyder at **eldre**, **eldst**, **betre** og **best** har eigne oppslag. Ein ser elles at det heller ikkje her har vore konsekvent oppføring

gjennom heile verket; under **låg** kunne det like gjerne stått på same måten som under **høg**. Under **gamal** er nøytrumsforma på **-t** (*gamalt*) oppgitt, men sidan denne t-en er regelrett, er dette elles stort sett ikkje markert. Og ein ser at dei gradbøygde formene under **god** står i kursiv og ikkje i halvfeit, som dei gradbøygde formene elles gjer.

Regelrette bøyingsformer blir ikkje markert særskilt.

Endeleg eit par døme på *pronomen*:

vi el **me** pron obl kas **oss** (sjå òg 1.2.2)

III **vår** pron n **vårt**, pl **våre**

«Obl kas» tyder «obliske kasus», dvs. alle andre kasus enn nominativ, ein kategori som i norsk berre finst i personlege pronomen.

2.3 Hakeparentesen

2.3.1 Uttale

2.3.1.1 Utgangspunkt

Spørsmålet om ein nynorsk «normaluttale» eller «standarduttale» har alltid vore vanskeleg å handtere for nynorskbrukarar. Den ideologiske diskusjonen rundt dette emnet kan vi ikkje gå inn i her, men reint faktisk er det slik at mens nordmenn flest bruker dialekten sin, ofte meir eller mindre avslipt, så har det alltid vore ein del nynorskbrukarar som har lagt seg til eit normalnynorsk talemål, særleg slike som har hatt eit intellektuelt yrke og flytta bort frå heimstaden, eller som har arbeidd i riksdekkande, i alle fall ikkje stadbundne, medium.

Denne nynorske normaluttalen er i utgangspunktet ein leseuttale, men når han blir brukt som talemål, opnar han seg meir mot dei dialektale talemåla, så vi får ein viss grad av variasjon som peikar mot ulike landsdelar og dialektgrunnlag. Likevel kan vi snakke om ein nynorsk fellesuttale som går under namnet standardtalemål (eller «normaltalemål»). Norsk Ordbok har som mål å beskrive folkemålet, altså dialektane, men også det nynorske skriftmålet. Når eit nynorsk standardtalemål som bygger på skriftmålet eksisterer som eit faktum, har Norsk Ordbok definert det som ein del av oppgåva si å beskrive også det. Ordboka skil ut denne uttalen ved å føre han opp fremst i hakeparentesen, mens målføreformene kjem i ein eigen seksjon seinare i hakeparentesen, som vi ser under 2.3.4.

I det som følgjer her i rettleiinga, beskriv vi nynorsk standarduttale som ein skriftnær, men autentisk, uttale av nynorsk. Dei fleste artiklane i ordboka har inga uttalemerkering, fordi uttalen er lett å slutte seg til ut frå stavemåten og dei allmenne uttaloreglane for norsk. Men i ein del artiklar om ord der denne standarduttalen ikkje utan vidare gir seg sjølv ut ifrå skriftforma, gir vi opp standarduttalen fremst i hakeparentesen. Det gjeld i dei fleste tilfelle ord der trykket kjem på ei anna staving enn den første, og altså vik av frå hovudregelen i norsk, som er at trykket kjem på første staving. Slike avvik finn vi primært i importord, ikkje minst ord som kjem frå fransk eller latin. I norsk talemål er det her ei klar motsetning mellom typen *ban`nan* vs. *ba-na´n*: Den første typen dominerer på Austlandet og i Trøndelag, den andre på Vestlandet, i Nord-Noreg og i tradisjonelt bokmålsbasert bytalemål. Sidan den siste uttalen dominerer i dei nynorskdominerte landsdelane, både i målføra og i standardtalemålet, legg vi den til grunn i NO.

Noko tilsvarende gjeld i andre tilfelle der importord bryt med det tradisjonelle tilhøvet mellom norsk skrift og tale, eventuelt har trekk i uttalen som ikkje kjem fram i skrift. Det gjeld i importord med ikkje-norske stavemåtar som er overtatt direkte frå långjevarspråket. I tilfelle der tonelaget på norsk er uklart, kan vi gi opp det. I reint norske ord kan det hende vi gir opp bokstavrette uttalar som vik av frå vanlege mønster i norsk, særleg der *g-*, *k-* og *sk-* framfor fremre høge vokalar (*i*, *y*, *ei*, *øy*) skal uttalast bokstavrett i staden for som *j-*, *kj-* og *sj-*.

Vi bruker vanlege bokstavar i kursiv til å markere uttale, altså ikkje lydskrift. Trykk blir markert med ein aksent etter trykkberande lang vokal, eller etter den følgjande konsonanten når vokalen er kort. Aksenttypen representerer tonelaget, eller tonemet, som er den fagtermen vi nyttar. Akutt aksent (´) står for tonem 1 (som i *bønder*, uttala bøn´ner), grav aksent (`) står for tonem 2 (som i *bønner*, uttala bøn`ner). Men vi gir opp uttale berre for grunnforma av ordet, ikkje for bøygde former.

I mange tilfelle fører vi opp berre ein del av ordet, den delen der det konkrete uttaleproblemet finst, til dømes berre den trykksterke stavinga. I ein del tilfelle gir vi opp to (eller fleire) valfrie uttalemåtar med «el» (eller) imellom.

Vi avsluttar alltid uttalemarkeringa med semikolon, som vi alltid bruker for å markere overgangane mellom dei fem hovuddelane av hakeparentesen.

Vi gir nokre døme på det vi har skissert så langt:

sioux subst [*su*; ...]

sofa m [*so´fa*; ...]

gymnas n [*gymna´s*; ...]

union m [*-o´n*; ...]

radius m [*ra´-*; ...]

alkohol m [*al´* - el *-o´l*; ...]

tobakk m [*tob´bakk* el *tobakk´*; ...]

psyke m [*ps-* el *s-*; ...]

lakune m, f [*-u`ne*; ...]

Dei ordtypane som får uttaleopplysning, er grunnord og avleiingar, men ikkje samansetningar om ikkje uttalen av eit samansetningsledd skil seg frå uttalen av det same leddet som grunnord (noko som sjeldan er tilfelle). I tillegg kan artiklar om affiks få uttalemarkering for å vise om affikset har trykk.

2.3.1.2 Fonemmarkering

Vi bruker vanlege bokstavar til å markere uttale med, men dei fungerer som lydteikn, dei skiftar altså ikkje uttale slik som i vanleg rettskriving. Det vil mellom anna seie:

e blir alltid uttala *e*, ikkje *æ*, mens *æ*-lyden alltid blir gjengitt med *æ*. Døme:
sherpa m [*sjær'pa*; ...]

o blir alltid uttala som *o* i *bok* og *sol*, mens *å*-lyden alltid blir skriven *å*. Døme:
korporleg adj [*-po'r-*], **korpus** n [*kår'p-*; ...]

På same måten skal trong *u* markerast med *u*, mens *o*-lyden alltid får lydteiknet *o*, også når han blir stava *u*. I det følgjande importordet er tre uttalar moglege, og blir oppgitt jamsides kvarandre:

moussaka m [*mos'saka*, *mosa'ka* el *musa'ka*; ...]

Kort vokal følgd av éin konsonant blir markert med dobbelkonsonant etter vokalen, som i vanleg rettskriving, men vi lét dette også gjelde for *m* frå band 7 av. Denne bokstaven skal etter norsk rettskriving som kjent ikkje fordoblast etter kort vokal i ordutlyd. Men dermed kan det av og til oppstå tvil om vokaluttalen, og da kan vi markere det ved å fordoble *m* i uttalemarkeringa når vokalen er kort, eller sette kolon etter vokalen når han er lang. Dette er rett nok svært sjeldsynt, og ikkje konsekvent gjennomført. Døme:

madam m [*-amm'*; ...]

I **krim** m [*krim*; ...] (kriminallitteratur) (stutt vokal, men ikkje markert med konsonantfordobling)

II **krim** n [*kri:m*; ...] (snue)

Blir vokalen følgd av ei konsonantgruppe, reknar vi med at han allereie blir oppfatta som kort, og da følgjer vi vanleg rettskriving:

V **kost** m, n [*kåst*; ...] (altså ikkje *kåsst*)

karma m [*kar'ma*; ...] (altså ikkje *kar'rma*)

intakt adj [*-ak't*; ...] (altså ikkje *-ak'kt*)

I samansetningar der ei konsonantgruppe står i overgangen mellom ledda, eller i andre samanhengar, særleg i importord, der det kan vere tvil, kan vi

likevel fordoble den første konsonanten for å gjere det tydelegare at vokalen føre er kort:

sjalott-lauk m [-ât't-]

online adj [ân'nlain;...]

rottweiler m [rát'tveiler; ...]

Normalt gir vi ikkje uttaleopplysningar om nordiske ord, der uttalen oftast er føreseieleg ut frå skriftbilde og velkjente uttalereglar, men vi gjer unntak for somme typar systematiske avvik mellom skriftbilde og uttale. Det gjeld primært desse typane:

- 1) Bokstavane *g*, *k* og sekvensen *sk* framfor fremre høg vokal skal etter reglane i norsk uttalast som *j*, *kj* og *sj*. Denne regelen har mange unntak, særleg i importord, og i somme ord der regelen skal følgjast, kan det vere grunn til tvil for brukarane. Derfor markerer vi den bokstavrette uttalen, og i somme tilfelle også den regelrette uttalen i visse ord:

I **gil** (i) m [j-, ...]

VII **gir** n [g-; ...]

I **skip** el **skipp** m [skipp; frå eng.]

- 2) Etter lang vokal er *d* i norsk (utanom Nordvestlandet) oftast stum. Derfor markerer vi ord der *d* blir uttala:

glød m [-d; ...]

gløda v ... [-d-; ...]

- 3) Sekvensen *rd* kan ha ulike uttalar i norsk: ofte berre som *r* (med stum *d*), andre gonger (i austnorsk eller nordnorsk talemål) som tjukk *l* eller som retrofleks *d*, og atter andre gonger (relativt sjeldan) med skriftuttale, altså tydeleg *r-d*: I slike tilfelle kan vi føre på uttalen *rd* eller (i dei siste banda) *rrd*:

verdig adj ... [-rrd- el -rd; ...]

mord n [mord; ...]

2.3.1.3 Tonem og trykk, særleg i importord

Som sagt står aksentteiknet som markerer trykk og tonem, etter lang vokal eller etter den konsonanten som følgjer på kort vokal. Ved ordutlyd står aksentteiknet etter den siste konsonanten dersom vokalen føre er kort. Døme:

I koma m [ko'-; ...]
kuvøse m, f [-ø'se; ...]
intakt adj [-ak't; ...]
jacket m [dsjæk'kit;...]
rabbagast m [rab'b-; ...] ..
kosakk m [-akk'; ...]
klingeling interj [-ling'; ...]

Diftongar blir rekna som lange vokalar og får aksentteiknet rett etter seg:

baseball m [bei'sbål; ...]
kladeis m [-ei's]
nøytrum n [nøy'-; ...]
sigøynar m [-øy'n-; ...]

Sekvensane *rd*, *rt* og *rl* blir behandla som separate lydar, jamvel om dei ofte smeltar saman i uttalen:

kohort m [-hår't; ...]

Når importord har ein «framand» uttale som strir mot norske reglar, markerer vi det (sjå døme på dette ovanfor). Dei vanlegaste tilfella av slike avvik gjeld trykk og trykkmarkering. Grunnregelen i norsk er at trykket ligg på første staving, men vi har mange importord der trykket i det vi kallar standarduttale ligg på ei seinare staving, ofte den siste. Også i slike ord kan trykket i mange dialektar, særleg austlandske og trønderske, ligge på første staving, men NO har altså valt å basere seg på den vestlandske og nordnorske trykkfordelinga, som dermed har fått ein status som standarduttale, jf. 2.3.1.1 ovanfor. Når ikkje andre trekk i ordet strir mot norsk uttale, nøyter vi oss med å føre opp trykkstavinga:

banan m [-a'n; ..]
patron m [-o'n; ..]
union m [-o'n; ..]
leopard m [-par'd; ...]
arrest m [-res't; ...]
appetitt m [-titt'; ...]
økonom m [-no'm; ...]

I lengre importord kan trykket også falle på andre stavingar i ordet:

professor m [-es's-; ...]

semester n [-es't-; ...]

reporter m [-år't-; ...]

sanatorium n [-o'r-; ...]

historisk adj [-o'r-; ...]

Også trykk i førstestaving markerer vi når det skal vere tonem 1, sidan tonem 2 er hovudregelen i norsk:

sepia m [se'-; ...]

puttis m [put'tis; ...]

spikar m [spi'k-; ...]

Ein kan merke seg at ein i tidlegare band gjerne skreiv inn ein større del av ordet i uttalemarkeringa (til dels heile ordet, men det var ingen konsekvent praksis), mens ein i seinare band var snauare. Døme

gebyr n [geby'r; ...]

komfyr [-fy'r; ...]

vampyr m [-y'r; ...]

Ved somme avleiingsendingar skreiv ein ut heile endinga i uttalemarkeringa, også i seinare band, t.d. *-gen* og *-nom*:

autogen adj [-ge'n; ...]

astronom m [-no'm; ...]

økonom m [-no'm; ...]

Ein del avleiingar til importord er så vanlege i norsk at vi ikkje markerer trykk eller uttale i det heile. Det gjeld:

-an(ar) (*afrikan(ar)*)

-ansk (*afrikansk*)

-asje (*bagasje*)

-ell (*aktuell*)

-era (*adressera*)

-inne (*gudinne*)

- isme (*humanisme*)
- ist (*humanist*)
- istisk (*humanistisk*)
- sjon (*stasjon*)
- tet (*autoritet*)
- ør (*frisør*)

2.3.2 Eldre kjelder

Med «eldre kjelder» meiner vi her ordsamlingar (prenta og uprenta) frå norske dialektar på 16-, 17- og 1800-talet, dvs. til og med Hans Ross si ordbok med dei tillegga han laga, som er med i det opptrykket av ordboka hans som kom i 1971. Dei er med for å dokumentere at ordet har vore i munnleg bruk så langt tilbake som kjeldene viser, om enn med andre former og tydingar enn dei vi kjenner frå seinare tid. Svært mange av orda finst igjen i gammalnorsk og har da levd i ubrotten tradisjon frå gammalnorsk tid, ofte lenger tilbake, til i dag, eller i alle fall til forholdsvis ny tid.

Desse eldre kjeldene er av skiftande kvalitet, så det er grunn til å vere noko varsame med dei. Dei fleste er nedskrivne av prestar og andre embetsmenn, som la hovudvekta på å notere og beskrive ord og bruksmåtar som skilde seg ut frå det dei var vane med i dansk. At eit ord manglar i eldre kjelder, tyder altså ikkje at det ikkje har vore i bruk, men at mykje av ordtilfanget var sams med dansk. Der eit ord er kome inn i nyare tid, vil det oftast gå fram av etymologiopplysningane sist i hakeparentesen.

Kjeldesignaturane til dei eldre kjeldene er innarbeidd i den generelle kjeldelista (del 5.5. i rettleiinga). Ofte har orda i desse kjeldene ei form som er vanskeleg tilgjengeleg; da føyer vi til forma attåt kjeldetilvisinga, slik at ordet lett kan søkast opp i kjelda. Er kjelda ikkje alfabetisk ordna, føyer vi til sidetal. Når kjelda er utgitt i nyare tid, viser vi alltid til desse utgåvene.

Vi gir no eit kort oversyn over dei eldre kjeldene hundreår for hundreår, med vekt på dei trykte utgåvene.

2.3.2.1 1600-talet

Dei eldste dialektordsamlingane i Noreg vart laga på 1600-talet, men det var ikkje så mange av dei. I samtida vart berre éi trykt, nemleg Christen Jenssøns *Den norske Dictionarium eller Glosebog* frå 1646. Men alle dei listene vi har tilgjengelege, vart trykt på 1900-talet, dels i serien *Ældre norske Sprog-minder*, redigert av Torleiv Hannaas i 1911 og 1915, dels i serien *Norsk Mål-*

førearkivs Skrifter, redigert av Sigurd Kolsrud på 1950-talet og i eitt tilfelle av Oddvar Nes i 1988. Vi grupperer dei kronologisk her.

2.3.2.1.1 *Dei tidlegaste verka*

RogTing 1613–25: Ei ordliste med norske termar (dialektale og gammalnorske) knytt til rettsstellet (bygdeting), basert på Rogalands tingbøker frå desse åra, og sett opp av Ola Aursnes og Per Thorson.

VAgd 16-: Maallære og ordtøke frå Vest-Agder. Dette er eit handskrift frå dei første tiåra av 1600-talet, som ikkje inneheld ei ordsamling, men ei samling ordtak innleidd av eit forsøk på ei grammatisk skisse. Det er det eldste dokumentet vi har av sitt slag, og vart gitt ut av Torleiv Hannaas i 1911.

Sfj1646: Dette er Christen Jensøns trykte ordsamling basert på talemålet i Askvoll i Sunnfjord, der Jensøn var prest. Dette er eit eineståande verk som kom ut langt før si tid, eit tidleg vitnemål om ein tankegang der «norsk» vart sett på som eit eige språk, åtskilt frå dansk. Det vart gitt ut i ei kommentert utgåve av Torleiv Hannaas i 1915, og på nytt trykt som faksimile i 1946, ved 300-årsmarkeringa.

2.3.2.1.2 1698

Matthias Moth (1649–1719) var oversekretær i det danske kanselliet. I 1697 sende han ei oppmoding rundt til biskopane i Danmark og Noreg, der han bad dei om å få skrive ned lokale dialektordsamlingar og sende dei til han. Det var den første av tre slike språkinnsamlingsaksjonar frå dansketida. Moths aksjon resulterte i fem samlingar som vart innsendt i 1698 og seinare vart trykt i serien *Norsk Målførearkivs skrifter*. Ei sjette samling som ikkje kom av denne aksjonen, er plassert i same gruppe fordi ho er frå om lag same tid. Vi tar den først, deretter dei fem andre i utgjevingsrekkefølge.

Rbg1698: Ordsamling fraa Rbyggjelaget fraa slutten av 1600-talet. Torleiv Hannaas gav ut ei kommentert utgåve av denne i 1911. Han meinte at ho var skriven av sorenskrivaren, futen og lagmannen David Gørretzson Klim, som var verksam på Indre Agder, i Numedal og seinast i Skien. Språkforma plasserte Hannaas i sine eigne heimtrakter, Rbyggjelaget, dvs. Indre Agder. Innsamlinga av orda kan ha skjedd på 1670-talet, men redigeringa med tanke på prenting er truleg skjedd seinare, i 1680- eller 90-åra. Det vart likevel ikkje noka prenting den gongen. Når kjeldekoden inneheld årstalet 1698, kjem det nok av at NO-redaksjonen har gruppert samlinga tidsmessig saman med Moth-samlingane, men det ser ikkje ut til at Moth har hatt noko å gjere med denne. Dei neste fem, derimot, er resultat av hans initiativ; dei fire

første er redigert av Sigurd Kolsrud. Dei har ei kort innleiing, men ingen språklege merknader.

Ri1698: Ordsamling. Norderhov 1698 av Jonas Ramus (sjå 2.3.2.2.2), utgitt i 1956.

Fyresdal1698: Glossemata Tellemarchica. Fyresdal 1698, utgitt i 1956.

Vstrål1698: Ordsamling fraa Bø i Vesteraalen 1698 av Jacob Laugesen Bork, utgitt i 1956.

Stav1698: Norsk ordsamling. Stavanger 1698 av Jacob Rasch, utgitt i 1957. Dette er inga fullstendig ordsamling, men fleire kladdar med materiale til ei slik.

Norddal1698: Dictionario Danico – Norvegico – Latinum 1698, av Knud Pedersen Harboe. Denne vart utgitt i 1988 av Oddvar Nes, med ei utførleg innleiing og språklege merknader til lista. Harboe var kapellan i Norddal på Sunnmøre og baserte samlinga på dialekta der. Det er eit mykje større anlagt verk enn dei andre 1698-samlingane, men omfatta berre bokstaven A. Nes meiner at tanken var å bygge det ut til ei heil norsk ordbok, men at det ikkje vart noko av da Moth måtte gå av alt i 1699.

2.3.2.2 1700-talet

2.3.2.2.1 Allment

På 1700-talet var det stor interesse, ikkje minst på statleg hald, for å utforske og kartlegge landet, særleg når det gjaldt naturforhold og næringsliv, men også kulturelle og språklege trekk vart rekna som interessante. Det gav grunnlag for større og meir systematiske ordinnsamlingar frå dialektane enn tidlegare. I 1743 organiserte embetsverket i København ei stor innsamling av data om Noreg (og dei andre delane av unionen) i form av ei rekke spørsmål om lokale forhold på alle område, deriblant det språklege. Vi ser på dette året som vass-skiljet i hundreåret, og deler denne bolken i tre delar: 1743, og eit «før» og eit «etter».

2.3.2.2.2 Før 1743

Vi har nokre få ordsamlingar frå hundreårsskiftet og tidleg i hundreåret, som er gitt ut i nyare tid. *ISO17-* er ei samling ord frå Indre Sogn, etter Indrebøs gissing frå 1690–1700, trykt i Indrebø 1933 (ei samling eldre vestnorske bygdemålstekster som Indrebø gav ut i serien *Bergens Museums Årbok* i 1933, med kjeldekoden «NEVB» i kjeldelista til Norsk Ordbok). Ei liste frå Osterøy frå 1723 vart utgitt i årboka *Frå Fjon til Fusa* (årbok for Nord- og Midhordland) i 1972. Vi har òg eit par bøker om andre norske emne med

ein del bygdemålsord som er samla i særskilde lister. Såleis har presten Jonas Ramus (1649–1718), som var sokneprest i Norderhov frå 1690 og samla inn ord der i 1698 (Ri1698, sjå ovanfor), skrive eit par bøker der norske ord er registrert på denne måten, særleg *Norriges Beskrivelse*, som kom ut posthumt i 1735. Men generelt er materialet frå denne perioden enno magert.

2.3.2.2.3 1743

I 1743 sette så kanselliet i København i gang den store spørjeundersøkinga si om folk og forhold i alle delar av dobbeltmonarkiet. Det gjekk ut ei lang rad spørsmål til kyrkjelege og verdslege embetsmenn, altså sokneprestar, futar og sorenskrivarar, om ymse lokale forhold. Eitt av spørsmåla i dei listene som vart sendt til Noreg, lydde:

«Een Fortegnelse paa de rareste Ord og Talemaader i Sproget, der udi Amtet, og deres Betydning i anden brugelig dansk, hvilken mand heller ynsker vidtløftig end for kort»

Det kom inn mange svar på desse spørsmåla, også på spørsmålet om dialektord. Svara er svært ulike: nokre korte og inkjeseiande, andre grundige med lange lister over ord og i ein del tilfelle uttrykk og ordtak. Svara vart lagra i Det kongelige Bibliotek i København, og på 1900-talet har samlingar av svar frå ulike landsdelar vore utgitt (av Sigurd Kolsrud frå Austlandet i 1915 og 1917, og av Håkon Hamre frå Vestlandet i 1961). Dei er ikkje lette å få tak i i dag, men på tidleg 2000-tal kom det ei fullstendig utgåve av heile svarmaterialet i fem band, utgitt av Riksarkivet, med fellestittelen *Norge i 1743*. Dei er disponert etter den moderne fylkesinndelinga: Band 1 (2003) omfattar Østfold og Akershus, band 2 (2004) omfattar Hedmark og Oppland, band 3 (2005) omfattar Buskerud, Vestfold og Telemark, band 4 (2006) omfattar Agderfylka og Vestlandet nord til og med Sogn og Fjordane, og band 5 (2008) omfattar resten, altså alt frå og med Møre og Romsdal og nordover. Men på spørsmålet om dialektord er det berre eitt svar frå Trøndelag (Skogn), og ingen frå Nord-Noreg, mens materialet frå Sør-Noreg er svært rikt.

I Norsk Ordbok blir desse kjeldene referert til med signaturar som består av stadnamn og årstalet 1743 (i somme tilfelle eitt av dei følgjande åra); dei er oppført i kjeldelista (døme: Lom1743).

2.3.2.2.4 Etter 1743

I same perioden som 1743-undersøkinga pågjeikk, fekk vi fleire større prosjekt som blant anna omfatta innsamling av dialektord. To av dei kom ut i bokform da og er opptrykt i nye utgåver på 1900-talet, den tredje kom først ut i 1923. Dei har fått forfattarens initial som kode. Det er:

F: Bendix Christian de Fine: *Stavanger Amptes Udførlige Beskrivelse*. Dette er eit nærmast ensyklopedisk verk om Stavanger amt (Rogaland fylke), som truleg er inspirert av 1743-undersøkinga, og som også inneheld lister over innsamla dialektord og -uttrykk. Den er nyutgitt av Per Thorson i 1952.

P: Erik Pontoppidan: *Glossarium Norvagicum*. Utgitt i Bergen, der Pontoppidan da var biskop, 1749, ei ordbok over særleg sentralvestlandske dialektord pluss ei liste over personnamn. Den vart nyutgitt i ei kommentert utgåve av Håkon Hamre i 1972.

L: Knud Leem: *Norske Maalsamlinger fraa 1740-aari*. Dette er den mest omfattande ordboka over norske dialektar frå 1700-talet, men vart ikkje utgitt i samtida. Materialet er særleg frå Vestlandet, der Leem hadde tent som prest på Avaldsnes (Karmøy) og på Sunnmøre. Materialet vart liggande på Det kongelige Bibliotek i København og først gitt ut i bokform av Torleiv Hannaas i 1923.

I tillegg har vi ein del mindre samlingar med signaturar som består av stadnamn pluss årstal, og vi tar dei viktigaste (dvs. dei publiserte) samlingane kronologisk her:

Nhl1750: Ei samling av ord og uttrykk, truleg frå Nordhordland, etter Indrebøs gissing frå perioden 1740–85, utgitt i Indrebø 1933.

Lindås 1750: Ordsamling i Thomas v. W. Angels *Beskrivelse over Lindaas Præstegjeld*.

Ndm 1760: Ordsamling frå Surnadal frå tida 1750–75, utgitt av Jan Ragnar Hagland i *Trønderord frå 1700-talet*, 1986.

Snm 1762: Hans Strøm: *Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift i Norge* (1762–66, opptrykt 1906–08). Refererer til lokale ord nytta i dette store topografiske verket.

Gbr1769Komm: Edvard Storm: «Ord i den Guldbrandsdalske Dialect». Det er ei handskriven liste, i hovudsak frå Vågå, som vart publisert i ei kommentert utgåve av E. Kleiven, R. K. Bjørkvik og A. Bjørkum i 2009: «Ord i den Guldbrandsdalske Dialect». *Ei 1700-tals ordsamling frå Vågå*.

Stjør1770: Ordliste frå Stjørdal, trykt i Nord-Trøndelag Historielags årsbok for 1957.

Hard1775: Marcus Schnabel: «Fortegnelse paa Endeel blant Bønderne i Hardanger særdeles brugelige og der eegne Ord og Talemaader», utgitt i Indrebø 1933 saman med andre skrifter av Schnabel og ei utførleg innleiing av Indrebø.

Trysil 1784: *Beskrivelse over Trysil Præstegjeld i Aggershuus Stift i Norge* ved Axel Christian Smith. Trykt i 1798 og opptrykt av Sigurd Kolsrud i 1915.

Gbr1785: Ordliste i *Physisk og Ekonomisk Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie i Aggershuus Stift* av Hugo F. Hiorthøy, 1785 (opptrykt 1907 og 1990).

ØvTel1785: Johann Michael Lund: *Forsøg til Beskrivelse over Øvre-Tellemarken i Norge*, 1785.

Seljord 1786: Hans Jacob Wille: *Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld i Øvre-Tellemarken i Norge*, 1786 (opptrykt 1956).

Eidsberg 1794: Ordsamling frå Eidsberg av J. N. Wilse, trykt i *Østfold historielags skrifter* 1963.

Nokre sentrale verk mot slutten av hundreåret har fått forfattersignatur:

G: Johan Ernst Gunnerus: *Forklaring over endeel norske Ord* frå ca. 1770, utgitt av Jan Ragnar Hagland 1980 (*Ei norsk ordsamling frå tida kring 1770 etter biskop J. E. Gunnerus*) i serien *Skrifter frå DKNVS*.

W: Hans Jacob Wille: *Norsk Ordbog som især indeholder en Samling af Norske Ord som især bruges i Sillejord og fleere Stæder i Norge*, frå ca. 1780, utgitt av Jan Ragnar Hagland 1975 i serien *Skrifter frå DKNVS*.

Ws: Jacob Nicolai Wilse: *Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord* (frå Spydeberg og omland), utgitt i 1780, og nyutgitt av Sigurd Kolsrud i 1919 og av Kristian Strømshaug i boka *Mål i Østfold* (1995).

2.3.2.3 1800-talet

2.3.2.3.1 Hallager og Christie

Som nemnt lét vi kategorien «eldre kjelder» omfatte dialektordsamlingar frå 1800-talet fram til og med Aasen og Ross sine klassiske og grunnleggande ordboksverk, som jo dekker heile landet. Også her er dei fleste kjeldesignaturane av typen stadnamn (i nokre tilfelle forfattarnamn) + årstal, men dei største og mest sentrale verka får også her berre forfattern sin initial som kode. Det gjeld H, C, A og R. Vi startar med dei to første.

H: Laurents Hallager: *Norsk Ordsamling*, 1802. Det er den største norske ordboka før Aasen; den dekker i prinsippet heile landet og bygger særleg på Hallagers innsamling på Vestlandet (Hallager budde i Bergen) og andre av dei tidlegare samlingane som han hadde tilgang til (fleire av dei er med i

lista ovanfor). *Norsk Ordsamling* er nytgitt med ei innleiing ved Lars S. Vikør (2004).

C: Norsk Dialect-Lexicon ved W. F. K. Christie. Christie samla òg dialektord i området rundt Bergen (Sentral-Vestlandet). Han gav aldri ut manuskriptet sitt, men det vart utgitt saman med andre Christie-skrifter av Gustav Indrebø i 1937.

2.3.2.3.2 VSO og NoOrds1810-12

VSO: Videnskabernes Selskabs danske Ordbog var eit prosjekt som tok til i 1770-åra. Første heftet kom ut i 1780 og første bandet i 1793, og så pågjekk det til 1905. Det var den tredje store landsomfattande innsamlinga av norske ord i det dansk-norske dobbeltmonarkiet (etter 1698 og 1743), men den norske delen av det varte berre fram mot unionsoppløysinga i 1814. Den største innsamlingsinnsatsen skjedde i 1810–12. Dei fleste norske bidraga kom frå Austlandet, men noko kom også frå andre landsdelar.

NoOrds1810-12: Norske ordsamlingar 1810–12 til Videnskabernes Selskabs danske Ordbog. Dette var det innsamla norske materialet til VSO, som vart utgitt av Sigurd Kolsrud i 1957. Kjeldesignaturane som gjeld dette materialet i Norsk Ordbok varierer. Det er særskilde signaturar som refererer til dei enkelte listene i samlinga, med eit stadnamn + årstala 1810–12: *Modum1810-12*, *Akh 1810-12* osv. Signaturen *NoOrds1810-12* blir òg brukt, særleg når ein refererer til Kolsruds publikasjon i sin heilskap. Signaturen *VSO*, på si side, refererer til sjølve den ferdige ordboka og dei opplysningane om norske dialektord som er belagt der.

Devegge1816 knytter seg òg til VSO: Ole Devegge sende inn ei lita samling av norske ord til VSO i 1816 som prøve på ei tenkt dansk-norsk ordbok, utgitt av Sigurd Kolsrud i 1957: *Prøve av Dansk-norsk ordbok 1816*.

2.3.2.3.3 Andre mindre, mest lokale, ordsamlingar

Vi går over til dei mindre og stort sett lokale ordsamlingane som vart laga, men stort sett ikkje publisert, utover i hundreåret, men som oftast er trykt i nyare tid.

Land 1806: Gregers Fougner Lundh: *Ny samling av norske ord og talemaader 1806-1808*: Dette er ei samling dialektord som Lundh laga rundt 1806–08, truleg mest frå Land, der faren var sokneprest, men som han aldri publiserte. Sigurd Kolsrud gav ut samlinga saman med andre upubliserte notat av Lundh i 1954.

Lof1807: E. G. Schytte: *Nogle faa rare norske Ord, efter den Dialekt, som i Lofoten's Fogderi i Nordlandene, er brugelig*. Utgitt i *Det Skandinaviske Litteraturselskabs Skrifter* i 1807, opptrykt i 1977.

Snm1810: Jon Rasmusson Vassbotn: *Nu brugelige Norske Talemaader og Ordsprog*. Ordsamling frå Volda dels trykt i 1810 og 1811 i fleire nummer av *Norsk Landboeblad*. Lista er trykt etter Vassbotns oppskrift i Indrebø 1933.

Lærdal1811: L. A. Rodtwidt: Fortegnelse paa Leirdalske Ord og Talemaader, trykt i *Norsk Landboeblad* 1811. Nyutgitt av A. Bjørkum og J. Bondevik i årsskriftet *Talatrosten* 1997.

Snåsa1812: Ordliste i *Efterretninger om Sneaaasen Præstegjeld 1812* av S. B. Brun, trykt i *DKNVS Skrifter* i 1817, opptrykt i 1969 med tittelen *Om Sneaaasen*.

Saga1816: Johan Storm Munch: *Levninger av Nordens gamle Tungemaaludi Norges Provindsial-Dialecter*, trykt i tidsskriftet *Saga* i 1816 og 1819.

VTel1821: Niels Svenungsen: *Det Norske Fjeldsprog*. Handskriven ordsamling frå Vest-Telemark, utgitt av Arve Borg, Norsk Målførearkiv, i 1985.

Saltdal1825: Ordliste i *Physisk-oeconomisk Beskrivelse over Saltdalen i Nordlandene* ved Søren C. Sommerfelt, utgitt i *DKNVS Skrifter* 1825, nyutgitt i 1994.

Karlsøy1835: Marcus Frederik Steen: *Ordsamling fra Carlsøe 1835*, utgitt av Universitetet i Tromsø i 1993.

ÅlHol1844: Ordsamling frå Ål og Hol av Caspar Hansen og Andreas Wulfsberg Grøtting.

Unger1844: Ordsamling av Carl Richard Unger trykt i tidsskriftet *Nor III*, 1844.

Asbj.NHE1845-70: Ordlistar i P. Chr. Asbjørnsen: *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn 1845-1870*.

GjerstadAas: John Aas: *Fortegnelse over Ord af Almuesproget i Gjerstad og Wigarsheien*. Liste over ord frå Gjerstad og Vegårshei i Aust-Agder ved sokneprest John Aas, truleg samla over lang tid frå 1820- til 1860-åra, utgitt av Sigurd Kolsrud i 1955.

ØdSTrl1855: Ord og ordtak frå Nord-Østerdal og Sør-Trøndelag, sendt til Ivar Aasen i brev frå Anders Reitan, trykt i Reidar Djupedals artikkel «Anders Reitan og Ivar Aasen» i *Årbok for Glåmdalen* 1958.

Agd1857: Ordliste frå Agder etter Johan Lindeqvist, sendt til Ivar Aasen 1857. Lista er utfylt og retta av Aasen sjølv og trykt i Aasen: *Brev og dagbøker* band 1, utgitt av Reidar Djupedal 1957, s. 309-311.

BrgKøster: Ordliste frå Bergen ved K. B. Køster, utgitt 1865.

2.3.2.3.4 Aasen og Ross

Dette er siste fase i kategorien Eldre kjelder. Dei ruvande verka her er Aasens monumentale verk frå 1850 og 1873, og Ross si ordbok frå 1895. Men det finst mindre «spinoff-produkt» frå både Aasen og Ross, som har fått egne kodar. Dei listar vi opp i «kjølvatnet» av dei store ordbøkene.

A: Kjeldesignaturen A betyr at eit belegg finst i begge ordbøkene til Aasen: *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) og *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* (1873). Belegg som berre finst i éi av desse ordbøkene får kodane A¹ (1850-ordboka) og A² (1873-ordboka). A² er opptrykt i faksimile fleire gonger, og begge ordbøkene vart gitt ut med latinske bokstavar av Terje Aarset og Kristoffer Kruken i 2000 (A¹) og 2003 (A²).

I arbeidet med desse ordbøkene laga Aasen mange handskrivne lister over delar av det innsamla ordmaterialet, der han òg tok med materiale som ikkje kom med i A¹ og A². I slike tilfelle refererer vi til dei små samlingane med desse signaturane:

Nhl1843A og *Nhl1844A*: Ordsamling av Ivar Aasen frå Nordhordland, utgitt av Reidar Djupedal i årsskriftet *Frå Fjon til Fusa* 1965.

A.1849: Samling av lånord (upublisert handskrift).

A.1857: Også dette er ei handskriven og upublisert samling av lånord.

A.1881: *Dansk-norsk ordbok*, eit manus Aasen eigentleg avslutta i 1883 og ikkje fekk gjort meir med. Det vart utgitt av Ivar Aasen-selskapet i 2000.

Ivar Aasen-selskapet gav i åra 1994 til 2002 ut ei rekke handskrivne ordlister frå Aasens innsamlingsferder frå 1842 til 1883, eigentleg nedskrivningar av materiale som han seinare brukte i ordbøkene, men dei er ikkje systematisk nytta i Norsk Ordbok og ikkje innlemma blant dei eldre kjeldene. Dei har fått sine kodar i den generelle kjeldelista og er brukt på line med andre kjelder i artikkelkroppen i dei seinare banda av ordboka.

R: Denne koden gjeld Hans Ross. *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» av Ivar Aasen*, 1895. Den inneheldt to supplerande tillegg bakarst i boka, som har fått kodane R1 og R2. Seinare gav Ross ut fleire slike tillegg særskilt: R3, R4, R5 og R6. I 1971 trykte Universitetsforlaget opp att heile dette verket med alle tilleggga i faksimile.

2.3.2.3.5 Fornorskingsordbøker

Midt på 1800-talet vart det laga to fornorskingsordlister, altså lister over danske ord med framlegg til norske motsvar, henta frå dialektane, i mange tilfelle frå A¹. Dei er i mange tilfelle nytta som «eldre kjelder» i NO. Det gjeld:

FayeD1840: Utrykt liste frå Andreas Faye sine samlingar og tilskriven han, utgitt (posthumt) av Sigurd Kolsrud i 1958 som *Dansk-norsk Ordbog*.

VigOrdl.: Tilsvarende lister av Ole Vig trykt i fleire nummer av *Den norske Folkeskole* 1855–56.

I tillegg refererer Norsk Ordbok òg til sjølve storverket blant fornorskingsordbøker på 1800-talet, nemleg:

KUN: Knud Knudsen: *Unorsk og norsk eller Fremmedords Avløsning*, 1881.

2.3.3 Avvikande skriftformer

Med «avvikande skriftformer» meiner vi skriftvariantar av oppslagsordet som ikkje har hatt status som hovudform i 1938-rettskrivinga (som altså er Norsk Ordbok si rettskriving, sjå 3.2 nedanfor) eller seinare, men som er nytta i tekster på nynorsk normalmål i kjeldematerialet vårt. Det kan vere:

- former som var i bruk i eldre nynorsk, men som gjekk ut or rettskrivinga i 1938 eller før
- former som har hatt sideformstatus etter 1938, men ikkje har vore hovudformer
- nyare tilnærmingsformer til bokmål eller former med målføregrunnlag, som har fått inngang i skrift utan å bli tatt opp i offisiell rettskriving
- avvikande skrivemåtar av framandord

Avvikande skriftformer får ein av desse kodane:

- skr òg (i skrift òg)
- e skr (i eldre skrift)
- e skr òg (i eldre skrift òg; dvs. at den moderne forma også var i bruk i eldre tid v.s.a. den eldre forma)

Norsk Ordbok tar ikkje med eldre former som berre har regelbundne avvik frå noverande rettskriving, t.d. endinga *-a* i ubunden form eintal av svake hokjønnsord (*ei visa*), eller bokstaven *aa* for *å*. Vi tar heller ikkje med reine målføreformer nytta i skrift, med mindre dei står i tekster på eit normalisert nynorsk utan å vere markert i teksta som målføreinnslag. Vi tar altså berre med former som er meint som skriftmålsformer med målføregrunnlag, ikkje former som fungerer som nedskrivne talemålsformer.

Døme på oppføring:

sement m [...; e skr *cement*; ...]

godtsom adv [e skr òg *godtso*; ...]

|| **hareball** n [...; skr òg *haraball*; ...]

quebracho [skr òg *quebraco* (ÅrbGlåm 1977,130), *kvibrako* (MinneAgd 67); ...]

Her ser vi at ein somme gonger gir opp kjelder der dei avvikande formene er brukt, men ofte gjer vi ikkje det, og da betyr det at formene er – eller ein gong var – forholdsvis vanlege i skriftleg bruk. Dersom ei avvikande form er typisk for ein bestemt forfattar, kan vi gi opp forfattersignatur i kjeldefestinga utan å sitere ei konkret kjeldetekst, t.d.: Vi. = Vinje, Du = Duun.

2.3.4 Målføreformer

2.3.4.1 Generelt

Attgjevinga av målføreformer med heimfestingar er den sentrale delen av hakeparentesen. I somme ord med stor formvariasjon i målføra kan denne delen bli svært omfattande, andre gonger kan han gjerast stutt. Dei mest kompliserte målførebolokane gjeld sterke og andre uregelrette verb, som kan ha svært ulike bøyingsmønster og enkeltformer i målføra.

Med «målføre» meiner vi i Norsk Ordbok primært dei tradisjonelle målføra, slik dei vart nytta fram til dei første etterkrigstiåra og til dels blir nytta enno av eldre folk. Nyare dialektutjamningar tar vi normalt ikkje omsyn til, og vi markerer ikkje at ei ordform er «utdøydd» – m.a. fordi ein prinsipielt aldri kan vite det sikkert. Tilbake i tida set vi grensa ved Ivar Aasen, og der vi markerer at ei ordform berre er notert hos Aasen og/eller Ross, men ikkje dokumentert i seinare belegg, kan ein rekne med at denne ordforma ikkje har vore i bruk på lenge. Fører vi berre opp ei heimfesting utan kjelde, tyder det på at vi har belegg frå 1900-talet, og at ordforma altså har vore i bruk i moderne tid, eller i alle fall nærare vår eiga tid. Kjeldene er da enten publiserte dialektordsamlingar eller innsende opplysningar frå lokale medarbeidarar. Vi kjem tilbake til dette under 2.8.2.1.

Normalt gir vi berre att målføreformer som skil seg frå oppslagsforma (på uføreseieleg vis). Da innleier vi opprekninga med «målf òg», dvs. «målføra har desse formene i tillegg til oppslagsforma». Døme:

kalosje m, f [...; målf òg *kal(l)øsje* (Fron, Va, Hall), *kallåsj* (NOdal, Fåberg, Frøya), *kalosk* (Fosnes); ...]

keisam adj ...; målf òg *kje-* (Aker, YRendal, Bardu), *kjeia-* (Surnadal); ...]

Dette betyr altså at *kalosje* finst i målføra i tillegg til dei opprekna formene, og truleg er den vanlegaste forma. Det same gjeld *keisam* (med regelrett uttale *kjeisam*), som på dei nemnde stadene da òg kan heite *kjesam*, *kjeiasam*.

Det å ikkje ta med målføreformer som var lik eller tilsvarande oppslagsforma, var vanleg praksis i dei første banda. Etter kvart vart det opplevd som problematisk, fordi opplysningar om utbreiinga av sentrale dialektformer da vart utelatne. I dei seinare banda har derfor oppslagsforma med heimfesting i større grad vore oppført som målføreform, særleg når denne forma har vore mindre vanleg i dialektane; da er det eit viktig poeng å kunne plassere også denne forma geografisk. Da innleier vi ikkje opprekninga med «målf òg», berre med «målf», for å markere at vi der i prinsippet tar med alle målføreformer. Døme:

jøkul m pl **jøklar** [...; målf (...) *jøkul* (Hemsedal, Tinn A¹, Tinn), *jøkel* (fl stader), *juk(k)ul* (...), *jukudl* (Voss), *juke(l)e* (...), ...]

Det same gjer vi når den normerte forma av ordet ikkje (lenger) finst i målføra; det gjeld m.a. eit ord som *ikorn*, der standardforma er normert etter mønsteret i gammalnorsk:

ikorn el **ekorn** n [...; målf *ik(k)on(n)*, *-n* (...), *ikonne*, *-i* (...), *ikonna* (VAgd sumst), *ek(k)on(n)*, *-n* (...), *eikon(n)* (...), *ik(k)unn* (Iveland, Set, Hornnes), *ik(k)ønn*, *-n* (...), ...]

Det følgjer atskilleg fleire målføreformer av dette ordet, men standardformene er ikkje med som målføreformer.

Normalt tar vi berre med målføreformer i grunnord. Ved avleiingar og samansetningar nemner vi dei berre dersom sjølve avleiinga eller samansetninga har ei særutvikling som ikkje går fram i behandlinga av grunnordet, eller om samansetningsmåten er ulik i ulike målføre (og det ikkje er nemnt i føreleddsartikkelen, som har slike opplysningar på meir generell basis, sjå 2.5). Døme:

skjør-brødd n [målf òg *skjøra-* (Øksendal, Sunndal, Vikna)]

mat-gjerd f [...; målf òg *magjær, -jer* (...), *maggjær* (Hall A², Voss), *maje, -æ* (...), *mægjær* (Ndm A¹), *meggjær* (Gbr A²), *maier* (Hof i Sol), *meier* (...); norr. *mat-gerð*]

Ved føreledd i samansetningar fører vi opp målførevariantar i samansetningsfuga (sjå 2.2.1.2.1 ovanfor):

onne- i sms [målf òg *onn-* (...), *onna-* (...), *onns-* (Sandar, Lista, Ballangen), *onnars-* (Tel R)]

Vi siterer til vanleg målføreformer berre i grunnform, altså ubøygd form, som det er vist i døma ovanfor her. Men når bøyinga er uregelrett etter reglane i målføret, markerer vi det; det gjeld særleg ved uregelrette verb, som kan bli spesielt mangfaldige og innfløkte.

2.3.4.2 Lydskrifta

Som vi har beskrive under 2.3.1.2 ovanfor, baserer vi oss mest på vanlege bokstavar i attgjevinga av lydforma til orda, og lét bokstavane få den lydverdien dei mest typisk har i norsk rettskriving. Men når vi skal gi att dialektformer, greier vi oss likevel ikkje heilt utan lydskrift som eit supplement. Nedanfor listar vi opp dei få separate lydteikna vi bruker i målførebolken (men ikkje andre stader i ordboksartikkelen).

For vokalar nyttar vi ingen lydskriftteikn, men vi kan ta i bruk aksentar til å markere visse nyansar, slik at akutt aksent (´) markerer at vokalen er trong eller høg, grav aksent (`) at han er open eller låg. Vi kan merke oss at desse aksentane ikkje har vore brukt særleg konsekvent, bl.a. fordi uttalen i målføra kan skifte ganske mykje, også innanfor nærståande eller same målføre, og noteringane på dei innsende setlane ofte kan vere ganske unøyaktige og vanskelege å tolke. Vi har altså ofte ikkje grunnlag for å slå fast den heilt sikre og nøyaktige artikulasjonen av ein vokal i eit bestemt ord, og da kan ei omtrentleg attgjeving av ordforma basert på vanlege rettskrivingskonvensjonar vere vel så tenleg. Men her reknar vi opp vokalteikn med aksentar som ein kan støyte på:

é = trong eller høg *e*

è = open eller «æ-aktig» *e*

i = open eller «e-aktig» *i*, gjerne oppfatta som høg eller trong *e* (grensa mellom *é* og *i* kan vere vanskeleg å trekke)

ó = trong *o* i ord som *ord, sol, bok*

ò = å-aktig eller ø-aktig lyd (skiftande etter målføre) i ord som *folk, topp, open*

ù = mellomlyd mellom *ó* og *u*, i ord som *hug*

ÿ = open, ø-aktig *y*-lyd i ord som *fyrr* (bevart bl.a. i Setesdal, i moderne nynorsk *før*)

ö = ein open ø-lyd

Diftongar blir skrivne på normalnorsk vis, sjølv om dei blir artikulert ulikt i målføra: *au, ei, øy*.

Vi kan merke oss at vokallengd blir markert på normalnorsk vis, altså slik:

- *Lang vokal* blir skriven med enkel konsonant etter, eller utan konsonant etter: *blir, bli*
- *Kort vokal* blir skriven med dobbel konsonant etter, eller to konsonantar etter: *blitt, bisk*
- *Der det kan vere tvil*, hender det at vi markerer lang vokal med kolon: *ha:vre* (motsett uttalen *havvre*), *ro:m* vs. *romm*. Men det hender ikkje ofte.

Også konsonantar blir markert på same måten som i skrift: *kj, sj, ng* får såleis vanleg normaluttale, men *kj* og *sj* blir òg skriven framfor høg vokal eller diftong, der skriftspråket har *k-* og *sk-*: *kjino, sjinn*. Men dette er ikkje gjort konsekvent: Skrivemåten *skj-* for *sj*-lyden er såleis brukt mange stader der skriftspråket har *skj-*. For brukaren skaper det neppe store problem. Samanfallet mellom *kj-* og *sj-* i yngre talemål blir ikkje reflektert i NO.

Retroflekse («tjukke») lydar blir markert med *r* + dental i austnorske, trønderske og nordnorske målføre: *kart, ørn* (i vestnorske målføre blir derimot *r* særskilt uttalt i slike samanhengar).

I sambandet *sl-* skal *s* uttalast *sj* i austnorsk, trøndersk og nordnorsk, *s* i vestnorsk (dvs. at kvar og ein uttalar slike kombinasjonar slik ein er van med).

Bokstaven *w* blir nytta i somme dialektformer med ein halvokal som liknar på engelsk *w*. Døme:

I **sag** f [...; målf òg *saw, sæw, søw, sow* (SAustf, NØd mst), ...]

Dei einaste språklydane som vi har separate lydskrifteikn for, er tjukk l og dei «palatale» lydane i nordlege målføre. Teikna, som er henta frå lydskriftalfabetet «Norvegia», er slik:

ɫ = «tjukk l» i t.d. klukke, stæk. tæɫ, gaɫ

ɮ = palatal l i t.d. kæɮɮ. Når denne lyden er ustemt og aspirert, får han ein h lagt til seg: tahɮe '(verbet) tasla'

ɲ = palatal n i t.d. laɲɲ

ɖ = palatal d i t.d. reɖɖ

ɧ = palatal t i t.d. ittɧ

Trykk og tonem blir markert sameleis som i uttalefeltet når det trengst, sjå under 2.3.1.3.

2.3.4.3 Samleformer

Det er umogleg å ta med alle målføreformene av eit ord i Norsk Ordbok, for det finst mange strukturelle og regelbundne skilnader mellom målføra som omfattar store mengder med ord. Døme på slike gjennomgåande skilnader:

Tjukk l vs. tynn l eller r: Ord som i austlandske og trønderske dialektar har tjukk l, har enten tynn l (der vi skriv l) eller r (der vi skriv rd) i vestlandske og i stor grad nordnorske mål, altså *blå* og *sol* vs. *blå* og *sol*, *gaɫ* vs. *gar* (skrive *gard*).

Ord med å i det meste av norsk har diftongen *ao* i delar av Hordaland fylke og Sogn: *baot* og *blao* vs. *båt* og *blå*.

I infinitiv endar dei fleste verb regelfast på *-a* på Sørvestlandet (*leva*, *kasta*), på *-e* på Nordvestlandet, Sørlandet og delar av Nord-Noreg (*leve*, *kaste*), mens andre delar av Nord-Noreg manglar ending (*lev*, *kast* – såkalla *apokope*) og Austlandet og Trøndelag har ulike variantar av «kløyvd infinitiv» (*lev(v)a*, *kast(e)*).

I slike tilfelle gir ikkje Norsk Ordbok opp alle formene av alle orda, men ein formtype er valt som *samleform*, altså ei fellesform som representerer alle variantane av akkurat det ordet i målføra. Det vanlege er da at samleforma er den som ligg nærast normalforma i nynorsk skriftspråk. Vi bruker altså tynn l eller rd i *blå*, *sol*, *gard*, å i *blå* og *båt*, og *-a* i alle infinitivformer.

Dei formene vi gir særskilt opp som målføreformer, er da primært former som ikkje gir seg sjølv ut ifrå målføresystemet, men som er knytt til det spesielle ordet. Eit døme på det er forma *går* eller *gåɫ* (*gård*) for *gard*.

Vi gir nokre konkrete døme på dette. Vi fører opp samleforma lengst til venstre i halvfeit, og så gir vi i parentes opp konkrete variantar som er regelrette i «sine» målføre, og som vi dermed ikkje fører spesielt opp, men lèt samleforma representere (è står for ein såkalla svarabhaktivokal, som føreset at ordforma blir uttala med tonem 1):

blåsa (dekker formene *blåse, blåse, blås, blås* og *blaosa*)

blå (dekker formene *blå* og *blao*, men ikkje *blår* og *blår'e*, som derfor blir oppført særskilt)

gul (dekker forma *gut*; men uregelrette former med særskild oppføring er *gaul, gøl, gøl'e*)

full (dekker formene *foi||, fui||, fudl('e)*)

I og med at samleformene i desse tilfella er identiske med oppslagsformene, blir dei ulike enkeltformene ikkje oppført som dialektformer i det heile.

Grammatiske endingar som kan vere ulike etter regelsystemet i ulike dialektar, blir ofte representerte med ei samleform i ordboka:

Samleforma for *linne substantiv* endar på **-e**:

Hankjønn: **måne** (dekker *maone, måni, mån*)

Hokjønn: **klokke** (dekker *klokka, klokk*, men ikkje *klukke*, som får særskild oppføring)

Samleforma for *verb* i infinitiv endar altså på **-a**. Men verbformer som *berre* finst utanfor a-endings-området får **-e**; finst dei *berre* i apokopeområdet nordanfjells, får dei inga ending.

NB: Jamningsformer (sjå termlista) blir alltid ført opp særskilt, fordi dei ikkje er direkte føreseielege ut ifrå det grammatiske regelsystemet. Det gjeld både substantiv og verb. Døme:

hage: *hag(g)a, håg(g)å*

fluge: *flug(g)u*

veke: *væk(k)a, viku, vuk(k)u*

vera: *værra, vår(r)å*

laga: *låg(g)å*

Ved slike vanlege ord er det gitt opp store mengder med ulike dialektformer; dei vi siterer her er berre spreidde døme.

For visse avleiingsendingar har vi spesielle samleformer:

-leg (dekker *-le*, *-læ*, *-li(g)* m.m.)

-ut (dekker *-ete*, *-at*, *-åt*)

-ande (dekker *-ann*, *-annes*, *-enne* m.m.)

-ug (dekker *-óg*, *-aug* og liknande, men ikkje *-ig*, som blir rekna som ei særskild ending og ført opp separat)

Også her er samleformene identiske med oppslagsformene. Variantar blir da altså normalt berre oppført når dei skil seg ut frå denne forma i *ordrota* på ikkje-føreseieleg vis, sjølv om grensa nokre gonger kan vere vanskeleg å trekke (sjå t.d. målføreformene under *II levande* i ordboka).

Vi nemner eit par andre velkjente målføredrag som vi ikkje fører opp særskilt:

Paradeeksempelet er dei to r-ane i norsk, skarre-r og rulle-r (og andre nyansar av same lyden, t.d. den «summande» r-en i delar av Nord-Noreg). Dei blir rekna som heilt automatiske i talespråket og aldri markert særskilt.

Mindre opplagt er *b*, *d* og *g* etter lang vokal på Agderkysten og søre Rogaland, der landet elles har *p*, *t*, *k*. Men vi reknar også denne såkalla leniseringa (også kalla «blaude» konsonantar) som automatiske refleksar i dei aktuelle målføra, og fører dei ikkje opp særskilt i andre ord enn slike som berre er belagt på den «blaude kyststriben».

2.3.5 Etymologi

2.3.5.1 Generelt

Med «etymologi» meiner vi opphavet til orda. Vi deler gjerne ordtilfanget inn i to hovudgrupper etter opphav:

- 1) *arveorda*, som er nedarva frå tidlegare fasar av norsk språk og dei «urspråka» norsk har utvikla seg frå (urnordisk, urgermansk, urindoeuropeisk).
- 2) *importorda*, som er tatt opp i språket frå andre språk som norsk ikkje stammar frå (men ofte er i slekt med). Vi kallar dei også «lånord», om dei kjem frå beslektta språk eller språk nordmenn har (hatt) mykje kontakt med, som svensk, dansk, engelsk, tysk o.a. Men det er vel ikkje nokon heldig term, for vi «låner» jo ikkje ord med plikt til å levere dei tilbake, og det «långjevande» språket beheld vanlegvis ordet i full bruk sjølv. Importord frå fjernare språk kallar vi gjerne «framandord», men i vår sa-

manheng slår vi lånorda og framandorda saman i éi gruppe, *importord*, fordi NO i prinsippet behandlar desse orda likt.

Etymologien til ordet står sist i hakeparentesen. Dei etymologiske opplysningane kan vere av to typar: *vertikale* (opphavet til orda bakover i tida) og *horisontale* (sambandet til ord med same opphav i beslektta språk). Eksempel på det følgjer under 2.3.5.2.1 nedanfor.

Normalt har vi etymologiar berre til *grunnord* og *avleiingsaffiks*. For *samansette* og *avleidde ord* tar vi det berre med der det har skjedd særutviklingar som ikkje kan framstillast under det grunnordet eller dei grunnorda som oppslagsordet baserer seg på. Men éin type etymologi er typisk nettopp for samansetningar: det er der føreleddet kan vere fleire homografar (ulike ord som er skrivne likt, sjå under 2.1.2.2). Vi har såleis fem homografar *kosta*, og når vi så får avleiinga *kostbar*, gjer vi merksam på kva for ein homograf ho går tilbake på: «...; av *IV kosta*; ...». Sjå meir om dette under 2.3.5.2.2 nedanfor.

2.3.5.2 Arveord

2.3.5.2.1 Opphav og slektskap

Arveord som er belagt i norrønt, fører vi berre tilbake dit som regel. Døme:

|| **laus** adj [...] norr. *lauss*

| **livd** (i) f [...] norr. *hlífð* 'vern'

Normalt gir vi berre opp grunnforma av ordet, men for ord med uregelrett bøyning kan vi i tillegg gi opp bøynde former:

|| **lang** adj ... [...] norr. *langr*, komp *lengri*, superl *lengstr*; ...]

| **lata** v ... [...] norr. *láta* (*læt*, *lét*, *létum*, *látit*); ...]

For omgrepet *norrønt* har vi nytta forkortinga «gno» (= «gamalnorsk») til og med band 4, deretter «norr.», som vi no reknar som rettare. Det er likevel verdt å merke seg at denne gruppa omfattar to slags ord: 1) ord som er nedarva i talemålet frå norrøn tid til moderne tid – og som det er heilt rett å kalle «gammalnorske», i og med at opphavet var i gammalt norsk og ikkje islandsk talemål. 2) ord som er komne inn i nynorsk skriftspråk på litterær måte frå gammalisländsk, gjennom omsetting eller etterlikning, og som derfor i røynda er lånord og ikkje arveord. Dette skiljet blir oftast ikkje markert på annan måte enn gjennom døme og oppgitte kjelder.

Ved arveord der ei norrøn opphavsform ikkje er belagt, kan vi markere slektskap med andre ord av same rot på grunnlag av dei vanlege etymologiske ordbøkene, særleg Torps *Nynorsk etymologisk ordbok* (T), og for mange ord også Bjorvand og Lindemans *Norske arveord* (BL). Slektskapen kan vere av ymse slag; ved fjern og kanskje litt diffus slektskap skriv vi gjerne «smh med», ved avleiing av ei meir opphavleg ordform skriv vi «avl av» eller «til». Når avleiinga skjer gjennom eit grammatisk element, markerer vi gjerne den grammatiske forma. Døme:

III **lappe** m [...] til III *lapp* (T)]

lastande adj [...] np av II *lasta*]

lirka (i) v ... [...] trul. smh med I *likka* (HellquistSeo)]

IV **lyre** (ÿ) f [...] trul. påv. i tyd av *lyrgja* (T)]

løkje f [...] sm o s *løke*]

løynsk el **lønsk** adj [...] til I *løyna*, med noko samanfall med *lynsk* (T)]

Ein annan måte å bestemme slike ord på er å vise til dei tilsvarande orda i andre nordgermanske språk, særleg islandsk og færøysk, men òg svensk og dansk (ikkje minst dialektar, som har bevart gammalt språkstoff som riksspråka har mista). Døme:

støka v ... [jfr sv *stöka*; smh med I *stuka* (SAOB)]

2.3.5.2.2 Samansetningsledd

Ved samansetningar der det første leddet er ein av ulike homografar, blir tilordninga til den rette homografen gjort i form av ein etymologi. Vi kan bruke oppslagsordet **last-arm** som døme. Det er to homografar *last*: I *last* er ‘bør’, ‘noko som er samla i hop på eit transportmiddel for å fraktast’ m.m. II *last* er ‘klander, klage, kritikk’ og ‘dårleg (og avhengigheitsskapande) vane’. *Last-arm* er definert som ‘vektarm som lasten kviler på’, og da handlar det openbert om I *last*. Dette blir markert som etymologi: «til I *last*».

Dette problemet med tvitydige føreledd er vanleg i norsk språk og dermed i ordboka, så denne typen etymologiar finn vi mykje av. Men når vi har rekke av samansetningar med same føreledd, og føreleddet berre blir markert med bindestrek (sjå under 2.1.3), står denne etymologien berre i den første ordartikkelen i rekka, den som har oppslagsordet skrive heilt ut. Skifter det over til ein annan homograf som føreledd i den alfabetiske oppstillinga, får vi ei ny rekke med fullt utskrive føreledd og etymologi i det første oppslaget i rekka – slik som t.d. ved «**last-fri** adj [til II *last*] lastelaus» (altså

«uklanderleg, lytelaus»). (I dei første banda vart dette gjort mindre regelrett og konsekvent enn seinare.)

Vi set opp eit eksempel frå ein annan stad i ordboka, tilfeldig utplukka frå sekvensen *stakk*-. Her viser vi eit ganske vanleg fenomen i ordboka, nemleg at etymologiane i samansetningar som viser til føreleddet, ofte går til føreleddsartikkelen (sjå 2.5 om den), ikkje til grunnordet (som igjen ligg til grunn for føreleddsartikkelen). Det er tilfellet for samansetningane under *stakk*-.

I **stakk** m ... **1 a** kvinne- el gjenteklednad som heng laust frå (brystet el) beltestaden og ned ...

II **stakk** m ... stor, opplødd, tettpakka haug el stabel av høy, halm, korn, lauv, tang, tare el I ...

I **stakk**- el **stakke**- i sms ... til I *stakk* ...

II **stakk**- el **stakke**- i sms ... til II *stakk* ...

.....

stakk-gjerd f [til II *stakk*-] måten ein set høystakk opp på (Surnadal).

-**gras** n meldestokk (1) (Sandar)

stakk-hald n [til I *stakk*-] tak, feste for stakk (I,1a) (Suldal): *ho hadde så smale hofter, det var ikkje stakkhald* (Suldal)

2.3.5.3 Importord

Ved importord gir vi opp opphavsspråket og eventuell opphavleg form og tyding, så langt vi har kunnskap om det. Vi kan òg nemne eitt eller to språk som ordet har passert gjennom på veg til norsk, dersom vi meiner vi har dekning for det, og dette «gjennomgangsspråket» har vore viktig for den forma og tydinga ordet har fått på norsk.

Vi har faste forkortingar (kodar) for dei långevarspråka som er mest nærliggande og frekvente, mens fjernare og meir perifere språk (frå vår norske synsstad) blir skrivne fullt ut. I mange tilfelle er det vanskeleg eller ikkje mogleg å bestemme nøyaktig kva språk eit «ordlån» har gått gjennom, fordi overføring av ord mellom språk oftast går føre seg i munnleg og uformell kontakt som ikkje eller vanskeleg kan rekonstruerast i ettertid. Dei etymologiane vi gir opp i NO, har vanlegvis dekning i den internasjonale etymologiske litteraturen; kjeldelista viser kva slags ordbøker vi har bygd mest på.

Vi gir nokre døme på etymologiar for importord i NO:

buljong m [...; av fr *bouillon*]

busserull m [...; gj lty *bus(s)erun* frå fr *bourgeron*]

dor m ... [... av ty *dorn* 'torn']

ideologi m [av fr *idéologie* opph 'analyse av ideane bygd på sansane']

jojo m [...; gj eng. varemerke *yo-yo*, frå fr *jou-jou* 'leikesak', opph trul. frå eit søraustasiatisk språk]

justera v ... [gj ty, frå mlat *justare*, frå lat *justus* 'rett, rettferdig', til *jus* 'rett']

kamel m [...; norr. *kamell*, gj lty, frå gr *kamelos*]

kassera v ...[av fr *casser* 'knusa']

kompan el **kumpan** m ... [norr. *kumpánn*, jfr gfr *compaign*, mlat *companiono* 'ein som ein deler brød med, soldat i same tropp']

litani n ... [av gr *litaneia* 'bøn om hjelp']

medley m [gj eng. opph 'blanding', frå gfr *medlee* 'blanda']

prisme n ...[... frå gr til *prizein* 'saga']

I ein del tilfelle har vi berre gitt opp långjevarspråket utan å sitere ordet, og andre gonger att har vi føydd til ei norsk omsetting av opphavsordet utan å sitere ordet i seg sjølv; det betyr i begge tilfelle at den opphavlege ordforma har endra seg lite på «vegen» til norsk. Døme:

dirigera v ...[frå lat 'retta, styra']

feber m [...; gj lty frå lat]

frank adj ...[frå fr 'fri']

honnør m ... [gj fr, frå lat 'ære']

rask adj ...[frå lty]

2.3.5.4 Ord av namn

Både stadnamn, personnamn og t.d. folkenamn kan gi opphav til ord, og da markerer vi det i etymologiane våre. Vi gir nokre døme på det:

gorilla m ... [...; av gr *Gorillai*, namn på ei afrikansk stamme, opph frå eit vest-afrikansk språk]

guelfar m ... [latinisert avleiing av namnet *Welf* (schwabisk fyrsteætt)]

kalfargut m ...[av stadn *Kalfaret* (bydel i Bergen)]

kanope ... [av gr stadn *Kanopus* (egyptisk oldtidsby)]

komorar m [av stadn *Komorane*, opph av arab *qamar* 'måne']

komsakultur m [av stadn *Komsa* (fjell (og funnstad) i Alta)]

laurentiusmesse f [av namnet *Laurentius*]

selsnepe f [av stadn *Sel* (i Gudbrandsdalen)]

volt ...[... av namnet *Volta* (ital fysikar (1745-1827))]

Artikkelen *komorar* er spesiell, for vanlegvis blir det ikkje oppgitt etymologi ved innbyggarnamn. I dette tilfellet har artikkelforfattaren følt behov for å forklare opphavet til sjølve stadnamnet innbyggarnamnet bygger på, men det blir vanlegvis ikkje gjort.

2.3.5.5 Omsettingslån og avløysarord

Ved importord som ikkje er overtatt direkte frå eit anna språk, men som er omsett til norsk, eller nylaga som avløysarar av importord (som *nakkesleng*), fører vi opp etymologiar på denne måten:

barnehage m [ett ty *kindergarten*]

femkant m [ett gr *pentagon*]

kringkasta v ... [ett eng. *broadcast*]

nakkesleng m [ett eng. *whiplash* 'piskesnert']

2.3.5.6 Ulike typar opphav

I ein del tilfelle gir vi opp korleis ordet (truleg eller kanskje) har oppstått, og legg mindre vekt på kva det er oppstått av (det kan òg vere heilt uvisst). Vi gir døme på nokre ulike «opphavstypar»:

isopor [varemerke]

kakadu m [kanskje lydord]

legionella m ...; nylaga til *legion* (av di sjukdomen fyrst vart definert etter eit treff for veteranar frå heren i USA i 1976, der mange vart sjuke)]

leikotek n [nyl. ett mønster av ord som *bibliotek*]

2.3.5.7 Etymologiar som gjeld særlege tydingar av eit ord

Det er ikkje uvanleg at ord kan utvikle nye tydingar gjennom påverknad frå andre språk. Det kan vi markere enten i hakeparentesen, eller under den aktuelle tydinga nede i artikkelkroppen. Døme:

I **kalas** n [...] i tyd 2 frå sv]

kannestøypar m ... [tyd 2 frå skodespel av L. Holberg med namnet *Den politiske kannestøper*]

kjenna v ... [...] i tyd 5 òg av lty *kennen*]

kjøpa v ... 6 overf, (ett eng. *buy*) godtaka, tru på ...: *eg kjøper ikkje det argumentet ...*

2.4 Artikkelkroppen

2.4.1 Strukturen i artikkelkroppen

Artikkelkroppen handlar om dei funksjonelle sidene ved ordet (tyding, bruksvilkår, bruksmåtar). Han er bygd opp av éin eller fleire *tydingsbolkar*.

Ein tydingsbolk kan innehalde:

- bruksmarkering(ar)
- definisjonsfelt, med sjølvdefinisjonen som kjerne
- bruksdøme (redaksjonelle døme og sitat)
- underoppslag (faste ordsamband som får eigne små «artiklar» innanfor artikkelen)
- samansetningsdøme

Den einaste av desse opplysningskategoriane som er obligatorisk, er definisjonen, som utgjer kjernen i tydingsbolken. Tydingsbolken er den grunnleggande eininga i artikkelkroppen. Alt som står i kroppen, høyrer til i ein tydingsbolk.

Ein tydingsbolk er den eininga som beskriv (og eventuelt eksemplifiserer) ei viss tyding av ordet. Finst det berre éi tyding, utgjer heile kroppen éin tydingsbolk, og den blir da ikkje merkt ut på noko vis. Har ordet ulike tydingar, får artikkelen fleire tydingsbolkar. Kvar tydingsbolk blir da markert med ein *tydingsmarkør*, i form av eit tal, ein bokstav eller ein dobbel skråstrek.

Kvar tydingsbolk varer fram til neste tydingsmarkør eller til slutten av artikkelen, og han blir alltid avslutta med eit punktum.

2.4.2 Tydingsmarkørar og tydingsrekkefølge

Vi har fire typar tydingsmarkørar, som høyrer saman i eit hierarkisk system der dei representerer kvar sitt nivå. Det er stor bokstav, arabartal (her kalla *tydingsnummer*, altså vanleg talteikn, ikkje romartal), liten bokstav (her kalla *tydingsbokstav*) (alle i halvfeit), og dobbel skråstrek.

Stor bokstav: A, B, ...: Denne markøren nyttar vi sjeldan, og han går til vanleg ikkje på tyding, men på grunnleggande skilnader i funksjon. Vi finn han i somme funksjonsord, som kan vere både preposisjon og adverb, i somme tilfelle (som *etter*) òg konjunksjon. Da kan vi behandle preposisjonsfunksjonen under **A**, adverbfunksjonen under **B** osv. Ein annan type er vanlege verb

som ofte har ein adverbial partikkel som utfylling og dermed dannar ein *verbfrase* (*slå an, ta opp, gå ut osv.*). Da kan vi behandla sjølve verbet under **A**, mens verbfrasane med partikkel kan stå lista opp som underoppslag under **B** (og med kvart sitt tydingsnummer). Ein kan òg skilje refleksivuttrykk med *seg* ut som **B** og la andre verbfrasar kome under **C**. Slik er det gjort under **III sjå**: Der kjem den vanlege bruken av *sjå* utan tilleggsartikkel inn under **A**, mens refleksive uttrykk med *sjå seg* kjem under **B** (døme: *sjå seg råd til*) og verbfrasar med *sjå* kjem under **C** (døme: *sjå igjennom, sjå i véret undersøkje vêrtilhøva, sjå om gjesta, vitja, sjå ut etter fylgja ein gjest ut når han går*),

Vi gir nokre døme på andre artiklar med slik struktur; vi markerer berre inndelingane utan å sitere meir frå artiklane.

I **hava** el **ha** v

- A** som sjølvstendig v
- B** i samb m refl pron *ha seg*
- C** i faste ordsamband med adv (el prep) der samb ofte har fått overf el bil tyd el anna sertyd
- D** som hjelpeverb i fleirordige verbalformer
(Da kjem t.d. *ha seg bort* inn under **B**, *ha att* under **C**, *ha gjort, ha gått* eller *ha kjøpt* under **D**.)

I **ikkje** adv

- A** som setningsadverb (døme: *eg vil ikkje*)
- B** som nekting til einskilt setningsledd (døme: *ein ikkje ukjend psykolog*)
(Dette er ei samanfating, ikkje sitat frå ordartikkelen.)

IV **seg** pron

- A** som refl obj, nytta for 3. person sg og pl
- B** i samanheng med inf konstruksjonar og usetn
- C** i samb med usjølvstendige v
- D** som styring i prep-uttr
(Her deler artikkelen såleis pronomenet *seg* inn etter syntaktisk funksjon og posisjon i setningsmønsteret.)

Tydingsnummer er altså vanlege tal i halvfeit, og dei står for det øvste inndelingsnivået som baserer seg på tydingsskilje. Når vi definerer ulike tydingar av eitt oppslagsord slik (i staden for å føre dei opp som ulike ord), er det fordi dei har noko sams som gjer at vi må sjå på det som eitt ord; minstekravet er sams etymologi.

Tydingsbokstavar er små bokstavar i halvfeit, og dei nyttar vi berre der vi alt har ei inndeling i tydingsnummer, dei viser altså til ulike nyansar innanfor same hovudtydinga.

Merk at i dei fire første banda hadde tydingsmarkørane ein halvparentes etter seg: **3)**, **b)**, også når nummer og bokstav stod utan noko anna imellom seg: **1 a)**. Frå band 5 av er denne halvparentesen fjerna, så derfrå og ut heile verket står det slik: **3, b, 1 a**.

Dobbel skråstrek markerer det vi kallar «undertydingar» innanfor ein tydingsnyanse. Grammatisk avvikande bruk av oppslagsordet i ei viss tyding blir også ofte markert med dobbel skråstrek, sjå døme under 2.4.4.1 nedanfor.

Innanfor ein tydingsbolc kan vi markere nyansar som ikkje rettferdig-gjer ein eigen tydingsbolc, med semikolon. Vi kjem tilbake med nokre døme på dette under 2.4.4.3.4 nedanfor.

Det seier seg sjølv at tydingsinndelinga ofte baserer seg på skjøen og val blant fleire alternativ som kvar for seg kan vere rimelege. Det same gjeld rekkefølga. Ofte har vi prøvd å rangere tydingane slik at den eldste kjem først, men mange gonger veit vi ikkje kva som er eldste tyding, sidan så mykje av materialet vårt er basert på munnlege kjelder. Derfor bruker vi også ofte logiske kriterium, kva for ei tyding som ser ut til å ligge til grunn for dei andre. Er det vanskeleg, tar vi gjerne omsyn til kva tyding som er vanleg i dag, og set den framfor meir sjeldsynte tydingar.

2.4.3 Bruksmarkering

Framfor definisjonen står det gjerne ei eller fleire bruksmarkeringar, dvs. ei antydning av kor eller korleis ordet blir brukt. Ei bruksmarkering er vanlegvis ei forkorting av eit enkeltord som antydar bruksområde eller bruksmåte, av og til ein kort frase. Dei kan stå føre ein eventuell tydingsmarkør, og gjeld da oppslagsordet i seg sjølv, eller dei kan stå etter ein tydingsmarkør og gjeld da den tydinga som blir behandla i den spesielle tydingsbolken. Alle bruksmarkeringar er tatt inn i forkortingslista under 5.2. Her gir vi eit oversyn over dei ulike typane bruksmarkeringar.

2.4.3.1 Fagfelt

Dette er den mest omfattande gruppa av bruksmarkeringar. Nokre døme kjem her:

biol (i) biologi, biologisk

farmak	(i) farmakologi, farmakologisk
fys.	(i) fysikk, fysisk
herald.	(i) heraldikk, heraldisk
litthist.	litteraturhistorisk
min.	(i) mineralogi, mineralogisk
psykol	(i) psykologi, psykologisk
tel.	(i) telefon- og telegrafverket

Men til saman har vi 87 slike fagfeltmarkeringar. Sidan desse markeringane vart fastsett for nokre tiår sidan, er dei ikkje heilt oppdatert i dag; såleis vil ein ikkje finne termar knytt til moderne genteknologi, informasjonsteknologi og liknande her (men «edb» finst, innført på nittitalet).

Ein spesiell regel gjeld for «bot.» og «zool», som handlar om botanikk og zoologi. I dei første fem banda vart desse markeringane brukt ved alle oppslagsord med tilknytning til plantelæra resp. dyrelæra. Frå band 6 har vi gjennomført det prinsippet at markeringane «bot.» og «zool» berre blir brukt ved offisielle vitskaplege artsnamn, ikkje ved uoffisielle og folkelege artsnemningar som også er oppslagsord i ordboka. Desse blir da definert med dei offisielle nemningane. Andre oppslagsord som ikkje gjeld plante- og dyreartar, men fagfelte botanikk og zoologi i seg sjølv, kan også i desse banda få markeringane «bot.» og «zool». Vi kjem inn på dette og gir døme under 2.4.4.3.5.1.

2.4.3.2 Bruksområde

«Bruksområde» er eit vagt omgrep, men her lèt vi det omfatte dels tekstsjan-ger, dels samfunnsområde. Da får vi denne lista:

adm	(i) administrasjonsmål
akad.	(i) akademisk (målbruk)
barnem.	(i) barnemål
bladm	(i) bladsmål, journalistisk
fag.	(i) fagsmål, fagleg
fmed.	(i) folkemedisin, folkemedisinsk
ftru	i folketrua
fv	i folkeviser, (i) folkevisemål
kat.	katolsk
kyrk	(i) kyrkjestell
off	offentleg

ordt	ordtak
polit	politisk
rel	(i) bibelsk og religiøst mål i det heile
rettsst	(i) rettsstell
skulem.	(i) skulestell, skulemål
stadn	(i) stadnamn
univ	(i) universitetsmål
vegst	(i) vegstellet

2.4.3.3 Stilslag

Desse markeringane gjeld altså stilistiske eigenskapar ved ordet, med noko vag overgang til kategorien «tekstsjanger»:

evfem	evfemisme, evfemistisk (dvs. formildande omskriving av noko støytande)
fam	familie(n), familiært
forsterk.	forsterkande
høgt.	høgtidleg
iron.	ironisk
kvd	(i) kvardagsmål (i motsetning til normalmål, og til skilnad frå målføre med meir lokal avgrensing)
litt.	(i) litterært (mål)
nedsetj	nedsetjande
poet.	(i) poesi, poetisk
skjemt.	skjemtande
slang	(i) slang
sviv.	svivyrdeleg, hånleg
vulg	(i) vulgært (mål)
ordt	ordtak
i gåte	oppslagsordet er nytta i spørsmålsdelen av gåte

2.4.3.4 Kronologi

Desse markeringane går på plassering i fortida, enten i eldre språk eller i historia:

arkais	arkaiserande, dvs. ordbruk som gir inntrykk av eldre språk enn konteksten
--------	---

forald	foraldra, dvs. ordbruk som finst i eldre språk, men no ikkje lenger blir nytta
hist.	historisk (ikkje språkleg, men innhaldsmessig; kan også rek- nast som fagnemning)

I tillegg nyttar vi desse standardfrasane:

i e mål	i eldre mål i nyare mål
om e tilh	om eldre tilhøve
om norr. tilh	om norrøne tilhøve

2.4.3.5 Bruksmåte i høve til grunntyding

Denne kategorien gjeld den statusen tydinga har i forhold til røyndommen eller den språklege konteksta. Han omfattar berre tre markeringar, men dei er til gjengjeld nokre av dei aller vanlegaste i ordboka:

bil.	biletleg
overf	(i) overført (eller figurleg) tyding
i sml	i samanlikning

Det er ei uklar grense mellom «bil.» og «overf», men den grunnleggande skilnaden er at språkbrukaren ved «bil.» assosierer til det omgrepet det nytta ordet «eigentleg» representerer, mens det ikkje lenger er tilfelle ved «overf»; i alle fall tenker ein ikkje på den opphavlege tydinga når ein bruker ordet i den overførte tydinga. Døme (ikkje sitat frå ordboka):

han er ein rev
han er eit svin

Den første setninga er eit døme på biletleg bruk; *rev* tyder her 'luring, slei- ping', og det er eigenskapar ein assosierer med reven. Den andre setninga viser overført bruk; her er *svin* eit allment skjellsord som neppe lenger blir assosiert med dyret svin. Men setningane viser også godt kor glidande og vag overgangen er; det er slett ikkje sikkert at alle språkbrukarar assosierer slik vi har skissert her, og det gjeld òg redaktørane i Norsk Ordbok. Det er nok grunn til å seie at overgangen mellom desse to markeringane i ordboka er temmeleg flytande; det er meir snakk om tendensar enn om faste krite- rium.

Den tredje markeringa skulle derimot vere ganske klar, som i dette dømet, der bruksmarkeringa gjeld eit bruksdøme (ikkje tatt frå ordboka):

(i sml) *slu som ein rev*

2.4.3.6 Frekvens

Her har vi desse markeringane:

lbr lite brukt (og lite brukande)
 serl særleg (i 1938-rettskriving «serleg»)
 sj sjeldsynt, sjeldan
 vanl vanleg

Markeringa «lbr» står berre i dei første banda. Den vart nytta mest normativt om slikt som vart rekna som «dårleg nynorsk», men likevel vart tatt inn i ordboka. Seinare redaktørgenerasjonar la mest vekt på å beskrive språket utan å føye til eigne verdidommar, og markeringa «lbr» vart derfor avskaffa. Omgrepet «lite brukt» vart da dekt av «sj», i den grad det vart presisert i det heile. Frekvens er ofte svært vanskeleg å fastslå, så redaksjonen har ofte sett det som mest tenleg å la vere å seie noko om det.

Markeringa «serl» blir nytta i tillegg til andre markeringar, særleg dei forholdsvis vage i gruppa «stilslag» og «bruksmåte i høve til grunntydning».

2.4.4 Definisjonsfeltet

Den sentrale delen i definisjonsfeltet er sjølve definisjonen av oppslagsordet eller tydinga, og langt på veg må ein seie at dette er sjølve kjernen i heile ordboksartikkelen ved sida av oppslagsordet. Men ein kan innleie definisjonsfeltet med ei kort opplysning om kva som er ramma eller premisset for ein definisjon. Vi reknar med to typar av slik informasjon: *grammatisk merknad* og *ekstensjonsmarkering*. Vi behandlar dei kort før vi tar fatt på sjølve definisjonen.

2.4.4.1 Grammatisk merknad

Det kan hende at eit ord eller ei tyding knyter seg til bestemte grammatiske tilhøve, t.d. på den måten at tydinga markerer eller føreset ein viss grammatisk funksjon av oppslagsordet, eller at ordet i den bestemte tydinga blir kombinert med andre setningsledd med ein viss syntaktisk funksjon. Vi gir nokre døme og forklarar dei:

bums adj ... 2 adv, brått, endefram

Det er vanleg at adjektiv også kan brukast adverbielt, og slik bruk blir ofte markert som eiga tyding der adverbfunksjonen blir markert med «adv»; det gjeld i dette tilfelle i setningar som «*utpå hella støyte han bums på Vesle-Berit*».

fumla (ù) v ... // adj np, usikker, søkjande, famlande

Koden «adj np» tyder «nytta som adjektiv i presens partisipp». I dei seinare banda skriv vi i slike tilfelle berre «np». Det er altså presens partisipp-forma *fumlande* som blir behandla i denne tydingsbolken. Ein kunne ha gjort det annleis og ført opp *fumlande* som oppslagsform, men i NO blir formene på *-ande* rekna som former av verbet og altså behandla i artikkelen om verbet. At den aktuelle tydinga gjeld presens partisipp-forma på *-ande*, markerer vi med den grammatiske merknaden «np». I ein del tilfelle har former på *-ande* rett nok fått eigne artiklar; det gjeld særleg der forma har fått ei sjølvstendig tyding eller funksjon som gjer ho uavhengig av verbet.

hard-steikja v ... // adj fp, som er steikt såleis at det er hardt; (òg:) for mykje steikt

Dette er parallelt med førre dømet, men her er det snakk om perfektum partisipp-forma *hardsteikt*. Også i slike tilfelle gjekk vi i seinare band bort frå å skrive «adj» til ei undertyding: «fp» åleine er tydeleg nok, i og med at alle partisippar pr. definisjon er adjektiviske former av verbet.

industri-alder m helst i bf, tidsalder kjennemerkt ved at industrien dominerte næringslivet

Her seier den grammatiske merknaden noko om typisk bruk av oppslagsordet, nemleg at det er vanlegast i bestemt form (*industrialderen*). Sidan substantiv som oppslagsord normalt står i grunnform, altså ubestemt form, kan slike bruksopplysningar vere nyttige i tilfelle der bestemt form heilt dominerer i praktisk bruk. Noko liknande gjeld t.d. fleirtal i forhold til eintal.

III **kosta** (ó) v ... 4 a (ofte med etterfylgjande samansett adv) fara (1,2) snøgt; blåsa (1); susa

Dette er verbet *kosta* med trong *o* (jf. vokalparentesen), altså 'feie, sope' osv. – det har mange delydingar. Under éi tyding ('fara snøgt, blåsa, susa') blir

det ført inn ein grammatisk merknad om at verbet i denne tydinga ofte får eit «etterfylgjande samansett adv», ein kan òg kalle det preposisjonsfrase. Blant dei illustrerande døma i artikkelen finn vi «*kosta i veg, av stad, av garde*».

nederlandsk adj **1** som gjeld Nederland og nederlendingar ... **2** subst m språk som blir nytta (tala og skrivi) i Nederland og i den nordlege og vestlege delen av Belgia.

Nederlandsk er eit nasjonalitetsadjektiv, men likesom mange andre slike adjektiv kan det brukast substantivisk som namn på eit språk, og i NO vart den praksisen utvikla å sette denne substantiviske bruken ved språknamn opp som ei eiga tyding med separat ordklassemarkering.

2.4.4.2 Ekstensjonsmarkering

Ekstensjon betyr grovt sagt 'det noko omfattar'. I vårt tilfelle kan vi seie det slik at det ein definisjon gjeld for, er ekstensjonen til den definisjonen. Ekstensjonen går ofte klart nok fram av sjølve definisjonen, men når han ikkje gjer det, kan ein legge inn ei innleiande ekstensjonsmarkering, oftast i parentes og gjerne i forma «om X». Nokre døme kan gjere det klart kva det dreiar seg om:

fykl n ... **2**) **a)** (helst om ty) noko tunt, skralt som snautt heng i hop
gall(e)-sur adj ... **3)** (om folk) svært sur og gretten
gnidrut el **gnidret(e)** adj ... (om fint el smått arbeid, serl skurd, skrift el teikning) tett og utydeleg; samantrengd
gribben adj ... **3)** **a)** (om luft, vêr) mørk, som trugar med uvêr ... **b)** (om sjø) som bryt på og væter
 I **garta** v ... **3)** **a)** (om gris) grynta ... **b)** (om gås og and) snadra, kvekka, gakka ... **c)** (om reinsdyr) gje lyd frå seg
grønast v ... (serl om mark og skog) verta grøn

2.4.4.3 Definisjon

Definisjonen er kjernen i ordboksartikkelen. Alle andre eigenskapar ved eit ord kan reknast som supplerande drag som kjem i tillegg til det sentrale: sjølve tydinga. Det gjeld i alle fall det store fleirtalet av ord som vi kallar innhaldsord; det stiller seg annleis ved dei grammatiske funksjonsorda, der må definisjonen primært beskrive kva funksjon ordet har i språket. Men i

hovudsak er det altså tydinga av ordet som står i sentrum for beskrivinga i ordartikkelen.

Det finst ein velutvikla teori rundt det å definere ord og begrep, men den er først og fremst viktig for dei som skal lage definisjonar i ordbøker. For den som les og skal tolke definisjonane, er trening i konkret ordboksbruk viktigast. Dei to viktigaste og vanlegaste definisjonstypane kan vi kalle *realdefinisjon* og *synonymdefinisjon*, og vi skal gi ei kort framstilling av desse her.

2.4.4.3.1 Realdefinisjon

Vi skuldar å gjere merksam på at denne termen kan ha ulike tydingar i den leksikografiske faglitteraturen, men for vårt føremål lét vi termen stå for dette omgrepet:

formulering som beskriv tydinga til eit omgrep så presist som råd, slik at omgrepet blir mest mogleg klart avgrensa frå nærskyldte omgrep (så langt slik klar avgrensing har grunnlag i språkbruken)

Dette er da samtidig eit døme på ein realdefinisjon i seg sjølv. Vi gir nokre fleire døme på enkle realdefinisjonar:

glas-røyr f, n røyr av glas (1)

glas-musikk n musikk som kjem fram ved å spela på glasharmonika

glas-meister m ... fagmann som arbeider med tilskjering av glas (2) og isetjing av vindaugsruter

glas-raust n raust med glas (3) i

glas-silke m spunne glastrådar til å blanda i silke

glas-spel n koll., knust glas (2) som born bruker til leikety

glas-luke f ... lem framfor glas (3a); vindaugsskodde

glas-monter m utstillings-skåp av glas (2)

glas-skåp n 1 (utstillings)skåp med glasdører i ... **2** skåp til å ha glas (4a) inni

Vi har valt ei rad samansetningar med *glas-* til å vise prinsippet. I norsk er det slik at i samansetningar er det sisteleddet som er kjernen i omgrepet ordet står for, mens føreleddet er eit tillegg som beskriv eller spesifiserer tydinga av sisteleddet. Definisjonen må begynne med kjernen, altså vise kva slags kategori oppslagsordet høyrer inn under: eit *glasrøyr* er eit slags røyr, *glasmusikk* er ein slags musikk, ein *glasmeister* er ein fagperson osv. Så må det spesifiserast kva som skil akkurat dette ordet ut frå andre nærskyldte om-

grep: Eit *glasrøyr* er av glas, ikkje av siv eller metall eller noko anna, *glasmusikk* blir produsert på ein glasharmonika, ikkje piano eller fløyte eller noko anna instrument, ein *glasmeister* er fagperson på tilskjering av glas og isetjing av vindauge, ikkje på treskjering, skorsteinsfeing, matematikk eller noko anna.

Dette er den klassiske definisjonstypen: først ei innordning under ein kategori som begrepet høyrer til saman med andre nærskylde begrep, så ei forklaring som viser korleis dette begrepet skil seg ut frå dei nærskylde begrepa. Som ein ser er tilhøvet mellom ledda heilt ulikt i dei ulike orda, sjølv om alle omgrepa har noko med «glas» å gjere. Her kompliserer det at *glas* i seg sjølv har fleire tydingar. Vi gir nokre døme på ulike definisjonar av *glas*:

glas n ... **1**) stoff av storkna smelte frå ymse oksyd el uorganiske kjemiske sambindingar (serl kiselsyre); hardt og sprøtt stoff (oftast gjennomsiktig, men òg matt el farga) som i oppvarma, mjuk tilstand kan utformast på ymse vis; glassmasse ... **2**) flatt stykke el plate av glas (1); glasskive, rute ... **3**) **a**) ramme med glasrute(r) i ein vegg; vindauga ... **b**) vindaugskarm, glaskiste ... **c**) glasrute(r) i drivhus o l ... **4**) **a**) kjerald av glas (1) til å ha væske i el drikkav); lite kar; lita (medisin)flaske, krus, bekar, kolbe ... **b**) innhald i eit drikkeglas; mengd, porasjon som fyller eit glas (4a); klunk, sup, dram

Det følgjer eit par tydingar til, men hovudprinsippa er truleg godt nok illustrert med dette. Ved å referere tydingsnummer under *glas* i definisjonane av dei ymse samansetningane, får ein gjort definisjonane presise på ein minst mogleg plasskrevjande måte. Brukaren må da slå opp på rett tydingsnummer under grunnordet *glas* for å sjekke kva det dreiar seg om.

Realdefinisjonar kan vere langt meir kompliserte enn dette, dersom det definerte omgrepet er komplisert, ikkje minst når det gjeld ein typisk fagterm. Det er eit vanleg problem i ordboksredigering å bestemme seg for kor mykje informasjon ein skal ta med om faktiske forhold utanfor det språklege som gjeld det aktuelle begrepet. Det gjeld særleg ved sjeldsynte ord, ikkje minst ord frå andre tider og andre kulturar enn det dei fleste ordboksbrukarane er vane med. Vi gir nokre døme på realdefinisjonar som gjeld «eldre tilhøve», der dette òg blir spesifisert i ei ekstensjonsmarkering. Her er det eit spørsmål om ein ved verbformer i definisjonen skal bruke presens eller preteritum. Under tempusbruken kan det ligge ei vurdering av kor «utdøydd» eit visst forhold kan seiast å vere; forhold som kan tenkast å gjelde også i dag (sjølv om dei ikkje høyrer til det «normale»), kan da få presens. Døma kjem her:

- kak** m ... om e tilh, stolpe der ein batt brotsmenn som skulle piskast offentleg
- kalve-bryst** n om e tilh, kvitt stivety som menn ber på brystet
- karde-kjerring** f ... om e tilh, fyrste framande kvinne som kom til gards på ny-året etter at kardinga var komen i gang, og fekk (skjemte)namn etter dette arbeidet
- kardeske** f ... om e tilh, kanonprosjektil som er fylt med blykuler, og som blir sprengt når det forlèt munningen
- kaffi-gnike** f om e tilh, reiskap til å knusa kaffi med
- kost-verde** n ... om e tilh, utrekna matbehov per mann for ein gjeven tidbolc

Her er den vurderinga gjort at *kak* og *kardekjerring* berre knyter seg til fortidige tilhøve, mens *kalvebryst* og *kardeske* kan brukast i dag òg, sjølv om det sjeldan skjer (kanskje helst i historiske spel og liknande). Dette er spissfindige skilje, og dei er nok ikkje gjennomført konsekvent i ordboka. Dei to siste døma viser at ein somme gonger kan kome unna heile problemet ved å unngå verb i finitt form.

2.4.4.3.2 Synonymdefinisjon

Eit synonym er eit ord som tyder det same som eit anna ord. Behandlar ein eit slikt ord, kan ein definere berre ved å føre opp det andre ordet. Døme:

- hasle-kutre** f marimjelle
- hasl-orm** m zool, slettsnok
- kolje** (ò) f ... hyse (l)

Desse døma gjeld plante- og dyrearter som har ulike nemningar i ulike dialektar, og da er denne måten å definere på den beste. Under *marimjelle*, *slettsnok* og *hyse* står det da fullstendige realdefinisjonar:

- mari-mjelle** f ... bot., (eittårig plante med smale blad og krone med to lipper av) slekt i maskeblom-fam: *Melampyrum*
- slett-snok** m 1 zool, snok som er noko mindre enn buorm og har slette skjel; haslorm; *Coronella austriaca*
- l **hyse** f ... zool, (opptil 1 m lang og 12 kg tung) (hav)fiskeart i torskefamilien (med mørkgrå rygg og stor, svart flekk under fremste ryggfinnen på kvar side); kolje; *Melanogrammus aeglefinus*

Men synonymdefinisjonar blir brukt i langt fleire tilfelle, og det kan vere problematisk, fordi synonymi ofte er berre delvis: To ord kan vere liketydige

i somme kontekstar, men ikkje i andre. Da må det ofte først opp fleire synonym som til saman gir eit fullstendig bilde av tydingsomfanget til oppslagsordet. I slike tilfelle fører ein ofte opp ein realdefinisjon (eller fleire) først, og lét eitt eller fleire synonym kome som presiserande tillegg. I rekka av *glas*-ord ovanfor har vi eit døme på det:

glas-luke f ... lem framfor glas (2a); vindaugsskodde

To døme med lengre synonymrekker:

gaumsam adj ... som gjev gaum, fylgjer godt med; merksam, ansig, akksam, påpasseleg, vaken, konsentrert, lydhøyr; andektig

inn-spel n ... 2 synspunkt (som (meir el mindre spontant) blir lagt fram i ein diskusjon el l); merknad, framlegg (1), idé, innkast (1)

I ein del tilfelle, ikkje minst ved skjemtsame og meir eller mindre nedsettande personnemningar, kan vi ha lange synonymrekker som er eit resultat av folks kreative språkbruk i ulike dialektar. Da vel ordboka gjerne ut eit «hovudord» som får ein realdefinisjon, mens dei andre orda blir definert med dette hovudordet. Døme er *gutbete* (Våler i Solør), *gutdavas* (Trysil), *gutdepel* (Dovre, Sunndal), *gutjafs* (Østerdalen), *gutjøsse* (Elverum), *gutklank* (Gudbrandsdalen), *gutklatt* (Røldal), som alle blir definert med det eine synonymet 'gutunge'. *Gutunge* har da fått status som «hovudord» i denne synonymgruppa, og blir definert slik etter ei bruksmarkering: 'stundom skjemt. el noko sviv., smågut'. Her får vi, som vi ser, ein ny synonymdefinisjon; *små-gut* blir i sin tur definert som 'liten gut; gutunge, gutebarn'. Ved så daglegdagse ord kan det hende at behovet for ein full realdefinisjon ikkje alltid blir følt så sterkt. Ei anna gruppe døme er *gutebloke*, *guteflaks*, *gutefleggje*, *guteflog*, *guteførkje*, *guteheiar* osv., alle definert som 'guteflogse', som i sin tur er definert slik: 'gjente som flyg mykje ute med gutar; flogse'.

2.4.4.3.3 *Antonym i definisjonar*

Antonym er det motsette av synonym: 'det som tyder det (meir eller mindre) motsette': Ein del stader presiserer vi i ein definisjon omgrepet som oppslagsordet står i motsetning til. Denne presiseringa er ingen del av definisjonen, men kan vere med på å klargjere og presisere. To døme:

II **kosmos** n ... det ordna universet; allnaturen (mots *kaos*)

I **kal** el **kale** m ... 1 a vanleg enkelt tau, tauverk (t skiln frå *kabel* l)

Formelen «mots» tyder 'motsett', mens «t skiln frå» tyder 'til skilnad frå'. Den siste formelen er mindre absolutt; den markerer oftast ikkje ei rein motsetning, men heller ein annan nyanse innanfor eit nærare avgrensa felt, som dømet ovanfor viser.

2.4.4.3.4 Fleire definisjonar i éin tydingsbolk

Tydingsavgrensingar er, oftast eller alltid, meir eller mindre vage eller flytande, og vi har ofte tydingsnyansar som står så nær kvarandre at det ikkje er grunnlag for å kalle det ulike «tydingar», men som likevel krev å bli uttrykt i litt ulike definisjonar. Da set vi slike definisjonar etter kvarandre med semikolon imellom. Døme:

tingel n ... **1** lita bjølle med lys klang (til å hengja på husdyr); krans av små bjøller (Stor-Elvdal, Nu, YSandsvær, Hof i Vestf R, Tel, Åmli; ReintonSr I,376; Solh. Sr 45)

tryggleik m ... **1** det å vera trygg (1), utan fare; vern, sikring (II,1a) (mot skade, ulukke osfr); livd (I,1); sorgløyse (1); ro (I,2)

Abstrakte begrep som *tryggleik* er typiske døme på dette. *Tingel* er eit konkret begrep og dermed meir problematisk. Ein kunne ha bestemt at 'lita bjølle med lys klang' og 'krans av små bjøller' er to ulike tydingar og gitt dei tydingsbokstavane **a** og **b**. Men kjeldene gjer dette vanskeleg, for svært ofte blir ordet brukt slik at det ikkje går fram kva for ei av dei to tydingane som er meint, berre at det gjeld bjøller som blir festa på husdyr for at ein skal kunne høyre kor dei er. Det kan i kvart tilfelle vere snakk om éi bjølle eller ein krans av bjøller, eller kjelda kan gi ei meir generell beskriving av denne funksjonen som kan omfatte begge typane. Da er det best å slå tydingane saman i éin bolck med ei felles kjelderekke.

Andre gonger kan den andre av to tydingsnyansar markerast med «(òg:)». Det kan vere av same grunn som ovanfor: Tydingane overlappar så mykje at dei vanskeleg kan skiljast ut med faste tydingsnyansar, eller kjeldene kan bruke ordet slik at tydingane flyt over i kvarandre. Men da er det likevel klart, eller sannsynleg, at den første tydinga er vanlegast eller mest sentral, den andre meir spesiell og nytta i visse kontekstar. Døme:

II **susl** el **sutl** (ù) **1** det å susla (1); (lyd av) skvalp (II,1); (òg:) rørsle (1) i vatn (Valle, Lista, Høyland, Suldal, Brg, Lærdal, Voll, Fauske, Gimsøy, Vstrål)

Bruker ein «serl» framfor den andre tydinga, blir effekten motsett; det markerer at den andre tydinga (som kan vere ein nyanse innanfor den første og mest generelle) er den vanlegaste og mest frekvente. Døme:

I **tut** m ... **1** røyr el (framspringande) opning på behaldar el l (som væske o l kan passera igjennom); (serl:) innholt framspring på kanne, (kaffi)kjel el l til å hella væske igjennom

Vil ein markere at ein tydingsnyanse fell inn under ei meir generell tyding (utan å seie noko om frekvens), kan ein markere det med «såleis», «sersk», «m a» eller «t d». Døme:

III **klamre** f ... handv, klemme (1a), klomber (1) ...; (såleis:) garm (l, 1a) (...); laskeklype (for støvelskaft (...))

taka inn 1 flytta, føra inn (II,A1a) (til lagring, vern el l) ... (sersk:) berga i hus turrhøy (...)

Det siste dømet er tatt frå eit underoppslag *taka inn* under verbartikkelen **taka**, tydingsbolk **taka C25** (sjå band 11 av ordboka).

2.4.4.3.5 Definisjonsformat

Ved ord som høyrer til ein felles kategori, bruker ordboka ofte felles definisjonsformat, dvs. at definisjonane har ei felles utforming. Vi skal nedanfor gi døme på slike kategoriar og definisjonsformat, men presiserer at desse formata ikkje er konsekvent gjennomført, særleg ikkje i dei første banda. Det kan delvis vere rein inkonsekvens, men det kan òg ligge bak eit omsyn til at somme enkeltord innanfor desse kategoriane skil seg ut på ein slik måte at definisjonen må markere det spesielt.

2.4.4.3.5.1 DYR OG PLANTER

Her står bruksmarkeringane «zool» og «bot.» framfor offisielle namn på arter og andre kategoriar (slekter, ordenar, klasser osv.) (ikkje gjennomført i dei tidlegaste banda). Definisjonane tar høgde for at nemningane både kan stå for kategorien (arten osv.) og individ av kategorien. Det blir gjort ved at individ-aspektet blir markert i parentes og kategoriaspektet av definisjonsformuleringa utanfor parentesen (eller omvendt, sjå under *kjempesoleie* og *kjempetrekvefs* nedanfor – det blir avgjort av praktiske omsyn innanfor kvar definisjon). Dei latinske namna på kategoriane er ein del av definisjonen og

blir alltid påført i kursiv. Døma nedanfor burde gjere det tydeleg korleis dette er gjort i praksis:

ll **gran** f ... **1** bot. **a** (barte av) slekt i furufam; *Picea*. **b** (i Noreg) (barte med kjegleforma vokster og tett bar og kranstelte¹ greiner av) art i slekta gran (ll,1a); vanleg gran; *Picea abies*

kjempe-soleie f bot., meterhøg plante(art) i soleiefamilien med hol stengel og store gule blomar; *Ranunculus lingua*

saft-stjerneblom m bot., (plante av) art i nellikfamilien; *Stellaria crassifolia*

pelikan m ... **1** zool, (stor symjefugl av) familie i ordenen pelikanfuglar, med hudsekk under nebben; *Pelecanidae*

gaffel-antilope f (dyr av) jortarslekt med gaffelgreina horn og i slekt med antiloper og geiter; *Antilocapra*; (serl:) (dyr av) arta *Antilocapra americana*

kjempe-trekvefs m zool, opptil 4 cm lang (art av) kvefs i familien *Siricidae*, med svart og gul kropp og med åmer som lever i ved; *Urocerus gigas*

Ein kan merke seg at den biologiske klassifiseringstermen «familie(n)» i dei første banda ofte vart avkorta til «fam», mens ein seinare gjekk bort frå denne forkortinga, jf. **gran** med **pelikan** og **kjempetrekvefs** ovanfor.

2.4.4.3.5.2 GRUNNSTOFF

Grunnstoff får bruksmerkinga «kjem.», og det kjemiske symbolet blir føydd til definisjonen. Døme:

fluor m ... **1** kjem., grunnstoff (med teiknet F) som høyrer til halogena og som er ein grøngul, stinkande gass som ikkje finst fritt i naturen, men i talrike bindingar med andre emne

I **karbon** n ... kjem., grunnstoff som finst fritt i naturen, anten amorft el krystallinsk (som diamant el grafitt); kol, kolstoff (symbol C)

Den siste måten å markere symbol på (som under **karbon**) er den vanlegaste.

¹ Skrivefeil for «kranstelte».

2.4.4.3.5.3 METALL

Metall er grunnstoff, og det blir markert med kategorimarkeringa «metallisk grunnstoff». Dei skal òg ha bruksmarkeringa «kjem.», men det vart ikkje gjennomført i dei tidlegaste banda. Døme:

I **gull** n ... **1** (raud)gult, kostesamt, edelt metallisk grunnstoff (symbol *Au*) som serl vert nytta i myntar, prydningsting o l

iridium n ... kjem., sylvkvitt, hardt metallisk grunnstoff i platinagrappa (symbol *Ir*)

I **jod** m, n ... **1** blåsvart, metallisk grunnstoff som høyrer til halogena (kjem. symbol *I*)

Eit par døme på metall som ikkje er grunnstoff:

bronse m ... legering av kopar og tinn (stundom med tilsetning av andre metall el metalloid i små mengder)

amalgam n ... kjem., legering av kviksølv og eit anna metall

2.4.4.3.5.4 STJERNEBILDE

For stjernebilda i dyrekrinsen skil vi mellom to tydingar, der den eine er vitenskapleg, mens den andre baserer seg på tradisjonar med astrologisk grunnlag. Døme:

skorpion m ... **2 a** astron., i bf sg, stjernebilete og stjernetekn i dyrekrinsen; *Scorpius* **b** astrol, person fødd i tidsromet 23. oktober–21. november (då sola står i skorpionens teikn)

2.4.5 Bruksdøme

2.4.5.1 Generelt

Bruksdøma, dvs. tekstbitar der oppslagsordet er brukt i ein kontekst, er ein viktig del av ordboka. Dei skal dokumentere i praksis at oppslagsordet faktisk finst, og blir brukt i den tydinga ein viss definisjon viser. Det skal også vise korleis oppslagsordet blir kombinert med andre ord i meir eller mindre faste mønster. Bruksdøma må nødvendigvis vere korte, sjeldan meir enn ei setning, men ofte berre «utklipte» delar av setningar.

Bruksdøma følgjer normalt etter ein definisjon, som dømet skal tene til å illustrere eller klargjere. Dei kan også utstyrast med ulike typar tilleggsopplysningar:

- bruksmarkering
- kjeldefesting
- forklaring som står i kjelda
- redaksjonell forklaring
- redaksjonell tilvising

Bruksdøma står i *kursiv*.

Vi har to typar bruksdøme. Dei vanlegaste er direkte *sitat* frå det enorme kjeldetilfanget ordboka rår over. Men ordboksredaksjonen kan òg konstruere døme; det kallar vi *redaksjonelle døme*. Slike døme kan òg få ein spesiell status i ordboka ved å gjerast til *underoppslag*.

Vi ser no først kort på dei redaksjonelle døma, og går deretter grundigare inn på bruken av *sitat* i Norsk Ordbok. Under 2.4.6 behandlar vi oppføringsmåten *underoppslag*.

2.4.5.2 Redaksjonelle døme

Redaksjonelle døme er altså laga av ordboksredaksjonen. Dei står liksom *sitat* i kursiv, men utan kjelde. Redaksjonelle døme blir brukt der ein frase eller ein ordkombinasjon finst i ulike variantar i mange kjelder. Denne måten å illustrere eit uttrykk på signaliserer såleis at uttrykket er typisk og ganske vanleg i språket. Redaksjonelle døme kan følgjast av ei forklaring i rett skrift, men det vanlegaste er at det står utan forklaring, nettopp fordi uttrykket oftast er så velkjent at det er sjølvforklarande for vanlege morsmålsbrukarar. Vi siterer nokre redaksjonelle døme i den konteksten dei står i i ordboka, for å vise kva funksjon dei kan ha. Det vanlege er at redaksjonelle døme står først i ein tydingsbolc, rett etter definisjonsfeltet, og at autentiske *sitat* følgjer etter. Også det viser vi eit døme på (under *kraftig*); *sitatet* merker seg da ut ved at det har kjeldefesting.

kraftig adj ... **1 a** (om skapning, serl menneske) som har stor kraft (l,1) og gjerne er grovlagd (2); stor og sterk; muskuløs: *ein kraftig kar / håbrann ...* (er ein *kraftig, robust fisk som kan verta 6 m lang* (NoAllk VI,546)

III **koma** (ò) v ... **2 a** (om folk, dyr) møta opp (på tilstelling el stad) (til ei viss tid) ... : *koma i bryllaup, i butikken / koma på arbeid, på jobb, på besøk, på dans*

IV **kvar** adv ... **1** brukt spørjande ... **a** om stad der t d noko eller nokon oppheld seg el noko hender; (på) kva stad: *kvar er du? / kvar blir det av dei? / kvar kjem ho frå?*

I **skula** (ù) el **skulla** v ... **4 a** (med personsubjekt) ha tenkt, ha planar om (å gje-
ra); vilja: *i morgon skal eg sykla til jobben ... b* nær tyd 4a, utan hovudverb,
fylgt av adv-uttr som viser retning, rørsle el mål: *eg skal heim, ut til byen, på
fest / dei skulle over fjorden / skal du noko i kveld?*

II **vis** (i) m, f, n ... // **på eit vis** (for å uttrykkja eit visst atterhald) på ein måte; på
sett og vis; til ein viss grad: *det gjekk på eit vis*

Uttrykket *på eit vis* dannar her eit underoppslag; det kjem vi tilbake til un-
der 2.4.6.

Redaksjonelle døme kan komprimerast eller alternative formuleringar
kan kombinerast slik:

gå, falla i knas (for *gå i knas* og *falla i knas*)

båten, dreggen krakar (for *båten krakar* og *dreggen krakar*)

heilt (el *skvær*) *idiot* (for *heilt idiot* og *skvær idiot*)

kva (for) *slag* (for *kva slag* og *kva for slag*)

2.4.5.2 Sitat

2.4.5.2.1 Generelt

Sitat er belegg frå kjelder som blir oppgitt i parentes etter belegget. Dei er av
to hovudtypar: direkte sitat frå ei skriftleg kjelde, og rapporterte bruksdøme
frå eit målføre som ein heimelsperson har skrivne ned på ein setel og sendt
inn. I siste tilfellet kan dømet vere ein autentisk replikk som informanten
har høyrte, eller informanten kan ha konstruert dømet ut frå eigen dialekt-
kompetanse. Sitatet kan vere ei heil setning eller jamvel (rett nok svært sjel-
dan) to setningar etter kvarandre; oftare er det utdrag av setningar. Dei er
valt slik at dei skal illustrere ein konkret bruksmåte eller tydingsnyanse av
oppslagsordet; sitat blir ikkje brukt berre for å vise fram ei ordform i ny-
norsk eller målføra (det blir gjort i hakeparentesen). Sitata står, liksom dei
redaksjonelle døma, alltid i kursiv, og ulikt dei redaksjonelle døma har dei
alltid ein parentes med ei kjelde etter seg. Sitat frå innsende målføresetlar får
ei heimfesting utan vidare spesifisering.

2.4.5.2.2 Språkform i sitat

Språkforma i sitat er avhengig av kva type sitat det gjeld. Kjem det frå ei
skriftleg kjelde på normalnynorsk, følgjer vi rettskrivinga i kjelda, og det
gjer vi nesten konsekvent. Dei einaste avvika vi tillèt oss, er – også conse-
kvent – å byte ut *aa* (og *á* i gamle tekster av forfattarar som brukte dette

teiknet etter mønster av norrønt) med *å*, og stor førebokstav i substantiv med liten. Vi følgjer òg alltid det prinsippet å byrje sitatet med liten bokstav, sjølv om det i kjelda er setningsstart og dermed har stor bokstav (men sjølv-sagt ikkje i særnamn). Sitat som er utdrag av vers, markerer vi med stjerne (*).

2.4.5.2.3 *Behandlinga av målføresitat*

Sitat på målføre blir ofte gjengitt på normalnynorsk etter Norsk Ordboks redaksjonelle rettskriving innanfor 1938-normalen. Dette er noko folk kan reagere på; derfor går vi nærare inn på dette her og gir både grunngeving og eksemplifisering.

Vi deler inn målføresitat i to hovudkategoriar. Den første er sitat frå trykte kjelder som er skrivne på målføre, eller der målføre er brukt t.d. i replikkar. Der følgjer vi same prinsippet som elles i sitat frå skriftlege kjelder; vi følgjer kjelda fullt ut (med unntak av det å bruke *å* og liten forbokstav sjølv om kjelda har *aa* og stor forbokstav). Kriteriet er at det er snakk om ei autentisk tekst som er skriven på målføre, der poenget med teksta er å formidle eit innhald og ikkje berre gi prøve på målføret. Typiske døme på dette er Ivar Kleivens bygdebøker på gudbrandsdalsmål, folkevisetekster på telemarksmål, og replikkane i Duuns romansyklus *Juvikfolke*. Sitat frå slike kjelder står ordrett som i kjelda, med dei atterhalda vi har nemnt ovanfor. Døme:

full-låta v seia nok godt om; rosa nok : **ivi Bull kunn 'en inkje fulllåte* (Be.Bygded. XII,15)

fullmakt f ... **2**) makt, mynde, løyve overdrege(n) til ein person frå ein annan til å handla i hans namn så at det beinveges er bindande ... / *Jon Fjerdrum ... har gjort tenest ista'n hass Simen ette fullmakt* (Kl.ØVG 200) / ... **3**) fråsegn, brev, dokument som gjev fullmakt (2) ... / *då sende Gunnstein son sin og inkje gav han fullmagt – «fysst' eg sender son'e min e de godt nog», tenkte han* (GOS II,152) /

Den andre typen er meir problematisk. Det gjeld sitat frå innsende målføresetlar, eller frå trykte målføreprøver. Der er poenget å beskrive målføret som språkleg fenomen, mens ordboka i desse tilfella altså er ute etter å illustrere språkbruk, prinsipielt uavhengig av kva slags målføre det gjeld. I slike tilfelle normaliserer ordboka språket i sitatet etter dei normene som gjeld for den redaksjonelle teksta i ordboka. Nokre gonger har vi lagt formvalet opp til

målføreformene i sitatet sjølv om det blir avvik frå rettskrivingsnorma i ordboka, eller vi har nytta rein målføreform (i enkle hermeteikn) i visse ord som er svært typiske for målføret, helst da oppslagsordet.

Vi gir nokre døme på dette. Da siterer vi frå ordboka først, og refererer så den versjonen vi har fått inn, enten på den innsende setelen eller den aktuelle trykte kjelda. Først fire døme på full normalisering:

Vi finne el firne ... / *han går både fjell og finne* (ShIV) /

(Opphavleg versjon: *han går bå fjeddl og fiddna*)

hard-nuven adj ... / *han er hardnuven med vêret* (ShIV; SfjR) /

(Opphavlege versjonar i dei to kjeldene V(idsteen) og R(oss): *hann æ harnuven mæ veere* (V) – *han er harnuin mæ veira* (R))

hard-reidd adj ... **1** (om visse matvarer) hard som fylgje av tillaginga (VågÅR):
hardreidd kvann

(Opphavleg versjon: *harreidd kvænn*)

i-fall n ... **1** det å falla i snø el gjennom snøskorpe, is ...: *denne hesten får ikkje noko kaldleg ifall!* (Set R)

(Opphavleg versjon: *denni hestn fær kji noko kallegt ifadd!*)

Døme på normalisering med ei avvikande form som låg nærare målføreforma:

lyging el ljuging f ... / *eg ville ikkje høyra på denne ljuginga lenger* (NLand)

(Opphavleg versjon: *je ville itte høre på denne juginga lenger*)

Ljuging og *lyging* var jamstilt i 1938-rettskrivinga, men Norsk Ordbok hadde valt *lyging* som redaksjonell form.

Døme på unormalisert målføreinnslag i normalisert tekst:

Vi finne el firne ... / *kyrne går i fjell og 'fødne'* (Lista) /

(Opphavleg versjon: *kjydnan gjeng i fjell å fødne*)

2.4.5.2.4 Sitat med endra syntaks

Av plassomsyn eller andre omsyn har ein ofte måtta manipulere med sitat og endre syntaksen i det, til dømes ved å gi det form av ei hovudsetning. Regelen har vore at det som står i kursiv, alltid skal vere autentisk, ordrett frå kjelda, men manipuleringa kan da ha bestått i forkorting – ein bit av sitatet er da erstatta med to eller tre prikkar (to i dei eldste banda, tre i dei nyare)

– eller i utviding – da er det sett inn ein parentes med eit innskot i rett skrift. Endringane er altså alltid tydeleg markert typografisk. (Openberre trykkfeil i kjelda har rett nok ofte blitt retta diskret og utan å markere det.) Nokre gonger har ein òg måtta gjere større endringar; da skreiv ein «jfr» framfor sitatet eller framfor kjelda for å markere at det ikkje er ordrett, men likevel tatt frå den nemnde kjelda. Vi gir nokre døme på desse teknikkane, slik at sitatet slik det står i ordboka kjem først, det autentiske sitatet i kjelda etterpå:

hotell n ... : *mange ... har spått at dei flytande hotella ikkje har noka framtid lenger i bilismens tid* (DT 1962)

(Opphavleg versjon: *Det er mange som har spått at dei flytande hotella ikkje har noka framtid lenger i bilismens tid.*)

skrifte-mål n ... / *den som gjekk til skriftemål (vart) merkt med ein oskekross i panna* (Firda 2001)

(Opphavleg versjon: *Etter gammal tradisjon vart den som gjekk til skriftemål merkt med ein oskekross i panna.*)

side-skot n ... 2 sidegrein: *firkanta nashorn ... (var) eit sideskot av den sjeldne ætta* (NynVek 1936)

(Opphavleg versjon: *Firkanta nashorn som for mange millionar år sidan levde i Egypt, eit sideskot av den sjeldne ætta, som vitskapen ikkje veit meir um enn dyret sjølv på si tid*)

hose-leista adj ... på hoseleisten: *han ... må røma hoseleista* (Hovd.O 197)

(Opphavleg versjon: *Han høyrer, at der er folk i stovedøri, og må røma hoseleista.*)

II **hosta** v ... / (du) *dreg ... fram dei formildande omstende du er i stand til å hosta opp* (Strilen 1985)

(Opphavleg versjon: *Du reinvaskar deg etter beste evne, og om du ikkje maktar det, dreg du i alle høve fram dei formildande omstende du er i stand til å hosta opp.*)

2.4.5.2.5 Sitat med forklarande innskot

Innskotne parentesar med rett skrift kan òg nyttast til å sette inn korte forklaringsar av dunkle punkt i sitatet. Det kan gjelde fleire typar uklarheiter:

- enkeltord redaktøren trur brukaren vanskeleg kan forstå, som *medikjene* i sitatet: *médikjene rakna og gav etter* i artikkelen **rakna**
- eit pronomen som det er uklart kva refererer til, som i sitatet: *et ho gras, blir det ruskut ver* i artikkelen **ruskut**: kva eller kven er *ho*?

- noko som er underforstått i sitatet og som redaktøren reknar som nødvendig for å forstå kva sitatet går ut på, som i sitatet: *eg rauk tak kring halefjørene* i artikkelen **ryka**, tyding **8**: kven sine halefjører?

Vi siterer frå dei aktuelle stadene i ordboka for å vise kva slags løysing redaktørane har valt:

rakna v ... / *médikjene* (middykane, berestokkane) *rakna og gav etter* (Hyldb.BB 49)

ruskut adj ... / *et ho* (katta) *gras, blir det ruskut ver* (Håloygm 1935,388)

ll **ryka** v ... **8** tr i bruk. **a** (snøgt) gripa ((etter) noko); triva ... / *eg rauk tak kring halefjørene* (på hanen) (I.E.Joh.T 166)

2.4.5.2.6 Forklaring til sitat

Når heile sitatet treng forklaring, blir den føydd til rett etter sitatet i rett skrift. Vi har to typar av slike forklaringar til sitat:

- 1 Den eine typen er forklaringar som står i kjelda og blir tatt inn meir eller mindre ordrett derifrå, men da normalisert etter Norsk Ordboks redaksjonelle rettskriving for å skilje ho ut frå sjølve sitatet. Forklaringar hos Aasen og andre av dei aller eldste ordbøkene står på (norsk-)dansk; dei er i NO omsett til nynorsk (sjå det første dømet nedanfor, frå artikkelen **daude**, der dei to sitata *fretta ein daude* og *få ein fager daude* har fått forklaringa si direkte frå Aasens *Norsk Ordbog* (A²), der sitata òg er tatt frå).
- 2 Den andre typen er forklaringar som redaktøren har laga under arbeidet med ordartikkelen, det kallar vi redaksjonell forklaring. Vi siterer her to redaksjonelle forklaringar frå artiklane **føreheng** og **førehud**:

daude el **død** m ... / *fretta ein daude* høyra gjeti eit dødsfall (A²) / ...: *få ein fager daude* (A²) ein mild og roleg utgang frå livet

(Opphavleg versjon: *Fretta ein Daude*: høre Tidende om et Dødsfald. *Faa ein fager Daude*: en mild og rolig Død)

føre-heng n ... forheng ...: (då) *fell fyrehenget* (Fedrah 1878) sceneteppet ... / bil.: *ein hadde fenge fyrehenget for komande dagar drege bitte lite grand til-sides* (BergN 37) fått ein glytt inn i framtida

føre-hud f forhud ...: *menner, som hava fyrehud* (Ap1889 11,3; Bib 1938: *folk som ikkje er umskorne*) folk som ikkje høyrer til jødefolket (religiøst sett).

I det siste dømet ser vi at sitat frå tidlege nynorske bibelomsettingar kan få tillagt ei meir aktuell omsetting som ein ekstrainformasjon. Dette var vanleg i dei første banda i ordboka, men seinare gjekk redaksjonen bort frå det av plassomsyn.

2.4.5.2.7 Ordtak og ordlag

Ordtak og meir eller mindre faste ordlag og vendingar er ein viktig del av den nynorske språkarven Norsk Ordbok skal formidle. Dei er ofte problematiske fordi det er eit skjønsspørsmål kva slags oppslagsord dei skal plasserast under, og fordi dei i stor grad er biletlege slik at det ikkje er så opplagt for brukaren kva dei uttrykker. Det har – ikkje minst av plassomsyn – vore ein regel for redaksjonen å unngå å bruke same ordtaket fleire gonger, men denne regelen har vore vanskeleg å praktisere og er nok ikkje konsekvent gjennomført. Problemet er ikkje minst det at ordtak og ordlag ofte finst i ulike variantformer i ulike kjelder. Uansett er det slik at ordtak på dialekt blir normalisert til Norsk Ordboks redaksjonelle nynorskrettskriving. Somme ordtakssamlingar, ikkje minst A.Ordspr, altså Ivar Aasens klassiske og svært sentrale samling av *Norske Ordsprog*, blir betrakta som litterær tekst og sitert med dei formene Aasen sjølv brukte i den opphavlege utgåva frå 1881.

Vi gir ein del døme på ordtak med forklaringar i det følgjande. Alle ordtak som blir sitert i ordboka, får bruksmarkeringa (eigentleg sjangermarkeringa) «ordt». Men kjem det fleire ordtak etter kvarandre, får til vanleg berre det første i rekka denne markeringa.

|| **leggja** v ... **C** ... **42 leggja til** ... 7 føya til (ord, ytring) ... / ordt: *eitt sagt og ti til lagt* (NFL117Senja 103) noko lite blir stort i folkesnakket

rekka v ... **B** ... **9 rekka til** ... 5 vera god nok til føremålet ... / ordt: *du lyt laga foten så fellen kan rekka til* (VAgd16-) innretta deg etter tilhøva

fanden (fan) m ... / *den som tek fan på ryggen (nakken), lyt bera han fram (heim)* har ein teki på seg noko (tungt, leitt), lyt ein fullføra det

rekka v ... / ordt: *ein skal ikkje hoppa høgare (el lenger) enn staven rekk (...)* freista meir enn det som er mogeleg

nakke m ... / ordt: *den som gjerer seg til saud, fær ulven på nakken* (A.Ordspr 125) den som syner seg veik, blir utsett for åtak

|| **segl** n .../ ordt: *det høver ikkje same segl åt alle båtar* (A.Ordspr 126) ein lyt bruka ulike middel til ulike føremål

trenga v .../ *det kann koma den dag, då kui treng rova si* (A.Ordspr 76) ein kan ein gong få bruk for det som tykkjest unyttig no

spørja v ... **6 ... a spørja etter**... 6 bry seg om; ta omsyn til: ... / ordt: *døden spør ikkje stort etter alderen* (Alm.Ordt 21) ein kan døy jamvel om ein ikkje er gamal

fugl m ... / i vend *ein fugl i handa er betre enn ti på taket* (el *i skogen*) (jfr A.Ordspr 37; StjørOrdt 23) det sikre ein har, er betre enn ei usikker von om noko meir

Ordtak som ikkje er biletlege, står ofte utan forklaring. Døme:

naken adj ... / ordt: *ille kledd er alltid betre enn naken* (Alm.Ordt 195)

teiande adj ... / ordt: *d'er vandt å vite kva den teiande tenkjer* (Alm.Ordt 64)

maktes- el **makt-lauss** adj ... / ordt: *det er gali å vera maktlauss, men det er like gali å vera modlauss* (Sparbu)

I **klaga** v ... / ordt: *ein skal ikkje klaga ufengene skade* (Mjaatv.HI 22)

Det er sjølvstøtt også eit skjønsspørsmål kva som er sjølvforklarande, og her hadde det nok høvd med ei forklaring på «*klaga ufengene skade*» ('klage på skade ein ikkje har lidd').

Det kan ofte vere vanskeleg å avgjere kva som er «ordtak» og kva som er «faste ordlag», «vendingar», «uttrykk» osv.; sjå t.d. under **fugl** ovanfor. Vi kjem tilbake til det under omtalen av underoppslag nedanfor, men gir her eit par døme på setningar som i ordboka blir kalla «faste vend» og «ordlag». I og med at det er heile setningar, er dei tatt inn i ordboksartiklane som sitat, ikkje som underoppslag. Vi gjer merksam på at Ivar Aasen, som nok har hatt same problemet, deler inn *Norske Ordsprog* (2. utgåve, 1881, som vi refererer til i Norsk Ordbok) i to delar: «Ordsprog (Ordtak, Ordtoke)» og «Mundheld eller ordsproglige Talemaader (Vedstev)». Dømet etter Aasen som følgjer nedanfor, står i den andre delen.

I **fisk** m ... // vanl i ei rekkje med faste vend ... / *det var agnet, som drog fisken det var dei gode lokkemidla som gjorde verknaden* (A.Ordspr 193)

spørsmål n ... // i ordlag: *det e' 'kje no trugsmaal, det e' berre eit spørsmål, men vi' du 'kje, så ske du* (LLåg 1982,90)

I det siste dømet er det opplyst i kjelda, den lokalhistoriske årboka *Langs Lågen* (frå Numedal), at det dreiar seg om eit ordlag og ikkje berre ein enkeltstående replikk.

2.4.6 Underoppslaget

2.4.6.1 Generelt

Underoppslaget er eit «oppslag» inne i ein ordartikkel, og det blir brukt til å beskrive ordsamband som fungerer som faste einingar med ei særskild tyding som ein ikkje kan resonnerer seg fram til ut frå dei einskildorda som inngår i ordsambandet. Desse ordsambanda treng altså eigne definisjonar eller forklaringar i tillegg til dei som står under einskildorda, og får gjerne også tilføydd eigne bruksdøme. Ein kan kalle dei «mini-ordartiklar», men dei er ikkje ordna alfabetisk og kan slik sett ikkje slåast opp særskilt i papirordboka (derimot i den elektroniske ordboka, der dei kan slåast opp på line med vanlege oppslagsord). Dei står under eitt av orda som inngår i ordsambandet, ofte innanfor ein tydingsbolk som redaktøren meiner at dei høyrer heime i reint tydingsmessig. Underoppslaget har følgjande gjennomgåande kjenneteikn:

Oppslaget står i halvfeit og består alltid av fleire ord. Det følgjer ei forklaring (ein kan òg kalle det definisjon) på ordsambandet, og eventuelt eitt eller fleire bruksdøme, som alltid er sitat med kjelde. Slik sett liknar underoppslaget på ein separat ordartikkel. Underoppslaget kan som vanlege oppslag dekke over fleire tydingar, som blir ordna i ulike bolkar innleidd av tydingsnummer, men ein skilnad i forhold til dei ordinære ordartiklane er at tydingsnummera i underoppslag alltid står i vanleg skrift, altså ikkje i halvfeit. Det er for at brukaren skal skilje mellom dei overordna tydingsnummera i halvfeit og det lågare nivået av tydingsdifferensiering i underoppslaga. Underoppslaget har ikkje tydingsbokstavar og heller ikkje dobbel skråstrek, så tydingsdifferensieringa kan her berre gjerast på eitt nivå.

Underoppslaget var ikkje ein regelfast del av ordboksstrukturen frå starten, sjølv om ein kan finne døme på det også i dei tidlege banda. Det er først frå band 5 og særleg 6 av at denne behandlingsmåten vart ein del av det faste systemet i Norsk Ordbok. Da redaksjonen måtte lære seg å handtere underoppslaga, var det vanskelegaste punktet å avgrense det mot kategorien redaksjonelle døme. Her har vi eit område der skjøn spelar ei stor rolle, og dermed må vi seie at vi ikkje kan snakke om konsekvent gjennomførte kriterium for bruk av underoppslag vs. redaksjonelle døme. For brukaren spelar det neppe så stor rolle; fordelene med underoppslaga er at dei er lette å få auge på i lengre ordartiklar mens redaksjonelle døme treng tidkrevjande leiting i brødteksta. Dei ordsambanda i dei første fem banda som etter det nye systemet skulle ha fått underoppslag, står i praksis som redaksjonelle døme.

Vi kan dele underoppslaga opp i to hovudkategoriar: Verbfrasar med partikkel, og faste uttrykk eller idiom.

2.4.6.2 Verbfrasar med partikkel

Når kategorien underoppslag sporadisk blir brukt i dei fire første banda av Norsk Ordbok (frå band 2, bokstaven F og frametter), handlar det om verbfrasar med partikkel. Desse frasane blir da samla bakarst i den artikkelen som handlar om sjølv verbet, og som kunne bli svært omfangsrik og gå over fleire heile sider i ordboka. Praksisen var litt nølande og usikker først, men etter kvart vart det fastlagt ein viss prosedyre: Heile rekka av frasar fekk eit særskilt tydingsnummer, og kvar enkelt frase, alfabetisk ordna etter partikkel, fekk ein tydingsbokstav – eller (ved særskilt omfangsrike rekker) slik at rekkene vart sett inn under ein stor bokstav (helst **B** eller **C**), mens dei enkelte frasane fekk separate tydingsnummer (som i dømet nedanfor). Denne behandlingsmåten vart ganske regelfast frå band 5-6 av og ut heile verket. Vi ser her på verbet *slå* som eit eksempel.

Ordartikkelen IV **slå** dekker femten og ei halv spalte i ordboka. Han er, etter den prosedyren som hadde festna seg, delt i tre hovuddelar: **A**: verbet brukt sjølvstendig (22 tydingsnummer), del **B**: reflexivuttrykk med **slå seg** (4 tydingsnummer), og **C**: frasar med **slå** + partikkel. Tydingsnummer **B4** inneheld ei rekke underoppslag, sytten til saman, som er sett opp med tydingsbokstavar slik:

a slå seg atti

b slå seg av

c slå seg fram

og så vidare fram til:

q slå seg ut

Del **C** av **slå** inneheld 38 tydingsnummer med kvar sitt underoppslag. Rekka startar slik:

1 slå an

2 slå att

3 slå atti

4 slå av

5 slå av seg

osv. – fram til dei fem siste, som ser slik ut:

34 slå under seg

35 slå ut

36 slå uti

37 slå utom

38 slå utor

Som døme på eitt av desse underoppslaga siterer vi her **C 1 slå an**:

1 slå an 1 mus., laga, spela fyrste tone el tonar på (streng)einstrument: *eg ... slo an eit par akkordar* (A.Rakn.NBS 118) / *slå an tonen*; sjå *tone*. 2 hamra lette slag med smiehamar for å markera staden der ein oppslagar skal slå (i tyd A2a) (Nesna). 3 (oftast fylgt av prep *med* el *på*) prøva bli kjærast (med nokon); flørta (1) (heller vanl); (øg:) visa at ein er kjærastar (Øyer): *i natt skal vi slå an med fyrkjom* (Up.DS 57) / *eigntleg hadde han jo ikkje tenkt å slå an på Den askeblonde* (R.SagenMG 76) / *dei har vori ute og slegi an gått arm i arm* (Øyer). 4 bli omtykt; fengja (I,1b): *tanken slo an og vart livleg diskutert* (L.S.VikørS 165) / *revyen slo an i år òg* (VTB 2020). 5 (om vaksine el l) gje utslag (i huda) (Nøtterøy, Nesna).

Vi siterer eit anna døme under eit anna verb: **I spela 9 h spela på**:

h spela på 1 utnytta (noko(n)) for eiga vinnings skuld el for å oppnå eit ynskt resultat: *ingenting var lettare for dei enn å spela på redsla for at ei ny «Endløsning» truga jødane* (SS 1967,364) / *«Supermann III» spelar ikkje på effektar i same grad som dei to andre supermann-filmane* (GulaT 1984) / *det er desse kjenslestrengene han spelar på gjennom heile stykket* (Vandv.FEM 81). **2** halda fram: *dei får berre spela på* sagt når ein ikkje har stor tru på noko som andre driv med (FlåRei.). **3** røyna (2) på, leita (4) på (Ryf, Gloppen).

2.4.6.3 Idiom

Med «idiom» meiner vi eit (meir eller mindre) fast ordsamband som har ei tyding som ein ikkje kan avleie av dei einskilte orda i ordlaget. Slike ordlag må forklarast særskilt i ordboka, og det skjer ofte i underoppslag, gjerne innleidd med formelen «i samb» (dvs. «i ordsambandet») eller «i vend» («i vendinga»). «Vending» blir da oppfatta som eit fastare og meir etablert uttrykk enn «ordsamband». I praksis har det vore vanskeleg å halde oppe eit klart skilje mellom desse omgrepa. Grenselina mellom idiom og sjølvforklarande ordsamband er i det heile flytande, blant anna fordi slike samband

ofte har ei opphavleg (men kanskje no mindre brukt) bokstaveleg tyding i tillegg til ei nyare (men kanskje vanlegare) idiomatisk (biletleg eller overført). I slike tilfelle har ein ofte laga underoppslag og forklart begge tydingane der.

Vi gir nokre døme på slike underoppslag her:

nakke m ... // **bøya nakken** 1 senka hovudet. 2 syna vyrndad (t d i bøn) (Ves.HH 120). 3 syna seg underlegen; syna avmakt: *aldri bøygde ho nakken sin under tvingsla* (Ga. II,190). 4 få (nokon) til å gje seg, bli audmjuk: *bøya nakken på (nokon)* (jfr Setr.DSM 187)

IV stå v ... // **kvar ein gjekk og stod** overalt: *han tok med seg Dyveke kvar han gjekk og stod* (E.HoemKFF 66) / *fransmannen fylgde henne med augo kor ho gjekk og stod* (BakkanMA 37).

stykke n ... **14 ... c når det kjem til stykket** (òg i ft; òg med anna innleiarord, serl *då*; stundom med subj *alt*) når det blir alvor, verkeleg gjeld; når det endeleg skjer, ein kjem fram til saka; når ein ser nøgnare etter; når det ber til stykket, alt kjem til alt: *da det kom til stykket, sette fleirtalet i NKP seg imot dette* (FurreNHI 371) / *ein tilstand ho når det kjem til stykket ikkje får gjort noko med* (DT 2000) / *han var ein av oss om det kom til stykket* (ØklandG 148).

IV stå v ... // **så det står etter** (òg med ft *stod*) svært snøgt el (òg) med høg intensitet; (òg:) i høg grad; mykje (III,4): *ja, eg lyg. Eg lyg så det står etter* (Viger. GKNR 149) / *so kappkørde dei kring dammen so det berre stod etter* (Bjørn.D IX,141) / *innbyggjarane der tener pengar så det står etter* (Hallingd 2005).

nål f ... // **naken som nåla** 1 dårleg kledd (NøtterøyP. 161). 2 fattig, ribba for alt (YSandsvær, Stjørdal; A.Ordspr 217): *gjekk det gale, vart eg naken som nåli* (SS 1897,265)

naken adj ... // **kle seg naken** 1 ta av alle kleda. 2 gjera synleg, sårbar; syna fram veike punkt (Heggl.BHBS 189; JonssonN 10): *ein (skodespelar) måtte tola å kle seg naken* (E.HoemTKD 36).

I stropp m ... // **hanga i stroppen** 1 (om passasjer i buss el bane) stø seg ved å halda i hengjestropp frå taket. 2 ha mykje å gjera; (vera nøydd til å) arbeida hardt: *ordførarar skal henge i stroppen og stå på døgnnet rundt* (Nationen 2007).

stol (ó) m ... // **opp av stolen** 1 med konkret retning: *Ivar for opp av stolen i det same* (Ves.K² 85). 2 bil., ut av passivitet og over i aktivitet: (dei) *ventar på at folk med ansvar kjem seg opp av stolen og får bilferjene på Steinestø ut av opplag* (BT 1994)

II **list** f ... **b** list (i tyd 1a) på stativ i høgdehopp: *lista låg på 1,45 // i vend leggja lista høgt* overf, (òg med adj *lågt* el (òg) grads-adv) 1 setja seg høge (el låge) mål (Dagningen 1992): (kommunen) *bør legge lista like høgt som den nasjonale planen* (Valdres 2004). 2 stella høge (el låge) krav: *Høgsterett legg lista lågt for å dømma til forvaring* (Jærbl 2005).

is-fjell n svært stykke av losna bre-is som driv i havet (der berre 1/10 er over vatnet) ... // i samb **toppen av isfjellet** overf, det vesle som er synleg, som er kjent (av noko langt større som (framleis) er ukjent) (DT 1980): *det vesle eg hadde røpa om ulovleg norsk etterretningsverksemd var å likne med toppen av eit isfjell* (SS 1990,107).

2.4.6.4 Ordsamband med avbleikt tyding og grammatisk, særleg adverbial funksjon

Slike ordsamband, som språket er svært rikt på, blir i Norsk Ordbok (band 5 og utover) ofte behandla som underoppslag, men også ofte som redaksjonelle døme, utan at ein alltid kan grunngi valet av framstillingsform. Ordsambanda kan vere av mange ulike slag reint grammatisk. Ein del av dei kan ligge på grensa til å fungere som grammatiske funksjonsord, t.d. *så snart*:

VIII **snar** adj ... // **så snart** med det same; straks (etter): *so snart skulen var slutt ... hasta ho ut* (Ga. II,88).

III **stor** (ó) adj ... // i samb **stor på det** nøyen med kven ein har omgang med; kræsen, hoven, overlegen; fin på det: *er du for stor på di tel å tala ved gamle kjinte a, Hjalmar?* (Prøys.TT 56) / *at Susanna skulle bli så stor på det, kunne mora ikkje tilgje henne* (Gullv.B 246)

Mange av desse ordsambanda er preposisjonsfrasar, og vi gir nokre døme på slike her. Dei er vanlegvis plassert under hovudordet i frasen, som er styringa til preposisjonen.

I **spiss** m ... **3** fremste delen av noko (t d flokk, gruppe, opptog); fremste rekkje; front (I,1) ... // i samb **i spissen for** i brodden for, aller fremst: *stilla, setja seg i spissen for noko / så sette han seg i spissen for ei forandring* (ØklandGA 114)

II **stand** m, n ... **2** orden, skipnad (I,2a), skikk (1a); forfatning, tilstand ... // i samb **i stand til** (med v som *bli, vera, verta*) makta, greia; vera truande til: *verta i stand til å arbeida, gå, symja / eg er ikkje i stand til det / ho var ikkje i stand til å skamme seg* (Du.Sam 49) / *bli i stand til å fylle nye funksjonar* (L.S.VikørS 22)

storleik m ... // i samb i **full storleik** i samsvar med verkeleg utstrekning el format: *ein bronseskulptur av ei telemarksku i full storleik* (DT 2006) / *uttesting av teknologiar i full storleik er svært kapitalintensiv og risikabel* (Otprp 107,2008-09)

I **slutt** m ... // **til siste slutt** heilt til endes: *nerve og spenning til siste slutt* (Vike-bl 2010) / *me har vore med og kjempa om opprykk heilt til siste slutt* (SoA 2010) / *sidan passa han berre på å halde kjølsपोर्टet snor-rett til siste slutt* (Ves.F 132) / *te siste slutt va han Pål go-te få fellt hjorten* (Kl.LS 103)

I **stad** m ... // **til stades** 1 (el sj *stadar*) på staden; nærverande (2): *ein prest burde ikkje vere tilstades der* (NorskT 1963) / *tøre nøken slå i bori mæ' Gusen æ tista'arts?* (Be.VR III,602) / *ingen fremmen var til sters* (Be.NS 49) / *behovet er til stades* (Driva 1984). 2 serleg, sers (Austf R, Follo R, Rom R): *han vil gjerne drikka, til stades når han er i byvegen* (R).

turking el **tørking** f [A] det å turka (i ymse tyd): *den eldste form vi kjenner for konservering av fisk, var tørking* (Krekl.FiskNTrI 59) // i samb **til turkings** til turk (I,1) (Valle, Hylestad, Forsand, Suldal, Hard, Hemne, Hitra, Sparbu, Snåsa, Gimsøy): *tørva* (vart) *trilla utover og lagt til tørkings* (GITidHitra 28)

skuffe f ... // i samb **av verste skuffe** av verste sort; heilt elendig: *faren var en storsuper av verste skuffe* (Aln.KBD 174) / *stortingsregjereri av verste skuffe* (Firda 2001)

skuld el **skyld** f ... 3 i ymse samb med prep *for*, ofte med genitivsmarkering ... // **for mi skuld** (øg med andre eigedomspronomen el substantiv i genitiv) til beste for (den det gjeld): *var det for mi skuld du ikkje blei misjonær?* (HaugeKG 132) / *eit heilt år hadde han drive og loge for hennar skuld* (T.H.HaugeDLV 88) / *etter vel ei veke i Vevey reiste dei tre til Paris, mest for Torleivs skuld* (O.Ves. VL 195) / *for mi skuld, må de aldri sleppe han fri meir* (Up.DS 227) for min del, viss det var opp til meg

2.4.7 Samansetningsdøme

Sist i ein tydingsbolk er det gjerne tatt inn ei kort liste over døme på samansetningar med oppslagsordet. Desse listene er av to slag: Dei kan gjelde ord der oppslagsordet er føreledd, og ord der oppslagsordet er *etterledd*. Det siste er vanlegast, fordi desse samansetningane som eigne oppslagsord må søkast heilt andre stader i ordboksverket.

Samansetningar der oppslagsordet er *føreledd*, kan få to andre plasseringar i ordboka:

- enten som *eigen ordartikkel på alfabetisk plass*, så brukaren berre treng bla eit par eller nokre få sider for å finne det,
- eller samansetninga kan nemnast i føreleddsartikkelen, som tar utgangspunkt i oppslagsordet og følgjer rett etter grunnordsartikkelen.

Ei samansetning skal aldri stå på meir enn éin av desse tre moglege plassane.

Ei samansetningsliste der oppslagsordet er føreledd, blir innleidd med «hertil», som skal tolkast som: «til dette oppslagsordet kan vi lage desse samansetningane» (eller «denne samansetninga», for det kan godt følgje berre eitt døme). Denne måten bruker vi når det er forholdsvis få slike samansetningar; er det mange, høver det betre å opprette ein eigen føreleddsartikkel (sjå 2.5 nedanfor). Funksjonen til denne «hertil»-lista blir da å demonstrere at samansetningar finst, og vise måten det blir gjort på, samtidig som ein altså viser at det ikkje er særleg vanleg å lage samansetningar med dette ordet. Døme:

sponsor m ...; hertil t d *sponsor-avtale, -kontrakt*.

Samansetningsdøme der oppslagsordet er etterledd, blir innleidd med «òg i sms som» («òg i samansetningar som»). Denne typen lister, som også skal vere korte, er ganske vanlege i ordboka, av den grunnen vi alt har antyda: Det finst ingen annan stad der ein kan samle samansetningar med same etterledd i ei alfabetisk rekke, sidan dei sjølvstøtt blir alfabetisert etter føreleddet. Rett nok kunne ein ha laga etterleddsartiklar basert på vanlege ord som etterledd, men det har ordboka avstått frå fordi det ville skape store plassproblem om ho skulle gjennomføre det. Dei etterleddsartiklane som finst, begrensar seg til avleiingssuffiks som ikkje kan stå som eigne ord, sjå under 2.6 nedanfor. Dei samansetningane som etter vanlege redaksjonelle kriterium får eigne ordartiklar, får all nødvendig informasjon i desse artiklane.

Samansetningsrekker der oppslagsordet er etterledd, kan gi relevant informasjon også på tydingsplanet, ved at dei viser kva tydingar som gir grunnlag for kva slags samansetningar. Vi gir eit døme her:

stat m ... **1 a** land (1,6a) ... ; òg i sms som *fastlands-, militær-, nasjonal-stat*. **b** land (1,6b) med status som delstat i ein forbundsstat ... ; òg i sms som *del-stat*. **2** mest i bf sg. (samnemning for) dei organa som styrer og organiserer eit land (1,6a): ... ; òg i sms som *formyndar-, omsorgs-, velferds-stat*.

I dei tidlegaste banda kan samansetningsdøme under grunnordet ha både definisjon og kjeldefesting, men frå band 5 eller 6 av har redaksjonen gått bort frå det og nøgd seg med å gi slike opplysningar i separate ordartiklar for dei samansetningane som fyller krava til å bli egne oppslag.

2.5 Føreleddsartikkelen

2.5.1 Generelt

Føreleddsartiklar kan ha to slags oppslagsord: *avleiingsprefiks*, og *føreledd i samansette ord* + eventuell *samansetningsfuge*. Vi tar med nokre døme med grammatisk merking:

ge- pref

giga- pref

igjen- i sms til *igjen*

ihel- i sms til *II hel 2*

ikkje- i sms med subst el adj for å uttrykkja fråvær av el motsetning til det etterleddet nemner

imperie- i sms til *imperium*

institusjons- i sms

Den grammatiske merkinga er altså «pref» for avleiingsprefiksa og «i sms», som oftast med ei spesifisering av kva ord samansetninga står til, for den andre og langt største gruppa. I det siste døme, *institusjons-* ser vi at det er med eit ekstra ledd i «skøyten» mellom ledda, ein *-s-*; det er det vi kallar *samansetningsfuge*.

Det sentrale kriteriet for skiljet mellom desse to gruppene er at avleiingsprefiksa ikkje finst som eigne ord (det finst ingen enkeltord «ge» eller «giga»), mens den andre typen føreledd gjer det («igjen» og «ikkje» er vanleg brukte enkeltord). Vi ser dette i rekka ovanfor, men vi ser også at det finst særtilfelle: Leddet *ihel-*, til dømes, baserer seg ikkje eigentleg på ordet *hel*, men på frasen *i hel*. Slike tilfelle der ein frase utgjer eit føreledd i ei samansetning, er relativt sjeldsynte. Vanlegare er det at føreledd med fleire tydingar kan stå som eigne ord i somme tydingar, men berre som føreledd i andre. Eit døme på dette er *kjempe-*. Det finst som ord i tydinga 'svært stor (og sterk) person', men berre som prefiks i ein allment forsterkande funksjon. Vi kan ha ordet *kjempeætt* 'ætt av kjemper', men òg *kjempebylgje* 'svært stor bølge' og *kjempebløff* 'svært stor bløff'. I dei to siste orda, særleg det siste, vil det vere rett å kalle *kjempe-* eit prefiks og det samansette ordet ei avleiing. I Norsk Ordbok har vi likevel valt å slå saman desse tydingane, i og med at det er ein klar samanheng mellom dei, og lage éin føreleddsartikkel med den grammatiske merkinga «i sms». Tydingskilnadene kjem så fram nede i artikkelen.

Eit anna problem er eit fenomen som er blitt svært vanleg i det moderne språket, nemleg at (særleg innlånte) prefiks har fått status som separate ord. Prefikset *homo-* er eit døme på det: Det kan ha to tydingar som er så klårt åtskilte at dei er sett opp som to homografar i ordboka:

I **homo-** i sms til *II-III homo*

II **homo-** ... som er einsarta, av same slag.

På *II homo-* burde det ha vore tilføyd «pref»; det er det «*homo-*» som ligg til grunn for *homogen, homograf, homonym*. *I homo-* har eigentleg det same opphavet, gresk *homos* 'eitt, det same', men det har fått den seksuelle særtydinga vi kjenner frå *homofil, homoseksuell, homoerotikk* osv. Sjølve ordet *homo*, som kan vere både substantiv og adjektiv, er eit såkalla «kortord» basert på *homofil* og *homoseksuell*. Dette er ei relativt ny utvikling, og i eit ordboksverk, særleg eitt som har gått over fleire generasjonar, er det å finne ein måte å beskrive utviklingsprosessar på, ofte eit kinkig problem.

Eit anna døme er *retro-*, som òg opphavleg var eit prefiks (*retroaktiv, retrograd, retrospektiv* osv), men som er blitt eit ord i seg sjølv. Her har ordboka valt å behalde prefiksstatusen, så vi får to artiklar, slik:

retro adj ... som har teki opp drag frå tidlegare moteretningar ... // subst m, nostalgisk, gamaldags stil, stemning, mote: *det er mykje retro som kjem inn i trendbiletet no* (Firda 2009)

retro- pref ... tilbake, bakover; såleis t d *retrogradering* og *II retrospektiv*.

Tilsvarende er gjort under t.d. *tekno-* og *tele-*:

tekno m ... elektronisk dansemusikk med rask og sterk rytme

tekno- pref ... som gjeld el byggjer på teknikk el teknologi

IX **tele** subst (kortord for) telekommunikasjon

I **tele-** pref ... **1** som gjeld el skjer over større avstand; t d i *telefon* og *teleobjektiv*. **2** med funksjon som sms, som gjeld telekommunikasjon t d: *tele-bygg, -ekspedisjon, -signal, -stasjon, -teknikar, -teknisk, -trafikk*.

2.5.2 Prefiksartiklar

Vi gir eit døme på ein prefiksartikkel:

ge- pref [*ge-* el (i visse ord t d *gebursdag*, *gevær*) òg *je-*; målf vanl *je-*, men sumst òg *ge-* (i visse ord, sjå t d *gebiss*, *gesell*) el *ji-* (sjå *gevær*); vanl trykklett, målf òg trykk tungt (serl Austl,Trl, til dels òg MøRo), mest med aks. 2, men sumst òg aks. 1 i visse ord (sjå *gebursdag*, *gevalt*); svar. t *g-* i gno t d (*g*)*likr* adj 'lik', (*g*)*nógr* adj 'som er nok, rikeleg'; ty, mlty *ge-*, ghty *ga-*, *gi-*, got *ga-*; kanskje utv av ein g prep med tyd 'saman med' (og eigl sm o s lat *cum* prep, *com-*, *con-* pref); jfr NielsenDEO] i lånnord (subst, adj, vb) serl (over da.) frå mlty og ty, t d *geberde*, *gebet*, *gebiss*, *gebrekkeleg*, *gebrokken*, *gebursdag*, *gebyr*, *gedigen*, *gehalt*, *gehør*, *geleida*; jfr *gjelike*, *gjenegen*.

Artikkelen har som vi ser ein omfattande hakeparentes med målførevarianter, men særleg vekt på etymologi. Artikkelkroppen gir ei rekke døme på enkeltord med prefikset. Sidan *ge-* ikkje har noka spesifikk tyding eller funksjon i norsk, kjem ikkje ordboka inn på slike aspekt.

Dei fleste prefiksa vi har, er innlånt frå gresk eller latin, og dei har ei tyding som da også ligg til grunn for dei avleiingane dei er opphavet til i norsk. Vi refererer fire artiklar om slike prefiks:

eks- pref ... **1**) med (grunn)tyd 'av, ut or, frå' i ord av (gr-)lat el rom opph; t d *eksamen*, *eksklusiv*, *ekspedera*, *ekspropriera*. **2**) med tyd 'som har vori, førverrande' (ett mønster av lat *exconsul* o l); i ord som *eks-keisar*, *-konge*, *-meister*, *-minister*, *-soldat*.

endo- pref ... med tyd 'indre-' i (nyl.) fagord.

giga- pref [*gí-*; av gr *gigas*, sjå *gigant*] med tyd 'milliard' (avst. G) i visse måleiningar t d *giga-elektronvolt* (avst GeV), *-watt* (GW).

nevro- el **neuro-** pref [av gr *neuron* 'nerve'] nerve-; t d *nevrofysiologi*, *nevrokirurgi*, *nevrologi* og *nevrose*.

I den første artikkelen, *eks-* ser vi at skiljet mellom prefiksartikkel og annan føreleddsartikkel enno ikkje er skikkeleg etablert; tyding 2 ville seinare i ordboksverket truleg vorte skild ut i ein eigen artikkel, særleg med tanke på at *eks* i tydinga 'ekskjærest' no må reknast som eit separat ord. Dessutan finst det i ordboka ein artikkel *ex*, som styrkar dette resonnementet:

ex prep ... mest bladm. **1**) (som kjem, er komen) frå: *denne Rosenborg-spelaren*, *ex Steinkjer*. **2**) (omdøyp) frå: *Senterpartiet*, *ex Bondepartiet*.

Typiske prefiksartiklar vil innehalde ein etymologi, ei kortfatta tydingsforklaring, og døme på avleiingar med prefikset, derimot ikkje bruksdøme, kjeldefesting osv. – fordi dei høyrer heime i artiklane om enkeltorda.

2.5.3 Andre føreleddsartiklar

Dette er den største gruppa, og omfattar altså føreledd som også er sjølvstendige grunnord. Føreleddsartikkelen følgjer da rett etter grunnordsartikkelen. Ein slik føreleddsartikkel vil typisk vere delt i tre delar, liksom dei vanlege innhaldsartiklane:

Først *oppslagsdelen* med den grammatiske merkinga «i sms», ofte med grunnordet oppgitt, særleg når grunnordet er ein av fleire homograr; er det opplagt kva som er grunnord, kan det ofte vere sløyfa i oppslagsfeltet.

Så kjem *hakeparentesen*, som i desse artiklane berre behandlar målførevariasjon som er typisk for føreleddet. Målførevariantar av grunnordet blir altså ikkje gjentatt i føreleddsartikkelen, dei blir tatt for gitt. Men av og til finn vi variasjon i føreleddsposisjon som ikkje finst i grunnordet; da vil det vere markert. Den viktigaste delen av hakeparentesen er likevel samansetningsfuga, for her kan det òg vere målførevariasjon som ikkje blir gjort greie for nokon annan stad.

Sjølve kroppen til ein føreleddsartikkel vil normalt bestå av ein såkalla «sekk», dvs. ei rekke (av og til kort, men ofte ganske lang) døme på samansetningar med det aktuelle føreleddet. Dette vil vere samansetningar som ikkje får egne artiklar; dei blir rekna opp her som døme på samansetningar som kan lagast med dette føreleddet. Dette blir ofte spesifisert med frasen «omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass», altså 'i tillegg til dei som får ein eigen ordartikkel nedanfor på alfabetisk plass'. Desse «sekkene» demonstrerer at norsk er eit svært samansetningsrikt språk, og at samansetningar i norsk er produktive, dvs. at det er mogleg å lage nye samansetningar av nesten kva som helst, når det oppstår eit behov for nye ord for nye begrep.

Tydingar, kjelder osv. blir vanlegvis ikkje markert i føreleddsartiklar, sjølv om vi finn døme på det i dei tidlegaste banda. Men i ein god del grunnord med ulike tydingar fordeler samansetningane seg på dei ulike tydingane, og ein del føreleddsartiklar tar omsyn til det, ved å skilje frå kvarandre ulike tydingar av grunnordet og grupperer samansetningsdøma i sekken på dei. Også den grammatiske statusen til føreleddet kan vere uklar eller tvitydig; såleis kan eit substantiv og eit verb «høyre saman» slik at det ikkje er så lett å sjå om ei samansetning står til substantivet eller verbet. Da kan ein

markere det i oppslagsfeltet og nøye seg med ein sekk utan nøyare tydings-differensiering, som under *klage*- nedanfor. I andre tilfelle kan ein i føreleddsartikkelen lage særskilde tydingsbolkar med tydingsnummer, sjølv om det som blir utgreidd der, ikkje er tydingane i seg sjølv, men fordelinga av samansetningar på desse tydingane.

Vi gir nokre døme på slike føreleddsartiklar. I det første har grunnordet berre éi tyding, og dermed trengst det inga tydingsspesifisering i sekken:

flatbrød- i sms t d (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass): *flatbrød-bakar*, *-baking*, *-bakster*, *-deig*, *-fabrikk*, *-knode*.

I det neste kan føreleddet knyte seg både til eit verb og eit tilhøyrande substantiv (å *klaga* / *ei(n) klage*) utan noko eigentleg tydingsskilje:

klage- i sms ... til *klaga* og *klage*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass), t d *klage-brev*, *-frist*, *-handsaming*, *-mæle*, *-sak*, *-skjema*, *-skriv*.

I det neste dømet har vi eit tydingsskilje: *hagl 2* står for «nedbør (som berre kan koma når temperaturen i bakken er over frysepunktet, og ofte i samb med torevêr)», mens *hagl 3* er «lita metallkule ... (serl til jakt på småvilt)»:

hagl- i sms ... til *hagl* ... til tyd 2 t d *hagl-drive*, *-floke*, *-fuke*, *-kav*, *-kave*, *-piskande*, *-rid*, *-skadd*, *-snø*, *-storm*; til tyd 3 t d *hagl-nummer*, *-pose*, *-pung*, *-støyper*, *-støyping*.

I det neste dømet står *II press 1* for fysisk press, *II press 2* for mentalt eller samfunnsmessig press:

press- i sms til *II press*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass). **1** til tyd 1, t d: *press-gass*, *-kraft*, *-operasjon*, *-tid*, *-trykk*. **2** til tyd 2, t d: *press-metode*, *-periode*, *-situasjon*.

I ein del tilfelle kan samansetningar gruppere seg på tydingar, bruksmåtar eller bruksområde på slike måtar at det ikkje er så lett å få det fram i grunnordsartikkelen. Da kan det hende at føreleddsartikkelen spesifiserer tydingar på ein måte som elles ikkje er vanleg. Vi viser to døme på det her:

idé- i sms mest til *l idé 2* og *l idé 5*; såleis (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass). **1** om person, verksemd el åndsarbeid som er inspirert el boren av idear: *idé-bok, -dikt, -diktar, -dikting, -drama, -journalist, -kamp, -krig, -politikk, -roman*. **2** om samkome der deltakarar utvekslar og diskuterer (spontane) idear for å løysa el føra vidare ei sak el eit problem: *idé-dugnad, -gruppe, -konferanse, -møte, -verkstad*. **3** i adj, såleis t d *idé-boren*. **4** om mengd av idear som høyrer saman: *idé-bygnad, -kompleks, -krins, -mengd, -sfære, -system*. **5** om person som kjem med idear: *idé-gjevar, -makar, -mann, -skapar*

kommune- i sms til *kommune* i tyd 1 og 2; (omfram dei som fylgjer ndf på alfab plass). **1** som gjeld organisering av kommunar innanfor staten: *kommune-eining, -grense, -inndeling, -lov, -regulering, -samanslåing, -skipnad*. **2** som gjeld funksjon, arbeidsområde ein kommune (2) har: *kommune-administrasjon, -arkiv, -plan, -regulering, -stell*. **3** som gjeld økonomi og drift innanfor kommunen: *kommune-budsjett, -garanti, -kasse, -rekneskap, -skatt, -skuld*. **4** som nemner stilling, ombod i høve til kommunen: *kommune-arbeidar, -ingeniør, -kasserar, -lækjar, -politikar, -revisor*. **5** som nemner noko som finst i kommunen eller som kommunen eig el driv (som del av dei kommunale tenestene): *kommune-båt, -hus, -skog*. **6** som blir oppfatta som typisk for kommunen: *uspanande, nøytral, utydeleg: kommune-grøn, -grå*.

2.6 Etterleddsartikkelen

Det er langt færre etterleddsartiklar enn føreleddsartiklar, fordi vi ikkje lagar egne artiklar på etterledd som i utgangspunktet er grunnord. Vi har t.d. orda *arbeidsneve*, *hardneve* og *knyttneve*, men vi har ikkje nokon særskild artikkel på etterleddet *-neve*. Men i grunnordsartikkelen *I neve 1 b* ('stor, kraftig, sterk hand') står samansetningsrekka: «òg i sms som *arbeids-*, *hard-*, *knytt-neve*». Dette er den måten vi gir døme på slike samansetningar på. I tillegg har kvar enkelt av samansetningane eige oppslag på alfabetisk plass.

Dei separate etterleddsartiklane tar derfor i prinsippet berre for seg avleiingssuffiks. Dei liknar mykje på prefiksartiklane ved å gi opplysningar om eventuell etymologi og formvariasjon i hakeparentesen (mest utførelg i dei tidlege banda) og om tyding og grammatisk funksjon, og så gir dei som oftast døme på avleiingar med det aktuelle suffikset. I motsetning til føreleddsartiklane gir etterleddsartiklane opp ordklasse og eventuelt genus i oppslaget. Det er fordi etterledd vanlegvis innordnar dei avleiingane dei dannar i ei fast ordklasse. Gjeld det substantiv, vil dei også (vanlegvis) ta eitt fast genus. Suffiks kan også homografseparerast. Vi gir nokre døme:

-ikar m [jfr ty *-iker*, etter lat *-icus*] suff brukt til å laga agensord av subst (oftast på *-i*, *-ikk*, *-isme*). 1 utførar av eit handverk, yrke el l som nemnt i fyrste lekken av samansetninga; t d *akademikar*, *botanikar*, *eklektikar*. 2 person som er avhengig av el har evne for det som er nemnt i fyrstelekken; t d *alkoholikar*, *ironikar* og *komikar*.

-semd f [A; norr. *-semd* (el *-semi*); til *-sam*] avl.suff brukt til å laga abstr subst av adj på *-sam* (serl slike som er laga av adj el vb); t d i *einsemd*, *reinsemd*, *tolsemd*, *varsemd* og *verksemd*.

-sle f [norr. *-sla*; til *l -sel* (BeitoNGr 117)] avl.suff brukt til å laga subst av verb for handling el resultat av handling (Pågodtnorsk 180; NoRef 101); t d i *gløymse*, *ll kjensle*, *pinsle*, *rørsle* og *røymsle*.

-sokning (ó) m [A; til *ll sokn*] suff i namn på person som bur i el er frå den staden fyrstelekken nemner; t d *akersokning*, *fetsokning* og *vangsokning*.

Av og til kan det vere tvil om eit etterledd eigentleg har status som eige ord eller ikkje. Som nemnt har vi ingen etterleddsartikkel på *-neve*, men vi har ein på adjektivet *-neva*:

-neva adj med slik neve el slike nevar som fyrstelekken nemner; sjå t d *breineva*, *hardneva* og *treneva*.

Adjektivet *neva* kan aldri vere eit sjølvstendig ord utanom desse samansettingane, og derfor laga vi denne etterleddsartikkelen. Men ein kunne ha bestemt seg for å behandle *neva* som ei grammatisk form av *neve*, som altså er eit sjølvstendig ord. Det gjorde vi altså ikkje, men det viser at det finst grensetilfelle som ein kan vurdere og behandle på ulike måtar.

Mange etterledd gjeld innlånte suffiks som berre blir nytta i importord, særleg frå latin el gresk. Døme:

-sjon m [e skr *-tion* (Vi., Fedrah 1878, Dølen 1869,3,1,3; dels gj fr *-tion*, frå lat *-tio* (gen *-tionis*), dels gj fr *-sion*, frå lat *-sio*, begge opph av lat *-io*] avl.-suff nytta til å laga (abstrakte) subst av visse verb (på *-ere*) som er framandord; t d *attraksjon*, *divisjon*, *frustrasjon*, *kollisjon* og *refleksjon*.

-skop n [frå gr til *skopein* 'granska, sjå'] suff i nemningar for (vitskaplege) instrument til å sjå på og granska noko med; t d *kaleidoskop*, *mikroskop* og *periskop*.

-sofi m [av gr *sophia* 'visdom'] suff nytta til å laga subst som står for ei lære, eit fag, ei åndsretning o l; t d *antroposofi* og *filosofi*.

2.7 Tilvisingsartikkelen

Ein tilvisingsartikkel er ei form for «peikar» frå ei ordform som vik av frå den forma som blir rekna som hovudform i Norsk Ordboks redaksjonsspråk, og til denne hovudforma, der den relevante ordartikkelen står. Tilvisingsartikkelen skal altså hjelpe brukaren til å finne det rette oppslaget. Tilvisingsartikkelen har normalt denne forma:

II **ræpa** v sjå III *ripa*
skjepling f sjå *skipling*

Tilvisingsartikkel blir brukt ved desse typane avvikande former:

- eldre rettskrivingsformer (frå 1917 og tidlegare og avskaffa i 1938) (*ljoda* -> *lyda*)
- yngre rettskrivingsformer (innkomne i 1959 og seinare, men ikkje i 2012 (sidan ordboka da nesten var fullført)) (*jente* -> *gjente*)
- jamstilte rettskrivingsformer frå 1938 som ikkje er redaksjonsformer i NO (*ljøs* -> *lys*)
- målføreformer som er så ulike normalforma at ein ikkje utan vidare ser kva oppslagsform det høyrer til (og som ikkje er så sjeldsynte at knapt nokon kjem i kontakt med forma) (*lávva* -> *lava, leva, lova*)
- uregelrett bøygde former som får tilvising til grunnforma (*gnoll* -> *gnella*). Da blir den grammatiske merkinga presisert: **gnoll** v ft sjå *gnella*

Det er mogleg å lage tilvisingsartiklar som går til fleire oppslag, så sant den grammatiske merkinga er lik:

I **ron** f sjå V *ro* og III *run*.
 III **sena** v sjå II *sina*, III *sina* og *sæna*.

I dei tidlegaste banda kan ein finne tilvisingsartiklar som består av heile rekker med ord:

gyrm m, **gyrma** v, **gyrme** f, **gyrme-** i sms, **gyrmen** adj, **gyrmut** adj sjå *gjørm*, *gjørma*, *gjørme*, *gjørme-* i sms, *gjørmen*, *gjørmut*.

Frå band 5 har ein gått bort frå dette. Den nyare måten er å velje ut eitt eller to av dei mest sentrale orda i rekka og lage ein «eksemplarisk» tilvisingsartikkel på det. I denne rekka ville det truleg blitt slik: «**gyrme** f sjå *gjørme*». Og så ville resten reknast som underforstått.

Ein spesiell type tilvisingsartiklar gjeld forkortingar og symbol, der det blir vist til det fullskrivne ordet forkortinga eller symbolet står til. Dei kan ha ei litt anna form enn dei vanlege tilvisingsartiklane:

W symbol for *watt*

ca. prep avst for *cirka*.

2.8 Kjeldefesting og heimfesting

2.8.1 Kjeldefesting

2.8.1.1 Innleiing

Å *kjeldefeste* ei opplysning eller sitat vil seie å gi opp kor opplysninga er henta frå, slik at brukaren ideelt sett skal kunne finne fram til opplysninga i kjelda og såleis kontrollere ordboka.

I prinsippet skal alle opplysningar i ordboka kjeldefestast, men i praksis er det ikkje mogleg å realisere eit så strengt ideal fullt ut. Ordboksredaksjonen har prøvd å nærme seg idealet ved å kjeldefeste alt som er tatt *direkte* ut av kjelda, og gi opp døme på kjelder i tilfelle der redaktøren har samanfatta informasjon frå fleire ulike kjelder. Somme typar artiklar, særleg om *innbyggarnemningar i norske fylke eller kommunar*, er ikkje kjeldefesta i det heile; dei er gjengitt i standardisert form frå verket *Norsk stadnamnleksikon*.

I denne brukarretteleinga har vi alt gjengitt mange døme på kjeldefestingar i dei ymse utdraga av ordbokartiklar som vi har lagt inn. Her skal vi meir systematisk, men ganske kortfatta, prøve å skissere dei prinsippa som ligg til grunn for kjeldefestingane.

2.8.1.2 Kva kjeldefestar vi?

Kjeldefestinga fungerer litt ulikt i ulike delar av ordboksartikkelen.

I *hakeparentesen* markerer vi kjelde ved *avvikande skriftformer* og ofte ved *etymologiar*, i tillegg til at vi gir opp eldre kjelder som vi har greidd ut om ovanfor (2.3.2). Dei eldre kjeldene kjem vi derfor ikkje inn på her. Også heimfestingar er ei form for kjeldefesting, sidan dei refererer til rapporteringar om at ei dialektform er i bruk ein viss stad eller i eit visst område (på innsende setlar eller i trykte kjelder). Her viser vi til 2.8.2 nedanfor.

I *artikkelkroppen* bruker vi å kjeldefeste *definisjonar* og framfor alt *sitat*, som er den mest nøyaktig og konsekvent kjeldefesta informasjonstypen. Kjeldefestingane til definisjonar er av to typar: Delvis kan dei referere til faglege arbeid der ordet og begrepet definisjonen gjeld, blir forklart eller beskrive nærare – det er da ofte fagordbøker eller leksikon (framfor alt *Norsk Allkunnebok*, NoAllk) det blir referert til. Delvis gjeld desse markeringane stader i litteraturen der oppslagsordet er brukt, ofte da stader det kunne vore sitert frå. I og med at talet på sitat under eit visst oppslagsord eller ei viss tyding må avgrensast av plassomsyn, kan det ofte vere nyttig å gi opp ein del ekstra kjelder utan å sitere direkte frå dei.

2.8.1.3 Kjeldefesting til ulike kjeldetypar

Kjeldefestingane står alltid i parentes og i rett skrift, og består normalt av to delar: *kjelddesignatur* og *spesifisering*.

Kjelddesignaturen viser til verket det er sitert frå eller blir referert til. Vi gir eit døme; lesaren vil ha sett mange tilsvarende døme tidlegare i denne rettleiinga:

gaffel-høyvendar m høyvendemaskin påmontert ei innretning med tindar (HasundJ 190).

Kjelda er altså HasundJ 190. Kjeldesignaturen er HasundJ, som står for S. Hasund: *Jordbrukslære*. Spesifiseringa er i dette tilfellet eit sidetal: side 190 i Hasunds bok.

Under 5.5 finn vi ei fullstendig liste over kjelder som er nytta i Norsk Ordbok. Kjeldesignaturane er oppslag, dei står alfabetisk og blir følgt av sjølve kjelda (forfattar, tittel, utgjevingsår og ev. andre relevante opplysningar).

Spesifiseringa er med for å hjelpe brukaren til å finne rett stad i kjelda. Slik spesifisering kan gjerast på ulike måtar etter kva teksttype kjeldefestinga gjeld. Vi gjennomgår og illustrerer dei ulike måtane her.

A Det vanlege er at spesifiseringa er det aktuelle sidetalet i kjelda, som i dømet «HasundJ 190» ovanfor. Eit anna døme

Støyl.NBL 46 = Bernt Støylen: *Norske barnerim og leikar*, side 46.

Dei fleste skjønnlitterære og faglitterære verk i bokform får denne oppføringsmåten, med unntak av dei kategoriane vi nemner spesielt nedanfor.

Blir det sitert frå eit **fleirbandsverk**, kjem det ei ekstra opplysning, nemleg *bandnummeret* med romartal før sidetalet i det relevante bandet:

Vi.SkrS III,218 = A. O. Vinje: *Skrifter i samling*, band III, side 318.

Teln. I,XXXIV = Jørund Telnes: *Skrifter*, band I, s. XXXIV.

Der kjelda bruker romartal som sidetal (noko som oftast er tilfelle der kjelda har forord og innleiingar før sjølve teksta tar til), nyttar NO òg romartal, men i seinare band med små tal. Kjeldefestinga til Telnes ovanfor er frå eit tidleg band i ordboka, men seinare ville vi ha skrive: Teln. I,xxxiv.

B Tidsskrifter, årsskrifter og liknande får påført årgang og eventuelt *heftenummer*, dersom årgangane inneheld fleire hefte:

Håløyg 1945,69 = *Håløygminne*, årgang 1945, side 69

Språknytt 1988,4,31 = *Språknytt*, årgang 1988, hefte 4, side 31

Her må vi nemne eit par spesielle finessar; det gjeld Vinjes *Dølen* og *Syn og Segn*:

Dølen har fire gradar av spesifisering: *årstal*, *avisnummer*, *side*, *spalte*:

Dølen 1868,10,3,2 = *Dølen*, 1868, nr. 10, side 3, spalte 2 frå venstre i bladet.

Dølen vart gitt ut i ei stor faksimileutgåve i 1973, og der kan ein da slå opp for å finne belegget.

Syn og Segn gjekk i 2000 over frå fortløpande sidenummerering pr. årgang til ny sidenummerering pr. hefte. Derfor nemner vi berre årgang og side når vi refererer til hefta som kom på 1800- og 1900-talet:

SS 1999,451 = *Syn og Segn*, årgang 1999, side 451

Derimot nemner vi både årgang, hefte og side når det gjeld eit hefte frå 2000-talet:

SS 2000,1,15 = *Syn og Segn*, årgang 2000, heftenummer 1, side 451

C Ved *aviser* spesifiserer vi berre med årstal: Firda 2001. Det er ein praksis ein kan stille spørsmålsteikn ved, men den som vil kontrollere avissitat, kan gjere det ved å gå inn i det elektroniske setelarkivet eller tekstkorpuset og finne belegget der; der vil ofte datoen stå.

D Alfabetiske oppslagsverk (ordbøker og leksikon) er behandla på ein annan måte:

Dersom referansen går til *den artikkelen i oppslagsverket som tilsvare det aktuelle oppslaget* i Norsk Ordbok, droppar ein spesifiseringa. Når det etter definisjonen av oppslagsordet i NO står «NoAllk» utan spesifisering, så gjeld altså referansen det same oppslagsordet i Norsk Allkunnebok:

galaktose m [...] sukkerart framstilt av mjølkesukker og med form som krystallinsk pulver (NoAllk)

Her slår ein berre opp på artikkelen **galaktose** i Norsk Allkunnebok for å finne kjelda.

Det same gjer ein ved andre alfabetiske oppslagsverk:

lipid [-i'd] kjem., feittstoff i kroppen som er viktig for energistoffskiftet og cellestrukturen (NLO; ØyriMed³).

NLO er *Norsk Landbruksordbok*, ØyriMed³ er Audun Øyri: *Medisinsk ordbok*, tredje utgåve. Begge desse verka har oppslaget **lipid**.

Om referansen derimot viser til ein annan stad i allkunneboka, blir band og spalte gitt opp:

II **spir** m [H, A¹ òg u *pir*; ...] liten makrell; pir (I,1b), geir (I,3) (...; NoAllk VIII,398; ...)

Ein må slå opp på spalte 398 i band VIII av allkunneboka for å finne referansen, og der finn ein «spir» nemnt i artikkelen **makrell**.

Det følgjande dømet er meir komplisert:

II **gagl** f [...] . **1**) zool, villgås, grågås (Austl,Sørl); (òg:) ringgås (MaA; NoAllk V,293; ...)

Her ser vi på kjelda «NoAllk V,293». Det viser at denne opplysninga i allkunneboka ikkje står under oppslaget **gagl** (som ikkje finst i allkunneboka), men i band V, spalte 293, der siste del av artikkelen **gjæser** står. I denne artikkelen blir ulike gåseartar omtala, blant dei *gaul*, som i NoAllk får synonymet «ringgås». Dette er eit døme på at oppføringa i NO kan bli litt komplisert når ein av faglege grunnar ikkje heilt vil følgje kjelda. I hakeparentesen til II **gagl** er skriftvarianten *gaul* med same kjeldefestinga (NoAllk V,293) ført opp. Dermed har ein dekt det avviket at ein i NO nyttar *gagl* om den gåsearten som i NoAllk er stava *gaul*. Den generelle informasjonen om fuglen får ein da i NoAllk.

Når ein viser til *ordbøker* der informasjonen står under eit anna oppslag enn i NO, gir ein i slike tilfelle helst opp det oppslaget i ordboka som opplysninga er å finne under. To døme på slike tilvisingar til Aasen (bokstaven u i slike kjeldefestingar tyder 'under'):

III **odde** adj [...; A¹, A² u *odda*; ...]

Dette tyder at i A¹ (Aasens 1850-ordbok) står dette adjektivet under oppslaget *odde*, identisk med den moderne forma, men det i A² frå 1873 er plassert i ein annan artikkel under oppslaget **odda**. No lyder adjektivet *odde* i A² òg, men oppslaget gjeld eit hokjønnsord *odda* 'einsleg eksemplar som blir til overs når dei andre er ordna parvis', og adjektivet *odde* 'ikkje deleleg med to' rekna Aasen i 1873 som ein spesiell bruk av dette substantivet. (Ein artikkel **odde** finst der òg, men den dreiar seg om substantivet *odde* ('nes, tange').)

I det neste dømet er det eit sitat som blir kjeldefesta:

jam-god adj ... // sers vanl i vend **vera jamgodt med** vera (nesten) det same som: *det er jamgodt med inkje så godt som ingenting* (A² u *jamn*)

Sitatet som inneheld ordet *jamgodt* står altså i Aasens 1873-ordbok i artikkelen *jamn*.

Dette blir gjort regelrett når ein viser til ordbøker frå *framande språk* til nynorsk (da vil jo aldri NO-oppslaget vere identisk med noko oppslag i den andre ordboka, unntatt ved tilfeldige likskapar mellom språka). Døme:

kjevla v ... **3** ... **b** knebla (1) (NorskT 1956; VoTy u *knebeln*) ...

VoTy er J. F. Voss: *Tysk-norsk ordbok*. Dette tyder at ordet *kjevla* i denne tydinga er oppgitt av Voss som omsetting av det tyske *knebeln* ved sida av det vanlegare *knebla*.

Dette gjeld også ordbøker frå (norsk-)dansk, riksmål eller bokmål til nynorsk. Døme:

I **kove** (ò) m [... FayeD1840 u *alkove*; ... VigOrdl u *celle*; ...]

Andreas Faye og Ole Vig skreiv ned fornorskingsordlister midt på 1800-talet, dvs. lister med danske oppslagsord (ofte framandord) følgd av framlegg til norske avløyssarar henta frå dialektane eller frå Aasens 1850-ordbok (FayeD1840, VigOrdl). Faye gjekk inn for *kove* som avløyssar for *alkove*, Vig har det same ordet som avløyssar for *celle*.

I somme tilfelle kan eit oppslagsord avvike så mykje frå NO-forma i kjelda, sjølv om det eigentleg er same ordet, at ein gir opp oppslagsforma i kjelda særskilt. Det gjeld særleg ved eldre ordbøker, ikkje sjeldan dialektordbøker der dialektformene er oppslagsformer, men det kan også gjelde Aasens ordbøker. To døme:

I **kove** (ò) m [... W *kåven*; ... H *kåve*; ... VTel1821 48 *koohvi*...]

W står for Willes ordsamling frå Seljord (han set ofte oppslagsorda i bestemt form, derfor *kåven*), H er Hallagers *Norsk Ordsamling*, og VTel1821 er Niels Svenungsens *Det norske Fjeldsprog*. Merk at Norsk Ordbok konsekvent erstattar *aa* med *å* (sjå under punkt 2.4.5.2.3 og 3.2.7): Wille og Hallager har nok skrive *kaaven* og *kaave*.

|| **gyting** el **gjøting** f [j-; A¹ *gyting*, A² *gjoting* ...]

Her var det eit skifte i Aasens normering frå 1850 til 1873, og det er markert i kjeldefestinga slik at brukaren skal finne det rette oppslaget i begge utgåvene.

Dersom ordboka som er kjelde, *ikkje* er alfabetisk ordna, slik at brukaren ikkje utan vidare kan bla seg fram til rett oppslag ved å følgje alfabetet, føyer ein til sidetal som elles. Det gjeld særleg eldre ordbokskjelder som til dømes Niels Svenungen: *Det norske Fjeldsprog* (VTel1821), som er alfabetisert på første bokstav, men ikkje står alfabetisk innanfor kvar bokstav. Alle ord på K står til dømes samla, men i tilfeldig rekkefølge: *krommæ – koppæ – kjær – køn – kaggæ* osv. Da blir kjeldefestinga frå til dømes I **kagge** slik:

VTel1821 49 = *Det norske Fjeldsprog*, side 49

Eventuelt kan ein da føye til oppslagsforma i kjelda når den ikkje verkar opplagt, sjå dømet I **kove** ovanfor: «VTel1821 48 *koohvi*».

Det same, å føye til sidetalet og eventuelt oppslagsforma, kan vi gjere når referansen går til eit *tillegg* til ei ordbok, ikkje til den alfabetiske delen. Døme:

hudlaus adj [H 151 *hulous*; ...]

trollkatt m [A² 971; R]

Det første dømet refererer til eit tillegg til ordboksdelen i Laurents Hallager: *Norsk Ordsamling*, der oppslagsordet *hudlaus* har forma *hulous*, som NO-redaktøren har vurdert som så spesiell at forma er tatt med i kjeldefestinga. Det andre dømet er frå «Tillæg og rettelsær» på slutten av A².

E *Folkevisesamlingar* og *songbøker* er noko inkonsekvent behandla: Spesifiseringa gjeld i mange tilfelle sidetal, i andre tilfelle song- eller versnummer. I songbøker er sidetal det vanlege, men i salmebøker, Sven Morens *Songbok*

for skular og ungdomslag og Norsk songbok for ungdomsskular og ungdomslag er det oppgitt song- eller salmenummer og vers:

NSalm 510,6 = *Nynorsk salmebok*, salme 510, sjette vers

Mor.Song 42,1 = Morens songbok, song nr. 42, første vers

NoSong 43,2. = *Norsk songbok*, song nr. 43, andre vers

F I somme tekster som vanlegvis er inndelt i *paragrafar* (lovtekster, grammatikkar) blir det i somme tilfelle referert til paragraf med teiknet §, andre gonger til sidetal:

He.NG § 258 = Leiv Heggstad: *Norsk grammatikk* § 258

BeitoNGr 317 = Olav T. Beito: *Norsk grammatikk* side 317

G Ein heilt spesiell kjeldetype er **Bibelen**, der vi har ei rekke ulike omsettingar å forhalde oss til. Alle dei einskilde «bøkene» i Bibelen har kvar sin kjeldesignatur, og med årstal viser ein da til ei bestemt omsetting. Mange av bøkene i Bibelen er komne i separate utgåver, andre i samleutgåver av heile Bibelen eller det nye testamentet (NT). To spesielle finessar bør ein kjenne til: 1) Står det «Se.» etter signaturen for den aktuelle boka, gjeld referansen Aleksander Seippels omsetting. 2) Står signaturen utan årstal eller anna tillegg, gjeld referansen det som i vår samanheng gjeld for den klassiske nynorskomsættinga av Bibelen, Studentmållagets frå 1921. (Dei to viktigaste reviderte versjonane etter det har årstala 1938 og 1978.)

Luk 12,25 skal altså lesast slik: *Evangeliet etter Lukas* i bibelomsættinga frå 1921, kapittel 12, vers 25.

Same sitatet i andre utgåver blir kjeldefesta slik:

Luk1889 12,25 er frå Lukas-evangeliet i Det nye testamente, omsetting frå 1889

LukSe. 12,25 er frå Alexander Seippels omsetting frå 1920 med tittelen *Evangelja eller Fagnad-bodi etter Lukas*

Luk1938 12,25 er frå Lukas-evangeliet i bibelomsættinga frå 1938.

2.8.1.4 Nokre ekstra detaljar, særleg frå dei tidlegaste banda

I dei første fire banda er det somme stader ført opp *berre ein forfattersignatur* utan at noko verk er nemnt særskilt (Vi. = A. O. Vinje; Du. = Olav Duun). Det kan t.d. gjelde ei skriftform av eit ord – det tyder at denne forma er karakteristisk for denne forfattaren.

Andre stader har vi med eit *geografisk namn framfor ei kjelde*. Det tyder at belegget inneheld eit ord, ei ordform eller eit uttrykk som er frå den aktuelle staden (t.d. i folkeminnetekster kan det vere tilfellet). Døme:

galkasadd m ... uvyrden, uflidd person (Buksnes Håløygminne 1975,201)

|| **gast** ... 2) gast (||,1) i skapnad av ein fugl; (fabel)fugl som skrik stygt (...; Fron NFL34Stor. 16; ...)

Det første dømet gjeld ein referanse til tidsskriftet *Håløygminne* i 1975, der *galkasadd* i denne tydinga er registrert frå Buksnes i Lofoten. Den andre viser til Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 34, og belegget på *gast* i denne tydinga er frå Fron i Gudbrandsdalen. Slike kombinasjonar av heimfesting og kjeldefesting finn vi mest av i dei tidlegare banda av ordboka, seinare gjekk redaksjonen vekk frå det og nøgde seg med å markere berre heimfestinga eller berre kjelda etter vurdering i kvart enkelt tilfelle.

I dei tidlegaste banda kan *forfattaren* vere nemnt ved sitat frå avis- eller tidsskriftartiklar, dikt eller salmar i samleverk o.l. Døme:

Koht i SS 1923,54 = Frå ein artikkel av Halvdan Koht i *Syn og Segn*, årgang 1923, side 54

Ga. i Den 17deMai 1894 = Frå ein artikkel av Arne Garborg i avisa *Den 17de Mai* i 1894

Til vanleg nøyer vi oss med sidetilvising til kjelda utan forfattarnamn; slik markering av forfattaren var reservert for dei leiande pennane i målrørsla. Frå band 5 av har vi ikkje lenger nemnt forfattaren særskilt når forfattarnamnet ikkje er del av kjeldesignaturen.

Norsk Ordbok siterer ikkje direkte frå kjelder på *bokmål*, men kan likevel nytte slike kjelder (som t.d. R.-Kj.VGT = Reichborn-Kjennerud: *Vår gamle trolldomsmedisin*, og HøegPITrad = Ove Arbo Høeg: *Planter og tradisjon*) som grunnlag for definisjonar, og da markerer vi det med kjeldefesting. Der vi har funne det naudsynt å sitere direkte frå ei bokmålskjelde (t.d. fordi ei dialektform av oppslagsordet er nytta i sitatet), har vi sett sitatet om til nynorsk og markert kjelda med «jfr».

2.8.2 Heimfesting

2.8.2.1 Systemet i Norsk Ordbok

Både målføreformene i hakeparentesen og opplysningar (tydingar og belegg) i artikkelkroppen blir heimfesta. Det vil seie at det står ei forkorting av eit geografisk namn i parentes etter opplysninga. Namna kan vere av ymse slag, frå heile landsdelar (Austl(andet), Vestl(andet), Trl = Trøndelag, NN = Nord-Noreg) over landskap (Rom(erike), Hard(anger), Namd(alen), Lof(o-ten)) og fylke til kommunar. Det høgaste nivået er skiljet «nffjells» og «sfjells», dvs. «nordanfjells» (Trøndelag og Nord-Noreg) og «sønnanfjells» (alt land frå Dovrefjell og sørover). Vi går derimot aldri lenger ned i detaljering enn til kommunenivå (med eit par enkeltstående unntak i dei første banda). Men da nyttar vi kommuneinndelinga frå før samanslåingane på 1960-talet, sidan det meste av materialet er samla inn før den tida, og fordi dei gamle kommunegrensene ofte fungerte som målføregrensar. Utgangspunktet for den kommuneinndelinga vi nyttar, er situasjonen i 1947. Derfor er Aker oppført som eigen kommune; den vart som kjent innlemma i Oslo i 1948.

Under 5.4 står det ei liste over alle kommunar i dette systemet med det fylket kommunen høyrer til i. Døme på oppføringar i denne lista:

Agdenes, STrl (Sør-Trøndelag)
 Bokn, Rog (Rogaland)
 Dovre, Oppl (Oppland)

Bykommunar (i 1947) står i kursiv:

Arendal, AAgd (Aust-Agder)
Bergen, HI (Hordaland)
Drøbak, Akh (Akershus)

Kommunetilhøyrsla etter seinare samanslåingar står i parentes bak kvart oppslag. Vi baserer oss da på situasjonen i 2016. Døme:

Aker (> Oslo), Akh
 Biri (> Gjøvik), Oppl
 Bud (> Fræna), MøRo (Møre og Romsdal)

Nye kommunenamn etter samanslåingane markerer vi med stjerne:

Andøy*, No (Nordland)
 Båtsfjord*, Fm (Finnmark)
 Dønna*, No

Som kjent er det i gang ein kommunereformprosess som vi i skrivande stund ikkje kjenner resultatet av; den vil bli reflektert etter kvart i den elektroniske versjonen av denne rettleiinga.

Ved ordformer med større utbreiing heimfestar vi med større einingar (fylke, landskap, landsdelar), eventuelt med retningsnemningar som A (austre), N (nordre), I (indre), Øv (øvre) o.l. Dette er fordi dekninga vår er ujamn frå kommune til kommune, og det er vanleg at ord finst i større område og ikkje er strengt avgrensa til éin kommune. Finn vi ei ordform i to-tre kommunar i eitt distrikt, kan vi rekne med at det også er kjent og nytta i områda imellom, til dømes, sjølv om vi ikkje har dei belagt derifrå.

Under 5.3 har vi lister over fylke, landskap (der vi også gir opp kva kommunar (etter NO sitt system) kvart landskap omfattar) og landsdelar. Listene er alfabetisert etter dei forkortingane som fungerer som kodar i heimfestingane, t.d. slik frå fylkeslista:

AAgd = Aust-Agder
 Akh = Akershus
 Austf = Austfold (Østfold)

Heimfestingane står alltid i ei viss rekkefølge, frå Østfold (i NO sin språkbruk altså «Austfold») over Oslo og Akershus og opp til Hedmark, deretter over Oppland, Buskerud og Vestfold og Telemark til Agderfylka, og så i den geografiske rekkefølgja langs kysten frå Rogaland og heilt opp til Finnmark. Rekkefølgja på fylkesnivå blir altså slik (vi set kodane i parentes):

Austfold (Austf)
 Akershus (Akh) / Oslo
 Hedmark (Hdmf)
 Oppland (Oppl)
 Buskerud (Bu)
 Vestfold (Vestf)
 Telemark (Tel)
 Aust-Agder (AAgd)
 Vest-Agder (VAgd)

Rogaland (Rog)
 Hordaland (HI)
 Sogn og Fjordane (SoFj)
 Møre og Romsdal (MøRo)
 Sør-Trøndelag (STrl)
 Nord-Trøndelag (NTrl)
 Nordland (No)
 Troms (Trs)
 Finnmark (Fm)

Ved kommunenamn som finst fleire stader, nemner vi landskapet eller fylket i tillegg. Døme:

Bø i Tel – Bø i Vstrål
 Hof i Sol – Hof i Vestf
 Hol i Hall – Hol i Lof
 Nes i Akh – Nes på Hdm – Nes i Hall – Nes i VAgd – Nes i Trl
 Vang på Hdm – Vang i Va
 Vinje i Tel – Vinje i Trl

Ein del heimfestingar blir følgd av ei kjeldemarkering, enten A (= Aasens ordbøker) eller R (= Ross si ordbok) eller begge. Det betyr at det ikkje er andre kjelder frå den staden. I så fall er det ikkje visst at ordet har vore i bruk der i nyare tid. Ein kan merke seg at i dei første banda vart kjelda sett inntil heimfestinga:

TotA
 TinnR

I seinare band førte vi inn eit mellomrom:

Tot A
 Tinn R

Tydinga er uansett at den første forma er registrert på Toten av Aasen, og den andre i Tinn i Telemark av Ross – og at dei aktuelle formene ikkje er belagt frå desse stadene seinare.

Litt forvirrende kan det vere at ein somme stader finn ei heimfesting til eit større område følgd av A, altså Aasen, og så ein kommune (eller fleire) innanfor det same området utan kjelde, t.d. «Hall A², Hol i Hall». Det betyr at Aasen har registrert ordet eller forma i Hallingdal til 1873-ordboka si, og at vi i tillegg har nyare belegg frå Hol, men ikkje andre Hallingdals-kommunar. Det kan vere ein indikasjon på at ordet eller forma hadde større utbreiing i Hallingdal tidlegare enn no.

I mange tilfelle heimfestar vi meir upresist, dersom vi ikkje finn noko klart mønster for den geografiske fordelinga av variantar, eller forma finst så mange stader at det er lite tenleg å rekne opp stader og område. Da kan det stå «Ålm» 'ålment (over heile landet)' (det kan òg uttrykkast ved å sløyfe heimfesting i det heile), «Vanl» 'vanleg', «heller vanl» 'heller vanleg' (dvs. 'ganske utbreidd'). Vi bruker òg «mst» 'mange stader' og «sumst» 'somme stader' (etter 1938-rettskrivinga «sume») innanfor eit avgrensa område, t.d. «Trl mst» 'mange stader i Trøndelag', «Tel sumst» 'somme stader i Telemark'. Da er belegga forholdsvis spreidd, så vi ikkje kan seie meir presist i kva delar av området ordforma er mest brukt.

I band 1–5 står heimfestinga ofte med ein M etter seg. Det tyder «medarbeidar», og kan vere eit teikn på at redaktøren har vore noko uviss på opplysninga, kanskje fordi belegget er isolert i den landsdelen. Andre gonger kan det tyde at opplysninga er frå berre éin medarbeidar og det ikkje finst andre kjelder. I praksis har denne M-en vorte nytta noko inkonsekvent, og m.a. derfor har vi gått bort frå han frå og med band 6. Døme:

NFronM

UlvikM

Den sistnemnde signaturen står for Olav H. Hauge, som ei tid sende inn mange setlar frå Ulvik til Norsk Ordbok.

2.8.2.2 Eldre administrative inndelingar

Den moderne inndelinga i fylke og bispedøme med dei namna vi kjenner i dag, vart fastlagt i 1918. Aasen og Ross og deira samtidige hadde ei eldre inndeling å halde seg til, der grunneiningane var *amt* (fylke), *stift* (bispedøme i den evangelisk-lutherske norske statskyrkja) og *fogderi* (futedøme, mindre aktuelt i dag, men mange av landskapsnamna er tradisjonelt namn på futedøme).

I Norsk Ordbok vakla dei i dei første banda mellom den gamle og den samtidige inndelinga når dei skulle gjengi heimfestingar frå Aasen og Ross. Seinare vart prinsippet at ein skulle følgje det moderne systemet for å gjere verket (mest mogleg) einskapleg også på dette punktet.

Her listar vi opp dei bispedøma, amta og futedøma som har sett spor etter seg i heimfestingane i Norsk Ordbok, men som (med unntak av bispedøma) ikkje har overlevd i vanleg språkbruk:

Bispedøme (stift):

Agershuus Stift = Oslo og Hamar bispedøme, som vart skilt frå kvarandre i 1865

Oslo bispedøme (Ob)

Hamar bispedøme (Hb)

Tunsberg bispedøme (Tb)

Kristiansand Stift = Agder bispedøme

Agder bispedøme (Ab)

Bergens Stift = Bjørgvin bispedøme

Bjørgvin bispedøme (Bb)

Nidaros bispedøme (Nb)

Fylke (amt):

Søndre Bergenhus amt = Hordaland fylke

Nordre Bergenhus amt = Sogn og Fjordane fylke, eventuelt òg med Sunnmøre, men dette kan vere litt uklart og inkonsekvent.

Nordre og Søndre Trondhjems amt = Trøndelag

Futedøme:

Jarlsberg = den nordlege og midtre delen av Vestfold fylke

Larvik = den sørlege delen av Vestfold fylke

Nedenes (Ned) = Aust-Agder fylke

Råbyggjelaget (Rbg) = Indre Aust-Agder, medrekna Setesdalen, pluss Åseral og Hægeland i Vest-Agder

Mandal (Ma) = den austlege delen av Vest-Agder

Lista (Li) = den vestlege delen av Vest-Agder

I tillegg må vi nemne at somme moderne geografiske namn truleg hadde ei anna tyding på Aasen og Ross si tid. Det gjeld «Austl» = Austlandet. Med det meiner vi området sør for Dovrefjell og aust for Langfjella, mens omgrepet i

eldre tid berre omfatta flatbygdene på Søraustlandet. Når *det* er meint, skriv Norsk Ordbok gjerne «Austlflatb», altså «Austlandsflatbygdene». «Tel» (Telemark) betydde i eldre tid det indre av fylket, det vi no kallar «ØvTel» (Øvre Telemark), utan dei urbaniserte strøka i Grenland. I moderne språkbruk dekker «Telemark» heile fylket (som før 1918 heitte Bratsberg amt), og her kan det vere ein del inkonsekvensar i Norsk Ordbok når vi refererer til «Tel» etter Aasen og Ross. Endeleg må vi nemne at «søndenfelds» hos Aasen betydde «Austlandet», mens «nordenfelds» betydde resten: Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. I moderne språkbruk går grensa ved Dovrefjell, så Vestlandet er med i «sfjells» i Norsk Ordbok, mens «nfjells» dekker Trøndelag og Nord-Noreg. Også her kan det ha sneke seg inn inkonsekvensar når vi refererer Aasens heimfestingar.

3

Ordutval og rettskriving

3.1 Ordutvalet

Grunnvollen for ordutvalet i Norsk Ordbok er ordtilfanget i Aasen og Ross sine ordbøker, og her er vi tilnærma fullstendige (sjølv om ei og anna sjølv-sagd samansetning kan vere utelaten). Hovudkjeldene til det nyare ordtilfanget er innsendt dialektmateriale og ekserpert skriftspråksmateriale. I nyare tid har vi bygd opp eit elektronisk korpus over nynorsktekster, som vi nemnde i innleiinga, og her har vi henta mykje informasjon om moderne ordbruk. Som supplerande kjelder har vi brukt ulike nynorske ordlister og ordbøker, som Steinar Schjøtt's *Dansk-norsk ordbog* (1909) og *Norsk ordbok* (1914), Matias Skard: *Nynorsk ordbok* (eigentleg ei rettskrivingsordliste, i ei utgåve frå 1954 som viser 1938-rettskrivinga) og *Nynorskordboka* (1986 og seinare, siste utgåva frå 2006). Men *Nynorskordboka* bygger på same kjelde-materialet som Norsk Ordbok.

Prinsipielt ønskjer vi å vere heildekkande når det gjeld ordtilfanget i desse kjeldene. I praksis har vi likevel vore nøydde til å sile ut mange ord, ikkje minst av plassgrunnar. Det gjeld:

- **svært sjeldsynte ord**, særleg ord som det berre finst eit einstaka belegg av i skriftlege kjelder. Det er gjerne ord som er laga av ein einskildperson og nytta t.d. i eit dikt eller ei ordbok, men som ikkje har kome i meir allmenn bruk. I somme høve tar vi likevel med slike ord, særleg «diktarord» som har vorte kjent i litteraturen, t.d. gjennom sitat, eller som stammar frå særleg framstående forfattarar i nynorsklitteraturen.
- **samansetningar som er sjeldsynte eller gjennomsiktige** (dvs. lette å skjønne ut frå ledda dei består av), eller helst begge delar. Slike ord kan reknast opp som døme i artikkelen om eitt av grunnorda i samansetninga, eller i ein føreleddsartikkel, men der tar vi òg berre med eit utval for å vise typar eller ordlagingsmønster.

- ***namn, både stadnamn og personnamn.*** Likevel har vi tatt med nokre slike når dei har fått status som samnamn (appellativ, dømme: *boikott, judas, quisling*), eller er knytt til faste uttrykk.

I mange ordkategoriar har vi gjort ei avveging og eit utval. Det gjeld (m.a.):

- ***fagord:*** Her har vi først av alt sett på om orda er komne inn i det vi kan kalle allmenn nynorsk målbruk. Vi har ikkje tatt med ord frå fagbøker på universitetsnivå, om dei ikkje òg finst andre stader, og vi har òg vore kritiske til terminologilister, for dei er normative og ikkje deskriptive etter sin natur; ord frå slike lister skulle altså vere dokumentert i allmenn bruk før dei kunne takast opp. Norsk Ordbok er strengt deskriptiv. Om ordet hadde vore nytta i lærebøker for skulen opp til gymnasnivå, tok vi det med, like eins om vi fann det i aviser eller allmenne blad og tidsskrift. Vi gir nokre dømme på slike ord som ordboka har tatt med: *delinkvent, delirium, demontera*. Dømme på ord som ikkje er tatt med (frå det medisinske fagspråket; dei står i *Norsk medisinsk ordbok*): *hemangiosarkom, scintigrafi*.
- ***dansk-tyske lånord*** som ikkje er tatt opp i nynorske ordlistar, og ***nyare engelske lånord:*** Slike ord har vi tatt med når vi fann dei dokumentert i allment nynorsk skriftmål (eller i målføra, særleg om dei der har fått særutviklingar i form og/eller tyding), elles ikkje. Dømme på ord vi har tatt med: *behandla, fruktbarheit, hastigheit, forbannelse, velsignelse*. Dømme på ord vi ikkje har tatt med: *beklaga, hurtigheit, siktbarheit, begripelse, kallelse*. Dette er ikkje blitt gjort heilt konsekvent, og det kjem av at yngre redaktørgenerasjonar har vore meir liberale i høve til slike ord enn dei eldste, så det er meir av slike ord i dei siste banda enn i dei første. I ein framtidig oppdatert digital versjon av ordboka vil dette bli jamna ut. Når det gjeld engelske lånord, kom mange av dei inn i norsk mens ordboka var i arbeid, og diskusjonen om dei tok seg òg opp da. Derfor manglar dei eldste banda ein del slike ord som i nye ordbøker i dag kjem med.
- ***ord for utanlandske tilhøve (eksotika):*** Også her har vi sett på om ordet er kome inn i norsk skriftspråk og blitt ein del av norsk medvit. Ord som berre er nemnt i spesiellitteratur om bestemte framande kulturar, har vi ikkje tatt med. Som dømme på ord som er tatt opp, nemner vi *cowboy, pampas, fellah*. Ord som ikkje er med, er *desa* ('landsby' på malayisk), *fazenda* (portugisisk, 'storgods' i Brasil, det spanske parallellordet *hacienda* er med), *liurai* ('småkonge' på Aust-Timor). Slike ord er gjerne forklart i dei tekstene der dei blir nytta.

- **nemningar frå framande religionar** er eit særleg kjensleg område etter kvart som desse religionane blir stadig mindre «framande». Vi nemner nokre døme på ord vi har med: *nirvana*, *sharia*, *jihad*, og ord vi har utelate: *chakra* (sanskrit, 'livshjul'), *fiqh* (arabisk, 'pliktlære'), *zakat* (arabisk, almisser som religiøs plikt).
- **nemningar på «eksotiske» folkeslag, språk m.m.** tar vi også med i den grad dei er så kjent i norsk samanheng at dei er nokolunde godt belagt i tekstmaterialet vårt. Døme på ord som er med: *maori*, *zulu*, *tsjetsjenar*. Døme på ord som ikkje er med: *zezuru* (i Zimbabwe), *sotho* (i det sørlege Afrika), *sasak* (på Lombok i Indonesia).
- **norske innbyggarnemningar** tar vi med frå landsdels- og ned til kommunenivå (*gudbrandsdøl*, *frøning*, *nordfrøning*), men ikkje lenger (altså ikkje *vinstravær*, *sørdorping*, *rustvær* – knytt til ulike delar av Nord-Fron kommune). (Sjå under 2.8.2.1 og 5.4 om den kommuneinndelinga NO baserer seg på.)
- **nemningar på dyr og planter**: Slike tar vi med når det gjeld artar m.m. som finst i Noreg eller som er godt kjent her og dermed vanlege i tale-målet eller i norske skriftlege kjelder. Døme på «eksotiske» dyr vi har tatt med: *iguan*, *kenguru*, *orangutang*. Døme på tilsvarande ord vi har utelate: *wallaby*, *malayabjørn*.
- **ord frå «mineralriket»** tar vi med etter dei same prinsippa, vi ser altså på om steinar, mineraltypar, kjemiske stoff osv. finst i Noreg eller er så kjent her at dei er vanlege ord i norsk språk (døme: *kvarts*, *lava*, *marmor*). Alle namn på *grunnstoff* er tatt med.
- **institusjonsnemningar** har vi vore varsame med å ta med, men i den grad dei er blitt (delvis) appellativisert (altså brukt som samnamn), tar vi dei med. Ord som *språkråd*, *storting* og *riksarkiv* er såleis med, men ikkje *konkurransetilsyn*, *musikkhøgskule*, *råfisklag*.
- **avleiingar av verb på -ande, -ast og -ing** er tatt med når dei har fått ein sjølvstendig bruk i språket utover det å markere presens partisipp, passiv eller verbalsubstantiv. Såleis har vi med artiklar på *havande* (med særtydinga 'gravid'), *reisande* (substantivisk funksjon: 'passasjer' eller 'omstreifar'), *treffast* (resiprokt: 'treffe kvarandre'), *meining* (som sjølvstendig og mangtydig substantiv som òg dannar mange samansetningar, ikkje berre 'det å meine (noko)'). Dette er òg eit avvegingsspørsmål i mange tilfelle, men ordformer som *durande* 'som durar', *lesast* 'bli lesen' og *tasting* 'det å taste' har ikkje fått egne artiklar.

- **fleirordige uttrykk** kan vere eigne oppslagsord når dei fungerer som ein heilskap som ikkje kan brytast opp. Det kan vere importerte uttrykk som *in extenso*, *pommes frites*, *tabula gratulatoria*. Det kan òg vere norske frasar som fungerer som enkeltord i norsk: *i fall* (konjunksjon), *ja visst*, *nei vel* (interjeksjonar), *om lag*, *på lag* (adverb). Desse er alfabetisert som om det var eitt ord utan mellomrom. Men dette er ikkje gjort konsekvent, sidan det er eit avvegingsspørsmål i stor grad. Konjunksjonen *så sant* står under *II sann*, med tilvisingsartikkel frå *så sant*. Der eit norsk og eit importert ord er samansett, behandlar vi uttrykket under det norske. *Columbi egg* står såleis under *III egg*.
- **forkortingar** er tatt med når dei fungerer som eigne ord, som *MC*, *PC* el *pc*, *tv* osv. Dette er rett nok også eit avvegingsspørsmål, og det er med færre slike oppslag i dei eldste banda enn i dei nyare. Symbol på måleiningar (*ml*, *mm* osv.) er gjerne tatt med når dei er vanlege i daglegspråket, med tilvising til dei orda dei står for (*milliliter*, *millimeter* osv.).

Desse utvalskriteria har i hovudsak vore dei same gjennom heile ordboksverket, men praktiseringa er i stor grad avhengig av skjønn, og det har ikkje alltid vore mogleg å halde ei logisk og konsekvent line. Eit ordboksverk som har vore i arbeid gjennom fleire generasjonar, er også utsett for endringar i språksyn over tid. Såleis ser vi ei utvikling mot større liberalitet andsynes nyare og meir spesialiserte ord, og eit noko strengare syn på kreative ordskapingar til litterært bruk. Det fastaste kriteriet er kanskje at om lag alle ord som Aasen og Ross har med i ordbøkene sine, er tatt opp i Norsk Ordbok (som nemnt i starten på 3.1), også når det er i strid med dei nyare kriteria vi har lista opp her.

3.2 Rettskriving

3.2.1 Generelt

Rettskrivinga i Norsk Ordbok baserer seg på *hovudformene* i rettskrivinga frå 1938, som var den rettskrivinga som gjaldt da dei første hefta av ordboka vart utgitt på femtitalet. Da reforma i 1959 kom, vart det vedtatt å halde fram med 1938-rettskrivinga i ordboka av omsyn til einskapen i verket. Dette gjeld i redaksjonell tekst (dvs. definisjonar og all anna tekst i ordboksartiklane som ordboksredaktørane sjølv har forma ut), og det gjeld i normaliserte bruksdøme (sjå under 2.4.5), mens ein i direkte sitat nyttar dei formene som står i kjelda for sitatet.

Dei fleste 1938-formene er framleis tillatne i offisiell rettskriving, men i ein del tilfelle fekk dei status som sideformer etter 1959. Som oppslagsform i grunnord fører vi i slike tilfelle 1959-hovudforma jamsides med 1938-forma, men i redaksjonsspråket held vi fast på 1938-formene.

I 2012 kom det ei ny rettskriving der skiljet mellom hovudformer og sideformer vart avskaffa. Denne rettskrivinga ser vi bort frå i Norsk Ordbok, sidan ho kom da det aller meste av ordboka var redigert og publisert; berre dei siste to banda stod igjen. (Denne brukarretteleinga følgjer derimot den rettskrivinga som er gyldig etter 2012.)

Vi gir her eit stutt oversyn over hovuddraga i 1938-rettskrivinga med vekt på hovudformene, og markerer formvalet innanfor denne rettskrivinga i Norsk Ordbok med *halvfeit kursiv*.

3.2.2 Bøyingsverket

Dei fleste problematiske morfologiske draga gjeld verbbøyinga:

1. Infinitiv: Tradisjonell nynorsk har a-infinitiv, men frå 1938 var kløyvd infinitiv jamstilt med a-infinitiven, mens rein e-infinitiv var sideform. I 1959 vart e-infinitiv jamstilt med -a, mens kløyvd infinitiv vart «degradert» til sideform. Frå 2012 er alle tre infinitivtypane jamstilt utan gradering. **NO bruker konsekvent a-infinitiv.**
2. Kortform eller langform med -da var og er jamstilt: *blø – bløda* osv. **INO er langformene (typen *bløda*) oppslagsformer, men kortformene kunne brukast valfritt i redaksjonell tekst.**
3. Preteritum og perfektum partisipp i ein del e-verb: E-verb med stammeutgang på -r- (som t.d. *føra* og *styra*) hadde til 1959 -de i preteritum og -d osv i perfektum partisipp (*førde – han er førd, styrde – han er styrd*).

Denne d-en vart skifta ut med *-t* i 1959, men i 1986 kom *-d* inn att som jamstilt form (unntatt i nøytrum: *det er ført / styrt*). Frå 2012 er formene på *-te* igjen obligatoriske: *førte, styrte*. **NO gjennomfører formene på *-de*: førde, styrde.**

4. Supinum i sterke verb: Den tradisjonelle endinga er *-e* (*har funne, lese*), men frå 1938 var *-i* hovudform (*har funni, lesi*) og *-e* sideform. I 1959 vart dei to formene jamstilt. Det same gjaldt nøytrum av adjektiv på *-en*, der *-e* og *-i* har vore jamstilt heilt til 2012 (med *-ent* som sideform: *ope – opi [opent]*). Etter 2012 er *-e* og *-ent* tillatne og jamstilt i adjektiva (*ope – opent*), mens *-e* er obligatorisk i dei sterke verba (*har funne / lese*). **NO gjennomfører formene på *-i*: opi, funni, lesi – men i adjektiva er det ikkje gjort heilt konsekvent, særleg ikkje i dei første fire banda, så typen ope førekjem òg.**
5. Mange adjektiv hadde valfridom mellom endingane *-et, -ete* og *-ut*: *steinet – steinete – steinut; tosket – toskete – toskut*. Det varte heilt til 2012; da vart *-ete* gjort obligatorisk (*steinete, toskete*). **NO gjennomfører *-ut*: steinut, toskut**. Tilhøvet mellom adjektivendingar på *-ig* og *-ug* kunne derimot skifte frå ord til ord, på den måten at *-ig* var obligatorisk i ein del ord, mens *-ig* og *-ug* var valfrie i andre ord. Slik er det framleis. **NO skiftar mellom *-ig, -ug* og jamstilling frå ord til ord etter bruksgrunnlag.**
6. I adverb på *-a(n)*- har det vore valfridom i mange ord, men obligatorisk *-a-* ved himmelretningar (*innafor* eller *innanfor, utafrå* eller *utanfrå*, men berre *nordafor*). Frå 2012 er formene med *-n-* obligatoriske (*innanfor, utanfrå, nordanfor*). **I NO har vi frå band 5 av gjennomført *-an-* (innanfor, utanfrå, nordanfor).**
7. Perfektum partisipp maskulinum/femininum av verbet *gå* ('ganga') var obligatorisk *gått* frå 1938, men hadde valfritt *gådd* frå 1981 til 2012 – deretter var *gått* igjen obligatorisk. **NO gjennomfører gått.**

3.2.3 Lydverket

1. **e - æ:** Mange ord som hadde *æ* som hovudform frå 1938, fekk *e* i 1959: *gjeta, kresen, kremmar, sete, seter, skremma, sprekk*. Motsett fekk vi *hær* og *sær(leg)* for tidlegare *her* (krigsmakt) og *ser(leg)*. **NO held på dei eldre formene: gjæta, kræsen, kræmar, sæte, sæter, skræma, spræk, her, ser(leg) (o.a).**

2. **y - ø:** I mange ord der 1938 hadde hovudformer med -y-, fekk vi i 1959 -ø-. *I NO skriv vi bylgje, fylgja/-e, fyrst, lygn, nykel, sylv o.a. (men ø føre r: føre, mørk, spørja).*
3. **Diftongar:** 1938-rettskrivinga heldt på dei tradisjonelle diftongformene *høyra*, *køyra*, *røyrr*, *røyst*, *trøyst(a)*, *trøytt* o.a. Der kom det i 1959 inn jamstilte former med monoftong. I 2012 er diftong igjen blitt obligatorisk form i mange av desse orda. *NO held på diftongformene. Monoftongering blir berre godtatt i ord der det slo igjennom for lenge sidan, som i brød, del, kjøpa.*
4. **Enkel versus dobbel konsonant:** I 1959 vart det gjennomført ein større overgang frå enkel konsonant (særleg *m*) til dobbel (*mm*) i læreboknormalen: *dømma*, *gammal*, *hammar*, *rømma*, *sommar*, *somme*, *tømma* osv mot dei tradisjonelle formene *døma*, *gamal*, *hamar*, *røma*, *sumar*, *sume*, *tøma* osv. *NO held fast på dei eldre formene, og tilsvarende sjølvstilt i bøygde former som domen, romet, tome. Det same gjeld ved andre konsonantar der dobbeltkonsonant er jamstilt, som i ven, løn, kjøken, kjøt, brot, skot.*
5. **jo - y:** Former som *ljod - lyd*, *ljøs - lys*, *bjoda - byda* og *skjota - skyta* var jamstilt frå 1938 til 2012. Framleis er *ljod - lyd* og *ljøs - lys* jamstilt, men i verba er no formene på -y- obligatoriske (*by(da)*, *skyta*). *NO gjennomfører formene på -y-: lyd, lys, byda, skyta osv. Frå 1959 er *spyd* jamstilt med *spjut*. NO gjennomfører spjut.*
6. **Einskildord med jamstilte former etter 1938:** Slike ord er m.a.: *arva/-ing - erva/-ing*, *da - då*, *derfor - difor*, *fjere - fjøre*, *jarn - jern*, *jol - jul*, *lukke - lykke*, *lukkast - lykkast*, *læsa - låsa*, *moden - mogen*, *mæla - måla*, *nòt - nøtt*, *okse - ukse*, *segla - sigla*, *skuldig - skyldig*, *skuva - skyva*, *tjere - tjøre*, *tjern - tjørn*, *turka - tørka*, *turr - tørr*, *venstre - vinstre*, *veta - vita*, og substantiva *auga*, *hjarta*, *øyra* (med pl -o) vs. *auge*, *hjarde*, *øyre*. (I 1959 vart formene *fjere* og *tjere* erstatta med *fjære* og *tjære*, framleis jamstilt med *fjøre* og *tjøre*.) *NO har i dei fleste tilfella valt den tradisjonelle forma: då, difor, fjøre, jarn, lukke, lukkast, mogen, sigla, skuldig, skuva, tjøre, tjørn, turka, turr, vita. I andre tilfelle har NO valt den nyare forma: arva/-ing, jul, låsa, måla, nøtt, okse, venstre. NO skriv brud og fure i oppslagsformer, men brur og furu er godtatt i redaksjonsspråket. Her har bruken utvikla seg annleis enn ordboksredaksjonen tenkte seg da dei første banda vart redigert.*
7. **Einskildord der hovudforma frå 1938 seinare er blitt sideform eller har fått jamstilt form:** Døme: *fumla* [*fomla*], *hovding* [*høvding*], *skule*

[skole], stove [stue], sumla [somla], tunn [tynn], tunne – tynne, vit [vett], åleine [aleine]. Av desse formene vart *fumla*, *sumla*, *tunn* og *tunne* sideformer etter 1959, mens *tønne* vart innført som hovudform og dei andre formene vart jamstilt. ***I slike ord held NO på den tradisjonelle forma i redaksjonsspråket (men den nyare forma er oppført som alternativ på oppslagsplass): fumla, hovding, skule, stove, sumla, tunn, tunne, vit, åleine.*** Fram til 1959 var forma *gjente* obligatorisk, men da vart ho erstatta med *jente*. ***NO nyttar framleis gjente.***

3.2.4 Modifikasjonar

Vi har modifisert prinsippet om å følgje 1938-rettskrivinga i somme ordgrupper (unntatt i dei første banda). Det gjeld på dei følgjande punkta, der vi i staden rettar oss etter 1959-rettskrivinga (dei formene NO nyttar, står i *kursiv halvfeit*):

- der bokmål og nynorsk i 1959 fekk nye grafiske reglar som ikkje har direkte med språkssystemet å gjere, primært ord som ***trafikkera***, ***plassera***, ***kapittel***, ***kupp*** o.l. som før 1959 heitte *trafikera*, *plasera*, *kapitel* og *kup*.
- der vi har fått nye, såkalla norvagiserte skriveformer av framandord eller innlånte ord (valfritt eller obligatorisk), typen ***sjanger*** for *genre*, ***kløtsj*** for *clutch* m.m.
- i somme verb med dobbelkonsonant der ein før 1959, men ikkje seinare, forenkla dobbelkonsonanten før konsonant i bøygde former, t.d. *sleppa* og *kvessa*, der ein før 1959 skreiv *slepte* og *kveste* i preteritum, men seinare ***sleppte*** og ***kvesste***.
- i geografiske namn som vart endra i 1959; der følgjer vi den nyaste skrivemåten så langt som råd, og skriv altså ***Sverige***, ***Finland*** og ***Kina*** – ikkje *Sverike*, *Finnland* og *China*, som det heitte før 1959.

Eit særleg problem er *aksentbruk over vokalar*. Det gjeld delvis i franske lånord (***allé***, ***idé***); der skriv vi aksent konsekvent. Annleis blir det i ein del norskrøtte ord og ordformer der vi på nynorsk skriv aksent over *e* og *o*, dels for å markere skiljet mellom trong og open uttale der dei kontrasterer i elles likeskrivne former (døme: ***òg*** (= også) vs. ***og***; ***lèt*** (presens) vs. ***lét*** (preteritum); ***fòr*** (plogfòr) vs. ***for***), dels for å markere opphav. Her er det særleg viktig at såkalla sirkumfleks-aksent fungerer som merke på ein bortfallen norrøn ð. Døme: ***lêr***, ***vêr***, ***fòr*** (norrønt *leðr*, *veðr*, *fóðr*).

Praksis i NO er å ikkje ta med slike aksentar i norskrøtte oppslagsformer, mens det for redaktørane har vore valfritt å ta dei med nede i ordboksartikkellane. Vi vil derfor finne ein viss inkonsekvens i rettskrivinga i slike ord.

Vi nemner òg at somme adjektiv og/eller adverb kan ende på både *-ande* og *-ende*. I så fall blir artikkelen alfabetisert på *-ande*, med ein tilvisingsartikkel frå forma på *-ende*:

fælande el **fælende** adj
fælende adj sjå *fælande*.

3.2.5 Genus og verbkonjugasjon

Mange substantiv har skifta kjønn (genus) frå 1938- til 1959-rettskrivinga, og mange verb kan ha skifta bøyingsklasse. Her har redaksjonen, særleg frå band 5 av, følgt desse prinsippa:

- Der 1938-rettskrivinga var eintydig, altså ikkje hadde valfridom på desse punkta, følgjer vi det som der gjaldt, uansett kva som har skjedd av endringar seinare.
- Der 1938-rettskrivinga hadde valfridom mellom ulike genus eller bøyingsklasser, men berre eitt av alternativa vart ståande etter 1959, følgjer vi det som vart gjeldande, og stort sett er gjeldande rettskriving framleis.
- Der valfridom frå 1938-rettskrivinga vart ført vidare etter 1959, har redaksjonen for kvart ord valt eitt genus eller éi bøyingsklasse som ordet skal høyre til i Norsk Ordboks redaksjonsspråk. På oppslagsplass blir all valfridom i dei to rettskrivingane markert, også på desse punkta.

3.2.6 Oppføring av oppslagsformer

I oppslagsformene følgjer vi same prinsippet. Det vil seia at orda blir alfabetisert og behandla under den forma som var hovudform i 1938-rettskrivinga (eller, der det var valfritt den gongen, under den forma som er valt ut som «NO-form»). Men her fører vi òg, som alternativ etter «el», opp både eventuelle jamstilte former i 1938-rettskrivinga, og former som har fått hovudformstatus i 1959 eller seinare. Forma etter «el» er ført opp på alfabetisk plass med tilvising til NO-forma der informasjonen om ordet er samla. Dermed skal det ikkje vere naudsynt å vite kva former som gjaldt i 1938 for å finne den aktuelle ordartikkelen.

Som døme kan vi nemne pronomenet *me* vs. *vi*. I 1938-rettskrivinga var *vi* hovudform, *me* sideform. I 1983 vart desse to variantane jamstilt, og det er dei framleis. I Norsk Ordbok står artikkelen på dette ordet alfabetisert på *vi* med oppslaget «**vi** el **me** pron», som vi såg under 1.4. Under *me* står det ein tilvisingsartikkel: «**me** pron sjå *vi*».

Eitt anna døme: *Tunn* var hovudform etter 1938, men i 1959 vart ho erstatta av *tynn* mens *tunn* vart sideform. I NO står det slik:

|| **tunn** el **tynn** adj
tynn adj sjå || *tunn*.

3.2.7 Rettskriving i sitat

I *sitat* følger vi den opphavlege rettskrivinga i sitatet, med to unntak: Vi nyttar alltid *å*, sjølv om det står *aa* i kjelda, og vi nyttar liten førebokstav i substantiv som ikkje er særnamn, sjølv om kjelda har stor førebokstav. Aasen skreiv: «*Dei gamle Fjell i Syningom er alltid eins aa sjaa.*» I NO (i artikkelen *III syning*) er desse linene gjengitt slik: «**dei gamle fjell i syningom er alltid eins å sjå*». (Her ser vi òg døme på to andre reglar, som vi tidlegare har vore inne på (2.4.5.2.2): Siterte verseliner blir alltid markert med * (sjå òg 5.1), og første ordet i alle sitat har liten forbokstav, så sant det ikkje er snakk om særnamn.)

4

Fagtermar i Norsk Ordbok med forklaring

Tala i parentes viser til stader i teksta der fenomenet er nøyare forklart og utgreidd.

affiks	Element (som oftast ei staving) som blir lagt til ei ordrot for å lage ei avleiing, men som ikkje kan vere eit sjølvstendig ord, sjå <i>prefiks</i> og <i>suffiks</i>
artikkel	I ordbokssamanheng: eit oppslag med den informasjonen som blir gitt om oppslagsordet, òg kalla ordartikkel eller ordboksartikkel (1.2)
artikkelkropp	Den delen av ordartikkelen som handlar om dei funksjonelle sidene ved ordet (tyding, grammatisk funksjon osv.) (2.1.5, 2.4.1)
arveord	Ord som er nedarva frå tidlegare fasar av (det som skulle bli) norsk språk (gammalnorsk, urnordisk, ev. lenger bakover) (2.3.5.2)
avleiing	Ord som består av ei ordrot og eit eller fleire affiks (også nytta om prosessen der slike ord blir danna) (2.1.4, 2.2.1.2)
belegg	Dokumentert døme på bruk av eit ord, ei form, eit uttrykk e.l.
bruksdøme	Døme på eit ord i bruk i ein bestemt kontekst i form av eit ord-samband redaksjonen har ført opp eller eit sitat (2.4.5)
bruksmarkering	Opplysning om kva område eller kva måte eit ord blir brukt på, t.d. fagområde, stilslag, frekvens (2.4.3)
definisjon	Beskriving av kva eit ord betyr (2.4.4.3)
definisjonsformat	Mønster for utforminga av definisjonar av ord som høyrer til bestemte kategoriar (2.4.4.3.5)
dialekt	Talemålsform som er knytt til eit spesielt geografisk område
ekstensjon	Summen av dei fenomena ein definisjon kan gjelde (2.4.4.2) eller eit omgrep kan omfatte (ekstensjonen av <i>årstid</i> er vår, sommar, haust og vinter)
ekserpere	Det å merke ut enkeltord i ei lengre tekst for å vise korleis ordet er blitt brukt i sin umiddelbare kontekst
eldre kjelde	Kjelde til opplysningar om ord frå før 1900, dvs. fram til Aasen og Ross sine ordbøker
etterledd	Siste leddet i eit samansett ord, t.d. <i>-bok</i> i <i>ordbok</i> ; sjå òg <i>suffiks</i>
etterleddsartikkel	Ordartikkel om eit etterledd (2.6)
etymologi	Ordhistorie: Opplysningar og teoriar om opphavet til ord (2.3.5)

fuge	Bindeledd mellom førsteledd og etterledd i eit samansett ord, på norsk primært vokalen <i>-e-</i> eller konsonanten <i>-s-</i> (2.2.1.2.1)
føreledd	Første leddet i eit samansett ord, t.d. <i>ord-</i> i <i>ordbok</i> ; sjå òg <i>prefiks</i>
føreleddsartikkel	Ordartikkel om eit føreledd (2.5)
genus	Grammatisk kjønn
grunnform	Den ubøygde forma av eit ord, som normalt står som oppslagsord i ordbøker, i norsk vanlegvis ubestemt form eintal av substantiv og infinitiv av verb (2.2.1)
grunnord	Ord som berre består av eitt ledd, og altså verken er avleiing eller samansetning
hakeparentes	Teiknet []; i Norsk Ordbok brukt om den delen av ein artikkel som først og fremst beskriv formsida av oppslagsordet, og som blir «inngjerda» av ein hakeparentes (2.1.5, 2.3)
heimfesting	Det å bestemme kor i geografien ei ordform er brukt og belagt (2.8.2)
homograf	Ord som blir skrivne likt med eit anna ord (men har ulikt opphav og tyding) (2.1.2)
idiom	Fast uttrykk med ei særskild tyding som ein ikkje kan gjette seg til av tydinga på enkeltorda i uttrykket (2.4.6.3)
importord	Ord som er tatt inn i eit språk frå andre språk (2.3.5.1, 2.3.5.3)
jamning	Det at visse typar ord (substantiv og verb) får ein gjensidig påverknad mellom vokalane i ordet i austlandske og trønderske målføre, slik at dei blir meir like enn i andre former for norsk (eventuelt heilt like), t.d. at norrønt <i>vita</i> blir til <i>væt(t)a</i> eller <i>våttå</i> .
jamningsform	Ordform som har vore utsett for jamning, som t.d. <i>væta</i> , <i>vatta</i> og <i>våttå</i> av <i>vita</i>
kjeldefesting	Det å gi opp kva slags kjelde eit språkleg belegg eller ei opplysning er tatt frå (2.8.1)
konkordans	Elektronisk samling av alle orda i ei tekst eller hos ein forfattar der ein kan få fram dei næraste omgjevnadene til ordet
kontekst	Samanhengen eit ord står i, eller dei næraste omgjevnadene til ordet
korpus	I leksikografisk samanheng er eit korpus (òg kalla <i>tekstkorpus</i>) ei elektronisk samling av tekster, gjerne utvalde etter visse kriterium, der ein kan søke på kvart enkeltord som ved konkordansar, og finne ut dei næraste kontekstane kvart ord står i. (1.3.2)
landsdel	Overordna del av landet: Austlandet, Vestlandet, Trøndelag, Nord-Noreg
landskap	Mindre del av landet, der både eininga og namnet på eininga har djup historisk tradisjon, t.d. Romerike, Gudbrandsdalen, Hardanger
ledd	I språkleg samanheng: element som utgjer del av samansett ord, enten samansetningsledd (døme: <i>ord-</i> og <i>-bok</i> i <i>ordbok</i>) eller affiks og grunnord i avleiing
leksikografi	Ordbokskunnskap og ordboksproduksjon; i vidare forstand alle former for formidling av kunnskap om ord og ordbruk og innsamling av materiale som underbygger og styrkar slik kunnskap

linn	I språkleg samanheng: nemning på bøyingsklasser innanfor substantiv og verb i motsetning til klasser som blir kalla «sterke», sjå ndf.
linne substantiv	Substantiv som i ubestemt form eintal endar på trykklett vokal, i dag -e: <i>måne, klokke</i>
linne verb	Verb som blir bøygd i preteritum og perfektum partisipp ved å legge til bøyingsendingar, t.d. <i>dømme – dømte, bygge – bygde, kaste – kasta</i> (2.2.2.5.1)
morfem	Minste element i språket som kan ha ei sjølvstendig tyding eller grammatisk funksjon; kan vere grunnord, affiks eller bøyingsending
målform	Varietet av eit språk, særleg skriftspråk, t.d. bokmål og nynorsk
målføre	Dialekt
oppslag	Utgangspunktet for ein ordboksartikkel, som oftast grunnforma av ordet, integrert i ei alfabetisk rekke der brukaren kan slå opp for å finne dei opplysningane brukaren søker etter om det aktuelle ordet (2.1.5, 2.2)
oppslagsform	Den forma av eit ord som er oppslag for ordartikkelen, som oftast grunnforma
oppslagsord	Det ordet som står som oppslag, og som ordartikkelen handlar om
ord	Kombinasjon av språklydar eller bokstavar som har ei sjølvstendig tyding og i skrift står mellom to mellomrom
ordlag	Uttrykk, ordsamband som uttrykker ei sjølvstendig mening
ordrot	Ofte berre kalla <i>rot</i> : grunnord utan avleiingsaffiks
ordsamband	Fast eller mykje brukt samband av ord som uttrykker eit særskilt tydingsinnhald (2.4.6.1)
ordtak	Formfast og tradisjonsbunden setning som på biletleg vis uttrykker ei djupare eller meir allmenn sannkjenning, t.d. <i>den som kjem først til mølla, får først male</i> (2.4.5.2.7)
ordtilfang	Større eller mindre samling av ord som står til rådvelde for eit språk, ein språkbrukar, ei gruppe språkbrukarar osv.
prefiks	Affiks som innleier ei avleiing, som <i>an-</i> i <i>anfall</i> (2.5.1, 2.5.2)
realdefinisjon	Formulering som beskriv tydinga til eit omgrep så presist som råd (2.4.4.3.1)
redaksjonelt døme	Døme på språkbruk som er laga av redaksjonen på grunnlag av mange ulike autentiske døme (2.4.5.2)
samansetning	Ord som er samansett av to eller fleire ledd som kvar for seg kan vere sjølvstendige ord, som <i>ordbok av ord og bok</i>
samansetningsfuge	Sjå <i>fuge</i>
samansetningsledd	Sjå <i>ledd</i>
samleform	Form som representerer ei viss gruppe dialektformer og «samlar» dei under éin hatt (2.3.4.3)
setel	I ordbokssamanheng er ein setel ein liten lapp av papir eller papp som inneheld eit belegg på eit ord i bruk eller ei opplysning om eit ord

setelarkiv	Arkiv samansett av ordsetlar som er systematisk ordna (oftast alfabetisk) slik at ein kan bla seg fram til det ordet ein ønskjer opplysning om
sitat	Ordsekvens (setning el. l.) som er tatt rett frå ei autentisk kjelde (2.4.5.2)
stamme	Ordstamma er grunnforma til eit ord utan bøyingsendingar
stammeutgang	Siste lyden i ei ordstamme (før bøyingsendinga), t.d. <i>r</i> i <i>før/a</i> , <i>l</i> i <i>kvil/a</i> , <i>nn</i> i <i>kjenn/a</i>
sterke verb	Verb som blir bøygd i preteritum utan ending, men (oftast) med vokalskifte, som t.d. <i>lese – las</i> , <i>skrive – skreiv</i> (2.2.2.5.2.1)
suffiks	Affiks som avsluttar ei avleiing, som <i>-dom</i> i <i>ungdom</i> (2.2.1.2, 2.6)
synonym	Ord med same tyding (eller ei svært nærliggande tyding) som eit anna, som <i>hestehov</i> og <i>leirfivel</i> (2.4.3.2)
synonymdefinisjon	Definisjon som berre består av eit synonym til oppslagsordet, t.d. når <i>hyse</i> berre blir definert med «kolje» (2.4.4.3.2)
tonem	Tonelag, ordtone; det at to ord med lik uttale kan skiljast frå kvarandre ved at dei har ulike tonegangar (som i <i>bønder</i> til skilnad frå <i>bønner</i>) (2.3.1.1, 2.3.1.3)
tydingsbokstav	Tydingsmarkør som består av ein (liten) bokstav og skil ut ein tydingsnyanse innanfor ei hovudtyding (og dermed er underordna eit tydingsnummer) (2.4.2)
tydingsbolk	Del av ordartikkel som tar for seg ei viss tyding av oppslagsordet, utskilt med ein tydingsmarkør (2.4.1, 2.4.2)
tydingsmarkør	Talteikn eller bokstav som innleier ein tydingsbolk og dermed skil ut ei tyding av oppslagsordet (2.4.1, 2.4.2)
tydingsnummer	Tydingsmarkør som består av eit talteikn og skil ut ei hovudtyding av oppslagsordet (og dermed er den overordna tydingsmarkøren) (2.4.2)
underoppslag	Del av ein ordartikkel i Norsk Ordbok som beskriv eit ordsamband eller eit uttrykk (2.4.6)
variant	Avvikande form av ord, ordform, uttrykk el l
vending	I språksamanheng: Meir eller mindre fast uttrykk eller ordlag
verbfrase	Fast frase som består av eit verb og ein partikkel som til saman får ei viss tyding, t.d. <i>slå an</i>

5

Teikn og forkortingar

5.1 Teikn nytta i Norsk Ordbok

[]	<i>hakeparentes</i> står kring den delen av artikkelen som inneheld: normaluttale, eldre kjelder (ordsamlingar og ordbøker), avvikande skriftformer, målføremformer, syntaktiske og morfologiske opplysningar, etymologiske tilhøve
()	<i>bogeparentes</i> står kring utfyllande merknader av ulike slag i samsvar med vanlege skrivereglar; merk særskilt bogeparentes kring forklarande og utfyllande tillegg (med rett skrift) i sitat; dessutan står bogeparentes kring kjelder
/	<i>enkel skråstrek</i> står mellom sitat
//	<i>dobbel skråstrek</i> står: 1) (etter sitat) framfor ny tyding (med definisjon, forklaring, merknad eller sitat) og markerer klar tydingsskilnad; 2) (etter sitat) framfor opplysningar som syner andre tilhøve (syntaktiske, grammatiske) eller særskilde (andre) bruksområde for det aktuelle ordet
''	<i>apostrofar</i> står: 1) kring tydingsopplysning etter eit ord (t.d. i hakeparentesen); 2) kring ikkje-normaliserte artikkelord (eller uttrykk) i eit elles normalisert målføresitat
*	<i>stjerne (asterisk)</i> står føre sitat i bunden stil, og føre hypotetiske ordformer
.. og ...	<i>to eller tre punktum</i> står der noko er utelate i eit sitat (to punktum i dei første banda av ordboka, tre i dei seinare)
´	<i>akutt aksent (accent aigu)</i> står: 1) over vokalteikn som markering av «trong» uttale; 2) separat som indikasjon på tonem 1 (som i <i>bønder</i>)
`	<i>grav aksent (accent grave)</i> står: 1) over vokalteikn som markering av «open» uttale; 2) separat som indikasjon på tonem 2 (som i <i>bønner</i>)
ʃ	<i>tjukk l</i> i t.d. <i>klukke, stælk, tæ!, gal</i>
ʃ	palatal l i t.d. <i>kæʃʃ</i> .
ɲ	palatal n i t.d. <i>lanɲ</i>
ɖ	palatal d i t.d. <i>reɖɖ</i>
ʈ	palatal t i t.d. <i>iʈʈ</i>

5.2 Forkortingsliste

abl	(i) ablativ
abs	(i) absolutt (bruk)
abstr	(i) abstrakt (tyding)
adj	adjektiv, adjektivisk
adm	(i) administrasjonsmål
adv	adverb, adverbial(t)
afjells	austanfjells (Austlandet)
ags	angelsaksisk
akad.	(i) akademisk (målbruk)
akk.	(i) akkusativ
aks	aksent, tonelag
akt.	aktiv
alfab	alfabetisk
amer	amerikansk
anat.	(i) anatomi, anatomisk
antrop	(i) antropologi, antropologisk
appos	apposisjon
arab	arabisk
arkais	arkaiserande, dvs ordbruk som gir inntrykk av eldre språk enn konteksten
arkeol	(i) arkeologi, arkeologisk
arkit	(i) arkitektur, arkitektonisk
art.	artikkel
assim	assimilasjon
astrol	(i) astrologi, astrologisk
astron.	(i) astronomi, astronomisk
attrib	attributt, i attributiv bruk
austerl	austerlandsk
austnord.	austnordisk
austsv	austsvensk
avbr	avbrigde
avl.	avleiing
avst	avstyting, avstytt
avvik.	avvikande
b	bunden (form)
bak.	(i) bakarfaget
bakt.	(i) bakteriologi, bakteriologisk
bankm	(i) bankmål
barnem.	(i) barnemål
bergv	(i) bergverksmål
bf	bunden form

bil.	biletleg
biol	(i) biologi, biologisk
bladm	(i) bladmål, journalistisk
blekksl	(i) blekkslagarfaget
bm	bokmål (etter 1907, jf. no-da)
bokb	(i) bokbindarfaget
bot.	(i) botanikk, botanisk (sjå 2.4.3.1 i tekstdelen)
bryggj	(i) ølbryggarfaget
bygn	(i) bygningsteknikk, bygningsstell
bøy.	bøying
båh	båhuslensk
båtbygg.	i båt- og skipsbyggarfaget
c	<i>genus commune</i> , felleskjønn
da.	dansk
dat	dativ
d e	det er
def	definisjon, definert
dem	demonstrativ
differ	differensiasjon
dim.	diminutiv, minkingsord
dissim	dissimilasjon
d s	det same
dss	det same som
dvs	det vil seie
e	eldre
edb	(i) dataspåk
eigl	eigentleg
einkv	einkvan, nokon
einstav.	einstavings, einstava
eitkv	eitkvart, noko
el	eller
elektr	i elektrikarfaget, i elektrisitetslæra
el l	eller liknande
elvn.	elvenamn
end.	ending(ar)
eng.	engelsk
estet.	(i) estetikk, estetisk
etnogr	(i) etnografi, etnografisk
etnol	(i) etnologi, etnologisk
ett	etter
etym	etymologisk
evfem	evfemisme, evfemistisk
f	femininum, hokjønn; og følgjande side

fag.	(i) fagmål, fagleg
fam	familie(n), familiært
farmak	(i) farmakologi, farmakologisk
ff	og følgjande sider
filol	(i) filologi, filologisk
filos.	(i) filosofi, filosofisk
fisk.	(i) fiskarlaget
fi-sv	finlandssvensk
fjellb	fjellbygder
fl	fleire
flg	følgjande (ord)
flstav	fleirstavings, fleirstava
fly.	(i) flyteknikk, flygarmål
fmed.	(i) folkemedisin, folkemedisinsk
folker.	folkerettsleg
folklor.	(i) folkloristikk, folkloristisk
fon.	(i) fonetikk, fonetisk
forald	foraldrar, dvs. ordbruk som finst i eldre språk, men no ikkje lenger blir nytta
forf	forfattar
forretn	(i) forretningsmål
forsterk.	forsterkande
fotogr	fotografisk
fp	fortid partisipp, perfektum partisipp (no: preteritum partisipp)
fr	fransk
frg	føregåande (ord)
fris	frisisk
ft	fortid (preteritum)
ftru	i folketrua
fv	i folkeviser, (i) folkevisemål
fys.	(i) fysikk, fysisk
fysiol	(i) fysiologi, fysiologisk
fær	færøysk
g	gammal(t)
gda	gammaldansk
gdn	gardsnamn
gen.	(i) genitiv
geng.	gammalengelsk
geogr	(i) geografi, geografisk
geol	(i) geologi, geologisk
geom	(i) geometri, geometrisk
germ	germansk
gfr	gammalfransk

ghy	gammalhøgtysk
g-irsk	gammalirsk
gj	gjennom
glat	gammallatin
glt	gammallågtysk
gno	gammalnorsk
got	gotisk
gr	gresk
gramm	(i) grammatikk, grammatisk
grf	grunnform
gsv	gammalsvensk
gty	gammaltysk
gv	gammalvore(n)
gymn	(i) gymnastikk
hag.	(i) hagebruk
handarb	(i) handarbeid
handv	(i) handverk(smål)
hebr	hebraisk
herald.	(i) heraldikk, heraldisk
hist.	historisk (går på det saklege innhaldet i definisjonen, ikkje den språklege sida ved ordbruken)
hsetn	hovudsetning
hty	høgtysk
høgt.	høgtidleg
h-år	hundreår
idr	(i) idrett, idrettsmål
i gåte	oppslagsordet er nytta i spørsmålsdelen av gåte
ikr	ikring
imp	imperativ
ind	indikativ
inf	infinitiv
innanl	innanlandsk
innv	innverknad
interj	interjeksjon
intr	intransitiv(t)
iron.	ironisk
isl	(ny)islandsk (jf. gno)
istf	i staden for
ital	italiensk
jamt.	«jamtlandsk», jemtlandsk
jarnv	i jarnvegsstell
jfr	jamfør
jordbr	(i) jordbruk(smål)

jur.	(i) juridisk (stil), (i) rettsvitenskap
jy	jysk
kans	(i) kansellimål
kap	kapittel
kat.	katolsk
kaus.	kausativ
kelt.	keltisk
kirurg.	(i) kirurgi, kirurgisk
kjem.	(i) kjemi, kjemisk
kok.	(i) kokefaget
koll.	kollektiv(t)
komp	komparativ
kompl	(gått av bruk) komplement, preposisjonsuttrykk (= prep-uttr)
konj	konjunksjon
konjunkt	konjunktiv
konkr	konkret
kons.	konsonant, konsonantisk
kunsthist.	kunsthistorisk
kvalf	(i) kvalfangarmål
kvard, kvd	(i) kvardagsmål (i motsetning til normalmål, og til skilnad frå målf og bym. med meir lokal avgrensing)
kyrk	(i) kyrkjestell
kyrk-hist	kyrkjehistorisk
l	linn (bøying)
landm	i landmåling
lat	(i) latin, latinsk
lbr	lite brukt, og tradisjonelt rekna for lite brukande
likn	liknande
litt.	(i) litterært (mål)
litthist.	litteraturhistorisk
log.	(i) logikken, logisk
lty	lågtyisk (irekna mellomlågtyisk)
m	maskulinum, hankjønn
-m.	-mål (t.d. barnem. = barnemål)
m a	mellom anna
mat.	(i) matematikk, matematisk
matst	(i) matstell
med.	(i) medisin, medisinsk
mek	(i) mekanikk, mekanisk
meng.	mellomengelsk
merkn	merknad
metall.	(i) metallurgi, metallurgisk
meteor.	(i) meteorologi, meteorologisk

metr	(i) metrikk, metrisk
mfr	motfør (d.e.: jamfør med noko motsett)
mhty	mellomhøgtysk
mil.	(i) militærmål
min.	(i) mineralogi, mineralogisk
misskr	misskrive, feilskrive
mispr	misprent, trykkfeil
ml	mellom
mlat	mellomalderlatin
mly	mellomlågtyisk (jf. lty)
m m	med meir
mndl	mellomnederlandsk
mno	mellomnorsk
m oms t	med omsyn til
mots	motsett
mrk	merk, merknad
ms	manuskript, handskrift
mst	mange stader
msv	mellomsvensk
mty	mellomtyisk
mulj	muljert, muljering, palatal(isering)
mus.	(i) musikk
myt.	(i) mytologi, mytisk
målf	målføre, i målføreuttale
målv	(i) målvitskap, målvitskapleg
n	nøytrum, inkjekjønn
naturv	(i) naturvitskap, naturvitskapleg
navig	i navigasjon
nda	nydansk
ndf	nedanfor
ndl	nederlandsk
nedsetj	nedsetjande
nekt	nektande, nekting
n fjells	nordanfjells (Trøndelag og Nord-Noreg)
nlat	(i) nylatin, nylatinsk
nno	nynorsk
no.	norsk
no-da	norsk-dansk (fram til 1907, jf. bm)
nom.	(i) nominativ
nord.	nordisk
norr.	norrøn(t)
np	notid partisipp (presens partisipp)
nr	nummer

nt	notid (presens)
nyl.	nylaga, nylaging
o.a.	og anna, og andre
obj	objekt
obl kas	oblik(e) kasus
odont	(i) odontologi, odontologisk
off	offentleg
ofl	og fleire (stader)
o l	og liknande
oml	omlaga, omlaging
oms.	omsett, omsetjing
omskr	omskrivning
omtyd	omtyding
oppgj	oppgitt
opph	opphav, opphavleg
ord.	(i zool) orden(en)
ordl	ordlag
ordt	ordtak
ortogr	(i) ortografi, ortografisk
osfr	og så frametter
Oslobym	Oslo bymål
ovanf	ovanfor
overf	i overført (el figurleg) tyding
overg	overgang (i tyding)
par.	paragraf, §
part.	partikkel
pass.	passiv
ped	(i) pedagogikk, pedagogisk
peik.	peikande
pers	personleg
p g a	på grunn av
pl	(i) pluralis, fleirtal
poet.	() poesi, poetisk
polit	politisk
portug	portugisisk
pos.	positiv
poss	possessiv
pred	predikat, predikativ
pred-ord	predikatsord, predikativ
pref	prefiks, førefeste, førestaving
prep	preposisjon
pron	pronomen
propr	proprium, særnamn

psykiat	(i) psykiatri, psykiatrisk
psykol	(i) psykologi, psykologisk
pts	partisipp
påv.	påverknad, påverka av
radiof	(i) radiofaget
refl	refleksiv(t)
rel	(i) bibelsk og religiøst mål i det heile
relat	relativ(t)
rel-hist.	(i) religionshistorie, religionshistorisk
res.	resiprok(t)
rettsst	(i) rettsstell
rom	romansk
rom-kat	romersk-katolsk
russ	russisk
russeno	russenorsk (tidlegare norsk-svensk-russisk-finsk-samisk handelsspråk på finnmarksysten)
s	side
sam	samisk
samb	samband
s d	sjå der, sjå dette
seinlat	(i) seinlatin, seinlatinsk
serl	særleg
sersk	særskild, særskilt
setn	setning
sfjells	sønnanfjells (Austlandet, Agder og Vestlandet)
sg	(i) singularis, eintal
shet	shetlandsk
sj	sjeldsynt
sjøm.	(i) sjømannsmål
sjømil.	sjømilitært
skift	skiftande
skiln	skilnad
skjemt.	skjemtande
skogbr	(i) skogbruk
skr	(i) skrift
skulem	(i) skulestell, skulemål
slang	(i) slang
slav	slavisk
sm	same
sm-	saman-
smbi	samanblanda, samanblanding
smdr	samandrege, samandraging
smh	samanheng

sml	samanlikning
smn	saman
sm o s	same ord som
sms	samansetning(ar), samansett
smsk	samanskrive, samanskrijving
sm st	same stad
sos-øk	(i) sosialøkonomi, sosialøkonomisk
sp	spansk
spr	språk
språkhist	språkhistorisk
spørj	spørjande
sslav	sørslavisk (serbisk, kroatisk, (tidlegare:) serbokroatisk, montenegrinsk, bosnisk)
ssp.	underart (subspecies)
st	sterk (bøying)
stadn	(i) stadnamn
subj	subjekt
subst	substantiv, substantivisk
suff	suffiks, etterfeste, etterstaving
sumst	«sumstad», somme stader
superl	superlativ
supin	supinum
sv	svensk
svar. t	(som) svarer til, svarande til
sviv.	svivyrdeleg
sørj	sørjlandsk
t	til
t d	til dømes
teat	(i) teater- og skodespelaryrket
tekn	(i) teknikk, teknisk
tel.	(i) telefon- og telegrafverket
teol	(i) teologi, teologisk
tilf	tilfelle, tilfeldig
tilh	tilhøve
tilkn	tilknytting
till.	tillegg
tiln	tilnærming, tilnærma
tilsv	tilsvarande
tostav	tostavings, tostava
tr	transitiv(t)
trul.	truleg
trygd.	(i) trygdeverket, (i) trygdingsmål
t skiln	til skilnad

ty	tysk
tyd	tyding
typ.	(i) typografi, typografisk
tyrk	tyrkisk
u	under
ub	ubunden (form)
ubf	ubunden form
ubøy.	ubøygd eller ubøyeleg
ukj	ukjent
ung.	ungarsk
univ	(i) universitetsmål
upers	upersonleg
usetn	undersetning, leddsetning
utanl	utanlandsk
utg	utgåve, utgitt
utk	utkomen
utt	uttala, uttale (særleg om normaluttale, jf. målf)
uttr	uttrykk, gir uttrykk for
utv	utvikling, utvikla
v	verb
vanl	vanleg
var.	varietet (i genetisk klassifisering av planter eller dyr)
vb	verb, verbal(t)
vbs	verbalsubstantiv
vedk	vedkomande
vegst	(i) vegstellet
veid.	(i) veidemål, jaktmål
vend	vending, ordlag
veter.	(i) veterinærmål
vevn	(i) veving, vevnad
v fjells	vestanfjells (Vestlandet)
vok	vokal, vokalisk
vsa	ved sida av, attåt
vulg	(i) vulgært (mål)
y	ymse
y st	ymse stader
zool	(i) zoologi, zoologisk (sjå 2.4.3.1 i tekstdelen)
ålm	«ålmént», allment (sterkare enn «vanleg»)

5.3 Geografiske namn

Denne lista inneheld områdenemningar over kommunenivå som er nytta i Norsk Ordbok. Oppslagsformene er dei forkortingane som er nytta i ordboka, men forklaringa blir innleidd med det geografiske namnet fullt utskrive, og deretter kjem i parentes ei presisering av kva for mindre område, primært kommunar pr. 1947, dette området omfattar. Kommunane sjølve er ikkje med i lista, dei står i neste liste (5.4). Men elles representerer lista ulike nivå: landsdelar (t.d. Austlandet), bispedøme (t.d. Agder bispedøme), fylke (t.d. Akershus), tradisjonelle landskap (t.d. Hardanger), og kombinasjonar av retningsadverb og namn (t.d. Aust-Telemark). Nokre eldre nemningar som er nytta i ordboka, er òg med (t.d. Råbyggjelaget). Somme bynamn er òg med i lista; det er slike som har fått forkorta form i heimfestingane (det gjeld nokre av dei største byane våre).

Parentesane som gir opp omfanget av området, listar opp einingar på nivået under oppslaget: Under regionen ATel finn vi kommunar (Hovin, Tinn osv.), under landsdelen Austlandet finn vi fylke (Austfold, Akershus osv.). Somme stader blir ulike nivå blanda: IAgd inneheld ei lang rekke kommunar pluss landskapet Setesdalen (Set), som har eige oppslag med kommunane opprekna. Under fylka fører vi likevel ikkje opp geografisk omfang; vi reknar det som allment kjent, og det blir også illustrert på karta under del 5 i rettleiinga. I kommunelista (5.4) blir også alle kommunane tilordna det fylket dei høyrer til i.

Generelt gjeld det at der forklaringsparentesane inneheld forkortingar, betyr det at desse forkortingane har eigne oppslag, så ein kan analysere seg stegvis ned i eit «områdehierarki». Oppslaget Fj (Fjordane) skal såleis tolkast slik at det er eigne oppslag på Sfj (Sunnfjord) og Nfj (Nordfjord). Mens Sfj får alle Sunnfjordskommunane opprekna, viser Nfj berre til INfj og YNfj, altså Indre Nfj og Ytre Nfj, og under desse oppslaga står kommunane.

A	Aust- (t. d. AAgd = Aust-Agder)
AAgd	Aust-Agder fylke
Ab	Agder bispedøme
Agd	Agder (AAgd, VAgd – og IAgd, YAgd)
Akh	Akershus fylke
AMoland	Austre Moland

ASTrl	Austre Sør-Trøndelag (Orkd, Oppdal, Skaun, Buvik, Børsa, Gauld, Røros, Tydal, Selbu, Klæbu, Strinda, Tiller, Leinstrand, Byneset, Malvik) (basert på førekomen av full utjamning i jamvektsverb (<i>vårrå, våttå</i> for <i>vera, vita</i>))
ATel	Aust-Telemark (Hovin, Tinn, Hjartdal, Gransherad, Heddal, Notodden, Sauherad, Bø i Tel, Lunde)
Austf	Austfold (Østfold) fylke
Austl	Austlandet (Austf, Akh (med Oslo), Hdmf, Oppl, Bu, Vestf, Tel)
Austflatb	Austlandsflatbygdene (SAustl, Hdm, Sol, Odal, VOpl, MBu)
A-VAgd	Austre Vest-Agder (tidlegare Mandal futedøme) (Kristiansand, Tveit, Oddernes, Randesund, Øvrebø, Hægeland, Vennesla, Søgne, Holum, Halse og Harkmark, Mandal, Greipstad, Finsland, Laudal, Bjelland, Øyslebø, Grindheim, Konsmo, Åseral, Vigmostad, SAudnedal, Spangereid)
Bb	Bjørgvin bispedøme (Hordaland, Bergen, Sogn og Fjordane og Sunnmøre)
Brg	Bergen
Bu	Buskerud fylke
Dal	Dalane (Sokndal, Lund, Heskestad, Bjerkreim, Helleland, Egersund, Eigersund, Ogn)
Fj	Fjordane (Sfj, Nfj)
Fm	Finnmark fylke
Follo	Son, Hølen, Vestby, Drøbak, Hvitsten, Frogn, Kråkstad, Ski, Ås, Nesodden, Oppegård
Fos	SFos, NFos
Gauld	Gauldalen (NeGauld, MGauld, ØvGauld)
Gbr	Gudbrandsdalen (NGbr, SGbr)
Had	Hadeland (Brandbu, Gran, Jevnaker, Lunner)
Hall	Hallingdal (ØvHall, NeHall)
Hard	Hardanger (YHard, IHard)
Hb	Hamar bispedøme
Hdm	Heidmarka (Hedmarken) (Romedal, Stange, Nes på Hdm, Ringsaker, Furnes, Vang på Hdm, Løten)
Hdmf	Hedmark fylke
Helg	Helgeland (SHelg, Rana)
HI	Hordaland fylke
I	Indre (t. d. INfj = Indre Nordfjord)
IAGd	Indre Agder (Gjerstad, Åmli, Gjøvdal, Tovdal, Vegårshei, Mykland, Froland, Herefoss, Birkenes, Vegusdal, Iveland, Øvrebø, Hægeland, Finsland, Laudal, Bjelland, Øyslebø, Grindheim, Konsmo, Åseral, Vigmostad, Kvås, Hægebostad, Eiken, Fjotland, Kvinesdal, Tonstad, ØvSirdal, Bakke, Gyland, Set)
IAustf	Indre Østfold (Rødenes, Råde, Rygge, Moss, Jeløy, Våler i Austf, Skiptvet, Eidsberg, Mysen, Askim, Hobøl, Spydeberg, Trøgstad, Rømskog)

IFm	Indre Finnmark (Kautokeino, Karasjok, Polmak, Tana, Nesseby, SVaranger)
IHard	Indre Hardanger (Røldal, Odda, Ullensvang, Kinsarvik, Eidfjord, Ulvik, Granvin)
INamd	Indre Namdalen (Sørli, Nordli, Røyrvik, Grong, Harran, Namsskogan, Høylandet, Overhalla, Namsos, Vemundvik, Klinga)
INdm	Indre Nordmøre (Øksendal, Ålvundeid, Sunndal, Stangvik, Åsskard, Surnadal, Rindal)
INfj	Indre Nordfjord (Eid, Gloppen, Breim, Innvik, Stryn, Hornindal)
Innh	Innherad (Skogn, Frol, Levanger, Verdal, Ytterøy, Mosvik, Verran, Malm, Inderøy, Røra, Sandvollan, Sparbu, Steinkjer, Egge, Ogdal, Stod, Kvam i NTrl, Beitstad, Namdalseid)
ISo	Indre Sogn (Sogndal, Aurland, Lærdal, Borgund i So, Årdal, Hafslø, Luster, Jostedal)
Jr	Jæren (Varhaug, Nærbø, Time, Klepp, Gjesdal, Høyland, Sandnes, Hetland, Sola, Madla, Stav, Randaberg)
Karm	Karmøy (Skudeneshavn, Skudenes, Åkra, Kopervik, Stangaland, Avaldsnes, Torvastad)
Krsand	Kristiansand
Krsund	Kristiansund
Land	Land (i Oppland) (Torpa, NLand, Fluberg, SLand)
Li	Lista futedøme (V-VAgd)
Lof	Lofoten (Vågan, Svolvær, Gimsøy, Valberg, Borge i Lof, Hol i Lof, Buk-snes, Flakstad, Moskenes, Værøy, Røst)
M	Midtre, Midt-
Ma	Mandal futedøme (A-VAgd)
MBu	Midtre Buskerud (Sigdal, Krødsherad)
MGauld	Midtre Gauldal (Støren, Soknedal, Budal, Singsås)
Mhl	Midhordland (Fusa, Strandvik, Hålandsdal, Samnanger, Os i HI, Austevoll, Sund, Fjell, Fana, Laksevåg, Åsane, Askøy)
Midl	Midlandet, fjellbygdene på Austlandet (Gbr, Va, Hall, Nu, ATel, VTel)
MSo	Midtre Sogn (Vik, Balestrand, Leikanger)
MTrs	Midtre Troms (Gratangen, Lavangen, Salangen, Dyrøy, Sørreisa, Bardu, Målselv, Øverbygd, Balsfjord, Malangen, Senja, Lenvik, Tranøy, Hillesøy, Tromsø, Tromsøysund)
MøRo	Møre og Romsdal fylke
N	Nord- eller Nordre (t.d. NTrl = Nord-Trøndelag)
Namd	Namdalen (INamd, YNamd)
NAukra	Nord-Aukra
NAurdal	Nord-Aurdal
Nb	Nidaros bispedøme
Ndm	Nordmøre (YNdm, INdm)
Ne	Nedre (t.d. NeTel = Nedre Telemark)

NeBu	Nedre Buskerud (Modum, Holmsbu, ØvEiker, NeEiker, Lier, Drammen, Røyken, Hurum, Kongsberg, ØvSandsvær, YSandsvær)
Ned	Nedenes futedøme (i AAgd) (Gjerstad, Søndeled, Dypvåg, Holt, Flosa, Austre Moland, Stokken, Tromøy, Øyestad, Hisøy, Fjære, Landvik, Eide, Vestre Moland, Høvåg, Birkenes, Herefoss, Froland, Vegårshei, Åmli, Mykland, Tovdal, Gjovdal)
NeEiker	Nedre Eiker
NeGauld	Nedre Gauldalen (Melhus, Flå, Hølanda, Horg)
NeHall	Nedre Hallingdal (Nes i Hall, Flå i Hall)
NeRom	Nedre Romerike (Enebakk, SHøland, NHøland, Setskog, Aurskog, Fet, Rælingen, Lørenskog, Lillestrøm, Skedsmo, Blaker, Sørums)
NeTel	Nedre Telemark, Grenland (Drangedal, Holla, Solum, Gjerpen, Skien, Porsgrunn, Siljan, Eidanger, Brevik, Stathelle, Langesund, Bamble, Skåtøy, Kragerø, Sannidal)
NeVa	Nedre Valdres (SAurdal, Etnedal)
Nfj	Nordfjord (YNfj, INfj)
NFos	Nord-Fosen (Ørland, Stadsbygd, Rissa, Stjørna, Bjugn, Nes i Fos, Jøssund, Åfjord, Stoksund, Roan, Osen)
NFron	Nord-Fron
NFrøya	Nord-Frøya
NGbr	Nord-Gudbrandsdalen (Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Heidal)
Nhl	Nordhordland (Haus, Bruvik, Hosanger, Hamre, Modalen, Masfjorden, Alversund, Lindås, Meland, Herdla, Hjelme, Hordabø, Sæbø, Manger, Austrheim, Fedje)
NHøland	Nordre Høland
NLand	Nordre Land
NN	Nord-Noreg
No	Nordland fylke
NODal	Nord-Odal
NRana	Nord-Rana
NTrl	Nord-Trøndelag fylke
NTrs	Nord-Troms (Ullsfjord, Storfjord, Kåfjord, Lyngen, Karlsøy, Helgøy, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen)
Nu	Numedal (Uvdal, Nore, Rollag, Flesberg)
NVaranger	Nord-Varanger
NVestl	Nordvestlandet (YSo, Fj, MøRo)
NVågsøy	Nord-Vågsøy
NØd	Nord-Østerdalen (YRendal, ØvRendal, Stor-Elvdal, Sollia, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga, Os i Ød, Kvikne)
Ob	Oslo bispedøme (Østfold, Oslo, Akershus)
Odal	Odalen (NODal, SODal)
Of	Ofoten (Tysfjord, Ballangen, Lødingen, Tjeldsund, Evenes, Ankenes, Narvik)

Oppl	Oppland fylke
Orkd	Orkdalen (Geitastrand, Orkanger, Orkdal, Orkland, Meldal, Rennebu)
Oslo	Oslo, Aker, Bærum, Asker
Rana	Dønnes, Nesna, Elsfjord, Korgen, SRana, Hemnes, NRana, Mo i Rana, Lurøy, Træna, Rødøy, Meløy
Rbg	Råbyggjelaget (på Indre Agder, særleg Aust-Agder) (Åmli, Gjøvdal, Tovdal, Vegårshei, Mykland, Froland, Herefoss, Vegusdal, Iveland, Hægeland, Åseral, Set)
Ri	Ringerike (Ådal, Norderhov, Tyrstrand, Hønefoss, Hole)
Rog	Rogaland fylke
Rom	Romerike (NeRom, ØvRom)
Roms	Romsdal (Vestnes, Tresfjord, Voll, Eid i Roms, Grytten, Hen, Veøy, Nesset, Eresfjord og Vistdal, Bolsøy, Molde, SAukra, NAukra, Fræna, Bud, Hustad, Sandøy)
Ryf	Ryfylke (Høle, Strand, Rennesøy, Mosterøy, Kvitsøy, Finnøy, Fister, Sjernarøy, Forsand, Hjelmeland, Årdal i Ryf, Jelsa, Erfjord, Suldal, Sand, Sauda, Sandeid, Imsland, Vats, Vikedal, Karm, Haugesund, Bokn, Skjold, Nedstrand, Tysvær, Utsira, Skåre)
S	Sør- eller Søre (t.d. STrI = Sør-Trøndelag)
Sa	Salten (Saltdal, Beiarn, Gildeskål, Skjerstad, Fauske, Bodin, Bodø, Sørfold, Kjerringøy, Nordfold, Leiranger, Steigen, Hamarøy)
SAudnedal	Sør-Audnedal
SAukra	Sør-Aukra
SAurdal	Sør-Aurdal
SAustf	Sør-Østfold (Idd, Halden, Berg i Austf, Aremark, Hvaler, Kråkerøy, Torsnes, Fredrikstad, Onsøy, Glemmen, Borge, Rolvsøy, Skjeberg, Sarpsborg, Tune, Varteig, Degernes, Rakkestad, Øymark)
SAustl	Søraustlandet (Austf, Akh, Oslo, Ri, NeBu, Vestf, NeTel)
Senja	Lenvik, Tranøy, Torsken, Berg i Trs, Hillesøy
Set	Setesdal (Bygland, Bykle, Valle, Hylestad, Evje, Hornnes)
Sfj	Sunnfjord (Askvoll, Fjaler, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal, Vevring, Bru, Eikefjord, Kinn, Florø, Bremanger)
SFos	Sør-Fosen (Vinje i Fos, Hemne, Snillfjord, Heim, Sandstad, Kvenvær, Hitra, Fillan, SFrøya, NFrøya, Agdenes, Lensvik)
SFron	Sør-Fron
SFrøya	Sør-Frøya
SGbr	Sør-Gudbrandsdalen (NFron, SFron, Ringebu, Øyer, ØGausdal, VGausdal, Fåberg, Lillehammer)
SHelg	Sør-Helgeland (Bindal, Sømna, Brønnøy, Brønnøysund, Velfjord, Grane, Hattfjellidal, Vefsn, Mosjøen, Vevelstad, Vega, Tjøtta, Alstahaug, Herøy på Helg, Sandnessjøen, Nordvik, Leirfjord, Drevja)
Shl	Sunnhordland (Sveio, Valestrand, Vikebygd, Ølen, Etne, Bømlo, Moster, Bremnes, Skånøvik, Kvinnherad, Fjelberg, Varaldsøy, Stord, Fitjar, Tysnes)

SHøland	Søndre Høland
SLand	Søndre Land
Snm	Sunnmøre (SSnm, Sunnlyven, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Borgund på Snm, Ålesund, Giske, Vigra, Haram, Vatne)
So	Sogn (YSO, MSo, ISo)
SODal	Sør-Odal
SoFj	Sogn og Fjordane fylke
Sol	Solør (Brandval, Grue, Hof i Sol, Åsnes, Våler i Sol)
SRana	Sør-Rana
SSnm	Søre Sunnmøre (SSnm, Sunnlyven, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Borgund på Snm, Ålesund, Giske, Vigra, Haram, Vatne)
Stav	Stavanger
Stjør	Stjørdalen (Meråker, Hegra, Lånke, Stjørdal, Skatval)
STrl	Sør-Trøndelag fylke
STrs	Sør-Troms (Kvæfjord, Harstad, Sandtorg, Skånland, Astafjord, Ibestad, Trondenes, Bjarkøy, Andørja)
SVaranger	Sør-Varanger
SVestl	Sørvestlandet (Rog, HI, ISo, MSo)
SVågsøy	Sør-Vågsøy
SØd	Sør-Østerdalen (Elverum, Trysil, Åmot, Engerdal)
Sørl	Sørlandet (Agderkysten)
Tb	Tunsberg bispedøme (Buskerud og Vestfold)
Tel	Telemark fylke
Tot	Toten (Gjøvik, Vardal, VToten, Eina, ØToten, Kolbu)
Trh	Trondheim
Trl	Trøndelag
Trn	Trondenes
Trs	Troms fylke
V	Vest- (t.d. VAgd = Vest-Agder)
Va	Valdres (ØvVa, NeVa)
VAgd	Vest-Agder fylke
Vestf	Vestfold fylke
Vestl	Vestlandet (SVestl, NVestl) (omfattar Rog, HI, SoFj, MøRo)
VGausdal	Vestre Gausdal
VMoland	Vestre Moland
Vo	Voss (som landsdel, omfattar kommunane Evanger, Voss og Vossestrand)
VOppl	Vest-Oppland (Biri, Snertingdal, Land, Tot, Had)
VSlidre	Vestre Slidre
Vstrål	Vesterålen (Hadsel, Bø i Vstrål, Sortland, Øksnes, Langenes, Bjørnskinn, Dverberg, Andenes)

VTel	Vest-Telemark (Rauland, Vinje i Tel, Mo i Tel, Lårdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal)
VTot	Vestre Toten
V-VAgd	Vestre Vest-Agder (tidlegare Lista futedøme) (Lista, Farsund, Herad, Spind, Lyngdal, Austad, Kvås, Hægebostad, Eiken, Fjotland, Kvinesdal, Feda, Tonstad, ØvSirdal, Bakke, Gyland, Hidra, Nes i VAgd, Flekkefjord)
Y	Ytre (t.d. YNamd = Ytre Namdalen)
YAgd	Ytre Agder (Risør, Sønedeled, Dypvåg, Tvedestrand, Holt, Tromøy, Øyestad, Arendal, AMoland, Stokken, Flosta, Hisøy, Grimstad, Fjære, Landvik, Eide, VMoland, Lillesand, Høvåg, Kristiansand, Tveit, Oddernes, Randesund, Vennesla, Søgne, Holum, Halse og Harkmark, Mandal, Greipstad, SAudnedal, Spangereid, Lista, Farsund, Herad, Spind, Lyngdal, Austad, Hidra, Nes i VAgd, Feda, Flekkefjord)
YFm	Ytre Finnmark (Alta, Talvik, Loppa, Hasvik, Sørøysund, Hammerfest, Kvalsund, Måsøy, Kjevik, Kistrand, Lebesby, Gamvik, Berlevåg, Vardø, NVaranger, Vadsø)
YHard	Ytre Hardanger (Jondal, Kvam, Strandebarm)
YNamd	Ytre Namdalen (Otterøy, Flatanger, Fosnes, Nærøy, Vikna, Foldereid, Kolvereid, Gravvik, Leka)
YNdm	Ytre Nordmøre (Eide, Øre, Gjemnes, Kvernes, Bremsnes, Kornstad, Krsund, Grip, Frei, Straumsnes, Tingvoll, Halså, Tustna, Valsøyfjord, Edøy, Brattvær, Hopen, Aure, Stemshaug)
YNfj	Ytre Nordfjord (SVågsøy, NVågsøy, Selje, Davik)
YRendal	Ytre Rendal
YSandsvær	Ytre Sandsvær
YSo	Ytre Sogn (Gulen, Solund, Brekke, Hyllestad, Lavik, Kyrkjebø)
Ø	Østre, Austre el Østre (t.d. ØSlidre = Øystre Slidre)
Ød	Østerdalen (SØd, NØd)
ØGausdal	Østre Gausdal
ØSlidre	Øystre Slidre
ØToten	Østre Toten
Øv	Øvre ((t.d. ØvTel = Øvre Telemark)
ØvEiker	Øvre Eiker
ØvGauld	Øvre Gauldalen (Haltdalen, Ålen, Glåmos, Brekken)
ØvHall	Øvre Hallingdal (Hemsedal, Hol, Ål, Gol)
ØvRendal	Øvre Rendal
ØvRom	Øvre Romerike (Nes på Rom, Gjerdrum, Nittedal, Ullensaker, Nannestad, Eidsvoll, Feiring, Hurdal)
ØvSandsvær	Øvre Sandsvær
ØvSirdal	Øvre Sirdal
ØvTel	Øvre Telemark (ATel, VTel)
ØvVa	Øvre Valdres (Vang i Va, VSlidre, ØSlidre, NAurdal)

5.4 Norske kommunar pr. 1947

Dette er ei liste over kommunar i Noreg, med opplysning etterpå om kva fylke dei ligg i. Kommunenamn som er nytta i heimfestingar i *Norsk Ordbok*, bygger på den kommuneinndelinga som gjaldt i 1947. Ordboka byrja å kome ut i 1950 (sjå historikken under 1.5), men den første kommunesamanslåinga etter 1947 skjedde i 1948, da Aker vart innlemma i Oslo, og den er ikkje reflektert i NO. Kommunane som eksisterte i 1947, står i lista nedanfor utan noko teikn etter. Bykommunane som fanst da, står med kursiv skrift. Der det seinare har vore endringar i kommuneinndelinga (ført fram til nyttår 2017), blir dette merka av med ein parentes og hake til den nye kommunen. Der ein kommune er kløyvd og har gått til fleire kommunar, er det berre opplyst om kvar hovuddelen har gått. Kommunenamn som er heilt nye i høve til dei frå 1947, står òg på alfabetisk plass i lista, men med stjerne * etter. Dei forkorta fylkesnamn står i lista over geografiske namn under 5.3., sjå òg oversikta under 2.8.2.1.

Som døme gjengir vi nokre av dei første oppslaga i lista med forklaring:

Agdenes, STrl = Agdenes var i 1947 og er enno ein kommune i Sør-Trøndelag
Aker (>Oslo), Akh = Aker var i 1947 ein kommune i Akershus, men er no slått saman med Oslo.

Andøy*, No = Andøy er ein nyare samanslått kommune i Nordland (på eit område som i 1947 bestod av kommunane Andenes, Bjørnskinn og Dverberg).

Her byrjar sjølve lista:

Agdenes, STrl	Asker, Akh
Aker (>Oslo), Akh	Askim, Austf
Alstahaug, No	Askvoll, SoFj
Alta, Fm	Askøy, HI
Alvdal, Hdmf	Astafjord (>Skånland), Trs
Alversund (>Lindås), HI	Audnedal*, VAgd
Andebu (>Sandefjord), Vestf	Aukra*, MøRo
Andenes (>Andøy), No	Aure, MøRo
Andørja (>Ibestad), Trs	Aurland, SoFj
Andøy*, No	Aurskog (>Aurskog-Høland), Akh
Ankenes (>Narvik), No	Aurskog-Høland*, Akh
Aremark, Austf	Austad (>Lyngdal), VAgd
<i>Arendal</i> , AAgd	Austevoll, HI

- Austre Moland (>Arendal), AAgd
 Austrheim, HI
 Avalsnes (>Karmøy), Rog
 Averøy*, MØRo
 Bakke (>Flekkefjord), VAgd
 Balestrand, SoFj
 Ballangen, No
 Balsfjord, Trs
 Bamble, Tel
 Bardu, Trs
 Beiarn, No
 Beitstad (>Steinkjer), NTrl
 Berg (>Halden), Austf
 Berg, Trs
Bergen, HI
 Berlevåg, Fm
 Bindal, No
 Biri (>Gjøvik), Oppl
 Birkenes, AAgd
 Bjarkøy (>Harstad), Trs
 Bjelland (>Marnardal), VAgd
 Bjerkreim, Rog
 Bjugn, STrl
 Bjørnskinn (>Andøy), No
 Blaker (>Sørum), Akh
 Bodin (>Bodø), No
Bodø, No
 Bokn, Rog
 Bolsøy (>Molde), MØRo
 Borge (>Fredrikstad), Austf
 Borge (>Vestvågøy), No
 Borgund (>Ålesund), MØRo
 Borgund (>Lærdal), SoFj
 Borre, Vestf
 Botne (>Holmestrand), Vestf
 Brandbu (>Gran), Oppl
 Brandval (>Kongsvinger), Hdmf
 Brattvær (>Smøla), MØRo
 Breim (>Gløppen), SoFj
 Brekke (>Gulen), SoFj
 Brekken (>Røros), STrl
 Bremanger, SoFj
 Bremnes (>Bømlo), HI
 Bremsnes (>Averøy), MØRo
Brevik (>Porsgrunn), Tel
 Bru (>Flora), SoFj
 Brunlanes (>Larvik), Vestf
 Bruvik (>Vaksdal, Osterøy), HI
 Brønnøy, No
Brønnøysund (>Brønnøy), No
 Bud (>Fræna), MØRo
 Budal (>Midtre Gauldal), STrl
 Buksnes (>Vestvågøy), No
 Buvik (>Skaun), STrl
 Bygland, AAgd
 Bykle, AAgd
 Byneset (>Trondheim), STrl
 Bærum, Akh
 Bø, No
 Bø, Tel
 Bømlo, HI
 Børsa (>Skaun), STrl
 Båtsfjord*, Fm
 Dalsfjord (>Volda), MØRo
 Davik (>Bremanger), SoFj
 Degernes (>Rakkestad), Austf
 Dovre, Oppl
Drammen, Bu
 Drangedal, Tel
 Drevja (>Vefsn), No
Drøbak (>Frogn), Akh
 Dverberg (>Andøy), No
 Dypvåg (>Tvedestrand), AAgd
 Dyrøy, Trs
 Dønna*, No
 Dønnes (>Dønna), No
 Edøy (>Smøla), MØRo
Egersund (>Eigersund), Rog
 Egge (>Steinkjer), NTrl
 Eid (>Rauma), MØRo
 Eid, SoFj
 Eidanger (>Porsgrunn), Tel

Eide (>Grimstad), AAgd	<i>Flekkefjord</i> , VAgd
Eide, MøRo	Flesberg, Bu
Eidfjord, HI	Flora*, SoFj
Eidsberg, Austf	<i>Florø</i> (>Flora), SoFj
Eidskog, Hdmf	Flosta (>Arendal), AAgd
Eidsvoll, Akh	Fluberg (>Søndre Land), Oppl
Eigersund, Rog	Flå, Bu
Eikefjord (>Flora), SoFj	Flå (>Melhus), STRl
Eiken (>Hægebostad), VAgd	Foldereid (>Nærøy), NTRl
Eina (>Vestre Toten), Oppl	Folldal, Hdmf
Elsfjord (>Vefsn), No	Forsand, Rog
Elverum, Hdmf	Fosnes, NTRl
Enebakk, Akh	<i>Fredrikstad</i> , Austf
Engerdal, Hdmf	Frei (>Kristiansund), MøRo
Eresfjord og Vistdal (>Nesset), MøRo	Frogn, Akh
Erfjord (>Suldal), Rog	Frol (>Levanger), NTRl
Etne, HI	Froland, AAgd
Etnedal, Oppl	Frosta, NTRl
Evanger (>Voss), HI	Fræna, MøRo
Evenes, No	Frøya*, STRl
Evje (>Evje og Hornnes), AAgd	Furnes (>Ringsaker), Hdmf
Evje og Hornnes*, AAgd	Fusa, HI
Fana (>Bergen), HI	Fyresdal, Tel
<i>Farsund</i> , VAgd	Førde, SoFj
Fauske, No	Fåberg (>Lillehammer), Oppl
Feda (>Kvinesdal), VAgd	Gamvik, Fm
Fedje, HI	Gaular, SoFj
Feiring (>Eidsvoll), Akh	Gausdal*, Oppl
Fet, Akh	Geitstrand (>Orkdal), STRl
Fillan (>Hitra), STRl	Gildeskål, No
Finnøy, Rog	Gimsøy (>Vågan), No
Finsland (>Songdalen), VAgd	Giske, MøRo
Fister (>Hjelmeland), Rog	Gjemnes, MøRo
Fitjar, HI	Gjerdrum, Akh
Fjaler, SoFj	Gjerpen (>Skien), Tel
Fjelberg (>Kvinnherad), HI	Gjerstad, AAgd
Fjell, HI	Gjesdal, Rog
Fjotland (>Kvinesdal), VAgd	Gjøvdal (>Åmli), AAgd
Fjære (>Grimstad), AAgd	<i>Gjøvik</i> , Oppl
Flakstad, No	Glemmen (>Fredrikstad), Austf
Flatanger, NTRl	Gloppen, SoFj

- Glåmos (>Røros), STRl
 Gol, Bu
 Gran, Oppl
 Grane, No
 Gransherad (>Notodden), Tel
 Granvin, HI
 Gratangen, Trs
 Gravvik (>Nærøy), NTrl
 Greipstad (>Songdalen), VAgd
Grimstad, AAgd
 Grindheim (>Audnedal), VAgd
 Grip (>Kristiansund), MØRo
 Grong, NTrl
 Grue, Hdmf
 Grytten (>Rauma), MØRo
 Gulen, SoFj
 Gyland (>Flekkefjord), VAgd
 Hadsel, No
 Hafslø (>Luster), SoFj
Halden, Austf
 Halså, MØRo
 Halse og Harkmark (>Mandal), VAgd
 Haltdalen (>Holtålen), STRl
Hamar, Hdmf
 Hamarøy, No
Hammerfest, Fm
 Hamre (>Osterøy), HI
 Haram, MØRo
 Hareid, MØRo
 Harran (>Grong), NTrl
Harstad, Trs
 Hasvik, Fm
 Hattfjell, No
Haugesund, Rog
 Haus (>Osterøy), HI
 Heddal (>Notodden), Tel
 Hedrum (>Larvik), Vestf
 Hegra (>Stjørdal), NTrl
 Heidal (>Sel), Oppl
 Heim (>Hemne), STRl
 Helgøy (>Karlsøy), Trs
 Helleland (>Eigersund), Rog
 Hemne, STRl
 Hemnes, No
 Hemsedal, Bu
 Hen (>Rauma), MØRo
 Herad (>Farsund), VAgd
 Herdla (>Askøy), HI
 Herefoss (>Birkenes), AAgd
 Herøy, MØRo
 Herøy, No
 Heskestad (>Lund), Rog
 Hetland (>Stavanger), Rog
 Hidra (>Flekkefjord), VAgd
 Hillesøy (>Tromsø), Trs
 Hisøy (>Arendal), AAgd
 Hitra, STRl
 Hjartdal, Tel
 Hjelme (>Øygarden), HI
 Hjelmeland, Rog
 Hjørundfjord (>Ørsta), MØRo
 Hobøl, Austf
 Hof (>Åsnes), Hdmf
 Hof, Vestf
 Hol, Bu
 Hol (>Vestvågøy), No
 Hole, Bu
 Holla (>Nome), Tel
Holmestrand, Vestf
Holmsbu >Hurum), Bu
 Holt (>Tvedestrand), AAgd
 Holtålen*, STRl
 Holum (>Mandal), VAgd
 Hopen (>Smøla), MØRo
 Hordabø (>Radøy), HI
 Horg (>Melhus), STRl
 Hornindal, SoFj
 Hornnes (>Evje og Hornnes), AAgd
Horten (>Borre), Vestf
 Hosanger (>Osterøy) HI
 Hovin (>Tinn), Tel
 Hurdal, Akh

Hurum, Bu	Klinga (>Namsos), NTrl
Hustad (>Fræna), MøRo	Klæbu, STRl
Hvaler, Austf	Kolbu (>Østre Toten), Oppl
<i>Hvidsten/Hvitsten</i> (>Vestby), Akh	Kolvreid (>Nærøy), NTrl
Hylestad (>Valle), AAgd	<i>Kongsberg</i> , Bu
Hyllestad, SoFj	<i>Kongsvinger</i> , Hdmf
Hægebostad, VAgd	Konsmo (>Audnedal), VAgd
Hægeland (>Vennesla), VAgd	Kopervik (>Karmøy), Rog
Høle (>Sandnes), Rog	Korgen (>Hemnes), No
<i>Hølen</i> (>Vestby), Akh	Kornstad (>Averøy), MøRo
Hølonde (>Melhus), STRl	<i>Kragerø</i> , Tel
<i>Hønefoss</i> (>Ringerike), Bu	<i>Kristiansand</i> , VAgd
Høvåg (<Lillesand), AAgd	<i>Kristiansund</i> , MøRo
Høyanger*, SoFj	Krødsherad, Bu
Høyland (>Sandnes), Rog	Kråkerøy (>Fredrikstad), Austf
Høylandet, NTrl	Kråkstad (>Ski), Akh
